

Trolldomsprosessane i Bergenhus len 1566-1700

Ragnhild Botheim

Hovedoppgave i historie - Universitetet i Bergen, 1999 II.

FØREORD

Ein stor takk går fyrst og fremst til min rettleiar John Ragnar Myking.

Dernest vil eg takke Anders Bjarne Fossen som tidleg i skriveprosessen las gjennom delar av manuskriptet.

Elles har Hans Eyvind Næss kopiert og sendt meg kjeldemateriale.

Mange gode venner har lest gjennom oppgåva eller dei har støtta meg på anna vis. Min familie på Lesja har hjelpt til økonomisk og med å gjere meg mobil.

Trass i at Rein, sonen min, har vore lut lei av at Mamma har brukt så mykje tid ved "dataen", så har han forstått at *"dette må eg få ro til."*

Nattland, 20. november 1999

Dette er 2. utgåve, august 2000

Eg har utført nokre rettingar, og notane er forskyve i høve til fyrsteutgåva.

Ragnhild Botheim

Biletet på framsida er eit samtidsbilete frå
hekseprosessane i Salem. Det er
henta frå Henningsen 1984.

INNHALD

<u>1. INNLEIING</u>	1
1.1. PRESENTASJON AV EMNET	1
1.2. PROBLEMSTILLING	2
1.3. VAL AV OMRÅDE	4
1.3.1. PUNKTUNDERSØKING	
4	
1.3.2. BERGENHUS LEN	5
1.4. DEFINISJONAR	8
1.5. TIDLEGARE TROLLDOMSFORSKING	10
1.5.1. ELDRE TROLLDOMSFORSKING	
11	
1.5.2. FUNKSJONALISTISKE FORKLARINGSMODELLAR	
12	
1.5.3. MØTET MELLOM ELITE- OG FOLKEKULTUR	
15	
1.5.4. TROLLDOMSFORSKING PÅ 1990-TALET	
17	
1.5.5. OPPSUMMERING	19
<u>2. RETTSGRUNNLAGET</u>	20
2.1. RETTSSYSTEMET PÅ LANDSBYGDA OG I BYEN	20
2.1.1. PÅ LANDSBYGDA	20
2.1.2. I BYEN	
26	
2.1.3. ANKEDOMSTOLAR	28
2.1.4. OPPSUMMERING	29
2.2. TROLLDOMSLOVGJEVING	29
2.2.1. STYREMAKTENE VIL SKADETROLLDOMMEN TIL LIVS	
30	

2.2.2. DEMONOLOGIEN PÅVERKAR TROLLDOMSLOVGJEVINGA	
31	
2.2.3 TROLLDOMSLOVGJEVINGA VERT MILDNA	
32	
2.2.4. OPPSUMMERING	33
2.3. KJELDENE	33
2.3.1. TINGBOKA SOM KJELDE	34
2.3.2. PROTOKOLLAR FRÅ ANKEDOMSTOLANE	
37	
2.3.3. REKNESKAPSMATERIALET	
37	
2.3.4. DAGBØKER	38
2.3.5. OPPSUMMERING	39
2.4. VURDERING	39
<u>3. TROLLDOMSPROSESSANE OG INJURIESAKER</u>	40
3.1. KLASSIFIKASJON	40
3.1.1. TROLLDOMSPROSESSAR, INJURIESAKER OG <i>ANDRE</i> SAKER	
40	
3.1.2. TODELT NUMMERERING	42
3.1.3. FLEIRE TROLLDOMSSAKER	
42	
3.1.4. OMFANG	43
3.1.5. OPPSUMMERING	44
3.2. TROLLDOMSPROSESSANE I TID OG ROM	44
3.2.1. TID	44
3.2.2. OMRÅDE	47
3.2.3. OPPSUMMERING	49
3.3. ÆREKRENKING OG INJURIESAKER MED TROLLDOMSINNHALD	49
3.3.1. KVA ER EI INJURIESAK	
49	
3.3.2. KJELDENE TIL, TALET PÅ, OG TIDFESTING AV INJURIESAKER	
49	
3.3.3. PARTANE I INJURIESAKER	
50	

3.3.4. INJURIEN	51
3.3.5. LOVENE	
52	
3.3.6. DOM I INJURIESAKENE	
52	
3.3.7. ÅRSAKER TIL INJURIESAKENE	
54	
3.3.8. MENTALITET	
55	
3.3.9. OPPSUMMERING	56
3.4. VURDERING	56
<u>4. PARTANE I TROLLDOMSPROSESSANE</u>	57
4.1. KARTLEGGING	57
4.1.1. KJELDENE	57
4.1.2. TELJE OG TOLKE	57
4.2. RETTSSYSTEMET SIN INNVERKNAD	58
4.2.1. PROSESSFORM OG RISIKOVURDERING	
58	
4.2.2. OFFENTLEG ELLER PRIVAT SAKSØKJAR	
59	
4.2.3. OPPSUMMERING	60
4.3. DEI PRIVATE PARTANE I TROLLDOMSPROSESSANE	61
4.3.1. KJØNN	
61	
4.3.2. ALDER	
64	
4.3.3. SIVIL STATUS	
66	
4.3.4. SOSIAL STATUS	
68	
4.3.5. DEI TILTALA OG MARGINALE GRUPPER	
71	
4.3.6. DEI TILTALA SITT RYKTE	
72	

4.3.7. NABOAR	
75	
4.3.8. UTLEGGING	76
4.3.9. OPPSUMMERING	77
4.4. VURDERING	78
<u>5. INNHALDET I SKULDINGANE FRÅ SAKSØKJARANE OG VITNA</u>	79
5.1. KVA TROLLDOMSSKULDINGANE FORTEL OSS	79
5.1.1. DEFINERING AV BROTSVERKET OG KARTLEGGING AV STRUKTURANE	79
5.1.2. TROLLDOMSOPPFATNINGAR	79
5.2. INNHALD	81
5.2.1. SIGNING	82
5.2.2.1. OPPSUMMERING	86
5.2.2. MALEFICIUM	87
5.2.2.1. OPPSUMMERING	94
5.2.3. DIABOLISME	96
5.2.3.1. OPPSUMMERING	98
5.3. VURDERING	99
<u>6. INNHALDET I TILSTÅINGANE</u>	102
6.1. INNLEIING	102
6.1.1. LOVENE	102
6.2. FORHØYRSSITUASJONEN	103
6.2.1. KVEN DELTOK I FORHØYRA	103
6.2.1.1. FUTEN	103
6.2.1.2. PRESTEN	103

104	6.2.2. FENGSEL	
107		
108	6.2.3. FYSISK TORTUR	
111	6.2.4. PSYKISK TORTUR OG FRIVILLIGE TILSTÅINGAR	
	6.3. TILSTÅINGANE	113
113	6.3.1. ULIKE TYPAR TILSTÅING	
113	6.3.2. TALET PÅ TILSTÅINGANE	
114	6.3.3. INNHALDET I TILSTÅINGANE	
114	6.3.3.1. FORDELING MELLOM ULIKE BROTSVERK	
115	6.3.3.2. SIGNING	
117	6.3.3.3. MALEFICIUM	
119	6.3.3.4. DIABOLISME	
124	6.3.3.5. UTLEGGING	
127	6.3.4. OPPSUMMERING	
	6.4. KVA VAR TILSTÅINGANE EIT RESULTAT AV?	128
128	6.4.1. FORMÅLET MED TORTUR OG TILSTÅING	
130	6.4.2. SKULDIGE ELLER USKULDIGE	

	6.4.2.1. FORHØYRSSITUASJONEN; TVANG OG PRESS	
130		
	6.4.2.2. DEI TILTALA SIN RELASJON TIL EIGA SKULD	
132		
	6.4.3. OPPSUMMERING	
134		
135	6.5. PÅVERKNAD FRÅ LÆRD TROLLDOMSOPPFATNING?	135
	6.5.1. TO TROLLDOMSPROSESSAR MED 241 ÅRS MELLOMROM	
135		
	6.5.2. LÆRD SAMTIDSLITTERATUR SOM OMHANDLA TROLLDOM	
136		
	6.5.3. KYRKJA SITT TROLLDOMSSYN	
137		
	6.5.4. INNHALDET I TILSTÅINGANE I BERGENHUS LEN VERSUS DEN LÆRDE TROLLDOMSFORSTÅING	
138		
	6.5.5. OPPSUMMERING	
141		
141	6.6. VURDERING	141
	<u>7. DOM</u>	143
	7.1. INNLEIING	143
	7.2. FORSVAR	144
	7.2.1. NEKTING, FORKLARING OG MISTENKJELEGGJERING	
144		
	7.2.2. SKUTSMÅL	
145		
	7.2.3. NEKTINGSEID	
146		
	7.2.4. STØTTE AV FAMILIEMEDLEM	
147		
	7.2.5. ANNA FORSVAR	
148		

148	7.2.6. OPPSUMMERING	
	7.3. EKSPLISITTE KRITERIUM, ELLER BEVISKRAVREGLAR OG DOMSGRUNNGJEVING	148
149	7.3.1. INNHALD	
152	7.3.2. OPPSUMMERING	
	7.4. DOM OG EKSEKVERING	153
154	7.4.1. DØDSDOM	
156	7.4.2. ANNAN DOM	
157	7.4.3. SAMANLIKNING AV DOM IMELLOM DEI ULIKE LANDSDELANE, OG MED HEILE NØREG OG MED DANMARK	
158	7.4.4. TID	
160	7.4.5. ANKE	
161	7.4.6. OPPSUMMERING	
	7.5. IMPLISITTE KRITERIUM, PARTANE I DOMFELLINGA	161
161	7.5.1. DEI SOM VART DØMDE	
163	7.5.2. INNHALDET I TILSTÅINGANE AVLAGTE AV DEI DØMDE	
164	7.5.3. DEI SOM DØMDE	
166	7.5.4. LOV OG LIV	
167	7.5.5. OPPSUMMERING	

7.6. VURDERING	168
7.6.1. DOMSTOLANE SI ROLLE I TROLLDOMSPROSESSANE	
168	
7.6.2. ETTERSPEL	
169	
<u>8. AVSLUTNING</u>	170
8.1. TROLLDOMSPROSESSANE I BERGENHUS LEN I NORSK OG SKANDINAVISK SAMANHANG	170
8.2. ÅRSAKSDRØFTING	172
8.2.1. STRUKTURELLE KRISER OG SOSIALE SPENNINGAR	
172	
8.2.2. STRENGARE JUSTIS	
173	
8.2.3. IDEOLOGISKE FAKTORAR	
174	
8.2.4. KVINNER	
176	
8.2.5. MORALSK PANIKK?	
177	
8.2.6. OPPSUMMERING	
178	
8.3. OPPHØYR AV TROLLDOMSPROSESSANE	178
8.3.1. ÅRSAKENE TIL OPPHØYRET	
180	
8.4 ETTERORD	181
Vedlegg 1. Oversikt over trolldomsprosessane i Bergenhus len 1566-1700	182
Vedlegg 2. Oversikt over injurienesakene i Bergenhus len 1566-1700	186
Vedlegg 3. Oversikt over dei <i>nye</i> trolldomssakene i Bergenhus len 1566-1700	188
Vedlegg 4. Oversikt over bevara tingbøker i skrivardømme i Bergenhus len i prosessperioden	189
Vedlegg 5. Oversikt over tabellar	190
<u>LITTERATURLISTE</u>	192

1. INNLEIING

1.1. PRESENTASJON AV EMNET.

I 1679 vart det reist sak mot Anne Løset ved bygdetinget i Rovde skipreide.¹ Ho skulle ha sett sjukdom på ein mann, Knud Olufsen Søfre dals, så han "*Aldrig verit karch ell till Pass Paa hans helbred*". Fleire vitne vart kalla inn for å uttale seg om saka, og dei fortalde alle at dei hadde høyrte at Anne hadde truga Knut. I løpet av saka kom det opp nye klager mot Anne, mellom anna skulle ho vere skuld i at fleire folk og dyr vart sjuke og/eller døyde. Dei som var til stade på tinget kunne elles fortelje at Anne "*altid hafuer verit berøgit for hinde at schulle kunde om gaas medt Slig trolld Konst och hindis beste modr for troldom och saa blef brendt*".

Fyrst nekta Anne skuld, seinare tilstod ho både at ho hadde gjort folk sjuke og at ho hadde hatt omgang med djevelen. Mellom anna skulle ho og fire andre namngjevne kvinner ha vore saman med djevelen ei julenatt på "*Daare field*". Saka mot Anne varte i 19 veker, i 15 av dei sat ho i varetektsfengsel på futegarden på Molvær. Dommen over Anne har gått tapt, men i futerekneskapen ser vi at futen "*har ladit trende trolldfolch justificere og opbrende*". Ei av desse tre var Anne, som altså vart brend. Futen hadde rekna utgifter til lagmannen for godkjenning av dommen, til meistermannen for eksekvering, til øl og vin åt dei tre trollfolka, og til presten på rettarstaden for "*hans umage*".

¹ Prosess nr. 508. Sunnmøre tingbok nr. 8, 1679, og futerekneskap for Sunnmøre 1680, pk. 59. I tillegg finn vi rettssaka i Molvik 1992: 101ff.

På 15- og 1600-talet vart fleire kvinner og menn saksøkte og dømde for trolldom. Saksøklarane var verdslege styremakter eller medlemmer av lokalsamfunnet. Naboar og andre fekk høve til å uttala seg i retten om dei tiltala og om dei påståtte lovbrota. Dei tiltala vart gjerne forhøyrd både i retten og medan dei sat i varetekt. Nokre nekta all skuld, medan andre tilstod trolldomsgjeringar. Fleire av desse vart dømde til bål og brann, til å rømme landet og miste bulotten, eller dei måtte betale bøter. Nokre vart frikjende.

Denne oppgåva handlar om desse rettssakene. Eg vil fyrst i kapittel 1 skissere kva område eg vil studere. Dernest vert ein del omgrep definerte. For å sjå oppgåva i ljøs av tidlegare trolldomsforskning, vert den gjennomgått. Kapittel 2 omhandlar rettsvesenet, rettargongen, trolldomslovgevinga og kjeldene. I kapittel 3 kvantifiserer og klassifiserer eg trolldomssakene for å finne mengde, og for å finne, om mogeleg, mønstre. Vidare kartlegg eg såleis sakene som vart førte i Bergenhus len og diskuterer likskap og skilnader med andre områder, for deretter å analysere dei ulike partane som var involverte i kapittel 4. Så vil innhaldet i skuldingane og i tilståingane bli drøfta i kapittel 5 og 6. Dernest ser eg på rettssakene og domfellingane i kapittel 7. Ut frå dette vil det til slutt i kapittel 8 mellom anna bli drøfta kva som var årsakene til dette særlege fenomenet i vår historie i det 16. og det 17. hundreår.

1.2. PROBLEMSTILLING

Oppgåva er ei undersøking av eit spesielt fenomen som samtida rekna for å vere eit brotsverk, nemleg trolldom. Utgangspunktet for analysen er rettssakene som vart førte mot dei som blei tiltala for brotsverket, trolldomsprosessane.² Desse rettssakene finn vi hovudsakleg i rettsprotokollar, særleg i tingbøkene. I ein seminarrapport om dei eldste tingbøkene som kjelde til historieforskning, hevdar Sogner at desse protokollane i fyrste rekkje er ei kjelde til kriminalitetshistorie og til rettshistorie.³ Rettshistorie kan avdekkje samfunnsutviklinga, og den kan vidare vere ei hjelp til å forstå mentaliteten og kulturen åt menneska i fortida.

Og det er mellom anna mentaliteten i 15- og 1600-talssamfunnet vi må forstå for å kunna kasta ljøs over nettopp dei to problemområda eg vil setja i fokus; kvifor det oppstod trolldomsprosessar, og kvifor dei fleste av dei tiltala var kvinner.

Mentalitetshistorie er ikkje noko analytisk omgrep som kan forklara noko i seg sjølv, men det er ein tenkemåte, eller eit samleomgrep.⁴ Ved hjelp av denne innfallsvinkelen kan ein nå fram til den grunnleggjande førestellingsverda bak kjeldene. Mentalitet er noko som endrar seg over tid, som regel langsamt.⁵ Vi kan definere mentalitet som kjensle- og tenkemåte, grunnleggjande innstilling og haldningar, verdiar og førestellingsverd, som folk orienterer seg ovanfor omverda etter. Ein kan seia at det er alt frå medvitne til halv- og

² Sjå kapittel 3.1. om klassifikasjon av trolldomsprosessar og trolldomssaker.

³ Sogner 1990b: 10.

⁴ Ellefsen 1998: 18, Rosenbeck 1986: 35, Simensen 1986: 29.

⁵ Ellefsen 1998: 18, Grambo 1983: 53.

ikkje-medvitne mentale normer og strukturar som styrer folk sitt reaksjonsmønster.⁶ Det er snakk om haldningar om allment aktuelle og fundamentalt menneskelege spørsmål, som synet på sjukdom og død, religion og makter, rett og urett og så vidare.⁷

Med ein mentalitetshistorisk synsvinkel er ein oppteken av dei felles haldningane hjå dei ulike gruppene i samfunnet.⁸ Likevel skal det gløynde enkeltindividet kome fram med sine håp, normer, verdiar og haldningar.⁹ Dette kan så danne basis for å studere kollektive sosiale grupper igjen. Fure meiner ein ved mentalitetshistorie "*interesserer seg for en tankeverden som har vært felles for alle samtidige mennesker, eller i det minste en større gruppe enn den personen man studerer*".¹⁰ Ein kan sjølv velja kva gruppe eller grupper ein vil studere dei kollektive førestellingane, haldningane og oppfatningane til.

Korleis kan ein så få innsyn i mentaliteten i fortida? Sandmo uttrykkjer seg slik; vi må følgje blikka til menneska i fortida, og på den måten sjå deira samtid slik dei sjølve kan ha sett den.¹¹ Fure hevdar ein må studere spesielle og marginale situasjonar. Og ho siterer LeGoff: "*Det verkar som om mentaliteten företrädesvis uppenbarar sig på det irrationellas och extraordinäras område*".¹² Trolldomssakene kan karakteriserast som slike irrasjonelle og ekstraordinære fenomen. Studiet av trolldom kan såleis medverke til å kaste ljøs over mentaliteten i 1600-tallssamfunnet.

På den andre sida er det naudsynt å studere mentalitet og sosialpsykologi for å forstå trolldomssakene.¹³ Det er altså snakk om ein vekselverknad. Trolldomssakene er eit fenomen som set individ og samfunn i spesielle og marginale situasjonar. Sakene kan dermed kasta ljøs over partane sin mentalitet og trolldomstru. For å forstå partane, må det altså nyttast mentalitet som ein tankemåte i analysen av kjeldene. Dermed vert det klårgjort kva kjensle- og tenkemåte, grunnleggjande innstilling og haldningar, oppfatningar, verdiar og førestellingsverd, som folk orienterte seg ovanfor omverda etter. Berre slik vil ein kunne forstå kva som gjorde at folk trudde på trolldom, og dermed at dei faktisk saksøkte og vitna mot påståtte trollfolk. Slik vil ein også betre skjønna kva dei verdslege styremaktene meinte trollfolka var i stand til å gjera, og kva brotsverk, eller type trolldom, dei meinte skulle straffast. Ein viktig faktor for å vurdere prosessane er dessutan å freista å sjå kva dei geistlege styremaktene som var involverte i sakene meinte om trolldom.

⁶ Kjeldstadli 1992: 81, Sandnes 1990: 109, Simensen 1986: 24.

⁷ Sandnes 1990: 109.

⁸ Fure 1986: 53, Grambo 1983: 53, Kjeldstadli 1992: 81, Sandnes 1990: 109.

⁹ Grambo 1983: 53. Sjå elles Sandmo 1997: 56.

¹⁰ Fure 1986: 53.

¹¹ Sandmo 1998: 25.

¹² Fure 1986: 54.

¹³ Sandnes 1990: 116.

I ein trolldomsprosess var fleire partar innblanda; den som vart tiltala, den som saksøkte, dei som vitna, forhøyrsléiarane og dommarane. Dersom partane representerte ulike grupper i samfunnet, vil vi sjå om det var variasjonar eller ei felles forståing av trolldom mellom ulike grupperingar av menneske som levde samtidig. Elles ser vi om deira mentalitet, eller meir spesifikt, deira trolldomstru, hadde innverknad for korleis dei bar seg åt i høve til trolldom. Forskarar har elles synt at trolldomsinnhaldet endra seg under prosessen. Her vil vi vurdere om det kan ha samanheng med kven dei ulike partane i prosessen var.

Eit grunnleggjande prinsipp i sosialpsykologien er at når menneske i fellesskap *trur* at noko er sant, så *er* det sant i sine konsekvensar.¹⁴ Slike kollektive fantasiar kan få verknader for enkeltmenneske og/eller grupper av menneske. Rettssosiologen Thomas Mathiesen nyttar omgrepet "*moralske panikker*" for å forklare kvifor styremaktene sette i verk ulike tiltak i straffepolitikken for å nå sine mål.¹⁵ Slike panikkar førte til ei auke i talet på straffedømde og til strengare straff for ein viss type brotsverk. Mathiesen hevdar at det oppstår ein moralsk panikk når store interessegrupper i visse høve trekkjer i same retning, og når dei skapar ei felles offentleg forståing av kva saka gjeld. Desse gruppene kan ha forskjellige eller til og med motstridande konkrete mål. På førehand har det gjerne eksistert ei stemning eller ein offentleg beredskap for panikken, slik at når ei særskilt hending finn stad, blir panikken utløyst. Sogner hevdar at slike moralske panikkar vert utløyste av ei falsk forståing av røyndomen, eller av kollektive fantasiar.¹⁶

Dette perspektivet, og analysen av dei ulike partane i trolldomssakene si trolldomstru, kan truleg hjelpa oss å forstå kvifor desse sakene oppstod akkurat i det tidsrommet dei gjorde, og kvifor det helst var kvinner som vart tiltala for trolldom.

Kjeldene historikarane nyttar er i hovudsak skriftleg materiale. Store grupper er usynlege av di dei ikkje trer klårt fram i kjeldene frå 1500- og 1600-talet. Dette gjeld kvinner og barn, arbeidsfolk, fattige og sjuke.¹⁷ Til alle tider og i alle kulturar var kvinner stort sett ein minoritet blant dei som gjorde seg skuldige i lovbrøt.¹⁸ I prosessperioden finn vi ein del kvinner i trolldomsprosessane, seksualsakene, barnemordsaker og i næringssakene.¹⁹ Kvinner var altså ujamt spreidde i dei ulike lovbrøtskategoriane. Elles har forskning synt at fattige, eigeidomsause, og folk frå lågare sosiale lag, ofte vart tiltala for trolldom. Dermed

¹⁴ Dyrendal 1996: 27.

¹⁵ Mathiesen 1994: 4ff.

¹⁶ Sogner 1994: 155.

¹⁷ Fladby 1986:13f. "*Jo lengre ned i samfunnslagene vi forsøker å komme, jo mindre beretter kildene*". Fossen 1979: 98.

¹⁸ Österberg 1994: 23.

¹⁹ Antun 1999: 108, Bastiansen 1995, Løyland 1992, Sandvik 1991: 286, Sandvik 1994: 47, Telste 1993, Österberg 1994: 23f.

kan vi ved å studere trolldom avdekkje delar av kvinnene og dei lågaste i samfunnet si historie på 1500- og 1600-talet. Dette kan også vere ei hjelp til å gje svar på problemstillinga.

1.3. VAL AV OMRÅDE

1.3.1. PUNKTUNDERSØKING

Ved å studere eit relativt lite område, ei punktundersøking, er det overkommeleg å gå djupare inn i stoffet og næranalysere dei enkelte prosessane. Då kan fleire aspekt koma fram enn når eit større område som heile landet vert granska. Som vi skal sjå, var lovverket og rettssystemet nesten alltid eins i heile landet. Difor kan landsomfattande hypotesar bli verifiserte eller avkrefta med utgangspunkt i resultat frå lokale punktundersøkingar. Vidare kan lokale resultat nyttast til å setja fram nye hypotesar for heile landet.

1.3.2. BERGENHUS LEN

Bergenhus len²⁰ var eit hovudlen og verdsleg forvaltningsdistrikt som i 1630 omfatta Sunnhordland, Nordhordland, Sogn, Sunnfjord og Sunnmøre. Voss, Hardanger og Romsdal var smålen underordna hovudlenet.²¹ Den administrative inndelinga gjennomgjekk endringar heile fyrste delen av 1600-talet. Romsdal vart etterkvart skilt ut frå Sunnmøre og lagt inn under Trondheim hovudlen.²² I store delar av perioden vi undersøker svara såleis Bergenhus len til noverande Sunnmøre og fylka Hordaland og Sogn og Fjordane. Lenet er eit interessant område, då det inneheld både by og land i den tida det vart ført trolldomssaker, og på grunn av at desse områda hadde ulik kontakt med omverda.

Landsbygda i Bergenhus len

Samla sett føregjekk det ei folkeauke på 1600-talet i heile landet, så og på Vestlandet. Landsbygda i lenet var eit bondesamfunn der bøndene også hadde attåttnæringar, særleg fiske. Dei dreiv med handel, vare mot vare, og for å skaffe kontantar.²³ Bøndene drog då til byen og handla der. Dei kjøpte importerte varer, særleg korn. Vidare drog fiskarar i fiskeværa og fiskarbøndene ved kysten inn i fjordane og bytte fisk med korn, andre

²⁰ I oppgåva vil omgrepet *len* bli nytta. I 1662 vart omgrepet len endra til *amt*, og Nordlandene kom inn under Bergenhus amt. Men Nordlandene vil ikkje bli teke med i analysen, då amtmannen sitt mynde innan mellom anna rettsvesenet vart redusert. Fossen 1979: 305.

²¹ Fladby, Imsen og Winge (red.) 1974: 201ff. Heretter vert boka forkorta til NHL.

²² Ibid, Fladby 1986: 167f., Fossen 1979: 129.

²³ Døssland 1990: 113ff.

jordbruksvarer og med tømmer. Frå dei indre bygdene vart det drive langdistansehandel med austlandsbygdene.²⁴

Samstundes vart jordbruksarealet utvida. Bøndene var sjølveigarar eller husmenn med jord, men det store fleirtalet var leiglendingar. Jorda var eigd av kongen, kyrkja, adelen, borgarar eller av embetsmenn. Det trong ikkje vere slik at sjølveigarbøndene hadde betre økonomiske kår og høgare sosial status enn leiglendingane.²⁵

Det vanlege var at den opphavlege garden var delt i fleire brukseiningar, og at kvar enkelt bonde disponerte fleire småstykke spreidde omkring mellom stykka til dei andre. Såleis måtte bøndene tilpassa gardsdrifta til kvarandre. Husa låg gjerne i klynger. Gardane var mest delte ved kysten på grunn av høvet til å ha fiske som attåtnæring.

På landsbygda finn vi elles husmenn utan jord, strandsittarar og innerstar. Desse gruppene måtte livberga seg utan å drive gardsdrift, og dei var gjerne daglønningar eller fiskarar. Kvar huslyd var ei arbeidseining der kvart medlem hadde faste arbeidsoppgåver. Slik sett utførte både kvinner og menn like viktige arbeidsoppgåver.²⁶

Bergen by

Forskarane er ikkje samde om det samla folketalet i Bergen på 1600-talet. Fossen hevdar at det budde omlag 8500 innbyggjarar i byen i 1645,²⁷ medan Nedrebø meiner folketalet i same tidsrom låg på mellom 11-12000 menneske.²⁸ Bergen var i alle høve den største byen og handelssentret i Noreg på 1500- og 1600-talet. I åra 1599 til 1637 var det jamleg pestar i byen, likevel heldt folketalet seg oppe.²⁹

Bergen var fyrst og fremst ein handels- og sjøfartsby. Byen var mellom anna ein omlastingssentral for eksport av fisk frå Nord-Noreg. Fisken vart eksportert av hanseatane til dei utanlandske marknadene. I perioden vart byen sin handel med utlandet og med resten av Vestlandet utvida.

Byen var sentrum for dei verdslege og geistlege oppgåvene i lenet. Difor budde det ein del embetsmenn her. Likevel var desse embetsmennene ei svært lita gruppe, både på landsbygda og i byen. Sosialt, økonomisk og kulturelt stod dei høgt heva over allmugen.³⁰

Som følgje av det rike næringslivet i byen, utgjorde borgarane den største gruppa. Ein borgar var ein person som hadde løyst borgarbrev, då han hadde visse faglege

²⁴ Ibid: 118, Myking 1990: 29f.

²⁵ Døssland 1990: 141f, Myking 1990: 32, 41f.

²⁶ Myking 1990: 27, 177.

²⁷ Fossen 1979: 293.

²⁸ Nedrebø 1990/91: 35ff.

²⁹ Fossen 1979: 250, 289.

³⁰ Ibid: 294.

kvalifikasjonar og fekk godkjenning av magistraten³¹ til å drive kjøpstadnæring. Slike borgarar var handverkarar, kjøpmenn, båtsmenn, skipperar, styrmenn og andre.³² I tillegg dreiv nok ein del folk med borgarlege næringar utan å ha formell rett til det.³³ Det var store skilnader innan borgarskapet.

Handverkarane organiserte seg i ulike laug, og nye fag og laug vart stendig oppretta. Dei nye borgarane kom nesten alltid frå utlandet. Omlag 1/3 av mennene som budde i Bergen i 1660 var såleis født i utlandet.³⁴ Desse kom særleg frå Tyskland og Danmark. Fossen hevdar at danske menn meir eller mindre dominerte byen, då dei kontrollerte byadministrasjonen, og dei var leiande verdslege og geistlege embetsmenn.³⁵ Elles var der mange innflyttarar frå andre stader i Noreg, mellom anna frå dei næraste bygdene. Desse menneska dekte byen sitt behov for tenarar og arbeidsfolk.

Allmugen var ei noko mindre gruppe enn borgarane. Blant allmugen finn vi arbeidarar, daglønningar, småhandlarar, sjøfolk, soldatar og tenestefolk. I tillegg heldt nok ein del fattige og omstreifarar til i byen.

Heile 40% av kvinnene over 15 år var yrkesaktive i 1645.³⁶ Dei kunne drive eige handverk, delta i produksjonen i familien si handverksbedrift, eller dei hadde lønna arbeid som jordmødrer, ammar, eller som tenestefolk. Kvinner på 1600-talet i Bergen hadde altså i stor grad lønna arbeid. For kvinner flest var nok likevel det ulønna arbeidet i hushaldet den viktigaste arbeidsoppgåva.³⁷

Vi kan hevde at bysamfunnet var meir sosialt differensiert enn bygdesamfunnet. Her budde mange menneske tett saman med ulik nasjonal, kulturell og sosial bakgrunn. Dette kunne føre til labile sosiale tilhøve og motsetnader. På 1500-talet var det då òg spesielt mange drapssaker i Bergen i høve til andre stader i Europa.³⁸ I tillegg var drukkenskap eit stort problem. Utover 1600-talet vart elles kampen for tilværet vanskelegare for store delar av folkesetnaden i byen.³⁹

Trolldomssakene i Bergenhus len

³¹ Magistraten var eit av byen sitt styringsorgan. NHL 1974: 218.

³² Ibid: 234, 294f., Steen 1969: 93.

³³ Fossen 1979: 233.

³⁴ Ibid: 250, 308, Steen 1969: 97, 119.

³⁵ Fossen 1979: 308.

³⁶ Ibid: 296.

³⁷ Ibid., Johansen 1984: 196f.

³⁸ Næss 1994: 68f., 79, Sandnes 1990: 74, 77, Steen 1969: 99.

³⁹ Fossen 1979: 325, Steen 1969: 98.

Hans Eyvind Næss har i si doktoravhandling om trolldomssakene i Noreg laga ei oversikt over talet på trolldomssaker i kvart enkelt fylke.⁴⁰ Der skil Rogaland og Finnmark seg klårt ut med mange saker; 141 i Rogaland og 138 i Finnmark. Dette heng mellom anna saman med at kjeldene som fortel om trolldomssakene er godt bevarte i desse områda.⁴¹ Sakene i Rogaland har etterkvart vorte analyserte grundig.⁴² Liv Helene Willumsen har forska på trolldom i Finnmark.⁴³ I tillegg finn vi to andre forskarar, Gunnar Knutsen og Margit Løyland, som har gjort punktundersøkingar av trolldom; høvesvis på Austlandet og i Agder.⁴⁴ Difor er det naturleg å velja eit område som ingen førebels har utført ei punktundersøking av trolldomsprosessane i.

Etter Rogaland og Finnmark fann Næss flest trolldomssaker i Hordaland og i Sogn og Fjordane. Saman med Sunnmøre utgjorde altså desse områda den rettslege eininga Bergenhus len. Såleis peiker dette området seg ut for å utføra ei punktundersøking av trolldom. Elles var Bergen, nest etter Stavanger, den byen i landet der det i fylgje kjeldene vart førte flest trolldomsprosessar.⁴⁵ Vi finn 119 trolldomsprosessar og 49 injuriersaker med trolldomsinnhald i lenet. Dermed er det relativt mange saker å studere, nok til å analysere fenomenet trolldom i Bergenhus len. Desse sakene gjekk føre seg i tida 1566 til 1700. Denne tida vert kalla for *prosessperioden*.⁴⁶

Næss hevdar at trolldomssakene er eit godt døme på saker med store regionale avvik.⁴⁷ Ei punktundersøking av Bergenhus len kan syna i kva grad området er i samsvar med landsomfattande hypotesar om fenomenet, og i kva grad området skil seg frå resten av landet eller frå andre mindre områder som Rogaland, Finnmark, Austlandet eller Agder.

Studiet av trolldomssakene i Bergenhus len kan også vere eit høve til å samanlikne sakene som vart førte i ein relativt stor by med sakene på landsbygda. I og med at Bergen by på fleire måtar var så spesiell på denne tida, var òg trolldomsprosessane her spesielle på nokon måte? I tillegg finn vi i Bergen ein særleg kjend trolldomsprosess, prosessen mot Anna Absalons Pedersdatter i 1575 og i 1590.⁴⁸ Det vart ført fleire prosessar i byen mot kvinner frå dei høgaste samfunnsgruppene. Dette gjer området interessant, då tidlegare

⁴⁰ Næss 1982.

⁴¹ Næss 1982: 28.

⁴² Mauland 1911, Næss 1982: 333-47.

⁴³ Willumsen 1994.

⁴⁴ Knutsen 1996, Løyland 1992.

⁴⁵ Næss 1982: 33.

⁴⁶ Sjå kapittel 3.2. om prosessperioden, og om talet på desse sakene.

⁴⁷ Næss 1994c: 67.

⁴⁸ Prosess nr. 679/680.

forskning syner at det helst var folk med låg sosial og økonomisk status som vart tiltala for trolldom.⁴⁹

1.4. DEFINISJONAR

Når ein studerer fortida dukkar det opp ein del ord og omgrep som ein ikkje lengre finn i språket vårt, eller som ligg langt frå omgrep som vert nytta i dag. Difor må det klårgjerast korleis sentrale ord og omgrep blir forstått i oppgåva. Stort sett vil vi ta i bruk dei same omgrepa som Næss nytta.⁵⁰

Trolldom - hekseri

Nokre forskarar skil mellom omgrepa *trolldom* og *hekseri*.⁵¹ Avgjerande er om det var snakk om ei indre eller ei ytre kraft som gjorde trollfolka i stand til å utøve trolldom/hekseri. Her vil trolldom, trollfolk, trollkvinne og trollmann bli nytta, då det er dei omgrepa vi finn i kjeldene. Ordet heks vart ikkje nytta i vårt område før på slutten av 1600-talet.⁵²

Trolldomsprosessar

Trolldomsprosessar blir her forstått som saker der nokon er rettsleg saksøkt for trolldom.⁵³ I oppgåva vert *trolldom* definert slik lovverket i prosessperioden definerte trolldom,⁵⁴ altså eit lovbrøt. Vi nyttar såleis samtida si forståing av omgrepet, då det er tankemåten i fortida vi vil vite noko om.

I kapittel 2.2. om lovverket vil det bli vist til ei føresegn frå 1617 der lovgjevarane definerte kva dei meinte var trolldom.⁵⁵ Føresegna slo fast at trollfolk var dei "[..]som met Dieffuelen sig bebundet haffuer, eller met hannem omgaais[..]". Trollfolk var vidare dei som "[..]bruger nogen galne indbildede Konster med Forsæt at ville forgiøre og skade en anden[..]", eller dei som "[..]befindis med Signen, Manen,..]".⁵⁶ Trolldom vart altså forstått som diabolisme, maleficium og signing.

⁴⁹ Sjå kapittel 1.5. om tidlegare trolldomsforskning.

⁵⁰ Næss 1982.

⁵¹ Henningsen 1975: 101, Macfarlane 1970.

⁵² I prosess nr. 409 i 1690 finn eg omgrepet "*heks*" nytta for fyrste gong i trolldomskjeldene i Bergenhus len.

⁵³ Omgrepet trolldomsprosess og skilnaden mellom ein trolldomsprosess og ei trolldomssak blir drøfta nærare i kapittel 3.1.

⁵⁴ Mellom anna Ankarloo definerer trolldom på same måte. Ankarloo 1971: 22.

⁵⁵ Lovene definerte trolldom forskjellig. Her vert det teke utgangspunkt i 1617-føresegna, då den var gjeldande trolldomslov i store delar av prosessperioden. Sjå elles Næss 1994b: 30.

⁵⁶ Rørdam 1884: 60.

Diabolisme, maleficium og signing

Diabolisme blir forstått som ei pakt og/eller omgang med djevelen, deltaking på sabbat, bruk av ein hjelpar eller annan samband med djevelen. Djevelpakt vil seie ei skriftleg eller munnleg avtale mellom trollkvinna/-mannen og djevelen om gjensidig hjelp. Sabbat vil seie møter eller festar for trollfolk der dei mellom anna parodierer den kristne religion og tilber djevelen. Hjelparar er smådjevlar, gjerne i dyreham, som skal hjelpe eller kontrollere trollfolka.

Maleficium, eller skadetrolldom, går ut på at ein trur at trollfolk kan, gjennom ei indre, medfødt kraft, eller gjennom ytre verksemd med rituelle middel, skade eller føre ulukke over andre menneske og deira eigedom. Intensjonen med å utøve maleficium er såleis å gjere vondt. Når maleficium er retta mot folk og dyr blir ordet *forgjering* nytta.

Signing er handlingar av delvis magisk natur der målet gjerne er positivt. Signing vart nytta til mellom anna å lindre, hindre eller lækje sjukdom og smerte, og som hjelp til å finne tjuvegods, såkalla *gjenvising*. For å nå slike mål vart ulike signebeder, åtferdsritual og gjenstandar teke i bruk.

Enkeltprosess, kjedeprosess og utlegging

Enkeltprosess vil seie at ein enkeltperson blir tiltala for trolldom. *Kjedeprosess* er trolldomsprosessar med to eller fleire tiltala. Midelfort nyttar omgrepet *masseprosess*.⁵⁷ Då vart fleire enn 20 tiltala avretta for trolldom i eit område på eitt år. Det vart ikkje avretta så mange trollfolk i løpet av eit så lite tidsrom i Bergenhus len. I oppgåva er kriteriet for at saka var ein kjedeprosess at dei tiltala hadde samband med kvarandre; dei var gjerne mistenkte for det same lovbrøtet, dei kunne vere i slekt, eller ein eller fleire av dei hadde utlagt dei andre.

Ei *utlegging* er når den mistenkte/-tiltala angjev medskuldige, uavhengig av om tystinga skjedd før, under eller etter rettssak og dom. Utlegging vert såleis forstått som vitneprov med trolldomsinnhald gjeven av mistenkte, tiltala eller dømde trollfolk om andre menneske.

Prosessform

Inkvisitorisk prosessform tyder at dommarane avgjer om straffeforfølgning skal setjast i gong, dei reiser tiltale og leiar forfølginga. Vidare skaffar dommarane sjølve fram opplysningar og prov. Slike saker vert kalla ein undersøkingsprosess. Den tiltala vert

⁵⁷ Midelfort 1972.

handsama som gjenstand for undersøkinga, eit objekt, og ikkje som ein sjølvstendig part i saka. Den inkvisitoriske domstol undersøker altså sjølv det tilhøvet den handsamar, domstolen fungerer på ein gong både som dommar og saksøklar.⁵⁸

Akkusatorisk prosessform har vi når domstolen ikkje kjem i verksemd utan etter krav frå ein privat eller offentleg saksøklar. Påtalemakta og domstolen er altså skilde. Det er elles den som reiser sak som samlar prov. Dommarane er såleis bundne av aktor når det gjeld initiativ til straffeforfølgning og innhald i tiltalen. I slike prosessar er den saksøkte part i saka.⁵⁹

I Noreg var det akkusatorisk prosessform.⁶⁰ Nokre forskarar hevdar likevel at prosessforma hadde inkvisitoriske drag.⁶¹ Mitt materiale stadfestar at vi hadde ei akkusatorisk prosessform.

Injuriesak

Ei *injuriesak* er eit rettsleg søksmål reist av den fornærma sjølv/*den injurierte* eller av andre, mot den, *injurianten*, som kom med fornærmande utsegn, *injurien*. I denne oppgåva er det saker der injurien inneheld skuldingar om trolldom som vert analyserte. Det er tale om både verbal- og realinjurie. Verbalinjurie vil seie ærekrenking i ord eller skrift. Realinjurie er ærekrenking i handling.⁶²

1.5. TIDLEGARE TROLLDOMSFORSKING

Nedanfor vil eg kartleggje ein del av den tidlegare forskingslitteraturen kring trolldomsprosessane for å vise variasjonen mellom prosessane og endringane over tid. Særleg har forskarane konsentrerte seg om årsakene til at prosessane oppstod.

1.5.1. ELDRE TROLLDOMSFORSKING

Eldre trolldomsforskning var hovudsakleg oppteken av dei *retts- og idehistoriske føresetnadene* for at trolldomsprosessane oppstod. Det vil særleg seie tilrettelegging frå lovgjevarane, slik som at bruk av tortur vart lovleg, og tilrettelegging frå geistlege styremakter ved utviklinga av demonologien.⁶³ Folkelege trolldomsførestellingar og

⁵⁸ C.4. 3.21., Annars 1990: 312ff., Birkelund 1983: 16, Erichsen 1993: 47, 52, Gulbrandsen 1987: 21, 95f., Hagerup 1892: 14ff.

⁵⁹ Ibid.

⁶⁰ Annars 1990: 314, Erichsen 1993: 47, Hagerup 1892: 14ff, Næss 1982: 161ff.

⁶¹ Hansen 1992: 11. Rett nok gjaldt det Lagtinget fyrst på 1700-talet. Willumsen 1994: 26f., 46.

⁶² Gulbrandsen 1987: 95, Skeie 1910: 4.

⁶³ Demonologi er læra om ånder eller djevlar. Dette var eit særmenne innan teologien. Emnet var felles for både den protestantiske og den katolske kyrkja. I kapittel 6.5. blir demonologien drøfta.

initiativ frå allmugen vart derimot ikkje via stor interesse. Det kan såleis seiast at forskinga hadde eit *eliteperspektiv* på trolldomsprosessane, då dei vart sett på som resultat av verdslege og geistlege styremakter sine idear og handlingar.⁶⁴ Den tidlege trolldomsforskinga er kartlagt mellom anna av Bengt Ankarloo.⁶⁵ Eg vil likevel nemne tre forskararbeid frå før 1970-talet.

Det fyrste arbeidet er boka *The Witch Cult in Europe* av Margaret Murray frå 1921.⁶⁶ Ho danna nesten ein eigen skule innan trolldomsforskinga, då ho introduserte ein etnologisk og religionshistorisk synsvinkel på emnet. Murray meinte prosessane hadde ein reell bakgrunn som forfølging av ein heidensk fruktbarheitskult i Vest-Europa som dyrka "*Den hornete gud*". Det har vorte reist mykje kritikk mot Murray sitt arbeid. Ho bygde på eit lite kjeldemateriale, og ho utførte ikkje kjeldekritiske vurderingar av vitneutsegna.⁶⁷

H.R. Trevor-Roper gav ut *The European Witch-Craze of the 16th and 17th Centuries* i 1967.⁶⁸ Denne boka var i følgje Johansen "*det første bidrag, der blev læst af større kredse*."⁶⁹ Trevor-Roper studerte trolldomsprosessane i Europa. Han freista å kartleggje den historiske bakgrunnen for prosessane, som endringar i samfunnet, sosiale spenningar og den idehistoriske utviklinga. Prosessane skal ha starta med at inkvisisjonen fann syndebukkar for sosiale konflikhtar mellom føydale organisasjonar og frie bønder i Nord-Italia og Sør-Frankrike. Bøndene vegra seg mot sosial og religiøs assimilering. Trevor-Roper kartla elles førestellingane innan den kyrkjelege og verdslege eliten. Såleis såg han prosessane ut frå eit eliteperspektiv.

I 1966 gav J.C. Jacobsen ut ei avhandling om trolldomsprosessane.⁷⁰ Avhandlinga inneheld ei oversikt over trolldommen sine røter frå oldtida, ein gjennomgang av trolldomslovgjevinga, og utvalde dommar i trolldomsprosessar felte av Høgsterett i Danmark.

I.5.2. FUNKSJONALISTISKE FORKLARINGSMODELLAR

⁶⁴ Sörlin 1993: 11.

⁶⁵ Ankarloo 1971: 11f.

⁶⁶ Murray 1921.

⁶⁷ Ankarloo 1971: 14.

⁶⁸ Trevor-Roper 1967.

⁶⁹ Johansen 1982: 402.

⁷⁰ Jacobsen 1966.

På 1970-talet endra trolldomsforskinga karakter, då antropologiske forklaringsmodellar vart trekte inn. Lokale undersøkingar på regionalt eller nasjonalt nivå dominerte. Forskinga synta at det ikkje var ei eintydig forklaring på prosessane. Det vart avdekt lokale variasjonar når det gjaldt kven som vart tiltala av kven, kva situasjonar som resulterte i tiltalen, innhaldet i skuldingane, type prosessar og anna. Enkeltprosessar vart no dregne fram, og dei kunne ikkje forklarast innan ramma av eit eliteperspektiv. No vart det heller lagt vekt på økonomiske og sosiale tilhøve. Dette vert kalla ein *funksjonalistisk forklaringsmodell*. Problema til allmugen kom såleis fram, og den politiske og religiøse maktsfæren kom i bakgrunnen.⁷¹ Keith Thomas og Alan Macfarlane representerer gjennombrøtet i denne forkinga.

Thomas⁷² såg på tilhøvet mellom magi og trolldom i England. Han meinte prosessane var resultat av endringar i samfunnet; som overgangen frå eit integrert og gjensidig avhengig landsbysamfunn til eit kapitalistisk og individualistisk samfunn der tradisjonar for felles hjelp var brote ned. Reformasjonen spelte elles ei rolle, den førte til at helgenar og magiske ritual mot sjukdom, ulukker og anna vart avskaffa. Dette gjorde at folk kjende seg hjelpelause overfor ein del problem, og difor auka bruken av den folkelege magien. Thomas forklarar kvinnedominansen blant dei tiltala med tiggjaravslag. Når kvinnene vart viste bort, svara dei med å love vondt.

Macfarlane⁷³ studerte trolldomsprosessar i Essex. Han kartla dei personane som på ein eller annan måte var involverte i prosessane og sette dei i relasjon til samfunnet dei levde i. Han fann at dei som saksøkte og vitna var naboar av den tiltala, og at dei var både yngre og meir velstående. Både kvinner og menn gjekk til sak og vitna. Dei som vart tiltala var som regel eldre og relativt fattige gifte kvinner.

Vidare fann Macfarlane at prosessane var eit utslag av lokale faktorar som den folkelege trolldomstru og motsetnader i lokalsamfunnet. Som Thomas hevdar Macfarlane at konfliktane kom av overgangen til eit kapitalistisk og individualistisk samfunn. Macfarlane såg altså prosessane ut frå det samfunnet dei oppstod i.

Kvinnene sin store del av dei tiltala vert forklart med at kvinner viste størst motstand mot dei sosiale endringane, og at dei freista å ta vare på solidariteten som var i ferd med å forsvinne.⁷⁴

⁷¹ Burke 1987: 372, Sörlin 1993: 11f.

⁷² Thomas 1971.

⁷³ Macfarlane 1970.

⁷⁴ Johansen 1982: 408, 422.

Bengt Ankarloo gav i 1971 ut ei doktoravhandling i filosofi om trolldomsprosessane i Sverige.⁷⁵ Prosessane der kan delast inn i to periodar. Den fyrste varte frå mellomalderen og fram til 1650; då dominerte maleficiumprosessane. Den andre perioden, frå 1668 til 1677, var dominert av kjede- og diabolismeprosessar i Dalarna, Norrland og Stockholm. Desse prosessane var spesielle då mange barn var aktive; dei både saksøkte og vart tiltala. Elles inneheldt prosessane detaljerte skildringar av sabbatar. Ankarloo syner at drivkrafta bak fenomenen var ein drømmeepidemi. Dei mellomste og øvste laga i samfunnet vart hardt ramma. Prestane spelte ei stor rolle for utbreiinga av trolldomsprosessane i denne siste perioden. Elles dokumenterer Ankarloo måten prosessane vart spreidde på elles; det skjedde gjennom reisande og gjennom barna som var innblanda. Desse barna vart samla på same stad slik at rykte og fantasiar om trolldom vart utveksla.

Erik Midelfort forska på masseprosessar i Sydvest Tyskland.⁷⁶ Han hevda at årsakene til desse prosessane var å finne i den inkvisitoriske prosessforma, i den utvida bruken av tortur, og i den fornya interessa for djevelen blant dei geistlege. Dette førte til tilståingar om sabbat og til utleggingar. Ei anna årsak til masseprosessane var demografiske endringar som gjorde at det oppstod ei stor gruppe ugifte kvinner og enkjer. Dette førte til rollekonfliktar og sosiale spenningar.

Midelfort meinte enkeltprosessane hadde ein sosial funksjon, då dei fastsette grenser for kva som vart tålt av sosialt avvik i eit samfunn. Prosessane forsterka såleis sosiale grenser og tradisjonelle moraloppfatningar. Masseprosessane derimot braut ned eit samfunn. Dei tiltala i desse rettssakene hadde høgare sosiale status enn dei tiltala i enkeltprosessane, fleire vart saksøkte, og innhaldet i skuldingane vart meir mangfaldig.

William Monter studerte trolldomsprosessar i Sveits og Frankrike.⁷⁷ Han fann at mange av dei saksøkte var enkjer. Dei vart ikkje tiltala på grunn av sin sivile status, men av di dei var gamle. Alder var altså her utslagsgjevande for trolldomsforfølgning. Desse kvinnene var ofte rekna for å vere moralsk lågtstående personar. Kvinnene skulle ha utøvd maleficium, krangla med naboane sine, eller dei var utlagde. Monter såg kvinnedominansen som eit uttrykk for samfunnet si frykt for slike kvinner.

⁷⁵ Ankarloo 1971.

⁷⁶ Midelfort 1972.

⁷⁷ Monter 1976.

Som Midelfort hevdar Monter at kjedeprossane var eit resultat av den inkvisitoriske prosessforma. Det same meiner Norman Cohn.⁷⁸ Kjedeprossar var i tillegg avhengig av at styremaktene hadde eit demonologisk trolldomssyn.

Richard Kiechefer påstår det same; kjedeprossar oppstod i områder der demonologien stod sterkt.⁷⁹ Vidare syner han at overgangen frå maleficiumprossar til diabolismeprossar fann stad parallelt med overgangen frå akkusatorisk til inkvisitorisk prosessform. I den akkusatoriske prosessforma finn vi einskildmenneske som reiste sak, og innhaldet i skuldingane var difor folkeleg. I den inkvisitoriske prosessforma derimot, kom prosessane i stand på vegner av eit embete, geistleg eller verdsleg. Trolldomssynet til desse lærde ville dermed dominere heile prosessen.

I 1971 gav folkloristen Bente Gullveig Alver ut ei avhandling om dei norske trolldomsprossane.⁸⁰ Alver skildrar den demonologiske trolldomstru og prototypen på sabbaten i det kontinentale prosessmaterialet. Likeins drøftar ho heksesalva, dei ulike hekseprøvene og eksekveringa av dei trolldomsdømde.

Når det gjeld prosessane i Noreg, hevdar Alver at omlag 750 menneske vart saksøkte for trolldom i landet i tida 1560-1710. Dei tiltala var fattige, omstreifarar og tiggjarar, som regel halvgamle einslege kvinner. Nokre av desse var elles kloke koner og var såleis i ein særskild utsett posisjon. Dette meiner ho var hovudårsakene til kvinnedominansen blant dei tiltala.

Vidare syner Alver til ei vanleg oppfatning i det gamle samfunnet; at misunning kunne framkalle sjukdom, død og ulykker. Trolldomsprossane i Noreg var altså skapte av folk si personlege tru, det vil seie den folkelege trolldomstru, og var i relativt liten grad prega av dei europeiske trolldomsførestellingane og av demonologien.

Frå 1982 har vi Hans Eivind Næss si doktoravhandling om trolldomssakene i Noreg.⁸¹ Avhandlinga inneheld ei oversikt over den rettslege utviklinga i prosesstida, og over omfang og utbreiing av trolldomssakene. Næss fann 877 trolldomssaker i kjeldene. Då mykje av kjeldematerialet har gått tapt, trur han at det røynelege talet på saker var ein god del høgare. 79% av dei tiltala var kvinner, dei fleste var gifte. Omlag 1/3 av alle tiltala vart avretta.

⁷⁸ Cohn 1997.

⁷⁹ Kieckhefer 1976.

⁸⁰ Alver 1972.

⁸¹ Næss 1982. Ei populær utgåve av denne doktorgradsavhandlinga vart seinare utgjeve; *Med bål og brann*, Oslo 1984. Her vil det bli vist til den fyrste utgåva.

Næss hevdar at prosessane oppstod på grunn av sosiale spenningar i samfunnet. Dei tiltala var fattige, og dei hadde ofte laus tilknytning til lokalsamfunnet. Slik sett vart dei vurderte som ei bør eller ein trugsel. Trolldomsprosessane fekk såleis ein sosial funksjon, då sosiale mekanismar vart utløyste gjennom trolldomsmistanke. Elles freistar Næss å forklare prosessane som ein del av den generelle kriminaliteten i samtida.

Den høge kvinnedelen blant dei saksøkte forklarar Næss med at fattige kvinner mellom anna måtte tigge, stele, og/eller bli kloke koner. Han avviser teorien om at eit negativt kvinnesyn i samtida spelte ei rolle.

Liv Helene Willumsen gav i 1984 ut ei hovudoppgåve i nordisk som omhandla trolldom i Finnmark.⁸² Ho deler oppgåva i to delar; i den fyrste delen vert trolldomsprosessane i Finnmark i tida 1600-1692 analyserte ut frå historiske kjelder. I den andre delen, som ikkje vil bli drøfta her, ser Willumsen på trollkvinna slik ho er framstilt i skjønnlitteratur tilknytt Nord-Noreg. Ved samanlikning trer det fram to forskjellige typar trollkvinner.

Dei historiske rettslege kjeldene fortel at det i løpet av 92 år vart saksøkt 132 personar for trolldom i Finnmark. Dei fleste kom frå fiskevær på Finnmarkskysten. I høve til folketalet var prosessintensiteten svært høg. Kvinner utgjorde 85% av dei tiltala. Desse kvinnene var ei ueinsarta sosial gruppe. Kvinnedominansen vert forklart både med motsetnader i lokalsamfunnet og med at det eksisterte eit negativt kvinnesyn. Elles dokumenterer Willumsen at relativt få av dei tiltala var samar. Over 50% av dei saksøkte fekk dødsdom.

I Finnmark vart det ført store kjedeprosessar med bruk av tortur og vassprøve,⁸³ og prosessane hadde eit stort innslag av diabolisme. Innhaldet i skuldingane gjekk i hovudsak ut på kollektive aksjonar for å utøve maleficium, særleg vindmagi, som skulle ha vore retta mot styremaktene og handelsmenn.

1.5.3. MØTET MELLOM ELITE- OG FOLKEKULTUR

I trolldomsforskinga frå 1980-talet ser vi eit fornya eliteperspektiv, men no vert det òg teke omsyn til lokale tilhøve. Trolldomsprosessane blir sett som eit resultat av ein gjensidig påverknad mellom samfunnsgruppene, prosessane utspelte seg såleis i møtet mellom elite- og folkekultur.⁸⁴

⁸² Willumsen 1994.

⁸³ Om vassprøva, sjå kapittel 6.2.3.

⁸⁴ Sörlin 1993: 12f.

Mellom anna Christina Larner⁸⁵ representerer denne nye retninga. Ho har forska på trolldomsprosessane i Skottland. Larner syner at verdslege og geistlege styremakter legitimerte auka kontroll over folket mellom anna ved å gå til åtak mot det avvikande. Slike angrep resulterte gjerne i trolldomsprosessar.

Merete Birkelund har analysert prosessane i Danmark.⁸⁶ Ho tek for seg alle trolldomsprosessane i landet, men gjer òg ei punktundersøking av prosessane i Århusområdet. Det blir lagt vekt på kven som saksøkte kven, og på innhaldet i skuldingane og i tilståingane. Ut frå denne analysen skil Birkelund mellom den lærde og den folkelege trolldomsforståing.

Robert Muchembled har òg teke i bruk eit fornya eliteperspektiv.⁸⁷ Han studerte trolldomsprosessar i delar av Frankrike på 1600-talet. Prosessforma var inkvisitorisk, likevel var ikkje kjedeprosessar vanlege i området.⁸⁸ Muchembled meiner årsaka til prosessane var kulturoverføring frå eliten til allmugen. Han syner at utsegnene frå saksøkjjar og vitne for det meste inneheldt skuldingar om maleficium, medan diabolismeinnslaget fyrst kom inn i prosessane i tilståingane, truleg via forhøyrleiarane. Difor hevdar Muchembled at det fann stad både ei folkeleg og ei lærd trolldomsforståing og -forfølging av trollfolk.

Vidare vert det hevda at det eksisterte kvinneforakt i prosessperioden. Det resulterte i at kvinnene vart gjort til syndebukkar for all ondskap. Dette førte til ein kvinne dominans blant dei trolldomstiltala.

Kim Tørnsø har forska på trolldomsforfølging på Vest-Jylland.⁸⁹ Han òg ser på kven dei ulike partane i prosessane var. Elles analyserer Tørnsø skilnad og likskap mellom den folkelege og den kyrkjelege trolldomsforståing.

Karsten Sejr Jensen⁹⁰ analyserer kyrkja, dei verdslege styremakter og samfunnet si haldning til trolldom i Danmark på 1500-talet. Han konkluderer med at religiøse endringar hadde stor innverknad på utviklinga av trolldomsprosessane.

⁸⁵ Larner 1981.

⁸⁶ Birkelund 1983.

⁸⁷ Muchembled 1985.

⁸⁸ Jfr. Cohn 1997, Kiechefer 1976, Midelfort 1972 og Monter 1976.

⁸⁹ Tørnsø 1986.

⁹⁰ Jensen 1988.

I 1987 kom det ut ein antologi som gjorde opp status i trolldomsforskinga, *Häxornas Europa 1400-1700*.⁹¹ Fyrste delen tek for seg mentaliteten hjå dei verdslege og geistlege styremaktene og hjå andre lese-kunnige grupper i samfunnet. I den andre delen blir den såkalla akkulturasjonsprosessen drøfta. Akkulturasjonsprosessen vil seie den kulturoverføringa som gjekk føre seg frå geistleg og verdsleg elite til allmugen. Den siste delen av boka inneheld trolldomsprosessane sin karakter og kronologi i heile Nord- og delar av Aust-Europa. Det kjem fram at det var store variasjonar mellom anna i innhald og intensitet i forfølgjingane.

Frå 1991 har vi Jens Christian V. Johansen si doktoravhandling i filosofi om trolldomsprosessar i Danmark.⁹² Han analyserer både det jyske trolldomsmaterialet og føretekk punktundersøkingar av mindre geografiske område. Johansen freistar å finne kva tilhøve som låg bak dei enkelte prosessane, og kvifor nokre enkeltprosessar utvikla seg til kjedeprosessar. Han finn at det ikkje var prosessforma i seg sjølv som førte til slike prosessar, men lovendingar og trolldomsrykte.

1.5.4. TROLLDOMSFORSKING PÅ 1990-TALET

Forskarar har på 1990-talet synt at kvinner var aktive aktørar i trolldomsprosessane, og at konflikhtar mellom kvinner var ein vesentleg bakgrunn for prosessane.⁹³ Kvinner var involverte i trolldomsprosessar i langt sterkare grad enn i andre typar kriminalitet. Dei var ofre for trolldomskunstar og vitna mot trolldomstiltala kvinner, dei tiltala og utla andre kvinner, og jordmødre vart nokre stader nytta som spesialistar i kroppsundersøkingar av kvinner ved leiting etter heksemerket.⁹⁴

Marianne Hester analyserte prosessar i Essex på 1500-talet, samt ein omfattande kjedeprosess på 1640-talet.⁹⁵ Ho ser trolldomsforfølgjingane som sosial kontroll over kvinner i eit mannsdominert samfunn. Vidare syner Hester at samfunnsendingar gjorde at kvinner fekk ein lågare sosial status. Kvinneoverskotet auka, det vart fleire ugifte og enkjer, dei vart fattigare og dermed pressa lengre og lengre ut i produksjonssfæren. Det var

⁹¹ Ankarloo/Henningsen (red.) 1987.

⁹² Johansen 1991.

⁹³ Gaskill 1993, Sharpe 1993.

⁹⁴ Det var ei alminneleg førestelling at der djevelen rørte ein, vart det ein kjenslelaus flekk, heksemerket. For å finne dette merket måtte motpartane stikka i den tiltala. Dette er bakgrunnen for nåleprøva. Alver 1971: 57. Sjå kapittel 6.2.3. om fysisk tortur.

⁹⁵ Hester 1992.

helst eldre, relativt fattige kvinner, anten ugifte eller enkjer som vart skulda for trolldom, særleg maleficium.

Anne Llewellyn Barstow nytta eit kjønnsperspektiv i analysen av den europeiske trolldomsforfølginga.⁹⁶ Ho hevdar at trolldomsprosessane var seksuell vald mot, og sosial kontroll av, kvinner. Spesielt vart jordmødrer og kloke koner ramma. Barstow meiner at kvinneforakt var ei viktig årsak til prosessane.

Lyndal Roper har forska på tyske prosessar i siste halvdel av 1600-talet.⁹⁷ Ho kom fram til at det helst var barselkoner som trudde at dei var ofre for trolldom. Dei som skal ha valda trolldommen var hjelpekonene åt desse nybakte mødrene. Vidare hevdar Roper at det såleis var konflikhtar mellom kvinner som utløyste forfølgingane, og ho tolkar domstolane som ein arena for slike konflikhtar. Prosessane var dermed eit uttrykk for at rettsvesenet tok konflikhtar mellom kvinnene på alvor, og ikkje for kvinnehat i samtida.

I 1993 gav Per Sörlin ut ei doktorgradsavhandling i filosofi om trolldom i Göta Hovrätt i Sverige.⁹⁸ Han syner at allmugen aktivt utnytta rettsapparatet etter egne behov, men òg at den forma sine skuldingar etter kva styremaktene kunne godta. Slik vart talet på maleficiumsøksmål reduserte, medan signesøksmål auka i andre halvdel av 1600-talet. Sörlin hevdar vidare at trolldomsfrykta til styremaktene og allmugen etter kvart nærma seg kvarandre.

I Margit Løyland si hovudoppgåve om kriminalitet i Agder på 1600-talet,⁹⁹ finn vi òg ei analyse av trolldomsprosessane i området. I følgje kjeldene vart 76 personar tiltala for trolldom, 76% av desse var kvinner. Løyland syner at trollfolka som regel var fattige, lovbrytarar eller at dei hadde brote andre sosiale spelereglar. Hemnlyst og nabokrangel kunne vere årsak til skuldingane. Det vert dokumentert at fleire og fleire kvinner vart bøtelagde utover 1600-talet, fyrst og fremst for leiermål, men òg på grunn av skuldingar om trolldom. Dette set Løyland i samanheng med ein siviliserings- og individualiseringsprosess.

⁹⁶ Barstow 1994.

⁹⁷ Roper 1994.

⁹⁸ Sörlin 1993.

⁹⁹ Løyland 1992.

I 1996 gav Gunnar Knutsen ut ei hovudoppgåve i historie om trolldomsprosessane på Austlandet i åra 1567-1730.¹⁰⁰ Han fann 192 trolldomsprosessar i området. Knutsen syner at prosessane toppa seg berre på 1620-talet, og ikkje i 1660-åra òg slik Næss kom fram til for heile landet.¹⁰¹

Vidare hevdar Knutsen at dei ulike gruppene i samfunnet; allmugen, dei geistlege og dei verdslege styremaktene, samla gjekk inn for å føre trolldomsprosessar. Dette samarbeidet var avgrensa i tid, og var årsak til både starten og slutten på dei rettslege forfølgingane. Årsakene til kvinne­dominansen var den demonologiske påverknaden, at kvinner vart gjort meir rettsleg ansvarlege, og at dei hadde ei svakare sosial stilling enn menn.

1.5.5. OPPSUMMERING

Den tidlegare trolldomsforskinga syner ulike årsaksforklaringar på trolldomsprosessane. Nokre forskarar legg hovudvekta på samfunnsmessige endringar når det gjeld produksjon og demografi som førte til sosiale spenningar, òg kvinnene imellom. Andre hevdar at teologane si trolldomstru, demonologien, var ein årsaksfaktor. Når det gjeld forklaringa på kjedeprosessane, er det mange som legg vekt på den inkvisitoriske prosessforma. Nokre stader føregjekk overgangen frå enkelt- og maleficiumprosessar til kjede- og diabolismeprosessar parallelt med overgangen frå akkusatorisk til inkvisitorisk prosessform. Etter kvart byrja forskarane å fokusere meir på den gjensidige forståinga mellom allmugen og dei lærde om at trollfolk måtte forfølgjast, som hovudårsak til trolldomsprosessane. Nokre meiner denne gjensidige forståinga var eit produkt av kulturoverføring frå eliten til folket.

Dei fleste forskarane har søkt å forklara kvinne­dominansen blant dei tiltala og dømde trollfolka. Nokre hevdar at mange av dei tiltala kvinnene var kloke koner, og at dei av den grunn vart saksøkte. Andre legg vekt på motsetningar i lokalsamfunna eller på sosiale og demografiske endringar som kan ha ført til at kvinner fekk ei svakare økonomisk og sosial stilling enn menn. Atter andre forskarar ser den høge kvinne­delen som eit uttrykk for sosial kontroll over kvinner i eit mannsdominert samfunn. Elles var demonologien prega av eit negativt kvinnesyn. Ved påverknad frå eliten finn vi såleis kvinnehat og -frykt hjå allmugen òg. Det finst også forskarar som meiner å kunne sjå trolldomsprosessane førte mot kvinner som eit uttrykk for ein siviliserings- og individualiseringsprosess. Kvinner vart i større grad enn før gjort rettsleg ansvarlege, og lovgjevinga retta seg no òg mot brotsverk utførte av kvinner.

¹⁰⁰ Knutsen 1996.

¹⁰¹ Næss 1982:16.

2. RETTSGRUNNLAGET

Vi har definert ein trolldomsprosess som saker der menneske er rettsleg saksøkte for trolldom. Trolldomsprosessar er altså førte rettssaker som i prosessperioden vanlegvis vart handsama av verdslege domstolar på linje med annan kriminell åtferd. Kjeldene til prosessane er hovudsakleg rettsprotokollar. Difor krev det kjennskap til organiseringa av rettsvesenet og rettargongen, til lovverket og til rettsprotokollane. Eg vil vise til to trolldomsprosessar; ein frå landsbygda og ein frå byen, for å illustrere rettssystemet, rettargongen og dei ulike partane i prosessane.

2.1. RETTSSYSTEMET PÅ LANDSBYGDA OG I BYEN

2.1.1. LANDSBYGDA

Den 16. april 1658 reiste futen Jens Pedersen sak mot Gjertrud Andersdotter Hundskår¹⁰² ved bygdetinget i Davik skipreide. Kjelde er tingboka frå Nordfjord, og sorenskrivaren var referent. Til stades var elles 10 lagrettemenn og tingallmugen. Futen saksøkte Gjertrud etter oppmoding frå allmugen, då ho var ei plage i lokalsamfunnet og fordi ho hadde trolldomsrykte.

Futen hadde kalla inn 18 vitne mot Gjertrud, alle var menn. Innhaldet i skuldingane gjekk ut på at ho skulle ha valda ulukker, sjukdom og død etter at ho hadde lova vondt når ho ikkje fekk det som ho ville. Eit av vitna var soknepresten i Eid, Samuel Bugge. Han fortalde at Gjertrud drog rundt med "*kietltinger*" og at ho tre gonger hadde skrifa for "*hoererj*". Vidare kunne han vitna om at ho hadde "*laug sig död och er bleffuen laug i en kiste 2 ganger och der hon fornam at hon kom till kirken spente hon gaffuelen vd och sprang op*". Elles sa presten at Gjertrud si mormor hadde vorte brent av di ho var skuldig i trolldom, og hennar mor var "*supect for trolldom*". Så fekk tingallmugen høve til å uttala seg; dei "*roffde alle met en mund*" at dei som Gjertrud hadde lova vondt, "*er det samme wederfaritt*". Allmugen gav ho altså dårleg skussmål.

Dernest spurte futen Gjertrud om ho hadde noko å seia, dertil ho svara at "*hon giffuer sin saug i Gudz och öffrig hedenz hender*". Futen meinte så at Gjertrud for

¹⁰² Prosess nr. 440. Nordfjord tingbok nr. 8, 1657-1659, og lensrekneskap for Bergenhus len 1657-1658, pk. 136.

hendiz löffter och wdediske gierninger böer at lide paa liffuett", og syntte til "recess: 2 bog 28 cap at huen som omgaaiz met saadan spögerj och troeldkunster bör at straffiz paa halzen (...) met mindre den gunstige öffrighed hender mildeligere will benaade

I tingboka ser det ut som om saka mot Gjertrud kom opp til ankeinstansen, det vil seie til Lagtinget i Bergen, der dommen over ho vart underkjend.¹⁰³ Difor kom saka opp på nytt omlag to månader seinare. Dei same som vitna fyrste gongen kom fram og stadfesta deira vitnemål og "*giorde deriz bogereid*". I tillegg møtte det fram fire nye vitne. Gjertrud vart etter kvar stadfesting spurt av futen korleis saka var, og ho vedkjende at ho hadde lova vondt. Vidare tilstod ho maleficium og diabolisme. Futen meinte framleis at Gjertrud burde "*lide till boel och brand, vaar dom begerinde*". Retten, det vil seie lagrettemennene og skrivaren, dømde så Gjertrud til døden.

Den 22. juli står det vidare i tingboka at Gjertrud dagane før ho "*bleff rettet*", vart spurt av futen og andre om ei Lisbeth Skår som sat i varetekt på futegarden. Gjertrud kunne fortelje at Lisbeth hadde "*melket thuende kiör i hiell*", og at Lisbeth var "*meget argere udj hendis konster end hon vaar*". Ho utla altså denne Lisbeth etter at ho sjølv hadde fått dødsdom.

I lensrekneskapen for Nordfjord ser vi at futen rekna seg godtgjersle for at Gjertrud hadde sete i varetekt i 23 veker, og vidare for at "*Mester Jacob Scharprichter betaldt for hinde halszhug, och sidenn kroppen opbrendte, pennge 6 rdlr*". Den 23 juli 1658 vart ho "*justificerit och brenndt*".

Vi ser at futen stod som saksøkjær i prosessen mot Gjertrud. Han prosederte saka på bygdetinget, og han gjennomførte avhøyr av vitna og av den tiltala. Vidare la han ned påstand om straff og kom med forslag om straffeutmåling. Sorenskrivaren refererte saka, og han var med og dømde saman med lagretten. Allmugen fekk høve til å uttale seg, likeins presten. Elles har vi sett at saka vart anka til ankeinstansen, og at den trolldomsmistente sat i varetekt i futegarden. Høver så dette med korleis rettssystemet var organisert i denne aktuelle tida?

Bygdetinget og sorenskrivaren.

Før 1590 fanst det ikkje noko fast instansordning i det norske rettsapparatet, men i 1590 gjekk det føre seg organisatoriske endringar. Domstolane vart samansette på ein ny måte,

¹⁰³ Arkivet til Lagtinget gjekk tapt ved brannen i Bergen i 1702. Difor finn vi ikkje prosessen mot Gjertrud i rettsprotokollen frå denne ankeinstansen.

dei fekk nye oppgåver og endra funksjonar, og det skjedde eit skifte i instansordninga. Ved kongeleg føresegn av 1590¹⁰⁴ vart det fastsett at bygdetinget skulle dømme i alle saker på bygdene. Domstolen vart fyrsteinstans i rettstvistar, og den fekk såleis domsplik. Lagtinget vart ankeinstans. Slik var det til slutten av 1700-talet.¹⁰⁵

Domsmyndet på bygdetinga låg hjå lagrettemennene i lagretten. Lagrettemennene, vanlegvis seks eller 12 mann, var eidsvorne bønder og dei tilhørde ofte bygdeeliten.¹⁰⁶ I prosessen mot Gjertrud såg vi at 10 lagrettemenn var til stades på tinget. Lagrettemennene måtte ha godt rykte og dei måtte ha fått godkjend vitnemål frå allmugen for å bli utnemnde.¹⁰⁷ Fyrst i prosessperioden var det ingen avgrensing på deira tenestetid. Då vart dei gjerne nytta kontinuerleg fleire år på rad. Slik fekk dei god røynsle.¹⁰⁸ I 1687 vart det bestemt at lagrettemennene skulle bli oppnemnde kvart år, vervet skulle gå på omgang etter manntalet, og ein kunne bli lagrettemann berre éin gong i livet. Forsking viser at det kunne gå lang tid før dette vart sett i verk.¹⁰⁹

Føresegna av 1590 sikra såleis bondesamfunnet kontroll over rettargongen, og bøndene sat førebels åleine med domsmynde i dei fleste saker. Det skjedde dermed ei desentralisering av rettsvesenet.

Ei føresegn av 1591 gav påbod om at det skulle tilsetjast ein "*soren skriver udi hvert sogn som stevner holdes*"¹¹⁰ som skulle skrive ned dommane åt lagretten på bygdetinga. Skrivaren skulle òg hjelpe og rettleie lagrettemennene med lovtolking og straffeutmåling. Dei fyrste sorenskrivarane var ofte danskar, og desse hadde såleis erfaring frå dansk og tysk regelverk og rettspraksis.¹¹¹ Elles budde skrivarane i distrikta, noko få andre verdslege tenestemenn gjorde.¹¹²

I 1634 vart skrivaren gjort hovudansvarleg for domsavseiinga på bygdetinga, han vart hovuddommar. Såleis fekk skrivaren det juridiske og økonomiske hovudansvaret dersom dommen vart anka og underkjend.¹¹³ Lagrettemennene vart meddommarar. Dei kunne

¹⁰⁴ NRR bd. 3, 1588-1602: 134ff.

¹⁰⁵ Fladby 1986: 187, Imsen 1994: 169, NHL 1974: 58, Næss 1991a: 13.

¹⁰⁶ Dobbe 1995: 38, Fladby 1986: 153, Imsen 1994: 129, 202, Myking 1996: 179ff., NHL 1974: 188, Seip 1953: 9.

¹⁰⁷ Seip 1953: 9.

¹⁰⁸ Dobbe 1995: 37, Imsen 1994: 202, Myking 1996: 179, Næss 1991a: 49, Seip 1953: 10.

¹⁰⁹ Myking 1996: 179, 182.

¹¹⁰ NRR bd. 3, 1588-1602: 201.

¹¹¹ Næss 1982: 142, Ibid. 1991a: 30f.

¹¹² Ibid: 135.

¹¹³ Dersom den dømde ville anke, vart søksmålet retta direkte mot dei som var ansvarlege for dommen. Dommarane var erstatningspliktige om den misnøgde fekk medhald i anken hjå ankeinstansen. Sandvik 1992: 91.

framleis stillast til ansvar, men no mot halve bøter.¹¹⁴ I prosessen mot Gjertrud såg vi at skrivaren og lagrettemennene dømde saman. I 1687 vart sorenskrivarane gjort til einedommarar med unntak av i odels- og eigedomstvistar og i livs- og æressaker, då var lagrettemennene framleis meddommarar.¹¹⁵ Dermed var dei framleis meddommarar i eventuelle trolldomsprosessar og i injuriersaker.

Kven dømde så eigentleg i fyrsteinstans på landsbygda etter 1590? I den fyrste tida dømde nok lagretten åleine, då det gjekk nokre år før lensherrane fekk teke i eid alle skrivarane. Dernest har vi sett at sjølv om lagrettemennene hadde god røynsle, så vart dei etterkvart urøynde *i høve til* skrivaren. Det kom av at skrivarane, som var med på alle tinga i sitt distrikt, fekk større

erfaring, innsikt og autoritet enn lagretten.¹¹⁶ Rekrutteringa til nye skrivarstillingar føregjekk innan standen, slik at det skjedde ei overføring av kunnskap frå skrivar til skrivar. Dette førte til ei heving av deira sakkunnskap utover 1600-talet.¹¹⁷ Difor overlét truleg lagrettene i større og større grad både lovtolking og dømning til skrivaren. Etter kvart blei såleis lagrettemennene si domsmakt innskrenka.¹¹⁸

I løpet av fyrste halvdel av 1600-talet oppnådde dermed sorenskrivarane eit faktisk domsmynde. Lokale granskingar syner òg at lagrettemennene sin innverknad på dommane på bygdetinga vart svakare utover 1600-talet.¹¹⁹ Lagrettemennene vart reduserte til rettsvitne på bygdetinga. Dei kunne likevel i større grad enn skrivaren vurdere vitneprova ut frå *kven* som uttala seg, då dei var medlemmar av allmugen og såleis hadde kunnskap om lokalsamfunnet og medlemmane der.¹²⁰

Oppgåvene til bygdetinget var primært rettslege. Andre oppgåver kunne vere tinglysing og forhandlingar mellom allmugen og styremaktene.¹²¹ Det har elles vorte påvist at tinget òg var ein offentleg sosial arena for allmugen, med konfliktløysing gjennom forlik og økonomisk vederlag. Her vart grensene sett for det sosialt akseptable både i høve til

¹¹⁴ Myking 1996: 179.

¹¹⁵ NL 1-7-1.

¹¹⁶ I Noreg var bygdene organiserte i grupper av gardar som utgjorde eit skipreide eller eit tinglag. Eit skrivardømme omfatta normalt fleire slike tinglag, så sorenskrivaren måtte reisa frå tinglag til tinglag etter faste reiseruter. Lagretten derimot skifta frå det eine tinglag til det andre. I vedlegg 4 ser vi ei oversikt over skrivardømma i Bergenhus len.

¹¹⁷ Dobbe 1995: 31, Kiil 1969: 77.

¹¹⁸ Myking 1996: 179.

¹¹⁹ Dobbe 1995: 38ff., Næss 1991a: 43ff.

¹²⁰ Knutsen 1996: 128.

¹²¹ Fladby 1986: 187, NHL 1974: 58.

lokalsamfunnet og til styremaktene.¹²² Dette skjedde mellom anna ved opplesing av trolldomslovene og -føresegnene. Likeins ved offentleg påtale i injuriersaker for å oppnå ein allmennpreventiv verknad og for å hindre stridar i å utarte seg. Tinget hadde såleis ein sosial og diskursiv funksjon, i tillegg til den rettslege.

Ein del alvorlege saker, helst kriminalsaker, vart vist til handsaming på lagtinget, eller avgjorde med "*lagmannens rådføring*". Slik rådføring føregjekk i rådstueretten òg.¹²³ Dette førte til at lagmennene si innverknad var større enn den formelle instansordninga gav inntrykk av.¹²⁴

I trolldomsprosessane som vart førte på bygdetinget møter vi allmugen og lokalsamfunnet sine representantar, lagrettemennene, som dommarar. Vidare møter vi skrifvarane, som refererte prosessane, var juridiske rettleiarar og etter kvart dommarar. Sorenskrivarane fekk såleis med tida ei dobbeltstilling på tinga; dei var både dommarar og referentar.

Futen og underfuten

Ein representant for styremaktene, sorenskrivaren, sat i dommarsetet på bygdetinga. Ein annan representant, futen, administrerte tinget på vegner av lensherren. Futane var vanlegvis handplukka danske menn, mest frå borgarstanden. Futen si inntekt var mellom anna delar av sakefallet.¹²⁵

Ei viktig oppgåve for futen var å representere påtalemakta. Han hadde den øvste politimakta i sitt futedømme,¹²⁶ og han skulle halda ro og orden. Såleis måtte han oppspora brotsverk, og gjennomføre avhøyr av, og eventuelt varetektsfengsla, den mistenkte. Vidare skulle futen skaffa prov, reise tiltale, prosedere saka i retten og kome med forslag om straff. Når ein dom vart felt, var det hans oppgåve å setja den i verk ved eksekusjon på lekam eller middel, og å føre rekneskap over inntektene og kostnadene.¹²⁷

I trolldomsprosessen mot Gjertrud var futen offentleg saksøkjjar, og han forhørde både vitna og Gjertrud. Vidare foreslo futen domsutmåling. Til sist møtte vi futen ved

¹²² Dobbe 1995: 125ff., Imsen 1994: 159f., Sandmo 1992, Sandvik 1987: 234, Ibid. 1991: 288, Ibid. 1992: 87, Sundin 1992, Österberg 1991: 161f.

¹²³ Sjå nedanfor om lagtinget og rådstueretten.

¹²⁴ Fossen 1979: 262, Imsen 1994: 24, Knutsen 1996: 37, Næss 1991a: 44f.

¹²⁵ Fladby 1963: 127ff., NHL 1974: 93.

¹²⁶ Eit futedømme var futen sitt embetsdistrikt. I Bergenhus len finn vi åtte futedømmer kring 1640; Sunnhordland, Nordhordland og Voss, Hardanger, Ytre Sogn, Indre Sogn, Sunnfjord, Nordfjord og Sunnmøre. NHL 1974: 94.

¹²⁷ Fladby 1963: 118f., Kiil 1969: 146,155, Næss 1982: 150. Seinare vil vi sjå at privatpersonar òg kunne stemne saker inn for retten, sjå kapittel 4.2.1 og 4.2.2.

eksekvering av dommen, då han førte rekneskap over utgiftene og inntektene i samband med den.

Futen avgjorde elles ein del saker sjølv når han avsona saka med den mistenkte utan dom. *Soning* var eit forlik mellom den mistenkte og påtalemakta inngått på eller utanfor tinget. Den mistenkte betalte ei bot mot å sleppe rettsleg forfølging, prosess og dom. Dette var ei relativt vanleg løysing av konflikhtar på 1600-talet.¹²⁸

Soning kunne føre til at saka ikkje vart ført inn i rettsprotokollen, for eit av poenga med soning var at striden ikkje skulle kome fram offentleg. Når futen inngjekk avtale med den mistenkte om at vedkommande kunne gjere opp for seg ved å betale, så fekk futen eit slags domsmynde. Den mistenkte var i ein tvangssituasjon; han hadde valet mellom å koma til ei ordning med futen eller å bli utsett for offentleg prosess og dom.¹²⁹ Soningsinstituttet vitnar såleis om at futen kunne ha stor innverknad på rettslege avgjerder.

Futen fekk elles meir makt enn tidlegare når bygdetinget vart fyrsteinstant i 1590. Likeins som skrivaren møtte han på alle bygdetinga. Futen var truleg meir lovskunnig og erfaren enn lagrettemennene, og han hadde autoritet som representant for lensmann og konge. Difor er det rimeleg å tru at futen kunne påverka dommarane under rettargongen og domsavgjerda, særleg før skrivaren vart meddommar i 1634.¹³⁰ Futen hadde såleis som påtalar og administrator av tinget ein viktig funksjon i rettsvesenet.

Underfuten, eller *bondelensmannen*, var det lågaste trinnet i lokalforvaltinga. Saman med presten representerte underfuten "*kontrollen*" lokalt.¹³¹ Elles var lensmannen ofte "*en av bygdas beste bønder*",¹³² og han hadde god innsikt i livet i bygda.¹³³

Vidare var bondelensmannen futen sin forlenga arm i lokalsamfunnet, men han var òg bøndene sin tillitsmann. Oppgåvene hans var å fange forbrytarar, halde arrest, reise påtale og samle prov. Underfuten òg fekk delar av inntekta si frå sakefallet.¹³⁴ Elles var underfuten ein del av lagretten på bygdetinget. Såleis hadde han òg ei dobbeltrolle; han utførte mange av påtalemakta sine oppgåver, *samtidig* som han var med i juryen og dømde.¹³⁵

¹²⁸ Dobbe 1995: 48f., 53, Fladby 1963: 120, Næss 1982: 150ff., Ibid. 1994a: 83, Seip 1934: 64, 71.

¹²⁹ Dobbe 1995: 53, Fladby 1963: 120.

¹³⁰ Fladby 1963: 122f., Næss 1970: 106f.

¹³¹ Fladby 1963: 71, Sandvik 1992: 84.

¹³² NHL 1974: 206.

¹³³ Dobbe 1995: 33.

¹³⁴ Imsen 1994: 129f., NHL 1974: 207.

¹³⁵ Dobbe 1995: 33.

Tingallmugen

På bygdetinga finn vi òg den anonyme tingallmugen, den var alle dei som møtte fram på tinget. I mange saker kunne det vere viktig å få konstatert den allmenne oppfatning, og tingallmugen vart då oppfordra til å seie si meining.¹³⁶ Til dømes vart tingallmugen spurt om den mistenkte hadde trolldomsrykte, eller dei vart bedne om å gjeva vedkommande skussmål, slik vi har sett i prosessen mot Gjertrud. Vi vil seinare sjå at eit trolldomsrykte kunne vere nok til at påtalemakta kunne reise trolldomssak, og at slike offentlege, kollektive og einstemmige utsegn frå allmugen vart tillagt stor vekt av domsmennene.¹³⁷ Frå tingallmugen kom medeidskvinnene og -mennene.¹³⁸ Tingallmugen kunne såleis ha relativt stor innverknad på bygdetinga sine dommar.

2.1.2. I BYEN

I Bergen i 1592 vart det ført ein trolldomsprosess mot Oluf Gausdal på Overlagtinget.¹³⁹ Til stades var lagmannen i Bergen, borgarmeistrane i byen, ni rådmenn og 34 lagrettemenn, kanslaren og lensmennene på Bergenhus og Vardøhus.

Saka starta i 1590, men kjelda, det vil seie rådstueprotokollen, er bevara fyrst frå 1592. Det fyrste som står om saka er at slottsherren og hovudlensmannen i Bergenhus, Peder Thott, meinte at Marine Robertsdotter¹⁴⁰ var "*pliktig thill at stannde samme troldkarll for rette thil ordtz, förennd hannd fick sin Enndelig domb*". Det kom fram at Oluf hadde utlagt Marine for trolldom. Ho ville ikkje uttale seg i retten om skuldingane. Marine var gift med biskop Anders Foss.¹⁴¹ Ekteparet hadde vore i København og tala hennar sak. Biskopen la fram ei "*wdschrifft*" av tilståingane til Oluf, og eit "*Beskjærmelsesbrev*" frå Regjeringsrådet og Kongen. Men Thott gav seg ikkje.¹⁴² Biskop Foss meinte at han kunne svare i saka på

¹³⁶ Sjå elles Knutsen 1996: 131ff.

¹³⁷ Sjå kapittel 4.2.1. og 7.3.1.

¹³⁸ Om nektningseid, sjå kapittel 7.2.3.

¹³⁹ Prosess nr. 669. Bergen Rådstueprotokoll 1592-1594, i *Norske Samlinger* 1/1852: 224-233, NRR, bd. 3, 1588-1602: 175, 256, 262.

¹⁴⁰ Prosess nr. 669a.

¹⁴¹ Anders Foss var biskop og superintendent i Bergen frå 1583 og til sin død i 1607. Ein superintendent var ein kyrkjeleg tilsynsmann og luthersk biskop. Han og Marine tilhørde såleis det høgare sosiale sjikt innan bysamfunnet generelt og innan det geistlege spesielt. Imsen 1982: 388, Valkner 1959: 12.

¹⁴² Thott støtta skuldingane mot Marine. Kjeldene gjev likevel ikkje grunnlag for å hevde at det var personlege motiv bak. Fossen 1979: 341, 868f., note 28, *Norske Biografisk Leksikon* bd. XVI, 1969: 299f. Ein pådrivar kan ha vore den omdiskuterte *Biletstriden* i Bergen i 1568.

vegner av sin kone. Thott ville ikkje saksøkje og dømme Oluf før han fekk melding om at Marine sjølv kunne "*staa thill ordtz med hannom eller icke*". Biskopen synte til at

*ein Misdedesrs Ordt icke staa thill troenndes som Recessen formeller, att huilchenn hannom eller hanns hustru haffuer thil at talle de skulle dett giöre med Loug och rett for deris tilbörilige dommere...*¹⁴³

Altså hans kone burde ikkje "*staa med ein Misdeder till rette*". Vidare hevda Biskopen at Oluf i fyrste omgang ikkje vart fengsla på grunnlag av skuldingane han hadde retta mot Marine, men "*for sin eigenn misgierning (...) denn Misdeder som sig thill Dieffuellenn besuarett haffuer*". Retten meinte at dersom nokon ville saksøkje Oluf, då skulle "*wij forhielpe epter denn forstannnd gud os giffuet haffuer hues Lougligt Christeligt oc rett kannnd were*". Saka vart så utsett.

Den 3. oktober 1592 kom saka opp på nytt ved Overlagtinget. Byfuten og futen i Nordhordland kalla inn og forhøyrdte Oluf. Thott las så opp eit brev frå Kongen, der Kongen oppmodar han om å framstille Oluf for retten og dømme han. Vidare spurde Tott om nokon hadde noko å seie før Oluf fekk sin dom. Då kom Biskop Foss fram på ny. Han ville prova at Oluf var ein løgnar og at han burde få straff for det. Retten kom fram til at Marine ikkje var pliktig til å "*staa med samme Troldkarll til ordtz*".

Oluf tilstod deretter i retten ein gong til. Innhaldet var maleficium og diabolisme. Så kalla futen inn tre vitne som fortalde at Oluf var skuld i at ein gut døydde. Dernest vart Oluf sine tidlegare tilståingar lest opp, og retten avla dom. Domsmennene la vekt på at Oluf skulle ha tilstått frivillig. Dei dømde han til døden og synte til Kristenretten og Magnus Lagabøtars landslov. Saka mot Marine vart nok ein gong utsett. Det verkar som om ho gjekk fri frå skuldingane.¹⁴⁴

Dette var ein trolldomsprosess som vart ført ved Overlagtinget, og det vart supplikkert direkte til Kongen i København. Vi har sett at byfuten og lensherren avhøyrdte Oluf i retten, futen avhøyrdte vitne også. Elles la retten stor vekt på Oluf sine tilståingar ved avseiinga av dommen.

Frå lagting til rådstuerett

Striden var egentleg ein kompetansestrid mellom dei geistlege og verdslege styremaktene. Fossen 1979: 111f., Valkner 1959: 22f.

¹⁴³ Her viser Foss til Den Københavnske Recess av 1547 og Den Koldingske Recess av 1558. Sjå meir om desse recessane i kapittel 6.1.1.

¹⁴⁴ Bang 1896: 162, Fossen 1979: 341.

På 1500-talet dømde lagmannen, lagrettemenn og byråd saman på *lagtinget*. Lagtinget var den viktigaste domstolen både for byen og landet. Tinget var førebels fyrsteinstant i byen, og vart, som vi har sett, etter kvart ankeinstans for bygdetinget.¹⁴⁵

Byrådsmedlemmane i lagtinget var ein eller to borgarmeistre, åtte eller fleire rådmenn. Dei vart alle valde av, og henta frå borgarskapet. Mange av medlemmane hadde tidlegare vore fut, byfut eller slottsskrivar på Bergenhus, og dei var truleg godt kvalifiserte til oppgåvene. Fleire av byrådsmedlemmane kom elles frå andre land, særleg Danmark.¹⁴⁶ Rådet var den faste kjerne i lagtinget, medan lagrettemennene kunne skifte frå lagting til lagting. Lagmannen var ein kongeleg embetsmann.

Ved føresegn av 1607 gjekk lagmannen ut av denne fyrsteinstanten. Byrådet vart no ein sjølvstendig domstol kalla *rådstueretten*. Domstolen blei ordinær fyrsteinstant i byen, tilsvarande bygdetinget på landet.¹⁴⁷ Lagmannen vart no friteke frå byen sine saker i fyrste omgang, og lagtinget vart ankeinstans. I stiftsbyane, mellom anna i Bergen, kunne rådstuerettsdommar på slutten av 1600-tallet bli appellerte direkte til overhoffretten.¹⁴⁸

Med innføringa av eineveldet vart alle ombodsmenn i byen utnemnde av kongen. Borgarskapet mista då eineretten til stillingane innan byforvaltinga. Rådstueretten gjennomgjekk organisatoriske endringar.¹⁴⁹

Bytinget, byfuten og underfuten

I 1662 vart det oppretta ein ny underrett i byane, *bytinget*. Bytinget var samansett av *byfuten* og ei gruppe borgarlege lagrettemenn. Byfuten skulle dømme i fyrsteinstant i småsaker. Ein kunne appellere dommane til rådstueretten, som etter 1662 vart plassert i rettshierarkien mellom bytinget og lagtinget, eller i Bergen altså mellom bytinget og overlagtinget. I større saker var rådstueretten framleis fyrsteinstant, då byfuten ikkje kunne dømme i livs- og æressaker.¹⁵⁰ Etter 1668 kunne han det, men då måtte lagretten vere

¹⁴⁵ NHL 1974: 281. Saka mot Oluf vart ikkje ført ved denne fyrsteinstanten. Dersom vi ser på kven som møtte som representantar for styremaktene, ser vi at det samsvarar med kven som skulle møte for overlagtinget. Såleis har det blitt tolka at saka vart ført ved denne domstolen. Fossen 1979: 261. Sjå nedanfor om overlagtinget. Elles var det gjerne slik at dei lågare rettsinstansane viste saker direkte til overlagtinget utan fyrst å fella dom. Dette var ikkje lovleg etter 1587, men det er truleg at det vedtaket ikkje hadde gjort seg gjeldande enno. Ellefsen 1999: 3.

¹⁴⁶ Fossen 1979: 72f., 254, 262, Næss 1970: 78, 93.

¹⁴⁷ NHL 1974: 281, Næss 1991a: 16, Seip 1934: 122.

¹⁴⁸ Ellefsen 1999: 4, Erichsen 1993: 26, NHL 1974: 281.

¹⁴⁹ Fossen/Ertresvaag 1992: 20.

¹⁵⁰ Ibid.: 37, Kiil 1969: 115, NHL 1974: 61.

meddommar. Byfuten fekk såleis på slutten av prosessperioden meir eller mindre full domsmakt.¹⁵¹

Byfuten hadde rettslege oppgåver i byane. Elles skulle han halde ro og orden, føre tilsyn med handel og vandel og med lågare tenestemenn, og han skulle krevja inn skattar. Vidare hadde byfuten ansvaret for eksekvering av dommane.¹⁵² Vi ser at han stort sett hadde dei same oppgåvene som futane på landsbygda.

Underordna byfuten finn vi *underfuten*. På bytinget var han aktor i saker med offentleg påtale.¹⁵³ Dermed unngjekk ein at byfuten både var saksøkjar og dommar på bytinget.

2.1.3. ANKEDOMSTOLAR

Lagtinget

Vi har sett at lagtinget vart ankeinstans for bygdetinget etter 1591. Etter 1607 sat lagmannen og ei fast dommarnemnd på åtte lagrettemenn i det "nye" lagtinget. Lagmannen var øvste dommar og juridisk embetsmann i lagdømmet. Både bønder og borgarar var lagrettemenn.¹⁵⁴ Lagrettemennene vart oppnemnde av byfuten og teke i eid av lagmannen, og dei skulle gjere teneste eit år om gongen. Dette var truleg menn med mindre erfaring enn dei tidlegare rådsmedlemmane, og lagretten hadde elles kortare funksjonstid.¹⁵⁵ Difor blei lagmannen etter kvart fagleg overlegen. Dette førte truleg til at han med tida vart einedommar medan lagrettemennene blei rettsvitne.¹⁵⁶ Nokre gonger i spesielle saker, var superintendenten eller andre framstående menn medlemmar av domstolen.

Andre anke-domstolar

Lagtinget sine dommar kunne ankast til *Overlagtinget*. Det var to overlagting; eit for det nordafjelske og eit for det sønnafjelske. Domstolen var samansett av lagmenn, eit utval av riksråda i Oslo og Bergen, og eit utval av byrådet. Elles deltok kanslaren, statthaldaren, slottsherren og andre av hovudlensmennene.¹⁵⁷ I prosessen mot Oluf deltok lagmenn, borgarmeistrane i byen, rådmenn og lagrettemenn, kanslaren og lensmennene på Bergenhus og Vardøhus.

¹⁵¹ Erichsen 1993: 27f., Fossen/Ertresvaag 1992: 37, Kiil 1969: 115.

¹⁵² Erichsen 1993: 31f.

¹⁵³ Ibid. 1993: 32.

¹⁵⁴ Hansen 1991: 3, NHL 1974: 189.

¹⁵⁵ Fossen 1979: 262.

¹⁵⁶ Ibid. 1979: 269, Hansen 1991: 3, Seip 1934: 122.

¹⁵⁷ Fossen 1979:79f., NHL 1974:247f., Seip 1934:123.

Etter 1602 avløyste *Herredagen* Overlagtinget som norsk overdomstol. Frå 1666 kunne Lagtinget sine dommar ankast til *Overhoffretten*. Siste ankeinstans var den dansknorske *Høgsterett* i København, som vart oppretta i 1661.

2.1.4. OPPSUMMERING

Dei største endringane i rettsvesenet føregjekk i dei vel 100 åra mellom 1580 og 1687, altså i løpet av den perioden vi finn dei fleste trolldomsprosessane. Tidleg i prosessperioden var kompetansefordelinga mellom dei forskjellige domstolane uklår, men den vart klårgjort etter kvart. Såleis fekk vi eit hierarkisk rettssystem med over- og underinstansar.

I rettssystemet møttest allmugen og dei verdslege styremaktene. Desse gruppene skulle samarbeide om felles rettslege oppgåver, og ein gjensidig påverknad fann difor stad. Bøndene og borgarane hadde domsmynde i underrettane i fyrste delen av perioden. Utover 1600-talet mista desse lokale representantane noko av kontrollen med rettsvesenet gjennom ei auka profesjonalisering av sorenskrivaren, futen og lagmannen. Desse la no premissane for dommane ved å formulere tiltale og dom. Det føregjekk elles ei auke i den offentlege kontrollen av rettspleia, då desse rettstenarane etter kvart vart kongen sine menn. Nokre av styremaktene sine nøkkelpersonar i rettspleia fekk dobbeltroller; skrivaren var både referent og dommar, byfuten og underfuten kunne vere både saksøkjjarar og dommarar.

2.2. TROLLDOMSLOVGJEVING

Lover er normative kjelder som gjev uttrykk for påbod, oppmoding, ønskje, vilje, kjensle og vurdering. Lovene fortel ikkje så mykje om korleis røyndommen er, men dei gjev påbod om korleis den bør eller skal vere. Ein kan difor ikkje slutte direkte frå lovene til korleis røyndommen eigentleg er eller var. Det vi kan seie noko om, er at lovgjevarane fann det naudsynt å gje dette påbødet. Vi kan sjå lovene som eit klarsignal ovanfrå om å rettsforfølgje eit brotsverk, som til dømes trolldom. Likeins kan vi sjå intensjonane i den statlege politikkk, det vil seie motiv og føremål. Lovene kan òg til ein viss grad seie noko om korleis rettspraksis var tenkt å vere.¹⁵⁸

Ei oversikt over trolldomslovene er naudsynt for å kunne vurdere kva lovgjevarane meinte var trolldom, og korleis trollfolk burde straffast. Då kan vi sjå om lovene vart fylgde i praksis i trolldomssakene. Vidare kan vi følgje utviklinga i trolldomssyn hjå lovgjevarane, det vil seie dei verdslege styremaktene.

¹⁵⁸ Blom/Helle 1990: 35f., Krogh 1987: 17f., Langholm 1967: 24, Sandvik 1990: 46f.

2.2.1. STYREMAKTENE VIL SKADETROLLOMMEN TIL LIVS

Bibelen slår fast at "*En trollkvinne skal du ikke la leve*".¹⁵⁹ Når det gjeld den verdslege lovgjevinga, må vi til landskapslovene frå 1000- og 1100-talet før vi finn lover som omhandla trolldom. Der slo Kristenretten i Borgatings kristenrett fast at maleficium var ubotamål.¹⁶⁰ Ubotamål vil seie brotsverk som vart straffa med fredløyse utan høve til subsidiær straff som å betale bøter.¹⁶¹ Til samanlikning ser vi at mellom anna landsforråderi, mord og valdtekt var ubotamål òg.¹⁶² Straffa for forgjering av menneske, maleficium, var døden.¹⁶³ Trolldom vart altså vurdert som eit alvorleg brotsverk.

Med Magnus Lagabøtars landslov og bylov frå 1274 og 1276, fekk Noreg ei verdsleg lov for heile landet. Den byggjer i hovudsak på Gulatingslova. Lova som omhandla trolldom retta seg helst mot maleficium som framleis var ubotamål.¹⁶⁴ Den eldre trolldomslovgjevinga i Sverige og Danmark retta seg òg mot maleficium.¹⁶⁵ Domsmennene som dømde Oluf Gausdal til døden viste til Kristenretten og Magnus Lagabøtars landslov. Oluf skal ha vore årsak til at eit menneske døydde. Han vart altså dømd slik lova på den tida føreskreiv.

Kvinner og menn vart dømde likt for trolldom i dei gamle lovene. Når det gjeld andre brotsverk, vart kvinner derimot dømde mildare enn menn.¹⁶⁶

Vi ser at frå mellomalderen og fram til slutten på 1500-talet, såg ikkje lovgjevarane på trolldom som eit religiøst brotsverk. Lovene omhandla berre maleficium, ikkje diabolisme eller signing.

2.2.2. DEMONOLOGIEN PÅVERKAR TROLLOMMENSLOVGJEVINGA

Ei føresegn av 1584 slo fast at alle former for trolldom var like alvorlege, men føresegna handla særleg om signing. Påbodet skulle gjelde berre for Stavanger og Bergenhus len.¹⁶⁷

Dei

¹⁵⁹ 2. Mosebok 22:18.

¹⁶⁰ Næss 1982: 74.

¹⁶¹ NHL 1974: 356.

¹⁶² Skeie 1937: 41.

¹⁶³ Eldre Borgatings kristenrett I 16, i *Noregs Gamle Love*, 1 R. bd. 1: 351, Næss 1982: 75, Skeie 1937: 121.

¹⁶⁴ Næss 1982: 75.

¹⁶⁵ Ankarloo 1987: 298ff., Johansen 1991: 20, Sörlin 1993: 43.

¹⁶⁶ Skeie 1937: 70. Nedanfor vil vi sjå at dette endra seg.

¹⁶⁷ Næss hevdar føresegna kom til etter initiativ frå Stavangerbiskopen Jørgen Erikssen. Næss 1970: 62f., Ibid. 1982: 79. Sjå elles kommentarar i Johansen 1991: 154, 196, note 138, og 197, note 7, og i Sogner 1982: 171f.

*som enten at søge og bruge eller at gjøre saadanne forargelige ukristelige middel, enten med kors, signelse, læsning, og anden saadan ugudelig og ukristelig handel" skulle "straffes paa livet uden al naade.*¹⁶⁸

For fyrste gong var det dødsstraff for signing. Den rettslege haldninga til trolldom hadde altså hardna til. Dette var ei streng lov når ein samanliknar med resten av Europa. I 1593 vart lova gjeldande rett for heile Noreg, men den kom aldri til å gjelde i Danmark.¹⁶⁹

Føresegna viste elles til at trolldom var "*guds hellige navns ords misbrug*".¹⁷⁰ Lovgjevarane vurderte no trolldom som eit brotsverk mot Gud. Difor meinte dei at ikkje-skadevaldande trolldom, det vil seie signing, var lovbrott òg. Dette var ei omlegging av trolldomslovgjevinga. Det vart ikkje lagt vekt på kva skade trollfolka kunne utrette, maleficium, men på at trolldom var "*ukristelig og ugudelig*".¹⁷¹ Likevel må vi vente 33 år før djevelen vart trekt inn i trolldomslovgjevinga, til 1617.

I Christian IV si norske lov frå 1604 vart dødsstraffa stadfesta for trollfolk.¹⁷² Lova var ei oversetting og ein revisjon av Magnus Lagabøtars landslov.

I 1617 vart det utferda ei felles dansknorsk føresegn om trolldom, "*om Troldfolk oc deres Medvidere*." Trolldomsomgrepet blei definert; det var fleire "grader" av trollfolk alt etter kva type trolldom dei skulle ha gjort seg skuldige i. Trolldom vart for fyrste gong i lovgjevinga sett i samband med djevelpakt, då "*rette troldfolk*" var dei "*som met Dieffuelen sig bebundet haffuer, eller met hannem omgaais*".¹⁷³ Dette var i samsvar med den geistlege trolldomstru, då djevelpakt spelte ei stor rolle for desse styremaktene. Elles meinte lovgjevarane at maleficium vart utført av slike "*rette troldfolk*". Lovgjevarane hadde endra oppfatning av kva som var det vesentlege i brotsverket. Føresegna utvida altså det gamle trolldomsomgrep til å gjelde signing, maleficium og diabolisme.

Etter 1617-føresegna vart det fastsett dødsstraff for utøvarar av både diabolisme og maleficium, men òg for deira medvitarar.¹⁷⁴ Dei skulle alle "*straffis paa deris hals uden al naade*",¹⁷⁵ slik vi har sett at futen påstod i prosessen mot Gjertrud Hundskår. Når det gjeld straffa for signing, var 1617-føresegna ei lette i Noreg, men ei skjerping i Danmark. Medan 1584/1593-føresegna føreskreiv dødsstraff for signefolk, skulle dei etter 1617-føresegna bli forviste og tape bulotten. Deira medvitarar skulle straffast på formuen. Straffegrunden var

¹⁶⁸ NRR bd. 3, 1588-1602: 302.

¹⁶⁹ Johansen 1991: 37, 88.

¹⁷⁰ NRR bd. 3, 1588-1602: 302.

¹⁷¹ Knutsen 1996: 31.

¹⁷² Næss 1982: 40.

¹⁷³ Rørdam 1884: 60f.

¹⁷⁴ Ein medvitar vil seie ein person som på ein eller annan måte kjende til, eller var medskuldig i, verksemda til trollfolk.

¹⁷⁵ Rørdam 1884: 60f.

at signing dreg menneska bort "*fra Gud og af hannem tilforordnede naturlige hielp og medicin*", og at brotsverket vart utøvd med "*bebiendelse*" med djevelen.¹⁷⁶

Føresegna inneheldt elles ei trugande oppmoding til alle representantar for verdslege og geistlege styremakter om å spore opp og rettsforfølgje trollfolk når dei fekk høyre rykte om slike. Dersom dei ikkje gjorde så, vart dei straffa som medvitarar. Elles var føresegna ei av dei fyrste trykte lovene i Danmark-Noreg.¹⁷⁷ Den vart distribuert til dommarar og lensmenn, og lova vart opplest for allmugen på tinga og i kyrkjene. Med tanke på dette, er det rimeleg å tru at ein vil finne eit oppsving i talet på trolldomsprosessar i åra etter 1617.

Kyrkja si demonologiske lære, som gjekk ut på at trollfolka sitt samkvem med djevelen var det vesentlege¹⁷⁸ og ikkje den skaden dei kunne valde med maleficium,¹⁷⁸ fekk altså innverknad på trolldomslovgjevinga. Denne trua vart no offisielt legitimert og promotert over heile landet.¹⁷⁹

2.2.3. TROLLDOMSLOVENE VERT MILDNA

Føresegna av 1617 vart teke opp i Christian IV sin Store Recess av 1643 og seinare i Danske Lov av 1683 og Norske Lov av 1687. I Norske Lov meinte lovgjevarane at ein kunne utøve maleficium utan hjelp frå djevelen,¹⁸⁰ og straffa vart redusert frå dødsstraff til straffarbeid på livstid og tapt bulott. Elles anar vi ei meir skeptisk haldning til trolldom, då maleficium vart definert slik: "*Hvo, som bruger nogen galne **inbildede** Konster med Forsæt at ville forgjøre og skade en anden, ...*"¹⁸¹ (Mi utheving.)

2.2.4. OPPSUMMERING

I prosessperioden skjedde det ei utbygging av rettshierarkiet både på landet og i byane. Likeins vart lovverket endra og utbygd. Fleire handlingar vart kriminaliserte, og det vart innført strengare straffar. Til dømes vart det i 1606 utstett ei ny lov som påla dødsstraff for fosterdrap.¹⁸² Elles vart lovene for sedløyse både utvida og strengare i ei anna føresegn frå 1617. Ei føresegn frå 1619 innførte halshogging for samleie mellom slekt i andre ledd.¹⁸³ Ved å gjera visse ting straffbart, vart det samstundes mogeleg å bøteleggje og kontrollere fleire kvinner. Kvinnene skulle no straffast etter dei same prinsippa som menn for same

¹⁷⁶ Ibid.: 59.

¹⁷⁷ Knutsen 1996: 35.

¹⁷⁸ Om kyrkja si trolldomstru og demonologien, sjå kapittel 6. 5.

¹⁷⁹ Laugerud 1995: 172.

¹⁸⁰ Birkelund 1983: 108, Johansen 1987: 294, Næss 1983: 636.

¹⁸¹ Næss 1983: 636.

¹⁸² Næss 1985: 54f.

¹⁸³ Skeie 1937: 137f.

type brotsverk.¹⁸⁴ Dei vart vidare i større grad enn før straffeansvarlege, mellom anna på grunn av bruken av kroppsstraff. Den kunne ikkje familien vere med på å dele, då kroppsstraff er ei personleg straff.¹⁸⁵ Trolldomslovgjevinga vart i løpet av fyrste halvdel av 1600-talet strengare òg. Dette føydde seg inn i eit mønster; det føregjekk ei alminneleg skjerping av straffelovgjevinga.

Mange av dei nye lovene var heimla i Bibelen. Sjølv om straffelova i løpet av 1500- og 1600-talet vart sekularisert, fekk dei geistlege etter kvart likevel innverknad på trolldomslovgjevinga. I 1617-føresegna finn vi demonologiske omgrep og det geistlege trolldomssynet kom til uttrykk. Næss hevdar at "*Forbrytelsesbegrepet er altså dynamisk, et uttrykk for tidens moralske, etiske og sosiale oppfattelse.*"¹⁸⁶ Demonologien inngjekk altså i lovgjevarane si oppfatning av trolldom.

2.3. KJELDENE

Frå 1927 til 1947 gjekk *Institutt for sammenlignende kulturforskning* ved Universitetet i Oslo systematisk gjennom tingbøkene og rekneskapsmaterialet og skreiv av trolldomssaker. Elles vart det funne slike saker i lagtingsprotokollar, i Statthaldararkivet og frå diverse pakkesaker i det norske og det danske riksarkivet. Næss har i tillegg undersøkt sakefallstlistene i lensrekneskapane før 1660, alle lagtingsprotokollane, overhoffretten sine avsiktsprotokollar, høgsterett sine domsprotokollar og alle norske domkapitelsprotokollar frå 1600-talet som ikkje har gått tapt. Han hevdar at dei fleste trolldomssakene i Noreg som er å finne i desse kjeldene er kartlagde.¹⁸⁷

Kjeldene frå underrettane, rådstueprotokollane og tingbøkene, utgjer over halvparten av kjeldematerialet til trolldomssakene i Bergenhus len. Rekneskaper er kjelde til 23%. Elles finn vi 5% av trolldomssakene i herredagsprotokollar, 7% i dagbøker, og 8% i andre kjelder.

Innhaldet i kjeldene varierer frå ein enkelt notis om saka, til utførlege referat som til dømes kan spenne over fleire foliesider i tingbøkene. Dette gjev stor spreing i kva opplysningar ein får om den enkelte trolldomssak. Vi finn mange saker der vi knapt veit meir enn at nokon vart saksøkt eller at nokon måtte bøte for trolldom. Det ser ikkje ut til at desse sistnemnde sakene dannar eit mønster når det gjeld innhald, kjønn, tid, geografisk plassering eller anna.

¹⁸⁴ Telste 1993: 68f.

¹⁸⁵ Løyland 1992: 124.

¹⁸⁶ Næss 1990: 40.

¹⁸⁷ Næss 1982: 479f.

2.3.1. TINGBOKA SOM KJELDE

Kvar domstol hadde sin eigen rettsprotokoll. Frå den lokale og lågaste domstolen har vi tingboka.¹⁸⁸ Den er skrivaren sin protokoll frå by- eller bygdetinget. Dei eldste bevarte tingbøkene i Noreg er frå 1613 frå Jæren og Dalane skipreide, og frå 1616 frå Ryfylke.¹⁸⁹ Desse rettsprotokollane var truleg førte etter førebilete frå skrivarane i Danmark, då det fyrste lovbodet om føring av tingbøker i Noreg fyrst kom ved føresegn av 1633. Skrivarane skulle skrive inn "*alt hvis til Ting forrettes, afsigter, tingsvidner og andre Rettens forhandlinger*" i ein fast protokoll.¹⁹⁰ Dei skulle altså notere det som vart sagt og det som skjedde på tinget.

Fyrst skreiv sorenskrivaren ned kven som var til stade på tinget. Deretter vart offentlege dokument som nye lover og påbod og anna kunngjort. Elles finn vi gjerne skussmål og korte samandrag av private dokument som var oppleste. Endeleg refererte skrivaren straffesakene som utgjer ein stor del av tingbøkene. Her finn vi dei fleste trolldomsprosessane, difor er det denne delen av tingbøkene som i stor grad vert omtala nedanfor. Etter desse sakene vart private tvistemål handsama. Både her og under straffesakene finn vi injurienesakene.¹⁹¹

I Bergenhus len finn vi dei fyrste tingbøkene for landsbygda i 1641 frå Nordfjord skrivardømme, og deretter i 1642 frå Nordhordland skrivardømme. Stort sett kan vi seie at tingbøkene i Bergenhus len er bevarte frå omlag midt på 1600-talet.¹⁹² Vi har rådstueprotokollar frå Bergen by frå åra 1592 til 1594.¹⁹³ Rettsprotokollar frå bytinget finn vi frå 1663, deretter i åra 1668-1669, og frå 1694 og framover. Alle desse kjeldeseriane inneheld ein del lakuner¹⁹⁴

¹⁸⁸ Protokollane som vart førte for bygdetinget, rådstueretten, bytinget og lagtinget vert alle kalla tingbøker. Tingbøker er protokollar med referat frå rettsmøte i desse norske rettsinstansane frå omlag 1600 og oppover. Næss 1991c: 139. Her er det hovudsakleg bygdetinget sin protokoll som vert analysert, då vi finn dei fleste trolldomssakene i denne kjelda. Tingboka var elles ikkje noko eintydig omgrep, då den refererte andre rettslege forhold enn det som føregjekk på tinget, og fordi innhaldet i tingbøkene endra seg ein del over tid. Imsen 1994: 20, Næss1981: 784f., Ibid. 1990: 22ff.

¹⁸⁹ Kiil 1969: 78.

¹⁹⁰ Ibid.

¹⁹¹ Om injurienesakene, sjå kapittel 3.4.

¹⁹² I vedlegg 4 finn vi ei meir detaljert oversikt over kva tingbøker som er bevarte frå dei ulike skrivardøma.

¹⁹³ Gro Bastiansen har skrive av heile kjeldeserien som no er digitalt tilgjengeleg.

¹⁹⁴ Næss 1982: 33.

Som kjelde har tingbøkene både styrke og veikskap. Tingboka fortel ikkje om dommen vart anka, og vi vantar domsprotokollar frå Bergen lagting for heile 1600-talet. Dersom ein i tillegg vantar rekneskapskjelder, eller ein ikkje finn utgifter til eksekvering eller bøter frå dommen frå fyrsteinstansen oppført her, kan det vere vanskeleg å avgjera om dommen vi ser i tingboka er endeleg eller ikkje. Soning med futen gjer elles at ein ikkje alltid finn saker i denne kjelda. På den andre sida; i tingbøkene kan vi finne dommar i ankesaker dømde av lagtinget som vi ikkje finn i lagtingsprotokollane. Det gjer det mogeleg å få opplysningar om desse sakene sjølv om lagtingsprotokollane har gått tapt.¹⁹⁵

Proessen tidleg på 1600-talet var munnleg; partane og vitna stod fram på tinget og forklarte seg om saka. Tingbøkene vart skrive av sorenskrivarane som var representantar for styremaktene. I den fyrste perioden var dei ofte utlendingar, og dei var frå ei anna sosial klasse enn allmugen. Dette kunne føre til at skrivarane hadde problem med å forstå dei norske dialektane, den lokale skikken og anna. Skrivarane kunne såleis ha vore lokalsamfunnet sin rettslege og kulturelle motpol. Det er heller ikkje sikkert at skrivarane greidde å referere alle vitnemål korrekt.¹⁹⁶ Etter kvart som dei vart meddommarar, var dei truleg ikkje nøytrale observatørar. Såleis kunne nok skrivarane sine oppfatningar, fordømmar og tolkingar, og dermed dei verdslege styremaktene si trolldomstru, skine igjennom. Dette kunne føra til, som Hagan uttrykkjer det, at "*Partenes utsagn er filtrert gjennom herskernes forestillinger og holdninger.*"¹⁹⁷

Ein må elles rekne med at tingboka av andre grunnar òg ikkje gjev eit heilt korrekt og upartisk bilete av ei sak. Det var mellom anna som regel berre den eine parten, det vil seie saksøkjjar og dei som vitna mot den tiltala, som uttalte seg i retten. Referenten vart etterkvart dommar òg i sakene på bygdetinget. Materialet vart såleis produsert av den tiltala sine motstandarar. Den mistenkte fekk kome til orde på motpartane sine premissar. Når det gjeld forhøyr av den mistenkte, fann det ofte stad utanfor tinget òg. Forhøyet vart difor gjerne berre referert kort i tingboka. Dette kan svekkje vårt innsyn i prosessane, særleg i den tiltala sitt ståstad.

Det kunne dessutan skje at skrivaren ikkje rakk å få med alt som skulle refererast, då han førte inn i protokollen fortløpande det som vart sagt der og da, i den rekkjefølgje utsegna kom. Rettsreferata ber preg av at dei vart skrivne ned under hastverk, då dei direkte

¹⁹⁵ Næss 1991a: 172.

¹⁹⁶ Hagen 1995a: 9, Næss 1991a: 174, Sandmo 1992: 18, Telste 1993: 43.

¹⁹⁷ Hagen 1995a: 9.

referata kan vere forkorta.¹⁹⁸ Det var lovfesta at skrivaren skulle skrive referat medan domstolen var i verksemd.¹⁹⁹

Ein bør altså spørja om tingbøkene refererer nøyaktig kva som faktisk vart sagt på tinget. Lagrettemennene var fyrst einedommarar og seinare meddommarar, og såleis kunne dei bli erstatningspliktige dersom den dømde anka dommen og fekk medhald. Vi må difor tru at lagrettemennene ville forvise seg om at tingbokreferatet var korrekt, og at skrivaren konfererte med sine meddommarar. Elles var forhandlingane på tinget offentlege, og tingallmugen fungerte som rettsvitne. Dette, i tillegg til kontrollen frå lensherren sin side, gjorde at det truleg ikkje var altfor store avvik mellom kva som vart sagt av partane og kva som vart referert av skrivaren. Såleis kan vi likevel hevde at tingboka har ein god kjeldeverdi som *beretning* om kva som skjedde på tinget.²⁰⁰

Rettsprotokollane fortel altså kva som vart teke opp og avgjort på tinget, og kven dei ulike partane i sakene var. Kjelda gjev eit godt bilete av gangen i sakene. Vi finn detaljerte vitneforklaringar som gjev innsikt i haldningar, personlege relasjonar og konflikhtar hjå allmugen. Vidare kan vi sjå kva argument og saksframstilling partane meinte ville nå fram for å få den tiltala dømd. Tingbøkene er elles ei god kjelde til korleis rettsapparatet fungerte i lokalmiljøet, til bruken av bevismidlar, til dei rettslege reaksjonane på påståtte lovbrøt, det vil seie rettspraksis, og til domsgrunngeving. Domsformuleringar kan fortelje kva bevismidlar domsmennene la vekt på for å dømme trollfolk, og dermed styremaktene si trolldomsforståing. I tillegg kan vi sjå om rettspraksis var i samsvar med lovene.²⁰¹ Såleis kan vi få eit innblikk i partane sin mentalitet og deira verdiar og førestellingsverd, mellom anna deira trolldomstru.

Ut frå tingbøkene ser vi vidare kven trollfolka var. Vi finn ofte fyldige opplysningar om den tiltala sitt livsløp, slik at vi kan rekonstruere vedkommande sitt liv og "karriere" som trollkvinne/-mann før det vart reist sak mot ho/han. Vi ser kven som var saksøkjjar og vitne, og ofte kva hendingar som utløyste skuldingane. Elles får vi gjerne vite korleis trollfolka vart handsama under saka, mellom anna i fengsla, under forhøyr og eventuelt ved tortur. I tillegg gjev tingbøkene eit vell av opplysningar om ulike emne, òg ikkje-rettslege. Vi får

¹⁹⁸ Dobbe 1995: 18, Knutsen 1996: 5, Sandmo 1992: 18. Næss derimot hevdar at skrivaren ikkje alltid førte rettsreferata direkte inn i tingboka. Han meiner skrivaren førte notat som så seinare vart reinskrivne og førte inn i protokollen etter at tinget var avslutta. Dette grunnjev Næss med at tingbøkene er ryddige og tydelege, og vidare med at ei føresegn av 1633 påla skrivaren å gjera så, og dessutan med at referata frå tinget er skrivne i fortid. Næss 1991a: 171, Ibid.1991c: 139. Dersom det var slik Næss påstår, oppstod det eit anna problem; nemleg å greie å attgje korrekt.

¹⁹⁹ Christian 4.`s recess 2-6-24, NL 1-8-3.

²⁰⁰ Imsen 1994: 25f., Sandvik 1990: 54, Telste 1993: 43.

²⁰¹ Martinsen (red.) 1990: 81, Sandvik 1991: 283, 289.

mellom anna innsikt i kvinner si rolle, ikkje berre i trolldomsprosessane, men òg på tinget og i samfunnet elles.

2.3.2. PROTOKOLLAR FRÅ ANKEDOMSTOLANE

Det er ikkje bevara *lagtingsprotokollar* frå prosessperioden, då alt gjekk tapt i Bergensbrannen i 1702. Lagtingsprotokollar kan fortelje om ei sak vart anka og av og til om den endelege dommen. Lagtingsdommane skapte presedens for heimetinga. Difor er det ein alvorleg svikt i kjeldematerialet når vi vantar denne kjelda i Bergenhus len. Dette gjer at ein ikkje kan vite om underrettsdommen var det endelege resultat i ei sak, med mindre ein ser i andre kjelder at dommen vart eksekvert.

Rettsprotokollane frå dei høgaste instansane er kjelde til relativt få trolldomssaker. Det kjem av at få av dei tiltala anka dommen inn for høgare rett.

Sjølv om vi i det store og heile truleg kan lita på innhaldet i rettsreferata, bør dei lesast kritisk. Ein kjeldeserie som kan verke meir nøytral er rekneskapskjeldene.

2.3.3. REKNESKAPSMATERIALET

Lensrekneskapar inneheld ei oversikt over lensinntektene og -utgiftene i kvart futedømme i lenet. Ein del av futerekneskapen var sakefallslistene. Der finn vi inntekter og utgifter i samband med rettshandhevinga.

I Bergenhus len har vi bevara futerekneskapar frå åra 1577-78, 1590-91, og 1595-1661.²⁰² I Bergen by er sakefallslister bevara frå 1566/67, men med lakuner.²⁰³ Vi ser at dei er relativt godt bevarte slik som elles i landet.²⁰⁴

Trolldomssakene er å finne i kjelda på to måtar. For det fyrste på inntektssida, det vil seie bøter eller konfiskert gods, tapt *bulott*. Kjelda fortel kven som betalte bot eller sona, og/eller tapte bulotten for kva brotsverk, og kor stor bota eller verdien av bulotten var. På utgiftssida vart det ført utgifter til fangetransport, fengselsopphald, tortur, avretting og anna. Difor inneheld kjelda opplysningar om dommen vart fylgd opp i praksis; altså om den vart eksekvert.

²⁰² Øvrebø 1983: 124-232.

²⁰³ Bastiansen 1995: 5.

²⁰⁴ Næss 1987: 318.

Av og til finn vi vedlegg til lensrekneskapane. Desse vedlegga inneheld dommar, då dei fylgde rekneskapet som forklaring på inntektene og utgiftene. Dette gjev høve til å studere dommar i periodar der tingboka manglar.

Dersom ein skal kartleggje talet på trolldomssaker, vil det vere naudsynt å drøfte tingbøkene og rekneskapskjeldene i høve til kvarandre i ei tid då begge er bevarte. Då kan ein betre vurdere om lensrekneskapane fanga opp alle trolldomssakene. I visse høve finn ein ikkje førte trolldomssaker i rekneskapane. Det gjeld bøtelagde trollfolk som var for fattige til å betale. Dersom utgiftene og inntektene gjekk opp i opp, er heller ikkje saka ført inn i rekneskapet. Likeins trolldomssaker som vart anka til ein høgare rett eller enda med ei anna straff enn bot. Det same gjeld saker som førte til forlik, eller når den tiltala vart frikjend og ikkje hadde sete i varetektsfengsel.

Sogner hevdar at i den grad vi har rekneskapane, så har vi òg ei fullstendig oversikt over *avretta* trollfolk. Dette fordi alle alvorlege trolldomssaker som enda med dødsdom eller forvising, førte til utgifter og inntekter til statskassa, og dei vart såleis førte inn i rekneskapskjeldene.²⁰⁵ Knutsen syner at dette ikkje stemmer på Austlandet.²⁰⁶ Dobbe viser at tingbøkene og lensrekneskapane kan fortelje om heilt forskjellige lovbrøt i eit lokalsamfunn, då kjeldene ikkje refererer dei same sakene.²⁰⁷ Dette er ein diskusjon som eg, innan ramma av oppgåva, vel å ikkje gå nærare inn på. Eg nøyer meg med å konstatere at vi korkje gjennom rettsprotokollar eller rekneskap kan gjere oss von om å kartleggje alle trolldomssakene som vart førte.

2.3.4. DAGBØKER

I tillegg til dei rettslege kjeldene til trolldomssakene i Bergenhus len, nyttar eg to dagbøker. Det er lektor og slottsprest Absalon Pederssøn Beyer si dagbok frå 1552-72,²⁰⁸ og skulemeister Mikel Hofnagel sine "*Optegnelser*" i tida 1596-1676.²⁰⁹ Desse kjeldene fortel om fleire trolldomssaker i Bergen by.

Ei dagbok er ei kognitiv kjelde. Den gjev informasjon om opphavspersonen si oppfatning av den nære fortida. Såleis hjelper kjelda oss å sjå røyndommen i det særskilde samfunnet på den eksakte tida slik opphavspersonen opplevde den. Elles inneheld dagbøker gjerne vurderingar av fortida og spådommar for framtida. Dette er uttrykk for opphavspersonen

²⁰⁵ Sogner 1982: 165.

²⁰⁶ Knutsen 1996: 5f.

²⁰⁷ Dobbe 1995: 27f.

²⁰⁸ *Norske Magasin*, bd. 1, 1860.

²⁰⁹ *Norske Magasin*, bd. 2, 1868. Den siste delen i dagboka er avskrift frå andre men ukjende personar.

sine haldningar, normer og tru.²¹⁰ Vi må vere merksame på at desse kjeldene difor vil vere sterkt prega av kven opphavspersonen var, og at det påverkar kva vedkommande valte å skrive ned. Dermed må desse kjeldene lesast kritisk. Dagbøkene som vert nytta her, kan fortelje om dei lærde sitt syn på trolldom.

2.3.5. OPPSUMMERING

Tingbøker er den kjelda som vert nytta mest i oppgåva. Kjelda fortel mykje om trolldomssakene, og av og til om dei tiltala. Vi må vere merksame på at vi ikkje kan lite heilt på at tingbøkene refererte nøyaktig det som skjedde på tinget.

Trolldomssaker som vi i dag kan finne att i kjeldene kallar vi *kjeldebelagte* eller registrerte saker. Vi har synt at det manglar ein del kjelder, dermed er det saker som ikkje blir avdekte. Det eksisterer såleis såkalla mørketal i forkinga av trolldomssakene. Truleg er det tilfeldig kva saker som ikkje er kjende på grunn av manglane i kjeldene, bortsett frå saker som enda med soning, eller som enda med bot som den dømde ikkje kunne betale. Talet på kjende saker er likevel så høgt at eg vel å generalisere ut frå dei som er tilgjengelege.

2.4. VURDERING

I løpet av prosessperioden føregjekk det endringar i rettargongen, av domstolane og i lovverket. Lokalsamfunnet sine medlemmar fekk redusert påverknad over domstolane til fordel for styremaktene sine representantar. Lovene som gjaldt trolldom vart utvida frå å gjelda maleficium til signing og diabolisme òg, og dei vart strengare. Prosessane mot Gjertrud Hundskår på landsbygda i 1658 og mot Oluf Gausdal i byen i 1590-åra er ein del av denne utviklinga. Desse to trolldomstiltala og -dømde vil fylgja oss heretter i oppgåva for å illustrere kva prosessane gjekk ut på, og for, om mogeleg, å gjeva personleg nærleik til dei tiltala og dømde i Bergenhus len.

²¹⁰ Blom/Helle 1990: 35f.

3. TROLLDOMSPROSESSANE OG INJURIESAKERNE

3.1. KLASSIFIKASJON

3.1.1. TROLLDOMSPROSESSAR, INJURIESAKER OG ANDRE SAKER

Oppgåva om trolldomsprosessane i Bergenhus len bygger hovudsakleg på dei same kjeldene Næss gjorde bruk av i si doktoravhandling. Difor vert nummereringa hans nytta for dei enkelte sakene. Næss fann 877 trolldomssaker i heile Noreg i dei bevarte kjeldene. Som vi skal sjå, er desse 877 sakene av ulik type. Difor er det viktig å ordne dei etter kva type trolldomssaker dei er. Denne inndelinga vil i sin tur få konsekvensar for analysen av stoffet, som vurdering av omfang, tid, partane, innhaldet i skuldingane og anna.

Ovanfor har vi definert ein trolldomsprosess som saker der menneske var rettsleg saksøkte for trolldom.²¹¹ Av dei 877 trolldomssakene på landsplan fann Næss 95 injurienesøksmål.²¹² *Injuriesaker* inngår altså i Næss si drøfting av trolldomsprosessar. Han reknar desse sakene som trolldomsprosessar, då den injurierte freista å forsvara seg mot trolldomsskuldingar.²¹³

Dette er kritisert av andre forskarar. Sølvi Sogner er ei av dei.²¹⁴ Ho peikar på at den tiltala i injurienesøksmål ikkje vart skulda for trolldomsgjerningar, men for injuriar med trolldomsinnhald. Usemja kjem mellom anna av at Næss og Sogner har ei ulik forståing av "anklage"-omgrepet. Sogner meiner "anklaga" i rettsleg forstand er "en person som det formelt er tatt ut stevning mot."²¹⁵ I injurienesøksmåla er det som regel den trolldomsmistenkte eller ein annan på vegner av den mistenkte som tiltalar injurianten for ærekrenking. Difor meiner Sogner at det ikkje er rett å ta med injurienesøksmål som ein del av trolldomsprosessane, og dermed bør ein heller ikkje drøfte dei saman. Andre forskarar har kome fram til same konklusjon og har meir eller mindre utelate injurienesøksmåla frå si drøfting av trolldomsprosessane.²¹⁶ Nokre forskarar kallar elles injurienesøksmål for "omvendte" trolldomsprosessar.²¹⁷

Knutsen inkluderer injurienesaker der "injurianten forsøkte å bevise sin anklage ved å føre vitner osv., og de der den injurierte tilsto signeri."²¹⁸ I motsetning til Knutsen sitt arbeid,

²¹¹ Kapittel 1.4.

²¹² Næss 1982: 248. Talet varierer noko.

²¹³ Del av Næss sin definisjon av ein trolldomsprosess: "(...)Men prosesser kunne også komme i stand ved at det mennesket som hadde fått trolldomsrykte på seg, selv tok initiativ til prosess for å forsøke å revaske seg fra anklagen." Næss 1982: 7.

²¹⁴ Sogner 1982: 155ff. Knutsen støttar Sogner sin kritikk, Knutsen 1996: 13f. Sjå òg Sandvik 1987: 234.

²¹⁵ Sogner 1982: 157.

²¹⁶ Ankarloo 1971. Han analyserer berre dei injurienesakene som var avslutning på ein trolldomsprosess. Birkelund 1983. Rett nok har ho med injurienesøksmål i lokalundersøkinga, men på landsplan er dei utelate. Knutsen 1996, Tørnsø 1986.

²¹⁷ Henningsen 1991: 174, Johansen 1991. Birkelund kallar trolldomsprosessar for "rigtige" trolldomsprosessar. Birkelund 1983: 19.

²¹⁸ Knutsen 1996: 13. Han har med 27 injurienesaker i analysen.

vert ikkje slike injuriersaker rekna som trolldomsprosessar i denne oppgåva fordi eg meiner det er rett å halde seg strengt til avgrensinga om den trolldomsmistenkte var rettsleg saksøkt for trolldom eller ikkje. I tillegg tilstod ingen av dei injurierte trolldom i Bergenhus len.

Willumsen inkluderer i analysen av trolldomsprosessane alle injuriersakene ho har funne i sine kjelder, fordi "*..der ligger en sterk trussel i en slik utskjelling. Ofte må disse kvinnene faktisk møte i retten og svare på om de kan trolldom.*"²¹⁹ Ingen av dei injurierte i kjeldene frå Bergenhus len måtte møte i retten og svare for skuldingane på ein slik måte at saka kan reknast for å vere ein trolldomsprosess.

Endå om vi ikkje reknar injuriersaker som trolldomsprosessar, er dei likevel viktige for å kaste ljøs over trolldomsoppfatningar. Det vil seinare bli vist at dei som saksøkte i injuriersakene som regel var privatpersonar.²²⁰ Det var altså hovudsakleg den lokale allmugen sjølv som førte desse sakene. I prosessperioden eksisterte det både ei folkeleg og ei lærd oppfatning av trolldom. Injuriesøksmåla kan såleis gje oss eit godt innblikk i allmugen si trolldomstru.

Injuriersakene syner elles kor alvorleg samtida såg på trolldom og på fornærmande utsegn. Dei indikerer kor lite som skulle til av verbale motsetningar for å utløyse trolldomssaker. Vidare viser dei kor lett trolldomsmistanken kunne gripe om seg, og kor avgjerande ryktet var. Både trolldomsprosessar og injuriesøksmål kan dermed fortelje om røyndomen i 1500- og 1600-talssamfunnet.

Å reisa sak mot injurianten ser Næss som det beste forsvar den mistenkte hadde, då etablering av eit trolldomsrykte kunne utløyse ein prosess.²²¹ Kva høve den trolldomsmistenkte hadde til å forsvare seg er eit vesentleg emne i studiet av trolldom.²²²

Samla sett vil eg difor analysere både trolldomsprosessar og injuriersaker, men sakene vil i stor grad bli handsama kvar for seg.²²³ Det vil elles bli lagt størst vekt på trolldomsprosessane. Det kjem av at prosessane er i fleirtal, og av di, som vi skal sjå, dei gjev det beste biletet av trolldomstru.

Trolldoms materialet i Bergenhus len inneheld i tillegg 15 *andre trolldomssaker* som korkje er injuriersaker eller trolldomsprosessar.²²⁴ Dette er saker der den tiltala var saksøkt for

²¹⁹ Willumsen 1994: 25. Ho fann seks injuriersaker.

²²⁰ Om injuriersakene, sjå kapittel 3.3.

²²¹ Næss 1982: 245. Mellom anna Johansen poengterer trolldomsryktet si sterke rolle, Johansen 1991.

²²² Om forsvar, sjå kapittel 7.2.

²²³ I dei nordiske landa er det vanleg oppfatning at ein skal rubrisere injuriersakene særskilt. Næss 1994c: 63. Desse sakene kan analyserast i tilknytning til det lovbrøt injurien handla om. Næss 1994b: 42.

²²⁴ Prosess nr. 375, 381, 390, 403, 405, 425a, 463, 465, 468a, 468b, 468c, 479, 494, 817 og 824.

noko anna enn trolldom, men med trolldomsutsegn eller med eit visst trolldomsinnhald elles i saka. Trolldomsskuldingane fungerte då gjerne som forklaring på, og forsvar for andre brotsverk,²²⁵ ofte vald. Elles finn vi ein del tilfelle der det ikkje var snakk om rettslege søksmål i det heile, då den som kom med skuldingane ikkje ville reise rettssak mot den trolldomsmistenkte. Desse sakene vil difor bli utelate frå analysen.

3.1.2. TODELT NUMMERERING

Næss sin nummererte oversikt over trolldomssakene i Noreg har todelt nummerering. Nokre saker har ikkje berre eit nummer, men òg eit *bokstavtillegg*. Til dømes prosess nr. 680a, 680b og 680c. Dette er kjedeprosessar, det vil seie saker som gjeld personar som var i familie med kvarandre og vart saksøkte i lag, eller personar som hadde samarbeida med andre tiltala eller hadde nytta tenester frå tiltala trollfolk. Det gjeld òg personar som var medskuldige på annan måte, medvitarar, eller personar som var utlagde av tiltala trollfolk.

Saker mot medskuldige, medvitarar og kundar bør i følgje Sogner ikkje reknast som særskilde prosessar.²²⁶ Kloke folk hadde truleg mange kundar, og det kunne vere tilfeldig kven av kundane som vart saksøkte. Medvitarane og kundane var tiltala for å ha gjort seg skuldige i brotsverk som trolldomslovgjevinga omhandla. Etter definisjonen var dette såleis trolldomsprosessar. Difor vert dei inkluderte i analysen her.

I denne oppgåva vert difor talet på trolldomstiltala *personar* det avgjerande i studiet av trolldomssakene, ikkje talet på rettssaker. Likevel vert omgrepet trolldomsprosessar nytta. Nokre trolldomsprosessar har hjå Næss *to nummer*. Det gjeld personar som vart saksøkte for trolldom to gonger. I kjeldene i Bergenhus len finn vi åtte slike saker, men altså berre fire tiltala personar.²²⁷

3.1.3. FLEIRE TROLLDOMSSAKER

Utanom Næss sine registrerte trolldomssaker i området er i tillegg ni andre trolldomsprosessar og to nye injuriesaker funne i kjeldene. Her har eg valt å registrere desse trolldomssakene med nr. fram til 1730. "Nye" saker har Løyland, Willumsen og Knutsen funne òg.²²⁸ Dei 11 "nye" trolldomssakene i vårt område blir nummererte frå det

²²⁵ Knutsen 1996: 15.

²²⁶ Sogner 1982: 165.

²²⁷ Prosess nr. 632a/676 i 1584/1594, nr. 674/675 i 1584/1594, nr. 677/678 i 1587/1590, og nr. 679/680 i 1575/1590. Det er òg døme på trollfolk som har vore tiltala to gonger, utan at dei har to nummer. Det gjeld prosess nr. 431 i 1646/1656, og nr. 504 i 1647/1663. Kjeldene fortel såleis om seks personar som vart tiltala to gonger.

²²⁸ Knutsen 1996: 16, tre "nye" saker. Løyland 1992: 130, åtte "nye" saker. Willumsen 1994: 166, tre "nye" saker. Knutsen har gjeve dei "nye" trolldomsprosessane på Austlandet og i Finnmark nummer.

siste av Knutsen sine nummer, som fortsette frå det siste av Næss sine. Dei "nye" sakene er dermed prosess nr. 888 til og med nr. 897a.²²⁹

3.1.4. OMFANG

Den fyrste trolldomsprosessen kjeldene i Bergenus len fortel om vart ført i 1539.²³⁰ Den neste prosessen fann stad fyrst 27 år seinare, i 1566, og dernest to i 1568.²³¹ Det er naturleg å starte analysen av trolldomsprosessane frå 1566, då kjeldene inneheld få prosessar før, men mange og regelbundne etter. Ein prosess vert altså utelate og den må trekkjast frå det totale prosesstal. Trolldomsprosessane held så fram i heile det 17. hundreåret. På 1700-talet dabbar prosessane av; vi finn ein trolldomsprosess i 1702²³², to i 1705²³³, ein i 1728,²³⁴ og to trolldomsprosessar i 1729.²³⁵ Vi veit at det vart ført trolldomssaker og injuriersaker med trolldomsinnhald langt ut på 1800-talet. Mange av desse sakene er ikkje registrerte enno. Difor omfattar denne oppgåva den tida vi finn hovudtyngda av trolldomsprosessane, frå 1566 til 1700. Injuriersaka og dei sju trolldomsprosessane i materialet frå 1700-talet vil bli utelate frå analysen, men to av dei vert seinare nytta til å illustrere avslutninga på trolldomsprosessane.²³⁶

Næss fann 180 trolldomssaker i Bergenus len. Av desse sakene er 48, eller 27%, injuriersaker. Materialet vårt inneheld no 49 injuriersaker. Dessutan vil 15 saker blir utelate, det er dei "andre" sakene som korkje var trolldomsprosessar eller injuriersøksmål. I oppgåva vert det lagt til ni "nye" trolldomsprosessar og dei to "nye" injuriersakene som har kome fram her. Dernest vert den eine prosessen som var for tidleg til å bli rekna med i prosessperioden trekt frå, likeins dei seks sakene frå 1700-talet.²³⁷ Til saman omfattar oppgåva såleis 119 trolldomsprosessar og 49 injuriersaker.²³⁸ Heile 32% av materialet til Næss er altså utelate eller skifta ut i denne analysen. Dette må det takast omsyn til når resultatata av analysen av trolldomsprosessane og injuriersakene i høve til Næss sine resultat vert drøfta.

²²⁹ Ei oversikt over desse sakene finn vi i vedlegg 3.

²³⁰ Prosess nr. 690. Ein annan prosess fann stad alt i 1326. Då vart Ragnhild Tregagås saksøkt av Biskopen i Bergen for kjærleiksmagi. Alver 1991: 11f, Aubert 1864: 80f., Diplomatarium Norvegicum bd. XIII, 1889: 112, 115, Fenger 1977: 97, 102, Næss 1982: 417, Tryti 1990: 12f. Sjå elles kapittel 6.4.1.

²³¹ Prosess nr. 606 i 1566, og prosess nr. 607 og 607a i 1568, alle vart førte i Bergen.

²³² Prosess nr. 893.

²³³ Prosess nr. 894 og 895.

²³⁴ Prosess nr. 896.

²³⁵ Prosess nr. 897 og 897a.

²³⁶ Prosess nr. 897 og 897a. Sjå kapittel 8.3.

²³⁷ Desse sakene frå 1700-talet er "nye" trolldomssaker.

²³⁸ For oversikt over desse sakene, sjå vedlegg 1, 2 og 3.

3.1.5. OPPSUMMERING

Trolldomsprosessar vert forstått som trolldomstiltala personar. Difor har eg valt å skilja injuriersaker og trolldomsprosessar i analysen. Dei "andre" sakene er utelate heilt. "Nye" saker har vorte lagt til, slik at ein del av Næss sitt materiale er skifta ut.

3.2. TROLLDOMSPROSESSANE I TID OG ROM

Kapittel 3.2. følgjer den same disponeringa som Knutsen sin når han handsamar prosessane si utstrekning i tid og rom på Austlandet. Dette for at det blir greiare å jamføre resultatane.

3.2.1 TID

Oppgåva omhandlar altså ei prosessperiode på 134 år, frå 1566 til 1700. Kjeldene fortel om 0,9 prosessar p.r. år, 1,3 trolldomssaker p.r. år. Det vil bli vist seinare at prosessfrekvensen ikkje var regelbunden kronologisk. I periodar kunne det vere snakk om små epidemiar på grunn av kjedeprosessar, medan det i andre periodar ikkje var trolldomsprosessar i det heile. I slike periodar utan prosessar må det takast omsyn til om kjeldene er bevarte eller ikkje.

Forskarar meiner å kunne sjå at ein sentrum-periferi modell kan nyttast i studiet av trolldomsprosessane. Ein slik modell er grunnlag for ideen at det tek ei viss tid for innovasjonar å spreie seg.²³⁹ Når det gjeld trolldomsprosessane, er det den naudsynte kunnskap om trolldom og trolldomsprosessar som skulle til for å kunne rettsforfølge trollfolk, som er innovasjonen, eller nyskapinga.

Sörlin hevdar at *"ett av häxväsendets mest slående kännetecken var just den kronologiska variation som uppträdde mellan länder och regioner."*²⁴⁰ Bergenhus len skil seg ut frå resten av landet, då det vart ført mange prosessar her før 1600, heile 16 stykke. Alle 16 fann stad i Bergen by. Dette kan tyde på at ein sentrum-periferi modell gjeld for vårt område, då det har synt seg at dess lengre ut i periferien ein kom, dess seinare starta prosessane.²⁴¹ Dette kan altså kome av at det tok si tid å spreie kunnskap om trolldomsprosessar.

²³⁹ Om sentrum-periferi modellen, sjå Ankarloo 1987: 263f., Burke 1987: 375f., Johansen 1994: 101.

²⁴⁰ Sörlin 1993: 25.

²⁴¹ Mellom anna Ankarloo/Henningsen (red) 1987: 19, Johansen 1994: 101.

Tabell 1. *Trolldomsprosessar og injuriersaker fordelt p.r. tiår i Bergenhus len*
Trolldomsprosessar førte i Bergen by.
Trolldomsprosessar i rekneskapskjelder
I absolutte tall

Tiår	Trolldoms- prosessar	Trolldoms- prosessar i Bergen by	Trolldoms- prosessar i rekneskapskjelder	Injuriersaker
1560-69	3	3	0	0
1570-79	1	1	0	0
1580-89	6	6	0	0
1590-99	6	6	0	2
1600-09	7	5	3	0
1610-19	9	5	4	3
1620-29	3	2	1	2
1630-39	8	7	2	1
1640-49	9	0	0	4
1650-59	12	1	5	7
1660-69	38	2	8	13
1670-79	1	0	1	2
1680-89	15	0	3	7
1690-99	1	0	0	8
Samla	119	38	27	49

Flest trolldomsprosessar skriv seg frå tida 1580 til 1620, frå 1640 til 1670, og 1680-åra. Særleg i 1660-åra vart det ført mange prosessar. Desse toppane rommar kjedeprosessar med mange tiltala, slike saker kan såleis inflatere prosessomfanget. Likevel, dersom vi reknar alle dei tiltala i desse kjedeprosessane som éin prosess, så er mønsteret det same.²⁴²

Dersom berre prosessane som vart fanga opp i rekneskapskjeldene vert lagt til grunn, finn vi den same kronologien; ein topp dei fyrste tiåra av 1600-talet og ein topp tiåra etter midten av 1600-talet. Rekneskapskjeldene er bevarte relativt likt for heile Noreg etter 1590. Desse kjeldene kan såleis vere høvelege til å samanlikne prosessane si fordeling over tid dei ulike landsdelane imellom.

²⁴² Frå 1566 til 1659 finn vi 0,5 trolldomsrettssaker pr. år, medan vi finn 2,2 trolldomsrettssaker pr. år i dei 10 åra frå 1660 til 1670. I fylgje kjeldene inneheldt altså 1660-talet spesielt mange trolldomsrettssaker.

Oversikten over trolldomsprosessane fordelte kronologisk i Bergenhus len liknar i stor grad på Næss sin oversikt over talet på tiltala trollfolk i heile landet.²⁴³ Talet på saksøkte toppa seg i 1620-åra, ein mindre topp i 1640-åra og den største toppen i 1660-åra. Trolldomssakene i Agder og i Finnmark følgde òg dette mønsteret.²⁴⁴ På Austlandet var det ein topp i førte trolldomsprosessar i tida frå 1617 til 1627, medan området manglar den siste toppen i 1660- og 1680-åra.²⁴⁵ Dette mønsteret finn vi att på Jylland.²⁴⁶

Toppene i prosessintensitet i 1620-åra finn ein altså elles i Noreg òg, så dei er ikkje spesielle for Austlandet. Dersom vi går nærare inn på dei enkelte åra, viser det seg at 45% av trolldomsprosessane på Austlandet vart førte i åra 1617-25. På Jylland rommar desse åra 60% av alle prosessane.²⁴⁷ I andre delar av Noreg derimot, var mønsteret annleis. Berre 17% av trolldomsprosessane i Finnmark vart førte i denne perioden,²⁴⁸ medan det gjaldt 16% av trolldomsprosessane i Agder i tida 1617-29.²⁴⁹ I Bergenhus len finn vi ikkje meir enn to prosessar i desse åra,²⁵⁰ og dette trass i eit oppsving i talet på trolldomsprosessar dei to fyrste tiåra av 1600-talet. Prosessane i Finnmark, Agder og Bergenhus len var altså ikkje konsentrerte i tiåret etter 1617 slik dei var på Austlandet og i Danmark.

Knutsen hevdar difor at Austlandet hadde meir til felles med Danmark enn med Noreg elles når det gjeld prosessane sin kronologi. Han trur dette kjem mellom anna av at Austlandet i større grad enn andre delar av Noreg hadde større kontakt med Danmark og dermed meir kulturell utveksling og mobilitet.²⁵¹ Kan det ha samanheng med at Austlandet låg nærare Danmark enn til dømes Bergenhus len, slik at dei nye tankane som gjorde det mogeleg å føra trolldomsprosessar kom til Austlandet tidlegare? Denne skilnaden i prosessintensiteten kan såleis truleg forklarast ut i frå sentrum-periferi modellen. Men det var i Bergen by vi finn dei fleste av dei tidlegaste prosessane i landet.

Danske forskarar og Knutsen kjem med ei forklaring på at prosessane auka etter 1617; nemleg utgjevinga av 1617-føresegna, som vi har sett var ei skjerping i straffelovgjevinga for trolldom.²⁵² I Finnmark finn vi ei opphoping i talet på førte prosessar i 1621. 1617-

²⁴³ Næss 1982: 16.

²⁴⁴ Løyland 1992, Næss 1982: 503ff., Willumsen 1994: 16, fig.1.

²⁴⁵ Knutsen 1996: 21, fig. 3. Han får det same mønsteret når han berre ser på prosessane frå rekneskapa òg. Ibid.: 20, fig. 2.

²⁴⁶ Birkelund 1983: 43, Johansen 1991: 41, Tørnsø 1986: 24f. I tida 1617-25 føregjekk det ei kraftig auke i talet på førte trolldomsprosessar i området. I Sverige, Finland og Island derimot vart det ført flest trolldomsprosessar i den andre halvdelen av 1600-talet. Johansen 1994: 90.

²⁴⁷ Knutsen 1996: 23.

²⁴⁸ Willumsen 1994: 16, fig.1.

²⁴⁹ Næss 1982: 503ff. Åtte av desse prosessane vart førte i tida 1618-29. Difor vert samanlikningsperioden utvida nokre år når det gjeld Agder.

²⁵⁰ Prosess nr. 379 og nr. 414, begge finn vi i rekneskapskjelder.

²⁵¹ Knutsen 1996: 23f.

²⁵² Johansen 1994: 90, Knutsen 1996: 23, Tørnsø 1986: 25f.

føresegna vart gjort kjend der året før, i 1620.²⁵³ Kvifor var det så mange trolldomsprosessar både i Danmark, på Austlandet og i Finnmark som følgje av denne lova og ikkje i Bergenhus len? Eller kvifor ser det ut til at føresegna ikkje hadde denne verknaden på førte prosessar i vårt område? Vart ikkje føresegna gjort kjend, eller var ikkje tenestemennene i området nidkjære til å forfølgje menneske for trolldom i akkurat denne tida?

Er det mogeleg at kjeldetilfanget kan forklare skilnaden? Nesten alle av trolldomsprosessane på Austlandet i denne tida er kjende frå rekneskapskjelder.²⁵⁴ Kvifor er så mange av desse prosessane å finne i rekneskapa der, medan vi berre finn to i same periode i Bergenhus len? Tidlegare er det vist at lensrekneskapane stort sett er bevarte frå 1595, så mangelfullt kjeldetilfang kan ikkje forklara denne skilnaden. I Bergen by sitt sakefall frå slutten av 1500-talet og fram til 1621 finn vi berre ein trolldomsprosess,²⁵⁵ medan andre kjelder fortel at det i same tidsrom vart ført fem trolldomsprosessar i byen i tillegg.²⁵⁶ Det vart altså truleg ført trolldomsprosessar som ikkje er å finne i rekneskapskjeldene. Dermed kan vi tru at rekneskapa i Bergen ikkje fanga opp trolldomsprosessane i denne tida i same grad som rekneskapa på Austlandet gjorde i same tidsrom. Sogner hevdar at alle trolldomsprosessane som enda med dødsdom eller forvising er å finne i lensrekneskapa.²⁵⁷ Alle dei tiltala i dei fem prosessane som ikkje er i rekneskapa, sat i varetektsfengsel, og fire av dei enda på bålet. Den siste tok sjølv mord i fengselet. Såleis førte desse prosessane til utgifter til fengselsopphald og til eksekvering av dødsdommar. Dette er utgifter som skulle førast i rekneskapa. Kan det såleis vere at futen ikkje alltid var så nøye med å føre inn alle utgiftene, eller var det slik at inntektene og utgiftene gjekk opp i opp? Ei anna forklaring kan vere at den andre kjelda, Hofnagel sine "*Optegnelser*", gjev oss feilinformasjon.

Dette er spørsmål som vi vanskeleg kan ta stilling til, då det dreier seg om "*Argumentum e silentio*" eller "*slutning fra taushet*". Det går ut på at dersom vi ikkje finn spor av eit fenomen, då kan vi anten rekna med at det ikkje fann stad, eller vi kan hevda at fenomenet ikkje har sett spor etter seg.²⁵⁸

3.2.2. OMRÅDE

²⁵³ Willumsen 1994: 57.

²⁵⁴ Knutsen 1996: 180ff. Det gjeld 92% av prosessane.

²⁵⁵ *Norske Magasin* bd. 2, 1868: 260ff. Prosess nr. 373 i 1606.

²⁵⁶ I tillegg til prosess nr. 373, prosess nr. 648, 648a, 648b, 651 og 651a. Desse prosessane finn vi i *Mikel Hofnagels Optegnelser*.

²⁵⁷ Sogner 1982: 162.

²⁵⁸ Kjeldstadli 1992: 204.

Kjeldene fortel at det vart ført 38 trolldomsprosessar i Bergen by, ni elles i Hordaland, 53 i Sogn og Fjordane og 19 på Sunnmøre.

Tabell 2. *Trolldomsprosessar og injuriersaker fordelte på Bergen, Hordaland elles, Sogn og Fjordane og Sunnmøre. I absolutte tall*

Stad	Trolldoms- prosessar	Injuriersaker	Samla
Bergen by	38	5	43
Hordaland elles	9	21	30
Sogn og Fjordane	53	18	71
Sunnmøre	19	6	25
Samla	119	49	169

Trolldomsprosessane fordelte seg på mange skipreider og bygder. I nokre område vart det ført berre ein prosess, medan det i andre var reine epidemien. Til dømes i Gjemmestad vart ni menneske saksøkte for trolldom i løpet av to år,²⁵⁹ i Davik vart ni tiltala i løpet av 55 år,²⁶⁰ og i Vanylven skipreide vart ti stykke tiltala over eit tidsrom på 73 år.²⁶¹ I 17 bygder er det kjend berre ein prosess i heile prosessperioden, i ni bygder er det kjend to. Dette er 3/4 av alle bygdene som opplevde trolldomsprosessar. Dei fleste stader hadde såleis låg prosessintensitet. I mange bygder kjenner vi ingen prosessar i det heile.

Fleire forskarar har synt at det vart ført relativt mange trolldomsprosessar i byane i høve til folketalet, sjølv om det vart ført flest prosessar på landsbygda samanlagt.²⁶² 17% av trolldomsprosessane i Noreg fann stad i byane, medan berre 8% av folket budde der.²⁶³ I Bergenhus len finn vi heile 32% av alle prosessane i Bergen by, dette trass i at det er bevara så få kjelder i byen før 1660. Det var ikkje noko skarpt skilje mellom prosessane som vart førte i byane og dei som vart førte på landsbygda, då til dømes dei tiltala, dei som saksøkte eller vitna i nokre av prosessane i byane kom frå omlandet. Likevel ser det ut til at det fann stad fleire trolldomsprosessar i Bergen by enn på landet i høve til folketalet gjennom heile prosessperioden. Det var altså ingen naudsynt samanhang mellom folketal i eit område og talet på prosessar.²⁶⁴

²⁵⁹ Prosess nr. 450, 450a, 450b, 450c, 450d, 450e, 850, 851 og 852. Dette føregjekk i åra 1663 og 1664.

²⁶⁰ Prosess nr. 418, 418a, 418b, 418c, 431, 440, 440a, 440b og 481.

²⁶¹ Prosess nr. 483, 484, 508, 509, 510, 818, 820, 821, 822 og 833.

²⁶² Henningsen 1984: 42, Johansen 1991, Næss 1982: 33, Sörlin 1993: 38.

²⁶³ Næss 1982: 33.

²⁶⁴ Jamfjør Sogner 1982: 163, Willumsen 1994.

3.2.3. OPPSUMMERING

Vi har sett at sentrum-periferi modellen gjeld for Bergenhus len, då vi finn dei tidlegaste prosessane i byen. I følgje kjeldene vart det elles ført fleire prosessar i byen enn på landet. I området finn vi samla sett flest trolldomsprosessar frå 1580-1620, 1640 til 1670, og i 1680-åra. Den same kronologien var det i heile Noreg, og i Agder og i Finnmark. Austlandet representerer unnataket, der mangla den siste toppen i talet på førte prosessar. Det kan vere fleire årsaker til denne skilnaden, som Austlandet sitt sterke samband med Danmark, 1617-føresegna, eller kjeldeproblem.

3.3. ÆREKRENKING OG INJURIESAKER MED TROLLDOMSINNHALD

3.3.1. KVA ER EI INJURIESAK

Vi har sett at trolldomsprosessane og injurienesakerne vert skilde i analysen. Det kjem av at det i injurienesakerne ikkje vart teke ut rettsleg søksmål mot den som hadde trolldomsmistanken retta mot seg, men mot den som kom med fornærmande utsegn, her med trolldomsinnhald. Injurienesakerne vert likevel teke med, då sakene kan fortelje kva høve dei trolldomsmistenkte hadde til å forsvare seg mot skuldingane, og vidare kan sakene gje innblikk i trolldomstru og mentaliteten i prosessperioden.

Ei injurienesak var altså ei rettssak i seg sjølv. Når eit injuriesøksmål ikkje førte til ein trolldomsprosess kunne det vere fordi skuldingane var for vage, at injurianten ikkje torde eller ville gå vidare med saka, eller fordi den injurierte ikkje tilstod nokon form for trolldom. Eit injuriesøksmål kunne likevel vere eit forspel til, eller ei avslutting på ein trolldomsprosess. I kjeldene som vert nytta i denne oppgåva, finn vi seks slike saker.²⁶⁵ Desse vert analyserte under trolldomsprosessane. For at eit injuriesøksmål skulle utvikle seg til ein trolldomsprosess måtte den injurierte bli rettsleg tiltala for trolldom.

3.3.2. KJELDENE TIL, TALET PÅ, OG TIDFESTING AV INJURIESAKERNE

I Hordaland kan det sjå ut som om injurienesakerne var mest vanlege på landsbygda, jamfør tabell 2 ovanfor. Dette kan henge saman med kjeldetilgangen, då desse sakene hovudsakleg er å finne i rettsprotokollar frå den lågaste rettsinstansen i byen eller på landsbygda; rådstuerettsprotokollar, bytingsprotokollar eller tingbøker. Omlag 12% av sakene er henta frå rekneskapskjelder. Som vist, så er det ikkje bevarte tingbøker frå den

²⁶⁵ Prosess nr. 433, 466, 607, 607a, 680 og 893.

lågaste rettsinstansen i byen mellom 1594 og 1663. Kjeldetilgangen gjer det difor umogeleg å seia noko sikkert om kor mange injuriersaker med trolldomsinnhald som vart førte i byen i den tida.

Injuriersaker med forskjellig innhald var svært vanlege rettssaker både i Noreg og elles i Europa på 1500- og 1600-talet.²⁶⁶ Injuriersakene med trolldomsinnhald utgjorde omlag 11% av alle trolldomssakene Næss rekna seg fram til for Noreg.²⁶⁷ Kjeldene i Bergenhus len inneheld, som synt tidlegare, 49 injuriersaker. Det er 29% av alle trolldomssakene om vi som Næss skulle slå saman dei to gruppene. Området inneheld såleis fleire injuriersaker i høve til alle trolldomssakene, enn sakene utgjorde i gjennomsnitt for heile landet.

Folk injurierte kvarandre ut frå aktuelle tilhøve i tida. Det ser vi av di at kjeldene fortel om flest injuriersaker samtidig med trolldomsprosessane sin største topp, altså frå 1650 og utover 1660-talet. Likevel kan det ikkje hevdast som Næss gjer, at det sjeldan vart ført injuriersaker før 1660,²⁶⁸ då rundt 40% av sakene i både Rogaland og Bergenhus len fann stad før 1660.²⁶⁹

3.3.3. PARTANE I INJURIESAKENE

Heile 82% av dei som kom med fornærmande utsegn med trolldomsinnhald, var menn. Når det gjeld kven det vart retta trolldomsskuldingar mot, var kvinner i klart fleirtal, 86%.²⁷⁰

Sjølv om vi berre kan plassere få av partane etter sosial status, kan det likevel sjå ut som om det helst var vanlege folk av allmugen som vart skulda for trolldom og som dermed saksøkte den som var lausmunna. Elles hadde berre nokre få av dei fornærma i injuriersakene dårleg rykte, eller levde i konflikt med sine medmenneske, eller var fattige. Halvparten av privatpersonane som saksøkte injurianten var ektemenn eller mannlege slektningar av den injurierte, medan den andre halvparten var den injurierte sjølv.²⁷¹ Såleis er det mogeleg å plassere 71% dei trolldomsmistenkte etter sivil status. Dei aller fleste av desse var gift.²⁷²

²⁶⁶ Mellom anna Monter 1987: 366.

²⁶⁷ Næss 1982: 248.

²⁶⁸ Næss 1982: 241.

²⁶⁹ I Rogaland vart 41% av injuriersakene førte før 1660. Sogner 1982: 157f. For Bergenhus len, sjå tabell 1 ovanfor.

²⁷⁰ I Finnmark var det berre kvinner blant dei injurierte. Willumsen 1994: 14, 39.

²⁷¹ Antun finn at kvinner vart representerte av andre i større grad enn kva menn vart når dei blei saksøkte eller skulle saksøkje. Kvinnene nytta nær slekt til å tale si sak. Dette var i Nordhordland midt på 1600-talet. Antun 1999: 107.

²⁷² Antun også kjem fram til at det helst var gifte kvinner som var innblanda i æressakene. Antun 1999: 109.

Det vert hevda at injurien byrja med situasjonar der fleire menneske var samla.²⁷³ Det inneber at det måtte vere ein del vitne i desse sakene. Injuriesakene som er å finne i rekneskapskjeldene gjev få eller ingen opplysningar om dette. I sakene frå tingbøkene, bytingsprotokollane og rådstueprotokollane kjem vitna til orde i omlag halvparten av sakene. Det var mest menn, 77%, som vitna.

Ni av dei 42 kvinnelege injurierte, og fem av dei sju manlege injurierte, saksøkte sjølve injurianten for retten. Dette er små tal, men saman med opplysningane om kven som vart injurierte av kven, og kven som vitna, ser det ut til at injuriesakene utgjer eit mønster; det var kvinner som vart mistenkte og skulda for trolldom, medan rettsvesenet hovudsakleg vart nytta av mennene.

Erichsen hevdar i si undersøking av kriminalitet og rettsvesen på slutten av 1600-talet i Kristiania at dei som saksøkte i injuriesakene berre var privatpersonar.²⁷⁴ Dette kom av at konfliktane som låg bak slike saker ikkje var til byrde for allmugen. Når det gjeld injuriesakene i vårt materiale, er truleg ikkje dette tilfelle, då ein trudde trollfolk kunne gjera stor skade både på liv og eigedom. I 23% av sakene var difor den som reiste sak ein offentleg tenestemann, det vil seie fut eller lensmann. Likevel; det var mest privatpersonar som saksøkte injurianten.²⁷⁵

At futen var saksøklar i så mange injuriesaker med trolldomsinnhald kan altså tyde på at dei rettslege styremaktene såg slike saker som viktige, kanskje meir viktige enn saker med eit anna injurieinnhald. Dobbe sine resultat underbygger denne teorien. Ho syner at i Nordhordland på midten av 1600-talet vart berre omlag 15% av injuriesakene reiste av offentlege tenestemenn.²⁷⁶ Dette gjaldt alle typar ærekrenkingssaker.

3.3.4. INJURIEN

Sandmo hevdar at innhaldet i dei fornærmande skuldingane, injurien, var utsegn som

*(..)rørte ved den fornærmedes tilknytning til sine omgivelser, formulert nettopp gjennom mer eller mindre eksplisitte anklager om seksuelle normbrudd, trolldom, urenhet og tyvaktighet.*²⁷⁷

²⁷³ Sandmo 1992: 60.

²⁷⁴ Erichsen 1993: 149.

²⁷⁵ Det gjeld i 57% av injuriesakene. I resten av sakene er saksøkjaren ukjend.

²⁷⁶ Dobbe 1995: 61ff. Dobbe meiner styremaktene si interesse i injuriesakene kom av at futen og lensmannen hadde økonomiske baktankar, då sakene kunne ende med bøter og tenestemennene fekk prosentar av sakefallet i inntekter. Ei anna årsak kunne vere at styremaktene ønskte å disiplinere allmugen og hindre at ærekrenkinga skulle ende med valdsbruk.

²⁷⁷ Sandmo 1994: 83.

Det er det *talte* fornærmande ord som dominerer i injuriersakene, altså verbalinjuriar. I dei fleste sakene vart den injurierte kalla for slikt som "*trolldkonne*", "*troldeffuel*" og "*trolldKiette*". Slike ord blei oppfatta svært bokstaveleg, då fornærmande utsegn vart sett på som farlege, då dei "*åpnet for truende realiteter*."²⁷⁸ I nokre saker vart den mistenkte skulda for ulike trolldomsgjerningar, som maleficium, signing og gjenstandsbruk

I to saker finn vi døme på realinjuriar.²⁷⁹ I den eine saka frå 1665 saksøkte Sigrj Chlemedzdatter Wiche to menn for at dei "*haffde tillagtt hinde trolldombs Sag och paa den maade meente hun haffde de Slaget blodet aff hinde*."²⁸⁰ Dette var ei fornærmande handling med trolldomsinnhald, då ein trudde at trollfolk ville miste makta si om dei vart slegne til blods. Å slå nokon slik at vedkommande blødde var altså rekna for å vere rådgjerder mot trollfolk.²⁸¹

3.3.5. LOVENE

Den Koldingske recess av 1588 gav påbod om at den som kom med falske ærekrenkingar, sjølv skulle dømmast ærelaus. Christian 4. si Norske Lovbok av 1604, Mannhelgebolken, slo fast at ærekrenking var skuldingar om "*Wærlig sag*".²⁸² Dersom injurianten ikkje kunne prova skuldingane, vart det felt ein mortifikasjonsdom. Den injurierte vart frikjend og skuldingane vart kjende daude og makteslause. Injurianten skulle bøte til kongen og betale erstatning til den injurierte, og vidare sjølv tape sin ære. Den dømde vart då rekna for "*fiolmæle*", eller "*den som talar for mykje*". Bota var fastsett til tre eller fire mark sølv, og ei så høg bot medførte altså tap av ære hjå den dømde. Kunne skuldingane derimot provast, gjekk injurianten fri.²⁸³ Då kunne saka utvikle seg til ein trolldomsprosess.

Christian 5. si lov frå 1687 utvidar ærekrenking til òg å gjelde ord som er "*Utilbørlige*".²⁸⁴ Fleire utsegn kunne såleis bli rekna for å være fornærmande. Lova føresette at slike skuldingar var fremma på tinget eller i ei anna edru og ærleg forsamling, og at påstandane måtte provast. Straffa var framleis bot, men no førte den ikkje til tap av ære for den dømde, med mindre bota var på tre eller fire mark sølv. I tillegg trong ikkje den dømde å betale erstatning til den fornærma.²⁸⁵ Etter 1687 vart det altså skilt mellom

²⁷⁸ Sandnes 1990: 83.

²⁷⁹ Sak nr. 395 og nr. 397.

²⁸⁰ Sak nr. 397.

²⁸¹ Alver 1971: 165, Ibid. 1992: 162, Molvik 1992: 128, note 1, Solheim 1952: 315.

²⁸² C 4. art. 20.3.21.

²⁸³ Sjø elles Dobbe 1995: 56f., 63, Erichsen 1993: 138f., Løyland 1992: 34, Sandmo 1992: 56, Ibid. 1997: 91, Sogner 1982: 156, Skeie 1910: 136ff.

²⁸⁴ NL 6-21-2, NL 6-21-4.

²⁸⁵ Sjø elles Erichsen 1993: 139, Løyland 1992: 35, Sandmo 1992: 56, Skeie 1910: 160.

ærekrenkingar som førte til tre- eller firemarksbot og tap av ære for den dømde, og dei "*utilbørlige Ord*" som berre førte til bøter.

3.3.6. DOM I INJURIESAKENE

Fyrst vil vi sjå korleis domstolane dømde i injuriersaker, både dei med trolldomsinnhald og dei med anna innhald, andre stader i landet. Rådde det eit slags "*gjengjeldelsesprinsipp*" som Sandmo uttrykkjer seg? Han har synt at få av dei tiltala i injuriersakene i Rendalen i åra 1763-97 vart funne skuldige og dømde. Sakene vart avslutta før dei kom så langt som til dom; dei enda med forlik, eller partane fekk bot for *stemnefall*. Sandmo meiner dette kom av at den formelle rettsinstansen, her bygdetinget, i staden vart nytta som eit uformelt forum for konfliktløysing.²⁸⁶ I Erichsen si undersøking frå Kristiania på slutten av 1600-talet fekk ¼ av injuriersakene dom, men ingen av dei enda med bot eller tap av ære.²⁸⁷ Dobbe syner at i Nordhordland i åra 1642-55 fekk ni av 15 bøtelagde firemarksbot.²⁸⁸ I Finnmark i tida 1620-33 enda dei fleste injuriersakene med forlik eller med at skuldingane vart trekte attende. 14% av injuriantane vart ilagt firemarksbot, dei vart såleis gjort ærelause.²⁸⁹ Injuriersakene her gjekk berre ut på skuldingar om trolldom.

Tabell 3. Dom i injuriersaker i Bergenhus len i prosent

Korleis saka enda	I prosent
Bot	37%
Forlik	16%
Frikjend	6%
Uviss ende	41%

Heile 41% av injuriersakene med trolldomsinnhald i Bergenhus len har *uviss ende*, det vil seie at vi finn ikkje meir om dei i kjeldene. Det kan kome av ei lakune i kjelda, eller av at saka vart utsett og ikkje kom opp att på tinget. 16% av sakene enda med *forlik* mellom partane.²⁹⁰ Injurianten sa at han

Intet at vide andet end det som godte och erligt er, och er dermed venner och vel forligte... Ragte hende haand och Lofued Aldrig sig med Nogen Skiolds ord her effter imod hende

²⁸⁶ Sandmo 1992: 45, 56, 123.

²⁸⁷ Erichsen 1993: 149.

²⁸⁸ Dobbe 1995: 63, 65.

²⁸⁹ Sandvik 1987: 235.

²⁹⁰ Sak nr. 384, 389, 394, 399, 406, 409, 410 og 890.

I tre saker vart injurianten frikjend.²⁹¹ Til saman utgjer desse sakene heile 63% av alle injuriersakene. Resten av sakene enda med *bot*, 18 saker²⁹² eller 37%. Sju av desse 18 injuriantane vart dømde til tre eller firemarks bot, dei vart altså gjort ærelause. Desse sju sakene er 14% av alle injuriersakene i området. Dette kan tyde på at domstolane også i vårt område fungerte som eit forum for konfliktløysing i injuriersakene.

Ein større del av dei kvinnelege injuriantane vart dømde, 50%, i høve til dei mannlege, 33%. Det same mønsteret gjeld injuriantane som mista si ære. Her dreier det seg om små tal. Likevel; dette kan tyde at domstolane til ein viss grad dømde kvinner hardare enn menn for same brotsverk.²⁹³

3.3.7. ÅRSAKER TIL INJURIESAKENE

Relativt mange injuriersaker førte ikkje fram til dom. Kvifor gjekk likevel dei fornærma til sak? Forskarar meiner at det å saksøkje injurianten var eit høve den mistenkte hadde til å forsvara seg mot trolldomsskuldningane.²⁹⁴ Det gjorde det mogeleg for den injurierte å koma ein eventuell saksøkjjar i forkjøpet, då ærekrenkingar kunne føre til mistanke og rykte om trolldom, og seinare til at det vart reist trolldomsprosess.²⁹⁵ Å unngå ein prosess var såleis eit motiv bak injuriersakene i materialet.

Vi har sett at ein del injuriantar i andre delar av landet fekk straff i injuriersaker med anna innhald enn trolldom. Det kan såleis også vere andre årsaker til at dei injurierte gjekk til sak enn at dei ville forsvara seg mot ein eventuell trolldomsprosess. I Magnus Lagabøtars Landslov står det at "*Ingen skal si det paa nogen, at han har tiet til en ærekrenkelse*".²⁹⁶ Dobbe oppsummerar dette godt når ho hevdar at

*En som ble beskyldt for noe ærekrenkende og ikke gjorde noe for å motbevise beskyldningene ble tillagt beskyldningenes innhold. Beskyldningene ble av andre folk regnet for riktige hvis den krenkende ikke tok til motmæle. Vedkommende ble da æreløs.*²⁹⁷

Var ein fyrst ærelaus, så skulle vedkommande "*ei(...)staa til troende.*"²⁹⁸ Det viktige var altså ikkje at injurianten skulle dømmast, men å reagere gjennom ein formell rettsinstans

²⁹¹ Sak nr. 395, 443 og 464.

²⁹² Sak nr. 374, 380, 382, 387, 400, 401, 404, 412, 415, 416, 475, 477, 478, 480, 482, 487, 488 og 489.

²⁹³ Dette vil bli nærare drøfta når det gjeld dom i trolldomsprosessane òg. Sjå kapittel 7.5.1. om dei som vart dømde og fordelinga på kjønn.

²⁹⁴ Monter 1987: 366, Næss 1982: 245, Sogner 1982: 156.

²⁹⁵ Sjå om *utløysande* årsaker til trolldomsprosessane og ryktet si rolle i kapittel 5.2.1. og 5.2.2.

²⁹⁶ Magnus Lagabøtars Landslov, i Taranger 1915: 66.

²⁹⁷ Dobbe 1995: 65.

²⁹⁸ Den Koldingske recess av 13.12.1558. Henta frå Jacobsen 1966: 141f.

og på den måten gje eit signal til resten av samfunnet om at skuldingane var falske, og helst òg å få dei trekt attende. Den injurierte si ære vart då atterreist, og vedkommande hadde såleis rett til å bli trudd att.²⁹⁹

Eit døme frå Stad kan illustrere kor viktig det var å imøtekomme slike utsegn. I 1656 vart Daniel Kluppen³⁰⁰ saksøkt av futen fordi ein Oluf Heggedal hadde kalla Daniel for ein "fiskeskerer och en trulmand", og av di Daniel "...hand bete ord icke haffuer fra sig laugt". Sjølv om Oluf var død for ni år sidan, og Daniel kunne prova at han hadde sona med den tidlegare futen i Nordfjord, så vart han saksøkt enno ein gong. Saka utvikla seg altså til ein trolldomsprosess. Grunnen var at han ikkje hadde freista å få Oluf til å trekkje skuldingane attende.

Mange saker fall frå før dom, så det å gå til injuriersak var eit steg mot ei uformell konfliktløysing òg. Rettssystemet fungerte såleis som eit reiskap for å løyse konfliktar og for å få rettsleg oppreising og stadfesta æra uavhengig av domfelling. Dette førte den injurierte attende som fullverdig medlem av det sosiale fellesskapet. Den injurierte forsvara dermed si sosiale tilknytning, og ikkje berre ein personleg, krenkt byrgskap.³⁰¹

3.3.8. MENTALITET

Dobbe har vist at tingbøker og sakefallslister i meir eller mindre grad fortel om ulike brotsverk. I Nordhordland var ærekrenkingar den gruppa av dei ulike lovbrota der ein i prosent finn att flest personar i begge kjeldene. Dette vert tolka som at folk ønskte å ta opp sakene offentleg då ære var særskild viktig for folk.³⁰² Ære var såleis avgjerande for kva status ein hadde i samfunnet, og den var ein grunnleggjande verdi for folk på 1500- og 1600-talet

Krenking av æra var farleg, både for enkeltindividet og for samfunnet. Det å bli ærelaus førte til at ein tapte ein del formelle retter, som at ein ikkje kunne møte på tinget for andre, vere fadder eller bli medlem i handverkarlauga. Elles vart personar utan ære stengt ute frå det sosiale fellesskapet.³⁰³ Tilhøvet til naboane gav seg utslag i kva rykte ein hadde og i kva skussmål ein fekk ved ei eventuell rettsak. Å vere ærelaus fôrringa såleis høvet til å overleve. Difor vakta folk ryktet nidkjært. Tap av ære var elles uheldig for samfunnet sidan folk brått endra status, noko som kunne gjere at strukturen vart truga.³⁰⁴

²⁹⁹ Sjø elles Knutsen 1996: 112.

³⁰⁰ Proses nr. 431.

³⁰¹ Erichsen 1993: 137, Sandmo 1991: 340, Ibid. 1997: 93.

³⁰² Dobbe 1994: 79, Ibid. 1995: 21-28. Jensen 1988: 82. Kor viktig den personlege ære var, er poengtert mellom anna i Dobbe 1995: 55f., Sandmo 1992, Österberg 1991: 161f.

³⁰³ Erichsen 1993: 41, 91, 97, Jensen 1988: 82.

³⁰⁴ Dobbe 1995: 55f, Sandmo 1992: 69, Ibid. 1997: 93, 116.

Elles førte fornærmande utsegn ofte til valdsbruk.³⁰⁵ Det òg fortel kor viktig ære var, og kor naudsynt det var å reagere på slike krenkingar. På den andre sida førte vald ofte til ærekrenkingar òg. Materialet fortel om tretter og valdsbruk som enda med at partane kom med fornærmande skuldingar. Ei "sak" kan såleis vere både ei injuriersak og ei valdssak. I mange høve vert det òg vitna om "*offuer flödig druchenscab*".

3.3.9. OPPSUMMERING

Både kvinner og menn vart utsette for ærekrenkjande utsegn. Hovudsakleg injurierte menn kvinner. Få av dei injurierte kvinnene saksøkte sjølve injurianten, medan det gjaldt fleirtalet av dei injurierte mennene. Elles var det futen som reiste sak på vegner av den fornærma.

Ved å gå til sak kunne den injurierte oppnå at injuriantane sjølve kunne bli dømde ærelause. Vidare var det viktig å få avsanna injurien, og å få oppretthalde eller gjenoppretta si ære. Elles kan ein sjå injuriersakene som eit høve til å forsvara seg mot trolldomsprosessar. Sakene kunne også føre til konfliktløysing og forlik.

3.4. VURDERING

Det er ein så vesentleg skilnad på kva som var ein trolldomsprosess og kva som var ei injuriersak, at analysen av desse to sakstypene vert utført kvar for seg, og med hovudvekt på trolldomsprosessane.

Vi finn flest trolldomsprosessar i kjeldene frå tida 1580 til 1620, 1640 til 1670, og i 1680-åra. Dette samsvarar stort sett med prosessintensiteten i store delar av landet. Austlandet skil seg ut, då toppane etter 1660 manglar. Elles vart det ført mange tidlege trolldomsprosessar i Bergen by i høve til elles i Noreg. Ein sentrum-periferi modell vart trekt inn for om mogeleg å forklara dette.

På Austlandet og i Danmark fekk vi eit oppsving i talet på trolldomsprosessar etter 1617. Slik var det ikkje i Bergenhus len. Det er godt bevarte rekneskapskjelder frå denne tida i vårt område. Ein må såleis spørja om 1617-føresegna ikkje var kjend i området. Det er vanskeleg å tru at føresegna ikkje skulle vere kjend i Bergenhus len òg, når vi veit at Bergen by var den største byen i landet med mykje kontakt med omverda, og den var

³⁰⁵ Dobbe 1994: 81, Ibid. 1995: 24, Næss 1994c: 62, Sandmo 1992: 90ff., Sandnes 1990: 82f., 116f.

sentrum for verdslege og geistlege oppgåver. Difor trur eg at det var andre grunnar til denne skilnaden, utan at materialet gjev høve til å trekkje konklusjonar.

Injuriesakene fortel at det i hovudsak var menn som skulda kvinner for å vere trollfolk. Skuldingar om troldom var rekna for å vere særers fornærmande utsegn. Sakene vitna om kor viktig den personlege ære var for folk. Ære hadde innverknad for korleis folk var plasserte sosialt og for korleis dei fungerte i samfunnet. Å reise injuriesak var fyrst og fremst eit forsøk på å oppretthalde si eiga ære.

Det kunne vere farleg å ikkje reagere mot fornærmande skuldingar. Men det var farleg å vere lausmunna òg. Sjølv om dei fleste sakene ikkje kom så langt som til doms, så fekk på den andre sida nokre få av injuriantane så streng straff at dei vart dømde ærelause.

4. PARTANE I TROLLDOMSPROSESSANE

"...Fougden eschede udj rette een quinde..."

4.1. KARTLEGGING

4.1.1. KJELDENE

Næss har analysert partane i trolldomssakene for heile landet. Knutsen, som har forska på prosessane på Austlandet, kartla ikkje partane og deira sosiale stilling. Det kjem av di han meinte kjeldegrunlaget der var for spinkelt i den fyrste delen av prosessperioden, og av di han rekna Næss si analyse som dekkjande for Austlandet òg.³⁰⁶

Tingbøkene i Bergenhus len er teke vare på fyrst frå midten av 1600-talet. Det er denne kjelda som stort sett gjev mest opplysningar om rettssakene og om partane. Vi har andre tilgjengelege kjelder frå tida før 1650; rådstuerettsprotokollar frå 1592 til 1594, rekneskapskjelder frå slutten av 1500-talet og dagbøker frå Bergen by i tida 1552 til 1572 og 1596 til 1661. Alt i alt meiner eg området inneheld nok kjelder til å sjå kven partane i trolldomsprosessane var både før og etter 1650.³⁰⁷ Det må takast omsyn til variasjonane i kjeldetilfanget og til at kjeldene ikkje inneheld same mengd informasjon om partane når resultatane vert drøfta.

Vi har sett at 32% av materialet Næss nytta i si analyse av trolldomsprosessane i Bergenhus len er skifta ut. Dermed er det naudsynt med ein ny gjennomgang av materialet for om mogeleg å finne nye mønstre. Mine resultat vert så jamført med Næss sine. Difor oppstår det eit problem i og med at han inkluderer både injuriersakene og dei *andre* sakene i analysen. Eg må difor freista å korrigere for denne misvisinga.

4.1.2. TELJE OG TOLKE

Kartlegging av dei ulike aktørane går ut på å sjå kven som vart tiltala, kven som reiste tiltalen, og kven som vitna. Då kan vi finne om det var fellestrekk ved partane og om desse menneska var representative for folkesetnaden i lokalsamfunnet elles.

Hovudregelen på 1500- og 1600-talet var at den fornærma sjølv kunne reise sak, såleis kunne saksøklar både vere ein privatperson eller ein offentleg tenestemann. Allmugen og den lokale rettsoppfatning kunne dermed avgjere kva saker som vart ført inn for retten.³⁰⁸

³⁰⁶ Knutsen 1996: 111.

³⁰⁷ Analysen vert difor ikkje delt inn i periodar etter kjeldetilfanget slik Knutsen har gjort.

³⁰⁸ Sandvik 1992: 86.

Prosessane kan såleis gje eit bilete av allmugen si trolldomstru. Difor må vi sjå om det *var* privatpersonar som reiste sak i trolldomsprosessane.

Ei rettssak kunne vere ein strid om retten til å tale sant. Det avgjerande for om eit utsegn var sant, var *kven* som sa det, då det å bli trudd var rangert etter ære.³⁰⁹ Dette gjer det interessant å kartleggje partane, slik at vi kan sjå *kven* som uttala seg i desse rettssakene.

Vi får også eit høve til å avdekkje aktørane sine sosiale roller i lokalsamfunnet og kva sosiale samanhengar konfliktane oppstod i. Då vert det mogeleg å sjå kva mekanismar som utløyste trolldomsprosessane; altså kva sosiale og mentale årsaker som gjorde seg gjeldande. Var trolldomsprosessane til dømes eit resultat av kjønnskonfliktar, konfliktar mellom generasjonane, og/eller av klassekonfliktar?

4.2. RETTSSYSTEMET SIN INNVERKNAD

4.2.1. PROSESSFORM OG RISIKOVURDERING

Fleire forskarar hevdar at prosessforma hadde verknad for kor mange og kva type trolldomsprosessar som vart førte i eit område.³¹⁰ Eg har teke utgangspunkt i at prosessforma på 1500- og 1600-talet i Noreg var akkusatorisk.³¹¹ Med privat påtalerett i straffesaker kunne private saksøkje den dei meinte var skuldig. Dei direkte involverte partane reiste såleis sjølv saka inn for retten.

Det innebar ein viss risiko å reise sak, då saksøkjjar kunne bli dømd for falske skuldingar. Den tiltala måtte då saksøkje den som opphavleg gjekk til sak, og saka utvikla seg til ei injuriersak. Folk var elles gjerne redde for den trolldomstiltala og for å bli innblanda. Dette kunne gje seg utslag i *kven* som vart saksøkt, då det truleg var mindre risikofylt å tiltala ressursvake enn ressurssterke menneske.³¹²

Kostnadene ved å føre sak kunne i mange høve bli store.³¹³ *Kven* som skulle betale sakskostnadene var avhengig av om den tiltala vart funne skuldig eller ikkje. I utgangspunktet skulle den skuldige, *delinkventen*, dekkje kostnadene med eigne midlar. Den som reiste sak måtte betale dersom den tiltala vart frikjend, eller dersom *delinkventen* var eigedomslaus. Slik var det i omlag heile prosessperioden.³¹⁴ Dersom saksøkjaren heller ikkje kunne betale, vart utgiftene dekte av statskassa. Dette finn vi eit døme på i saka mot Agate Andersdotter frå

³⁰⁹ Knutsen 1996: 112, 125, Sandmo 1997: 124. Sjå elles kapittel 3.3.7. og 3.3.8.

³¹⁰ Cohn 1972, Kiechefer 1976, Midelfort 1972 og Monter 1976.

³¹¹ Sjå kapittel 1.4.

³¹² Sjå kapittel 4.3.4. om sosial status på dei tiltala, og kapittel 4.3.5. om dei tiltala og marginale grupper.

³¹³ Det er vist av mellom anna Erichsen 1993: 58, 231, Jensen 1988: 77, Sandvik 1992: 85, 88, 101.

³¹⁴ Kostnadene ved å føre straffesak vart i 1690 pålagt det offentlege. Sandvik 1992: 88, 101.

Sunnmøre.³¹⁵ Ho vart i 1682 skulda for trolldom av ein Peder. Agate vart sett i fengsel på "*Kongen Maytt bekostning Efftersom same Peder Nacken er fattig och tiger hans brød blant Andre gaadt folch...*"

I mange høve valte difor privatpersonar å trekkje inn verdslege tenestemenn til å føre saka vidare. Den som la fram skuldingane og den som saksøkte var såleis ikkje alltid den same. Ved offentleg tiltale var det som regel den lokale representanten for statsmakta, futen, som reiste sak. Futen tok då reelt på seg saka som si oppgåve. Det vanlege var difor at det var éin saksøkjar pr. sak. Futen kunne òg reise tiltale på eige initiativ. Då måtte mistanken vere basert på rykte. I prosessen mot Gjertrud Hundskår såg vi at futen saksøkte henne etter oppmoding frå allmugen då ho var ei plage i lokalsamfunnet og av di ho hadde trolldomsrykte.

Det offentlege trådde altså til når den fornærma privatpersonen ikkje hadde råd, evner eller vilje til å føre saka, eller når lokalsamfunnet vrimla av trolldomsrykte kring ein person. Andre årsaker til at offentlege tenestemenn gjekk til sak kunne vere for å unngå demoralisering og for å disiplinere folk. Både offentlege styremakter og privatpersonar avgjorde såleis kven som burde bli påtala for trolldom.

4.2.2. OFFENTLEG ELLER PRIVAT SAKSØKJAR

Kjeldene fortel mindre om saksøkjaren enn om den tiltala, då førstnemnde ikkje var sentrum i saka. Rekneskapskjeldene og dagbøkene gjev dessutan sjeldan opplysningar om kven som reiste sak i det heile. I materialet er saksøkjaren difor ukjend i 29% av trolldomsprosessane. Elles saksøkte privatpersonar i 11% av prosessane, og offentlege tenestemenn i 60%. Privatpersonar reiste tiltale i fem saker i tillegg, men då saman med futen. Desse prosessane vert, på grunn av faktorane nemnde ovanfor, kategoriserte under offentleg påtale. I nokre få prosessar reiste prest eller lensherre sak. Desse er òg kategoriserte under offentleg påtale. Det er uvisst om fordelinga mellom offentlege og private saksøklarar ville ha endra seg dersom alle har vore klårlagt.

Tabell 4. *Kven saksøkte kven i Bergenhus len, i absolutte tall og i prosent*

Saksøkjar	Den tiltala - kvinner	Den tiltala - menn	Alle tiltala i prosent
Ukjend	30	5	29%
Offentleg	51	20	60%
Privat	12	1	11%
Samla	93	26	100%

Tala her er atypiske for det nordiske mønsteret, då forskarar hevdar at det mest vanlege var at privatpersonar reiste sak.³¹⁶ Desse forskarane har òg utelate injuriesakene i si analyse av

³¹⁵ Prosess nr. 511.

³¹⁶ Birkelund 1983: 67, 135, Tørnsø 1986: 21, 36. Det same gjeld i rettssaker med anna innhald òg. Erichsen 1994: 58. Eit unntak finn vi i Göta hovrätt, der var det flest

trolldomsprosessar. I injuriersøksmåla i Bergenhus len derimot, var altså dei fleste av saksøkjara privatpersonar.³¹⁷ Dersom vi føyer til injuriersakene, får vi likevel det same mønsteret; futen var saksøklar i omlag halvparten av sakene, privatpersonar reiste sak i 24% av sakene, medan saksøklar er ukjend i 27% av sakene. Dette viser at trolldomssakene i Bergenhus len er spesielle med tanke på *kven* som reiste sak. I heile landet var det òg slik at futen var saksøklar i dei fleste trolldomssakene.³¹⁸ Forskarane som eg har synt til ovanfor, er trolldomsforskarar frå Sverige og Danmark, eller forskaren studerte fleire typar lovbrøt. Difor er det truleg at i Noreg stod futen formelt bak hovuddelen av trolldomsprosessane.

1617-føresegna påbydde alle offentlege embetsmenn å vere ivrige til å melda, tiltale og straffe trollfolk.³¹⁹ Som synt, fann vi ingen auke i talet på trolldomsprosessar i området etter 1617, difor kan vi heller ikkje seie om denne oppmodinga førte til at futen vart meir ivrig enn før til å reise sak. Føresegna kan likevel vere ei årsak til at futen faktisk saksøkte trollfolk. Elles ser det ut til at det ikkje var nokon skilnad i tid for når futen og privatpersonar gjekk til sak i prosessperioden i lenet.

Privatpersonar saksøkte så og seia berre kvinner. Det indikerer truleg at det skulle meir til før folk gjekk til sak mot menn enn mot kvinner.³²⁰

Når eg vidare kartlegg saksøkjara, er det dei private.

4.2.3. OPPSUMMERING

Sjølv om det var privat påtalerett i straffesaker, så finn vi hovudsakleg futen som saksøklar i trolldomsprosessane. Dette kom truleg av at privatpersonar var redde for å bli dømde for falske skuldingar, eller av di det var store kostnader ved å føre sak. Futen kunne reise påtale etter initiativ frå privatpersonar, eller på eiga hand dersom den mistenkte hadde trolldomsrykte. Når privatpersonar gjekk til sak, var det mot kvinner.

"kronobetjante" blant dei som reiste trolldomssak. Sörlin 1993: 157. Diabolismeprosessane i Sverige vart òg sett i gang etter offentlig initiativ, ofte var saksøkjaren ein geistleg embetsmann. Johansen 1994: 98.

³¹⁷ Sjå kapittel 3.3.3. Privatpersonar var saksøklar i 57% av injuriersakene, medan futen saksøkte i 23% av sakene.

³¹⁸ Næss 1982: 165, 420, note 38. Det var privat saksøklar i 65 trolldomssaker i heile landet.

³¹⁹ I 1617-føresegna står det:

"...da biude Wi oc hermet strengeligen befaler alle Vore Befalingsmend oc Ridderskab (...) oc alle andre, som ere i Øffrigheds Kald oc Bestilling, at de, (...) strax de derom videndis voreder, alle dennem, om huilke denne vor forordning formelder, angiffuer, tiltaler oc straffe lader, saa fremt de selff derfor icke vil stande Oss til rette, som de saadanne folckis Medvidere ere, oc med dennem sambtøcke." Rørdam 1884: 60f.

³²⁰ Det same resultat dokumenterer Sörlin òg når det gjeld Göta hovrätt. Sörlin 1993: 111.

4.3. DEI PRIVATE PARTANE I TROLLDOMSPROSESSANE

4.3.1. KJØNN

Dei tiltala

Tidlegare trolldomsforskning syner at kvinner var i klart fleirtal av dei trolldomstiltala i dei fleste områder. Slik var det i Bergenhus len òg. I dei 119 trolldomsprosessane var 78% kvinner og 22% menn. Dette samsvarar i stor grad med undersøkingar både på landsplan,³²¹ med punktundersøkingar gjort elles i landet,³²² og med undersøkingar frå andre land, mellom anna frå nabolanda Sverige og Danmark.³²³ Island, Estland og delar av Finnland, samt nokre andre mindre regionar av Europa, representerer unnataket; der var mennene i fleirtal.³²⁴

Likevel var trolldom i Vest-Europa og Nord-Amerika rekna for å vere hovudsakleg eit kvinneleg brotsverk, då omkring 8 av 10 av dei tiltala var kvinner. Trolldom vart såleis sett på for å vere eit kjønnsrelatert brotsverk.

Variablar

I nokre land kunne kjønnsfordelinga variere etter tid og rom, kor lenge prosessane hadde gått føre seg i området, kva domstolar trolldomsprosessane vart førte ved, og kva type trolldomsprosessar som dominerte.³²⁵

Endra kjønnsfordelinga mellom dei tiltala seg over tid i området vårt?³²⁶ Med tanke på at materialet inneheld få trolldomstiltala menn, så er det vanskeleg å sjå noko klårt mønster. Likevel ser det ut til at mennene vart saksøkte jamt over i heile prosessperioden. Vidare var kjønnsfordelinga omlag den same i enkeltprosessane og i kjedeprosessane.³²⁷ Elles er det

³²¹ Alver 1971: 63, Næss 1982: 300.

³²² Knutsen 1996: 105, Løyland 1992: 117f., 130, Willumsen 1994: 12, 14, tabell 1.

³²³ Ankarloo 1971: 269f., Birkelund 1983: 57, Hester 1992, Johansen 1991: 62, Klaniczay 1987: 197, Larner 1981: 91f., Macfarlane 1970: 160, Midelfort 1972: 179, Sogner 1992: 83, Thomas 1971: 620.

³²⁴ Hastrup 1987: 330, Hastrup/Kervinen 1987: 276ff., Madar 1987: 232.

³²⁵ Heikkinen/Kervinen 1987: 276f., Næss 1982: 310, Sörlin 1993: 108f.

³²⁶ På Austlandet vart færre og færre menn saksøkte utover 1600-talet. Knutsen 1996: 127. Ved Göta hovrätt derimot auka mennene sin del av dei tiltala i prosessperioden. Sörlin hevdar at det kan kome av at domstolen var ein ankedomstol. Sörlin 1993: 108f. Kva domstol prosessen vart ført ved kan såleis vere ein variabel når det gjeld kjønn blant dei tiltala.

³²⁷ I Finnmark varierte kjønnsfordelinga etter type sak, då menn utgjorde 37% av dei tiltala i enkeltprosessane, men berre 2% i kjedeprosessane. Willumsen 1994: 26.

umogeleg å seie om den mannlege delen av dei tiltala i Bergenhus len auka dess lengre opp i domshierarkiet ein kom, altså om menn i større grad enn kvinner anka³²⁸ dommen.

Det vert hevda at kvinner var part i færre rettssaker på landsbygda enn i byane.³²⁹ Det same gjeld i trolldomsprosessane i Bergenhus len. I Bergen by utgjorde kvinner 95% av alle tiltala, medan deira del av alle tiltala på landsbygda var 70%.³³⁰ I byen vart altså den kvinnelege dominansen forsterka. Ei årsak til dette kan vere at hovudtyngda av dei lærde heldt til i byane, og dei hadde truleg kjennskap både til demonologien og til prosessar frå andre land. Slik sett visste desse gruppene at det hovudsakleg var kvinner som var rekna for å vere trollfolk. Såleis kan dei lærde ha påverka allmugen i byen med tanke på kven dei mistenkte og skulda for trolldom. Dermed vart kvinnedelen blant dei tiltala større her enn på landsbygda.

Saksøklarane

Fleirtalet av dei som saksøkte var derimot menn. Av dei 11 private saksøklarane, var berre tre kvinner, og to av dei reiste sak saman med ektemannen sin. Berre éi kvinne saksøkte åleine, det var enkja etter ein Magister, Anna Absalons Pedersdotter. Trolldomsskuldingane retta ho mot ei anna kvinne.³³¹

Alver hevdar at trollfolka ofte vart utpeikte av andre kvinner, sjølv om dei som framførte skuldingane i rettssalen var menn.³³² Difor kan dominansen av menn blant saksøklarane kome av at dei tala på vegner av sine koner, mødre eller dotrer. Eller var det slik tala fortel oss, at det eigentleg var mennene som stod bak trolldomsprosessane? I så fall kan dette tyde på at prosessane var eit resultat av kjønnskonfliktar. For å kunne seie noko om dette bør vi sjå på innhaldet i skuldingane, og på om dei påstytte skadane ramma kvinner eller menn.³³³ Vitneinnhald og kjønnsamansetninga på vitna kan òg gje ein peikepinn.

Vitna

Vitna skulle vere uhilda tredjemenn. Retten hadde kontroll over kven som fekk vitne ved at den avgjorde kven som fekk sverja eid. Det kunne mellom anna ikkje inhabile, trollfolk, "*misdedere*" eller "*horrer*" gjere.³³⁴ Til dømes i injuriersaka mot Jon Danielsen³³⁵ frå Fjellberg

³²⁸ Om anke, sjå kapittel 7.4.5.

³²⁹ Sandvik 1991: 288. Det gjaldt alle typar rettssaker uansett innhald. Det same mønsteret fann Sörlin for trolldomsprosessane i Göta hovrätt. Sörlin 1993: 27, 110, tabell 5.4.

³³⁰ På landsbygda vitnar altså kjeldene om at mennene utgjorde heile 1/3 av dei trolldomstiltala!

³³¹ Prosess nr. 680 og 680a.

³³² Alver 1991: 28.

³³³ Sjå kapittel 5. om innhaldet i skuldingane.

³³⁴ Erichsen 1993: 241.

³³⁵ Sak nr. 406.

i 1683 vart eit vitne avvist, då det var i slekt med den injurierte; "*Södschinde Barn til Tron Wiig Konne Huorfore hanz Windizbiurd iche bleff for goet Antaget.*"

Den akkusatoriske prosessforma gjekk ut på at saksøklar sjølv måtte prove skuldingane han retta mot den tiltala. Det vart gjort mellom anna ved å føre vitne til å underbyggje sine påstandar. Begge partane kunne kalle inn *stemnevitne*. Då var vitna rettsleg pliktige til å møte,³³⁶ og dei skulle om mogeleg stadfeste partane sin versjon av kva som hadde skjedd. Desse vitna vert kalla *stadfestingsvitne*. Etter kvart som prosessen gjekk sin gang, kom det til ein del andre vitne òg. Desse framførte gjerne ein del *tilleggsskuldingar* mot den tiltala.

Trolldomsprosessane var gjerne saker utan handfaste prov. Difor var det ofte naudsynt med vitne for å underbyggje skuldingane og argumenta. Dette førte til at vi finn mange vitne i prosessane. Kjeldene fortel såleis om 234 vitne i 85 trolldomsprosessar, eller 2,8 vitne p.r. prosess. Dei resterande prosessane er kjende frå kjelder, som rekneskap og dagbøker, som ikkje gjev høve til å sjå om det var vitne i saka. Så og seie alle vitna *mot* den trolldomstiltala. Omlag 1/3 var stadfestingsvitne. Dette tyder at mistanken og skuldingane ikkje oppstod berre hjå eit menneske mot den tiltala, men hjå fleire i lokalsamfunnet. Det var særst sjeldan at den saksøkte førte vitne til eige forsvar. Elles var det hovudsakleg privatpersonar som vitna. Av og til kunne representantar for verdslige eller geistlege styremakter uttala seg òg.

Samla vil difor vitna bli handsama saman med saksøklarane, likeins når det gjeld innhaldet i skuldingane både frå den som tiltala og frå vitna. Vitneutsegn var altså eit ledd i provføringa og dei var såleis eit grunnlag for å dømme.

Talet på vitne kunne variere frå prosess til prosess. I nokre kunne det vere berre eitt vitne, medan vi såg at i prosessen mot Gjertrud Hundskår møtte det fram heile 22 vitne, alle var menn. Rett nok var ein del av dei stadfestingsvitne.

Tabell 5. *Kven vitna mot kven i Bergenhus len, i absolutte tall og i prosent*

Vitne	Mot kvinner	Mot menn	Samla	Samla i prosent
Kvinner	65	1	66	28%
Menn	144	24	168	72%
Samla	209	25	234	100%

³³⁶ NL 1-4-2., Recessane av 1547 og 1558.

Menn var i klart fleirtal blant dei som vitna i trolldomsprosessane, slik dei òg var i injuriersakene. Det same finn andre forskarar.³³⁷ Næss derimot hevdar at det ikkje var nokon kjønnsdominans blant vitna, sjølv om det til saman er kjende fleire mannlege enn kvinnelege vitne.³³⁸ Sogner meiner det er interessant at kvinnedelen var så stor som den faktisk var. Kvinner vitna fordi dei ville sikre seg den positive standard definert av menn i eit patriarkalsk samfunn, som det å vitne mot og tiltale andre kvinner for trolldom truleg representerte.³³⁹

Det som er interessant, er å sjå kven menn og kvinner vitna *mot*. I Bergenhus len vitna kvinner så og seia berre mot andre kvinner, medan menn vitna mot både kvinner og menn. Dette underbyggjer teorien om at kjønnskonfliktar kunne liggje bak prosessane.

4.3.2. ALDER

Dei tiltala

Macfarlane var den fyrste trolldomsforskaren som kartla dei ulike aktørane i prosessane. Han fann at dei som skulda og saksøkte trollfolk, var gjennomgåande yngre enn den dei tiltala.³⁴⁰ Difor vil vi sjå på partane sin alder for om mogleg å kunne vurdere om prosessane kunne vere eit resultat av konfliktar mellom generasjonane.

Alder er sjeldan oppgjeve i kjeldene. Den vert rekna ut frå andre opplysningar som kom fram i prosessen; det kan vere opplysningar om den tiltala hadde barn og om barna var i arbeid, om vitna viste til hendingar frå lang tid attende og kor lenge den tiltala hadde hatt trolldomsrykte.

Elles vil alderen bli inndelt i grupper etter kriteriet ekteskapsalder og reproduksjonsperiode.³⁴¹ Den gjennomsnittlege ekteskapsalderen var 25 år for kvinner og 27 år for menn.³⁴² Reproduksjonsperioden for kvinner var då omlag 20 år. Det er uklårt kvar grensa mellom vaksen og gamal skal gå. Her vert det teke utgangspunkt i fleirtalet av dei tiltala, kvinna. Grensa vert då sett ved når ho ikkje lengre er fruktbar, det vil seie i 45 års alderen. Den låge gjennomsnittlege levetida³⁴³ tilseier òg at folk vart rekna for å vere gamle alt i 45-års alderen. Alderen er såleis inndelt i desse gruppene:

³³⁷ Birkelund 1983: 68, Jensen 1989: 99, Tørnsø 1986: 36.

³³⁸ Næss 1982: 308f.

³³⁹ Sogner 1982: 174f.

³⁴⁰ Macfarlane 1970: 161.

³⁴¹ Denne metoden har vore nytta av andre trolldomsforskarar. Jensen 1988: 97, Johansen 1991: 64.

³⁴² Dyrvik o.a 1979: 20, Døssland 1998: 44.

³⁴³ Gjennomsnittleg forventet levealder var i prosessperioden på 30-35 år. Dyrvik o.a. 1979: 20. Sogner hevdar gjennomsnittleg levetid låg i underkant av 40 år. Ho syner at det kom av at det var høg dødsprosent blant spedbarn. Sogner 1990a: 62.

Gruppe 1. Barn:.....0 - 15 år

Gruppe 2. Ung:.....15 - 25 år

Gruppe 3. Vaksen:.....25 - 45 år

Gruppe 4. Gamal:.....45 år +

Gruppe 5. Ukjend alder

Dette er store grupper, men kjeldene gjev ikkje høve til fin-inndeling. Når det er opplyst at ei kvinne hadde små barn er ho plassert i gruppe 3. Ho kunne gjerne vorte plassert i gruppe 2 òg, men det vert ikkje gjort på grunn av den relativt høge gjennomsnittlege ekteskapsalderen. Det er dessutan ikkje skiljet mellom gruppe 2 og 3 som er interessant, men mellom dei to gruppene og gruppe 4, av di dei fleste trolldomsforskarane meiner det hovudsakleg var eldre kvinner som vart tiltala.

Tabell 6. *Dei trolldomstiltala sin alder i Bergenhus len, i absolutte tall og i prosent*

Gruppe	Mengd	I prosent
1	0	0%
2	3	3%
3	10	8%
4	25	21%
5	81	68%
Samla	119	100%

Berre omlag 1/3 av dei tiltala kan klassifiserast etter alder. Konklusjonen som likevel kan trekkjast er at det helst var gamle folk som vart saksøkte. Det same gjeld i kjedeprossane òg. Dermed kan det sjå ut som om det er ei myte at trollkvinnene var unge og vakre, slik nokre har påstått.³⁴⁴ Det er ikkje råd å sjå om kjønn var ein variabel når det gjeld alder, til det er talet på aldersgrupperte menn for lågt.

På landsplan vart 17 barn og unge saksøkte, seks av dei er å finne i Finnmarksmaterialet. Det var då gjerne barn eller slektningar av allereie tiltala eller dømde trollfolk.³⁴⁵ På Vestlandet vart det derimot ikkje reist trolldomssaker mot barn.

³⁴⁴ Sjø Næss 1982: 311, 464, note 52. Nokre forskarar meiner vidare at utsjånad, det vil seie at vedkommande hadde spesielle fysiske skavankar, spelte ei rolle i utveljinga av kven som vart saksøkt. Sjø Næss 1982: 316, 466, note 71. Kjeldene i vårt materiale gjev ikkje grunnlag for å påstå noko slikt.

³⁴⁵ Næss 1982: 300, 302, 311, Willumsen 1994: 38. I Sverige var fleire barn innblanda i prossane, dei både skulda andre for trolldom, og dei vart sjølve tiltala. Ankarloo 1971,

For heile landet syner Næss med ei rekkje enkeltsaker at det helst var eldre folk mellom 50 og 70 år som fekk trolldomsskuldingar retta mot seg.³⁴⁶ Desse sakene er litt i overkant av 2% av alle sakene Næss handsamar. Dette er eit tynt grunnlag å trekkje nokon konklusjon på. Likevel samsvarar tala med resultatata frå Bergenhus og med forskingsresultat frå elles i Europa.³⁴⁷

Saksøklarane og vitna

Alderen på saksøklarane og vitna er aldri eller sjeldan oppgjeve i kjeldene. Det er elles vanskeleg å rekne ut alderen frå sivil status, sosial stilling og anna, slik det er gjort når det gjeld dei tiltala, då det som nemnt er gjeve få opplysningar om desse partane. Trass i dette er fleire forskarar samde om at dei som regel var yngre enn den dei tiltala.³⁴⁸ Dette kan tyde at generasjonskonfliktar fekk sitt utløp i trolldomsprosessar. Ei slik hypotese kan vi ikkje stadfesta i Vestlandsmaterialet.

I Sverige spelte barn som vitne ei viktig rolle, og det trass i rettstradisjonen som gav påbod om at ungar under 15 år ikkje kunne vitne. Barnevitna vart rekna som ein brøkdel av dei vaksne vitna. Det var difor ikkje uvanleg at 20-30 barn vitna i ei sak.³⁴⁹ I materialet for Bergenhus len var det ingen barnevitne, men nokre få ungdommar vitna.

4.3.3. SIVIL STATUS

Dei tiltala

Fleirtalet av dei som vart saksøkte for trolldom i heile landet var gift.³⁵⁰ Likeins var det i nokre andre land i Europa.³⁵¹ Her vil vi sjå om det var slik i Bergenhus len.

Den skandinaviske namneskikken innebar at kvinnene beheldt jentenamnet sitt ved giftemål.³⁵² Det gjer det vanskeleg å fastslå sikkert kven som var gift, og kven dei eventuelt

Schön 1991: 24. Om barn i trolldomsprosessar, sjå elles Henningsen 1981: 11, Johansen i 1982: 414f., Klaniczay 1987: 211, særleg note 53, Sörlin 1993: 88.

³⁴⁶ Næss 1982: 300, 302, 311.

³⁴⁷ Birkelund 1983: 62, Hester 1992, Jensen 1988: 112, Johansen 1991: 64f., Macfarlane 1970: 161, Monter 1976, Tørnsø 1986: 34. Sörlin kjem derimot fram til at det i Göta hovrätt var få eldre og gamle menneske blant dei tiltala. Sörlin 1993: 110.

³⁴⁸ Birkelund 1983: 70, Jensen 1988: 9, 97, Macfarlane 1970: 161, Tørnsø 1986: 36.

³⁴⁹ Ankarloo 1971: 243f., 286f., Ibid. 1987: 264f., Sörlin 1993: 47, 140.

³⁵⁰ Næss 1982: 304.

³⁵¹ Ankarloo 1970: 273, Jensen 1988: 99, 106, Johansen 1991: 66, Larner 1981: 96, Macfarlane 1970: 164, Sörlin 1993: 110, tabell 5.4., Tørnsø 1986: 35.

³⁵² Johansen 1987: 301.

gifta seg med. Difor er det uvisst kva sivil status halvparten av dei tiltala i vårt materiale hadde. I 37% av prosessane står det spesifisert om kvinna er gift, ugift eller enkje. I resten av sakene kan sivil status bestemast ut frå andre opplysningar, slik som om kvinna var tenestejente, eller om faren forsvara ho i retten. Desse kvinnene vert plasserte i gruppa ugift.

Av dei i alt 59 saksøkte i dette materialet der sivil status kan fastsetjast, var 75% gift, 15% var ugift, og 10% var enkjer. Det ser såleis ut til at det hovudsakleg var gifte folk som vart sikta for trolldom.³⁵³

Sandvik har freista å registrere kvinnene sin sivilstand ut frå tingbøkene gjennom skrivemåte av namn og kva opplysningar som elles kom fram om kvinna i saka.³⁵⁴ Sandvik hevdar at *ugifte* kvinner vart nemnde berre med fornamn og patronymikon,³⁵⁵ og ikkje med gardsnamn. *Gifte* kvinner stod i tilknytning til mannen sitt namn i tillegg til fornamn og patronymikon, medan *enkjer* vart nemnde utan patronymikon men i tilknytning til garden eller mannen sitt namn. Ut frå dette kan ho finne kva sivilstand mange av kvinnene hadde.

Dersom Sandvik sin klassifiseringsmåte vert lagt til grunn, kan 19 kvinner til plasserast etter sivilstand i vårt materiale.³⁵⁶ Berre prosessar kjende frå tingbøker med kvinnelege tiltala vert her teke med, slik Sandvik har gjort. Vi får det same mønsteret; fleirtalet av dei tiltala var gift. Dette samsvarar altså med funna til Næss og til andre forskarar. Dei trolldomstiltala skil seg altså ikkje ut frå folkesetnaden elles når det gjeld sivil status, då fleire og fleire folk vart gift i prosessperioden.³⁵⁷

Variablar

Alver hevdar at kvinnene som vart tiltala hovudsakleg var einslege, helst enkjer.³⁵⁸ Det same har andre forskarar kome fram til. Det gjeld særleg forskarar som analyserte kjedeprosessar.³⁵⁹ Type sak kan såleis vere ein variabel når det gjeld sivil status. Mønsteret for Bergenhus len når det gjeld sivil status, endra seg ikkje dersom vi ser berre på

³⁵³ I Nordhordland midt på 1600-talet deltok dei ugifte kvinnene minst på tinget, medan enkjene var den største gruppa av kvinnene. Dette gjaldt alle typar rettssaker. Antun 1999: 109f. Enkjer var såleis overrepresenterte i høve til den delen dei truleg utgjorde i lokalsamfunnet, både i trolldomsprosessane og i andre saker elles.

³⁵⁴ Sandvik 1995: 3.

³⁵⁵ Avstammingsnamn som er tufta på farsnamnet. Til dømes Olesdotter, det vil seie dotter av Ole.

³⁵⁶ Dersom vi ser på gruppa av tiltala kvinner med kjend sivil status, så stemmer ikkje halvparten med metoden til Sandvik når det gjeld skrivemåten av namnet. I vårt materiale er såleis ikkje Sandvik sin teori ei fullgod metode. Dette har ingen innverknad på konklusjonen; at fleirtalet av dei saksøkte var gift.

³⁵⁷ Sogner 1990a: 32.

³⁵⁸ Alver 1971: 63.

³⁵⁹ Hester 1992, Midelfort 1972: 184f., Monter 1976: 124.

kjedeprosessane. Det vi har sett er at enkjer truleg var overrepresenterte i høve til den delen dei utgjorde i lokalsamfunnet, men at dei gifte kvinnene utgjorde den største gruppa av dei tiltala.

Saksøklarane og vitna

Fleirtalet av dei som saksøkte og vitna var gift. Dei fleste, både dei som saksøkte og dei som vitna, var altså gifte menn.

Det var folk som levde etter samfunnet sine faste og etablerte former som det å vere gift til ein viss grad representerte, som vart tiltala, og som saksøkte og vitna i prosessane. At ein så stor del som 10% av dei tiltala var enkjer, gjer at vi til ein viss grad kan seie oss samde med Alver som meiner at enkjer var ei svært utsett gruppe med tanke på trolldomstiltale. Dette vert underbygd med at leiglendingsenkjer var ettertrakta på ekteskapsmarknaden.³⁶⁰ Såleis kan vi hevda at enkjer vart tiltala prosentvis i større grad enn kor mange som faktisk hadde den sivilstanden i prosessperioden. Dette kan kome av at det var mindre risikofylt å tiltala enker enn gifte då sistnemnde kunne ha støtte av ektemannen. Elles kan det kome av at høg alder var utslagsgjevande. Materialet gjev grunnlag for å hevda begge hypotesane, men det gjev ikkje høve til å konkludere.

4.3.4. SOSIAL STATUS

Finst det spor i materialet av at konflikhtar mellom ulike sosiale lag kan ha ført til trolldomsskuldingar? Det var stor skilnad på by- og bygdesamfunnet i Bergenhus len i prosessperioden. Difor er det naturleg å skilja by og land i analysen av dei tiltala sin sosiale status.

Dei tiltala i byen

Omlag 1/3 av trolldomsprosessane vart førte i byen. Nokre av kjeldene gjev lite opplysningar om kva yrke eller sosial stilling dei trolldomstiltala hadde. Difor er det ein del personar som ikkje kan plasserast sosialt.

Tabell 7. *Sosial status blant dei trolldomstiltala i Bergen by, i absolutte tall og i prosent*

Sosial status	Tal	I prosent
Låg	16	42%

³⁶⁰ Myking 1990: 89ff.

Borgar	3	8%
Embetsstanden	9	24%
Ukjend plassering	10	26%
Samla	38	100%

Sandnes hevdar at folk frå høge sosiale lag dominerte blant dei som var innblanda i drap og vald på 1500- og 1600-talet i Bergen.³⁶¹ Heile 24% av dei tiltala i materialet vårt kom frå embetsstanden.³⁶² Trass i Bergen sin spesielle posisjon som sentrum for verdslege og geistlege oppgåver utgjorde embetsstanden ei lita gruppe i byen. Denne samfunnsgruppa var såleis overrepresentert i trolldomsprosessane i Bergen i høve til den totale folkesetnaden der. Påstanden vert underbygd av at berre 1,9% av dei tiltala i heile landet kom frå embetsfamilie.³⁶³

Folk frå borgarskapet utgjorde 8% av dei saksøkte.³⁶⁴ Det er lite med tanke på at borgarane var den største samfunnsgruppa i byen på 1600-talet. Slik sett var borgarskapet underrepresentert blant dei tiltala, medan embetsstanden var overrepresentert. Det var ingen menn blant desse trolldomstiltala frå borgarskapet og embetsstanden.³⁶⁵

Etter borgarskapet var allmugen den største gruppa i bysamfunnet i prosessperioden. 42% av dei saksøkte som kunne plasserast sosialt kom frå dei lågaste sosiale gruppene.³⁶⁶ Her er det naudsynt å klårgjere kva kriterium som er nytta for å klassifisere desse menneska. Nokre hadde yrke som plasserer dei i gruppa låg sosial status, slik som tenestejente, prostituert eller "drager".³⁶⁷ Andre veit vi var omstreifarar og/eller tiggjarar. Desse marginale gruppene vert drøfta nedanfor. Og endeleg, nokre vert plasserte i denne gruppa etter namn eller etter måten dei vart omtala i kjelda på. Det kan vere slik som "*den svarte Ravn*", "*Svarte-Hans*", eller ein "*misdeder och troldmann*".

³⁶¹ Sandnes 1990: 70f. Sjå elles Fossen 1979: 120.

³⁶² Prosess nr. 376, (kone til fut), 376b, (kone til byfut), 607, (denne kvinna veit vi hadde høg sosial status, men ikkje noko meir), 607a, (sjå nr. 607), 624, (kona til fut), 661a, (kona til skrivar), 661b, (kona til rådmann. Rådmennene tilhørde borgarstanden, men vert her plasserte under embetsstanden. Det er på grunn av at dei var dommarar på lagtinget og av di dei tidlegare gjerne hadde vore fut, byfut eller slottsskrivar. Denne prosessen vart ført i 1606, altså medan rådmennene enno var medlemmar av lagtinget.), 669a, (kona til ein biskop), og 679/680, (kona til ein magister).

³⁶³ Næss 1982: 305.

³⁶⁴ Prosess nr. 673, 674/675 og 680a.

³⁶⁵ I Danmark var mange av dei tiltala mennene geistlege embetsmenn. Birkelund 1983: 63, Jensen 1988: 101.

³⁶⁶ Prosess nr. 373, 606, 648, 648a, 651, 651a, 653a, 655, 656, 657, 661, 669c, 632a/676, 677/678, 689 og 888.

³⁶⁷ Ein drager var bryggesjauarar som tok seg av transport, lasting, lossing og bæring på Bryggen i Bergen. Karker 1958: 265.

Variablar

Jensen hevdar at ingen av dei saksøkte frå høge sosiale lag var direkte tiltala for trolldom av privatpersonar eller av fut, dei var derimot utlagde av andre tiltala eller dømde trollfolk.³⁶⁸ Seks av dei ni kvinnene med høg sosial status i Bergen var utlagde. Dette kan tyde at type sak var ein variabel når det gjeld sosial stilling. Trollfolka hadde såleis truleg generelt sett høgare sosial status i kjedeprossane enn i enkeltprosessane.³⁶⁹

I byen vart altså både høg og låg saksøkte for trolldom. Dei tiltala frå dei høge samfunnsklassene var alle kvinner. Dette kan truleg vere ei av årsakene til at kvinnedominansen blant dei saksøkte var større i byen enn på landsbygda.

Dei tiltala på landsbygda

Landsbygda på Vestlandet var ikkje prega av store sosiale skilnader, og dei fleste tilhørde bondestanden. Det vart sjeldan skild mellom sjølveigarar, leiglendingar og husmenn. Difor er det vanskeleg å finne ut kva sosial stilling dei ulike aktørane i trolldomsprosessane hadde, og vi får ei stor gruppe som ikkje kan plasserast, heile 56%.

Likevel kan vi finne at 17% av dei tiltala på landsbygda kom frå bondehushald. Ingen av dei saksøkte kom frå embetsstanden.

27% kom frå låge sosiale lag, mot 42% i byen. Kriteria for å kategorisere menneske i denne gruppa, er at det står i kjeldene at den tiltala var fattig, tenar, omstreifar, tiggjar og liknande. Til dømes Ragnhild Labe, som var tiltala i 1669 i Lærdal.³⁷⁰ Ho hadde "*omløbet, paa 13 Aars tid*". Eller Ingebret Størkersen³⁷¹ som "*udj mange Aars tid farit om kring i bøyden och tigit hans brød*". Vidare hadde han "*Nogle Aars tid fuld tater folch*". Ingebret vart tiltala i 1680 i Borgund.

Til saman i byen og på landet kom nesten 3/4 av dei plasserte mennene frå desse lågaste sosiale gruppene. Dette kan tyde at menn var meir sikra av sine sosiale roller enn kva kvinnene var.

Tabell 8. *Sosial status blant dei trolldomstiltala på landsbygda i Bergenhus len, i absolutte tall og i prosent*

Sosial status	Tal	I prosent
Låg	22	27%
Bondestanden	14	17%

³⁶⁸ Jensen 1988: 102.

³⁶⁹ Det same hevdar mellom anna Ankarloo 1971 og Midelfort 1972. Dette vert drøfta nærare i kapittel 4.3.8. om utlegging.

³⁷⁰ Prosess nr. 461.

³⁷¹ Prosess nr. 509.

Embetsstanden	0	0%
Ukjend plassering	45	56%
Samla	81	100%

Saksøkjjarane og vitna i byen og på landsbygda

Tidlegare forskning syner at saksøkjjarane ofte hadde høgare sosial status enn den dei skulda for trolldom.³⁷² Det er truleg mellom anna dei høge kostnadene ved å reise sak som førte til dette, då ressurssterke personar hadde størst høve til å saksøkje. Ein del ville vegre seg for å tiltala fattige personar, då saksøkjaren måtte betale sakskostnadene dersom delinkventen ikkje hadde midlar nok sjølv. Likevel ser vi at mange av dei saksøkte var fattige. Difor er det truleg at det låg sterke grunnar bak, og stor overtyding om at vedkommande var skuldig, når nokon fyrst gjekk til det steget å reise sak og sjølv føre saka for retten.

Dei fleste privatpersonane som saksøkte i vårt materiale, kan ikkje plasserast sosialt. Det er difor vanskeleg å ta stilling til om resultatata til andre forskarar også høver for Bergenhus len. Vi kan likevel ikkje avvise at saksøkjjar i mange høve kunne vere meir halden og kom frå høgare sosiale lag enn den han retta skuldingane mot. Det var ikkje noko mønster når det gjeld kven dei private saksøkjjarane tiltala. Det vil seie at dei som vart saksøkte av privatpersonar skilte seg ikkje ut på nokon måte, då dei representerte eit tverrsnitt av alle som vart tiltala. Vi har synt at hovudtyngda av dei tiltala som vi kunne plassere etter sosial status, kom frå låge sosiale lag. Og vidare at 2/3 av dei saksøkte kvinnene i byen som kom frå embetsstanden vart utlagte og at dei dermed vart saksøkte av futen.³⁷³ Til saman underbygger dette hypotesen om at saksøkjjarane var meir ressurssterke enn den dei tiltala.

Vi kjenner sosial status på omlag 1/3 av vitna i byen og på landsbygda. Nokre få var geistlege eller verdslege embetsmenn, nokre fleire var borgarar. Hovudintrykket er at dei fleste kom frå allmugen, men at dei var betre stilt enn dei som vitna uttala seg om. Det same kom Næss til ein viss grad fram til for heile landet òg.³⁷⁴

4.3.5. DEI TILTALA OG MARGINALE GRUPPER

Det er få spor etter menneska i dei marginale gruppene i kjeldene, mellom anna av di dei sjeldan kunne betale skattar eller bøter. Likevel hevdar historikarar at det var få slike folk, det

³⁷² Jensen 1988: 103, Johansen 1987: 301f., Macfarlane 1970: 151, Madar 1987: 233, Muchembled 1987: 135, Næss 1982: 314, Sörlin 1993: 110, Thomas 1971: 561, Tørnsø 1986: 36.

³⁷³ Om kven som reiste sak i utleggingssakene, sjå kapittel 4.3.8.

³⁷⁴ Næss 1982: 309f.

vil seie fattige, tiggjarar og/eller omstreifarar, i samfunnet i prosessperioden.³⁷⁵ Det var elles langt fleire kvinner enn menn som hamna i fattigdom.³⁷⁶

Fattige og tiggjarar

Storparten av dei trollfolka *tradisjonen* fortel om, er menneske som høyrde til botnen av samfunnet. Dei skal ha retta sin ovund mot menneske med høgare status. Likeins hadde folk som var framande i eit område, innflyttarar eller omstreifarar, lett for å få bygdemeininga mot seg.³⁷⁷ I Bergenhus len var 19% av dei tiltala fattige og/eller tiggjarar.³⁷⁸ Det gjaldt 23% av dei tiltala mennene, og 16% av dei tiltala kvinnene. Det same mønsteret finn vi i kjedeprosessane òg.

Næss hevdar at fleirtalet av dei tiltala på landsplan var fattige. Det gjaldt i 160 saker av 196 der deira økonomiske og/eller sosiale stilling er klårlagt. Det er omlag 18% av alle saksøkte.³⁷⁹ I Finnmark var dei tiltala fattige, men dei var ikkje av dei fattigaste i samfunnet som tagg.³⁸⁰

Omstreifarar og innflyttarar

Dei fattige i Bergenhus len var stort sett omstreifarar og tiggjarar. Til dømes Ingeborg Olsdotter som vart tiltala i Fjon i 1650. Ho "... siden mesten ald hendis thiid haffuer omdragen paa landet, och mesten her udj fogderiet paa thröglerj".³⁸¹ I lenet var 10% av dei saksøkte omstreifarar frå landsbygda.³⁸² Sett i høve til den gjennomsnittlege folkesetnaden, var desse gruppene overrepresenterte.³⁸³

Materialet inneheld sju innflyttarar, eller 6%, blant dei tiltala,³⁸⁴ alle var kvinner. Mellom anna Dillis Röncke som vart saksøkt i Bergen i 1594. Ho kom tydelegvis frå Orknøyane, da ho "*knurrett paa sit Orkenöesch maall.*"³⁸⁵ Med tanke på Bergen sin samansette folkesetnad,

³⁷⁵ Fladby 1987: 256f., Sandnes 1990: 111.

³⁷⁶ Døssland 1990: 167.

³⁷⁷ Alver 1971: 160ff., Ibid. 1990: 164, Solheim 1952: 288, 296.

³⁷⁸ Prosess nr. 385, 386, 388, 433c, 433d, 440, 444, 447, 458, 461, 467, 468, 485, 486, 503, 504, 508, 509, 510, 511, 852 og 888. Det same gjaldt ein stor del av dei tiltala i andre område òg. Alver 1971: 63, Hester 1992, Knutsen 1996: 125, Løyland 1992: 118, Macfarlane 1979: 151.

³⁷⁹ Næss 1987: 323. Dei 196 sakene utgjorde berre omlag 1/5 av alle sakene på landsplan.

³⁸⁰ Hagen 1995b: 228, Willumsen 1994: 61, 68.

³⁸¹ Prosess nr. 385.

³⁸² Prosess nr. 385, 386, 388, 433, 440, 447, 461, 467, 468, 508, 509 og 511. Dette gjaldt 12% av alle tiltala menn, og 10% av alle tiltala kvinner.

³⁸³ Fladby 1987: 256f., Sandnes 1990: 111.

³⁸⁴ Prosess nr. 433, 624, 648, 673, 674/675, 632a/676 og 818.

³⁸⁵ Prosess nr. 673.

så er ikkje det så spesielt. For heile landet finn Næss at 7,9% av dei tiltala var omstreifarar eller innflyttarar.³⁸⁶ I dei nordiske landa vart få rotlause skulda for trolldom.³⁸⁷

Vi ser altså at sjølv om desse marginale gruppene ikkje var dominerande i materialet, så var deira del av dei tiltala i trolldomsprosessane høg i høve til folkesetnaden elles i Bergenhus len.

4.3.6. DEI TILTALA SITT RYKTE

I folketrua vert det fortald at det var særlege omstende som sette nokre menneske i ei særstilling i bygdeopinionen. Dette gav seg gjerne utslag i mistanke om at vedkommande var trollkvinne/-mann, noko som etter kvart kunne føre til rettsleg tiltale.³⁸⁸ Slike omstende kunne vere at vedkommande var såkalla klok kone, at andre familiemedlemmar var rekna for vere trollfolk, at vedkommande hadde gjort seg skuldig i andre lovbrøt, eller at den mistenkte hadde trolldomsrykte eller dårleg rykte elles.

"Spaakonne" og fødselshjelparar

Kloke folk eller signarar vart saksøkte for trolldom i dei fleste områder i Europa, men dei utgjorde som regel berre ein liten del av alle tiltala.³⁸⁹ På Vestlandet var 9% av dei saksøkte kloke folk. Alle var kvinner, og dei vart tiltala i heile prosessperioden.³⁹⁰

Forfattarane av *Heksehammaren*³⁹¹ hevda at særleg *fødselshjelparar* var potensielle trollfolk.³⁹² Roper meiner at det helst var eldre ugifte kvinner eller enkjer som hjelpte til i hushaldet hjå andre kvinner som var i barsel som vart mistenkte og tiltala for trolldom. Med høg dødsprosent blant spedbarn, dårleg reinsemd og mangelfullt kosthald var det mykje som kunne gå galt. Då fekk desse hjelpekonene skulda, og dei vart saksøkte for trolldom.³⁹³ Andre forskarar òg hevdar at fødselshjelparar var ei spesielt utsett gruppe.³⁹⁴ Den *utløysande* årsak

³⁸⁶ Næss 1982: 307.

³⁸⁷ Ankarloo 1987: 270, Hastrup 1987: 342, Jensen 1988: 99, Johansen 1991: 49, 58.

³⁸⁸ Solheim 1952: 91.

³⁸⁹ Henningsen 1984: 19, Johansen 1991: 88, Tørnsø 1986: 35. I Finnmark vart det tiltala berre ei klok kone, og det var få representantar for kvinneleg helseomsorg elles i materialet. Willumsen 1994: 47f. Det same konklusjonen kjem Alver til når det gjeld heile landet. Alver 1991: 19.

³⁹⁰ Prosess nr. 418, 423, 433, 445, 447, 461, 467, 468, 674/675, 632a/676 og 689.

³⁹¹ *Heksehammaren* var ei av dei fyrste handbøkene i trolldomsforfølging. Vi finn meir om denne boka i kapittel 6.5.2. om lærd samtidsliteratur som omhandla trolldom.

³⁹² Alver 1991: 19.

³⁹³ Roper 1994: 203ff.

³⁹⁴ Barstow 1994, Ehrenreich/English 1976. Dei meiner at trolldomsprosessane ville til livs ei gruppe kloke koner og kvinnelege hjelppearbeidarar. Heinsohn/Steiger 1980, Tørnsø 1986: 31.

til trolldomsprosessane var då slike konflikhtar *mellom* kvinner.³⁹⁵ Då kan ein sjå domstolen som ein arena for konfliktløysing nytta av kvinner. Materialet i Bergenhus len gjev ikkje dekning for ein slik påstand, då vi finn berre ei kvinne som vi veit var fødselshjelpar.³⁹⁶

"...och hindis beste modr for troldom och saa blef brendt"

I Bergenhus len var heile 22% av dei saksøkte i *familie* med allereie tiltala eller dømde trollfolk.³⁹⁷ Eit noko spesielt døme finn vi i Bergen. I 1568 vart Anna på Berget tiltala for trolldom. Saman med ho vart dottera, Ingeborg, tiltala òg. Ingeborg var mor til ei trollkone som vart saksøkt for trolldom saman med dottera si i 1606. Denne trollkona var mor til enda ei kvinne som vart trolldomstiltala i 1632, det var kona til Laurits Markvardsen.³⁹⁸ Det ser såleis ut til at slektningar var sær utsette for trolldomsrykte, -mistanke og -tiltale. Det gjaldt særleg mødrer, dotrer og ektefellar. Dette heng truleg saman med at ein trudde at trolldom måtte lærast.³⁹⁹

I andre land òg var slektningar utsette.⁴⁰⁰ Derimot var berre 3,5% av dei tiltala i heile Noreg i familie med andre trollfolk.⁴⁰¹ Dette kan kome av at det er lettare å få auga på slektssamanhenger i eit lite materiale som Bergenhus len i høve til eit stort som heile landet. Elles viser det seg at det var i *trolldomsprosessane* og ikkje i injuriesakene at dette var ein faktor for kven som fekk trolldomsmistanken retta mot seg. Då vi veit at Næss har teke med desse sakene i si analyse, kan det òg vere ei årsak til at ein større prosentdel av dei tiltala i vårt område var i slekt med andre trollfolk enn det han kom fram til på landsplan

Andre lovbrott

Næss hevdar at fleire av dei tiltala elles òg "*levde i konflikt med sine medmennesker*", og at dei i "*årevis hadde opptrått utfordrende overfor sine omgivelser*".⁴⁰² Løyland påstår at dei

³⁹⁵ Gaskill hevdar at ei side ved trolldomssakene var maktkampen og spenningane mellom kvinner i samanheng med deira aktivitetsområder. Gaskill 1994: 138. Sjå elles årsaksdiskusjonen i kapittel 8.2.

³⁹⁶ Prosess nr. 651a, "*Kirsti Jordemoder*".

³⁹⁷ Prosess nr. 376b, 418a, 418b, 418c, 428, 428a, 433, 440, 440a, 440b, 445, 450b, 450c, 456, 456a, 467, 508, 607, 607a, 661a, 661b, 836a, 836b, 850, 851 og 852.

³⁹⁸ Prosess nr. 607, 607a, 661a, 661b og 376b.

³⁹⁹ Henningsen 1981: 25. Sjå elles kapittel 6. om tilståingane.

⁴⁰⁰ Ankarloo 1971: 271, 277, Henningsen 1981: 25f., Larner 1981: 99, Midelfort 1972: 186, Monter 1976: 141.

⁴⁰¹ Næss 1982: 315.

⁴⁰² *Ibid.*: 302, 308.

tiltala hadde brote sosiale spelereglar, slik at dei var sosialt utstøytte allereie før det vart reist straffesak.⁴⁰³

Dette finn vi i Bergenhus len òg, då ein del av dei trolldomstiltala hadde vore saksøkte eller tidlegare dømde for andre lovbrota.⁴⁰⁴ Lovbrota var leiarmål, slagsmål og tjuveri. 15% av alle tiltala menn vart eller hadde vore skulda for andre lovbrota, mot 7% av kvinnene. Vi ser elles at fleire var raske til å love vondt og koma med trugsmål.⁴⁰⁵ Birgitte Lerøy til dømes, som vart saksøkt på Seter i 1642, "*hun er noget Slem i Munden*".⁴⁰⁶

Når den tiltala hadde brote rettslege og/eller sosiale spelereglar, når vedkommande hadde virka som klok kone, eller når eit familiemedlem hadde vore skulda for trolldom, førte det gjerne til at ho eller han fekk *trolldomsrykte*.

"war berögtet fore at were forfarn udj trolldoms konstern"

Johansen har synt at trolldomsrykte var ein vesentleg faktor som låg bak den spesifikke utveljinga av kven som vart tiltala for trolldom.⁴⁰⁷ Eit slikt trolldomsrykte vart ein eigenskap ved den ryktet var hefta ved, og alle mistenkelege hendingar kring denne personen stadfesta og forsterka ryktet. I kjeldene ser vi at vitne og saksøklar fortalde om ei spesiell hending som førte til danning av rykte. Kva moment som førte til overgang frå ryktefase til endeleg tiltale, vert i oppgåva karakterisert som *utløyssande årsak* til at prosessen oppstod.⁴⁰⁸

Av dei tiltala i Bergenhus len hadde 24, eller 19%, trolldomsrykte.⁴⁰⁹ Desse personane vart tiltala i heile prosessperioden både i byen og på landsbygda. Det gjaldt både kvinner og menn, og dei var frå alle sosiale lag. I Finnmark hadde heile 47% av alle tiltala trolldomsrykte.⁴¹⁰

Knutsen hevdar at tingallmugen stort sett gav den tiltala eit godt *skussmål* i trolldomsprosessane.⁴¹¹ I Bergenhus len uttala tingallmugen seg for det meste negativt om den som var saksøkt, "... *dendt tilstede tingh almue hannem ingen goed skudzmaall*". Slik som Ingeborg Olsdotter som vart tiltala i Fjon i 1650. Ho fekk denne omtalen av tingallmugen;

⁴⁰³ Løyland 1992: 119.

⁴⁰⁴ Prosess nr. 386, 418a, 428a, 440, 447, 450, 461, 476, 509 og 892.

⁴⁰⁵ Dette vart vurdert som prov av domstolane, og blir drøfta nærare i kapittel 7.3.1.

⁴⁰⁶ Prosess nr. 380.

⁴⁰⁷ Johansen 1987: 302, Ibid. 1991: 47f.

⁴⁰⁸ Om utløyssande årsaker, sjå kapittel 5.2.1. og 5.2.2.

⁴⁰⁹ Prosess nr. 385, 413, 418, 418a, 418b, 418c, 440, 461, 468, 472, 504, 505, 508, 509, 510, 511, 624, 673, 674/675, 632a/676, 680, 816, 836 og 850. Sjå elles om prov i kapittel 7.3.1.

⁴¹⁰ Willumsen 1994: 23.

⁴¹¹ Knutsen 1996: 41. I Bergenhus len fekk fem trolldomstiltala godt skussmål av allmugen, tre av desse var utlagde. Prosess nr. 506, 816, 820, 821 og 822. Sjå elles om forsvar i kapittel 7.2. Det var helst i injurienesakene allmugen gav godt skussmål, då til den fornærma parten.

*de altid haffde hørt it ont rögte om hende, huor hun drog frem fra hun war it ing mennische indtill nu, ondr haffde hun loffuet och ondt war effter fuldt...*⁴¹²

I tillegg hadde ein del av dei saksøkte dårleg rykte elles, til dømes Gjertrud Andersdotter som vart saksøkt i Davik i 1658. Det vart påstått at ho "...løb omkring met nogle kietltinger och haffde 3 gange standet skriffit for hoererj".⁴¹³ Eller når tingallmugen sa i 1663 at Nils Rødsetbakk frå Ulstein "*ehr och Altid haffuer verit en Enfoldig tyll*" og skrivaren kommenterer "*Huilket och noch lod sig Ansee,*".⁴¹⁴

4.3.7. NABOAR

Innhaldet i skuldingane frå dei som saksøkte og vitna tyder at desse partane kjende godt til den dei tiltala. Dei handla saman, var naboar, kom opphavleg frå same stad eller anna. Mange av dei private partane hadde elles same gardsnamn, då kom dei truleg frå same område. Dette fortel at det òg var mellom fastbuande trolldomsskuldingar oppstod. Det same gjeld andre stader òg.⁴¹⁵ Alver uttrykkjer seg på denne måten;

*Det tristeste ved trolldomsanklagerne er de nære relationer mellem den, der oplever sig som offer, og den, der udpeges som "bøddel".(...) Hun udpeges blandt de nærmeste i miljøet, blandt dem man deler hus med, fortrappe, gårdsareal, bord, ja seng med.*⁴¹⁶

I prosessen mot Ingeborg Olsdsdotter frå Fjon i 1650 vitna ektemannen hennar mot ho fleire gonger. Han påstod at Ingeborg var årsak til at han følte seg dårleg. Vidare hevda han at han

*altid haffue hafft meget ont med hene, (...) dersom lensmanden iche nu haffde thagen hende da haffde hand selff werit foraarsaget, at giffue hende an, bade for hun sultet hannem och for skenden och banden i huzet, saauelsom for det onde rögte hun war udj, som hand wilde hun schulde legge sig fra,*⁴¹⁷

Ein del av dei saksøkte var, som vi har sett, omstreifarar og innflyttarar. Folk gjekk såleis til sak både mot rotlause og bufaste.

⁴¹² Prosess nr. 385.

⁴¹³ Prosess nr. 440.

⁴¹⁴ Prosess nr. 503.

⁴¹⁵ Johansen 1991: 58, Løyland 1992: 119, Macfarlane 1971, Næss 1982: 308, 314, Willumsen 1994: 25. I tillegg Hauan 1985: 8. Teorien gjaldt her diskusjonen om tilhøvet mellom nordmenn og samar i Finnmark, men den kan òg nyttast i diskusjonen mellom bufaste og omstreifarar.

⁴¹⁶ Alver 1991: 28.

⁴¹⁷ Prosess nr. 385.

4.3.8. UTLEGGING

Sörlin deler initiativet til prosessane inn i tiltale, utlegging, "*självangivelser*", og som fylgje av annan kriminalitet.⁴¹⁸ Materialet inneheld ikkje trolldomsprosessar der nokon angav seg sjølv, eller som kom i gang på grunn av annan kriminalitet. Derimot finn eg ein del saker der den tiltala var skulda for andre brotsverk enn trolldom, men trolldom vart nemnt i saka.⁴¹⁹ Desse sakene er utelate frå analysen. Partane i prosessane som starta med rettsleg tiltale mot ein person, har vorte handsama her. No vil det bli kartlagt *kven som vart utlagt* og seinare saksøkt. Eg finn det naturleg å sjå på kven som utla i kapittel 6. om tilståing, då slike skuldingar kom fram under forhøyr av, og tilståing frå allereie mistenkte, tiltala, og/eller dømde trollfolk.

Willumsen hevdar at utleggingssaker vart førte etter inkvisisjonsprinsippet, då retten trådde i funksjon utan tiltale.⁴²⁰ I slike saker står det i tingboka at "*Fougden eschede udj rette...*". Dette tyder at futen var saksøkjær i utleggingssaker. Ut frå dette tolkar eg at prosessforma også her var akkusatorisk.

Det var ikkje slik at alle som hadde trolldomsrykte vart saksøkte. Ryktet førte heller til at desse folka vart utlagde av andre tiltala eller dømde trollfolk. Av dei tiltala var 27, eller 23%, utlagde. Materialet inneheld heile 40 namngjeve personar som vart utlagde, men som det truleg, ut frå kjeldene, ikkje vart reist sak mot. 20 prosessar vart sett i gang berre på grunn av ei utlegging. I resten av prosessane vart det sett fram slike skuldingar fyrst etter at saka var kome i gang.

Tabell 9. *Kven vart utlagt i Bergenhus len, i absolutte tall og i prosent*

Kjønn	Absolutte tall	I prosent av alle som var utlagde	I prosent av alle tiltala etter kjønn
Kvinner	22	81%	24%
Menn	5	19%	19%
Begge kjønn	27	100%	23%

⁴¹⁸ Sörlin 1993: 84f.

⁴¹⁹ Dette er drøfta i kapittel 3.1.1.

⁴²⁰ Willumsen 1994: 23.

23% av alle tiltala vart altså utlagde i vårt område. I Agder vart over halvparten av dei tiltala kvinnene utlagde.⁴²¹ I Danmark var mellom halvparten og 2/3 av dei saksøkte utlagde av andre.⁴²²

Ei vanleg oppfatning er at utleggingar og kjedeprosessar førte til sterke variasjonar i samansetninga av gruppa som vart utlagt samanlikna med gruppa som vart tiltala.⁴²³ Det gjaldt slik som kjønn, alder og sosial stilling. I Bergenhus len vart kvinner og menn utlagde i omlag same grad i høve til alle saksøkte. Når det gjeld alderssamansetninga, så var heller ikkje den annleis enn for gruppa som vart tiltala.

Når vi ser på dei som vart utlagde si sosiale stilling finn vi derimot interessante trekk. I Bergen var seks stykkje, 50% av dei som vart utlagde, frå embetsfamiliar, medan dei utgjorde 25% av alle tiltala i byen.. Det kan såleis sjå ut som om folk frå høge sosiale lag lett vart utlagde.

4.3.9. OPPSUMMERING

Trolldom var eit kvinnedominert brotsverk. Dei tiltala vart i stor grad saksøkte av futen, som var den lokale representanten for dei verdslege styremaktene. Privatpersonane som reiste sak var for det meste menn, og dei saksøkte hovudsakleg kvinner. Elles var mennene i fleirtal av vitna, og dei vitna mot både kvinner og menn. Kvinnene vitna mot andre kvinner. Mønsteret er dermed at menn både vitna mot og saksøkte, som privatpersonar og som representantar for påtalemakta, kvinner. Førebels ser det såleis ut som om ei av årsakene til prosessane kan ha vore kjønnskonfliktar. Ut frå dette vil eg seinare i oppgåva vere budd på at det kan ha eksistert eit negativt kvinnesyn i prosessperioden som førte til trolldomsprosessane, eller i alle høve til kvinnedominansen blant dei tiltala.

Storparten av dei tiltala var gamle menneske. Vi har ikkje materiale til å stadfesta at konfliktar mellom generasjonane òg var ei årsak til prosessane.

Menneske frå alle sosiale lag vart skulda for trolldom. Likevel var personar frå rotlause og marginale samfunnsgrupper overrepresenterte blant dei tiltala i høve til folkesetnaden elles. Det same gjaldt menneske frå høgare sosiale lag i byen.

Saksøkjar og vitne hadde stort sett høgare sosial stilling enn den dei tiltala. I prosessane som vart førte mot kvinnene frå dei høgaste samfunnsgruppene, hadde dei private saksøkjarane likevel lågare sosial status. Likevel kan prosessane òg vere eit resultat av sosiale spenningar

⁴²¹ Løyland 1992: 118.

⁴²² Birkelund 1983: 52. Det same gjaldt på Vestjylland òg. Tørnsø 1986: 63f.

⁴²³ Mellom anna Midelfort 1972.

og klassekonfliktar, då folk retta skuldingar både mot dei som stod høgare og lågare enn dei sjølve.

Gamle gifte kvinner frå høgt og lågt i samfunnet synest særleg utsette for trolldomsskuldingar. *Andre karakteristika* som sosiale og personlege trekk spelte også inn. Det kunne vere at dei hadde kunnskap om magi og læking, at andre familiemedlemmar hadde vore mistenkte eller tiltala for trolldom, at dei hadde gjort seg skuldige i andre lovbrott og/eller levde eit moralsk usedeleg liv sett med dåtida sine augo, og/eller at dei var "lause fuglar" og tagg. Andre karakteristika kunne vere slik som temperament, trolldomsrykte og fattigdom. Vi kan sjå det slik at menneske som på ein eller annan måte stakk hovudet fram, var meir utsette for trolldomsmistanke enn andre meir anonyme folk.

Det var jamt over fleire menn i høve til alle tiltala enn kvinner som hadde slike negative karakteristika. Såleis kan dette tyde på at det skulle meir til før ein mann vart saksøkt enn ei kvinne. Dette underbyggjer teorien om at konfliktar mellom kjønna var ein utløysande faktor.

4.4. VURDERING

Menneske som vart utsette for trolldomsskuldingar var altså ei relativt samansett gruppe. Det er ikkje noko som tyder på at det gjekk føre seg endringar i samansetjinga over tid. Blant dei tiltala synest det trass alt som om fleirtalet var menneske som på ein eller annan måte skilde seg ut. Då skal vi hugsa på at omlag halvparten, 46%, av alle tiltala både i byen og på landsbygda ikkje kan plasserast sosialt. Difor kan det vere slik at kjeldene fortel om *det spesielle*, og at opplysningane ikkje vart nedskrive tilfeldig. Skrivaren eller andre kan ha funne det naudsynt å seia noko om til dømes den tiltala sin sosiale status berre i dei høve der den var oppsiktsvekkjande, og utelét å skriva ned når vedkommande tilhørde gjennomsnittsborgaren. Ein må difor vere open for at dette ikkje utan vidare avspeglar eit mønster, endå om mange andre forskarar har kome fram til same konklusjon som meg.

Trass i dette har vi sett at kjønn, alder, sivil og sosial status var faktorar som hadde innverknad for kven som vart saksøkt for trolldom. Andre faktorar som kan ha spelt inn, var fattigdom, kjennskap til magi, rykte, annan kriminalitet, personlegdom og anna. Likevel fortel ikkje dette *kvifor* nokre vart mistenkte og saksøkte for trolldom. For å finne ut av det, må vi sjå på kva skuldingane gjekk ut på, og på kva som utløyste dei.

5. INNHALDET I SKULDINGANE FRÅ SAKSØKJARANE OG VITNA

"ved høyeste boger eed och oprachte fingre Profuit"

5.1. KVA TROLLDOMSSKULDINGANE FORTEL OSS

5.1.1. DEFINERING AV BROTSVERKET OG KARTLEGGING AV STRUKTURANE

Trolldom var eit brotsverk der utøvarane vart forfølgde og ilagt straff hovudsakleg ut frå offentleg initiativ. Private aktørar var med og påverka innhaldet og gangen i prosessane, mellom anna ved initiativ til tiltale og ved å forma innhaldet i trolldomsskuldingane.

Vi har sett kor viktig personleg ære og rykte var for menneska i prosessperioden.⁴²⁴ Ein del av dei tiltala var mistenkte for trolldom og hadde trolldomsrykte i lang tid før det vart reist straffesak mot dei.⁴²⁵ For å kunne finne ut kva som førte til overgang frå mistanke og rykte til tiltale, må vi sjå etter den *utløysande* årsak. Det vil seie kva saksøkjar skulda den tiltala for når han starta prosessen, og kva situasjonar og konflikhtar som hadde ført til tiltale.

Tiltalen eller *skuldingane* blir her forstått som både dei prosessutløysande skuldingane frå fut eller privatperson, og skuldingane frå vitna som kom fram etter kvart i prosessen, altså vitneutsegna.

Skuldingane som vart retta mot trollfolka, kan sjåast som ein defineringsprosess av trolldomsbrottsverket. Ulike aktørar deltok altså i denne hendingsgangen. Difor vert trolldomsprosessane ein diskurs der fleire normsystem; folkelege, geistlege og styremaktene sine, opererte samtidig.⁴²⁶ I ei analyse av trolldom, må vi dermed *"forstå strukturene, ikke bare aktørene."*⁴²⁷ Ved å vurdere innhaldet i skuldingane frå saksøkjarane og frå vitna kan vi såleis sjå *strukturane* som låg bak prosessane.

5.1.2. TROLLDOMSOPPFATNINGAR

Innhaldet i tiltalen og i skuldingane kan kasta ljós over saksøkjarane og vitna si oppfatning av trolldom og over kva samtida trudde trollfolka kunne gjere. Forskarar har hevda at tiltalen gjev innsikt i den folkelege trolldomstru.⁴²⁸ I kapittel 4 såg vi at futen var saksøkjar i 60% av prosessane, medan privatpersonar reiste tiltale i 11% av prosessane. Dei mange vitna derimot var stort sett privatpersonar frå allmugen. Elles såg vi i ein del høve at futen

⁴²⁴ Kapittel 3.3.8. og kapittel 4.3.6.

⁴²⁵ Det same finn mellom anna Johansen 1991: 51ff., Knutsen 1996: 58, 114, Næss 1981: 321ff.

⁴²⁶ Jamfør Ellefsen 1998a: 46, 56f, 75, Ibid. 1998b: 2ff., 22, Sandmo 1991: 347f.

⁴²⁷ Kjeldstadli 1986: 105.

⁴²⁸ Mellom anna Birkelund 1983: 74, Knutsen 1996:153, Tørnsø 1986: 23.

saksøkte på vegner av privatpersonar. I mange prosessar er innhaldet i futen si tiltale berre "trolddom" og liknande,⁴²⁹ medan dei konkrete skuldingane kom fram seinare i saka frå vitna. Vanlege folk kom altså til orde i framføringa av skuldingane. Slik sett må vi tru at kritikken som vart retta mot trollfolka likevel kan vere eit bilete av allmugen si troldomsforståing.

Vitne viste ofte til hendingar frå lang tid attende, til dømes i prosessen i 1663 mot Guri Johannesdotter frå Luster der det vart fortalt om noko som skjedde for "*en 30 Aar siden...*".⁴³⁰ Dette kunne kome av, som vi har sett, at mange ikkje torde å gå til sak sjølve. Når nokon annan gjekk til det alvorlege steget det var å saksøkje, torde andre medborgarar å leggja fram sine mistankar og skuldingar i retten, då slike tilleggsskuldingar var meir eller mindre utan rettslege pliktar.⁴³¹ Desse vitneprova gjorde innhaldet i prosessane meir mangfaldig, slik at skuldingane vart innhaldsrike på ulike troldomsfenomen. Vidare gjev vitneutsegna god innsikt i den lokale trolddomstru, då innhaldet måtte vere aksepterte og truverdige innan lokalsamfunnet. I tillegg var skuldingane truleg forma etter kva styremaktene var ville til å godta òg.⁴³²

Saksøkjar og vitne kunne skulda den tiltala *direkte*, slik til dømes Michell Folderöen gjorde i 1650 i prosessen mot Ingeborg Olsdotter Finnås frå Fjon, då "*hand gaff hende fuldkommen skyld det at haffue giort.*"⁴³³ I andre høve derimot, vart det berre ymta om at den tiltala kunne vere skuldig. Ein Josef skulda i 1642 Oluf Svensen frå Davik for å ha brent ned husa hans, men sa vidare at han "*iche wiste, om forne Oluff Suendsen wor aarsagh derudj eller ey: Dogh well haffuer hörtt att hand for troldomb er beröctett*".⁴³⁴ Begge typar skuldingar vert rekna med, sistnemnde type saker av di den som hadde lidt skade insinuerer i retten at vedkommande var skuld i skaden, slik at saka utvikla seg til å bli ein troldomsprosess.

Eg vel å sjå innhaldet i skuldingane frå den som saksøkte og frå vitna fyrst. Deretter ser eg på innhaldet i tilståingane og i utleggingane.⁴³⁵ Ved å skilja analysen i skuldingane som kom fram mot dei tiltala, og i kva dei kanskje tilstod og utla andre for, får eg fram den

⁴²⁹ Sjå nedanfor.

⁴³⁰ Prosess nr. 447.

⁴³¹ Knutsen 1996: 117, 121.

⁴³² Ibid.: 115, 153, Sörlin 1993.

⁴³³ Prosess nr. 385.

⁴³⁴ Prosess nr. 418a.

⁴³⁵ I kapittel 6.

konkrete tiltalen. Samtidig ser vi eventuelle skilnader og likskapar mellom innhaldet i skuldingane og i tilståingane og utleggingane.⁴³⁶

5.2. INNHALD

Innhaldet i skuldingane er uklart i ein del prosessar. I 21 prosessar står det berre at den sikta vart tiltala for slikt som "trolldom", "spögeri", "kvaksalverie" og "misgjerninger".⁴³⁷ Ein mann vart tiltala for berre å ha *lova vondt*.⁴³⁸ Sju trollfolk veit vi ikkje kva dei vart skulda for i det heile.⁴³⁹ Grunnlaget for tiltalen er såleis ukjend i 29 prosessar, eller i 24% av alle trolldomsprosessane. Dei aller fleste av desse er kjende frå rekneskapskjelder, dagbøker eller frå andre trolldomsprosessar. I nokre rekneskapskjelder er det likevel mogeleg å få god kjennskap til innhaldet i tiltalen, då dommen er vedlagt rekneskapet.⁴⁴⁰

Elles kunne utleggingar føre til ein ny trolldomsprosess med futen som saksøklar. Slik sett kunne utlegging fungere som initiativ til tiltale. Likevel vert, som nemnt, innhaldet i utleggingane drøfta under kapittel 6 som omhandlar tilståingane, mellom anna av di at det ikkje vart retta andre skuldingar mot dei som vart utlagde enn skuldingane frå dei mistenkte og/eller dømde som la dei ut.⁴⁴¹ Dessutan kom skuldingane i utleggingssakene fram i samanheng med forhøyr og tilståing.

Tabell 10. *Innhaldet i skuldingane i trolldomsprosessane i Bergenhus len, i absolutte tall og i prosent*

Skuldingane	I absolutte tall	I prosent
Kjend innhald	70	59%
Ukjend innhald	29	24%
Utlagt utan tilleggsskuldingar	20	17%
Samla	119	100%

Innhaldet i skuldingane mot dei tiltala er såleis kjend i 70 prosessar. Skuldingane vert delte inn i grupper etter definisjonen av trolldom; signing, maleficium og diabolisme. Det kunne bli retta fleire ulike trolldomsskuldingar mot ein og same person samtidig. Difor ser vi av

⁴³⁶ Næss skilde ikkje mellom innhaldet i skuldingane og i tilståingane i si analyse av trolldomsprosessane. Dette gjer det vanskeleg å vurdere korleis allmugen definerte trolldomsbrottsverket.

⁴³⁷ Prosess nr. 393, 413, 418c, 440a, 448, 483, 484, 485, 486, 607, 607a, 655, 669b, 677/678, 680a, 680b, 680c, 850, 853, 854 og 888.

⁴³⁸ Prosess nr. 408.

⁴³⁹ Prosess nr. 431, 468, 606, 653, 653a, 656 og 661.

⁴⁴⁰ Prosess nr. 385 og 388.

⁴⁴¹ Prosess nr. 450, 450a, 450b, 450c, 450d, 450e, 507, 509, 510, 661a, 661b, 661c, 669a, 820, 821, 822, 836a, 836b, 851 og 852.

tabell 11 nedanfor at det var fleire skuldingar enn 70, som altså er talet på dei prosessane som vi kjenner innhaldet i trolldomsskuldingane i.

Tabell 11. *Dei eksakte trolldomsskuldingane frå saksøklar og vitne i Bergenhus len fordelte på by og land, i absolutte tall*

Innhaldet i skuldingane	Samla	By	Land
Signing	41	4	37
Maleficium	33	15	18
Diabolisme	5	3	2
Samla	79	22	57

5.2.1. SIGNING

Dei saksøkte vart skulda for signing i 41 prosessar,⁴⁴² det er 35% av alle prosessane og 59% av prosessane der tiltalepunkta er kjende. I heile landet var signing innhaldet i skuldingane i 33% av alle sakene.⁴⁴³ I Danmark òg var signing omlag 1/3 av tiltalepunkta.⁴⁴⁴ Det er tidlegare synt at 9% av dei tiltala i Bergenhus len var såkalla kloke folk. Det var altså ikkje berre kloke folk som vart skulda for signing.

Det ser ut til at skuldingar om signing vart reiste mest på landsbygda, då 46% av alle prosessane på landet inneheldt slike skuldingar, mot berre 11% av alle prosessane i byen.

Fleirtalet av signeprosessane finn vi i tingbøkene, nokre i rekneskapskjeldene. Dei fleste skuldingane om signing vart i fylgje kjeldene førte i tida frå 1640 og fram til 1690. Denne kronologien i signeprosessane og skilnaden mellom by og land *kan* såleis kome av kjeldetilfanget.

Av dei tiltala var det berre kvinner som vart omtala som signefolk i kjeldene. Til dømes står det i tingboka i 1663 at Guri Ellingsdotter frå Luster var ei "*Signe Quinde*".⁴⁴⁵ Trass i dette vart 14 menn saksøkte eller skulda for signing.⁴⁴⁶ Ingen av desse 14 hadde vore omtala som signefolk tidlegare i prosessen. Dette kan tyde at skrivaren meinte at signing var eit kvinnebrottsverk.

⁴⁴² Prosess nr. 373, 386, 388, 402, 414, 418, 423, 425, 428, 428a, 433, 433a, 433b, 433c, 433d, 433e, 433f, 444, 445, 445a, 449, 456, 456a, 458, 459, 461, 466, 467, 473, 476, 481, 490, 503, 504, 506, 508, 657, 674/675, 632a/676, 890 og 892.

⁴⁴³ Næss 1982: 129, 134.

⁴⁴⁴ Birkelund 1983: 75.

⁴⁴⁵ Prosess nr. 445.

⁴⁴⁶ Prosess nr. 379, 386, 388, 418a, 428a, 433a, 433c, 433f, 445a, 449, 456, 490, 503 og 657.

Heile 34% av alle med slik tiltale var altså menn. Dette er ein større del enn det samla prosenttalet på trolldomssaksøkte menn. Desse 14 utgjorde elles litt over halvparten av alle tiltala menn. Mennene vart skulda for alle former for signing.

Innhaldet i skuldingane

Heile 34 prosessar var såkalla "reine" signeprosessar, det vil seie den tiltala var skulda berre for signing, og ikkje for andre trolldomsbrottsverk i tillegg.⁴⁴⁷

22 menneske var skulda for å ha *gjeve husrom til og/eller omgått signefolk*, eller for at dei var *medvitarar* eller *kundar* av slike.⁴⁴⁸ Dette er omlag halvparten av alle sakene der signing var med i tiltaleinnhaldet. Til dømes i eit lensrekneskap frå 1608 frå Bergen ser vi at

*Peder Dragens konne for hun huszede enn quinde nogle wgger som kunde med nogenn signellszer...*⁴⁴⁹

Eller Klaus Melvær frå Luster, som i 1663

*sig belanger som til sin Siugdomb hafer benytt hindez Signing och Ulouglige Mideler, bör effter Recessen at Staa aabenbare schriffet, och Straffes effter sin formue.*⁴⁵⁰

Elles vart åtte kvinner og tre menn saksøkte eller skulda for *læking*, dei hadde "*ladit sig bruge medt spaadom och siuge at hielpe*".⁴⁵¹ Desse utgjer 27% av alle som vart skulda for signing. Dette skil seg frå resten av landet, der gjaldt 75% av alle signeskuldingane læking.⁴⁵²

Alver hevdar at det mest dramatiske med trolldomsprosessane var når menneske vart tiltala og dømde for handlingar der dei hadde freista å hjelpa folk.⁴⁵³ Ingen i Bergenhus len vart saksøkt for å ha mislykkast i å lækje nokon, men det vart ofte nemnd i vitneutsegn at den tiltala hadde mislykkast i å hjelpa. Signeprosessane starta såleis sjeldan med

⁴⁴⁷ Prosess nr. 373, 379, 386, 388, 402, 414, 418, 423, 425, 428, 428a, 433, 433a, 433b, 433c, 433d, 433e, 433f, 444, 445, 445a, 449, 456, 456a, 458, 459, 467, 473, 476, 490, 503, 506, 657 og 890.

⁴⁴⁸ Prosess nr. 373, 379, 386, 388, 414, 425, 428a, 433a, 433b, 433c, 433d, 433e, 433f, 445a, 449, 458, 473, 476, 481, 490, 657 og 890.

⁴⁴⁹ Prosess nr. 373.

⁴⁵⁰ Prosess nr. 445a. Han var kunde av nr. 445.

⁴⁵¹ Prosess nr. 388, 428, 433, 461, 466, 467, 503, 504, 508, 657 og 674/675.

⁴⁵² Næss 1982: 122.

⁴⁵³ Alver 1991:15.

skuldingar frå misnøgde kundar. Næss derimot påstår at trolldomsprosessane ofte hadde opphav i at signefolk mislykkast.⁴⁵⁴

To trollkvinner vart skulda for *gjenvising*.⁴⁵⁵ Gjenvising vil seie å utøve visse ritual med gjenstandar og lesing for å kunne peike ut tjuven eller for å finne tjuvegodset når noko var stole. Dette var rituell gjenstandsmagi. I Bergen vitna Mogens Bentsen Snikkar i saka mot Johanne Jensdotter Flamske i 1592. Han fortalde at

*der war noget bleffuit borte aff sine Snedker Redscaff oc bad hennder giöre epther att hand motte faa dem igienn Och da fick hunn eit sold oc sax oc (...) der hunn leste da gick soldett, oc saxenn rundt omkring...*⁴⁵⁶

Gjenstandsbruk, åtferdsritual og lesing var altså metodar som vart nytta for å nå visse formål. 19 trollfolk vart skulda for slikt.⁴⁵⁷ Eit vitne fortalde i rettssaka mot Anne Høyenes frå Davik i 1642 at Anne hadde freista å gjera dotter hans frisk. Anne

*brugte hun til same legedomb en kande lybsch øll, som hun siöd gras udj, och bagede hinder dermed, mens om hun leeste deroffuer...*⁴⁵⁸

Den same Anne hadde elles i fylgje eit vitne freista å lækje eit sjukt barn. Då

*drogh hun barnett egiennom jorden, och otte dage dereffter döde ded:...*⁴⁵⁹

Anne nytta her ei spesiell metode for å lækje, kalla *jordsmøying*. Ein skulle dra det sjuke barnet under ei jordtorve eller gjennom ei trong opning i eit tre.⁴⁶⁰

Marit Jermundsdotter vitna i 1661 i prosessen mot Guleff Numedal frå Vik. Marit sa at Guleff hadde freista å lækje kalvane hennar ved å bruke

*nogett wendel Rod, græz paa Marchen och bötte dennem met...*⁴⁶¹

Likeins hadde Guleff gjort ein mann frisk ved å ta

*Spöttet aff hendes Mund och strög paa hans Rög, siden leste hun offer hannem.*⁴⁶²

⁴⁵⁴ Næss 1982: 325, Sogner 1982: 175.

⁴⁵⁵ Prosess nr. 425 og 674/675.

⁴⁵⁶ Prosess nr. 674/675.

⁴⁵⁷ Prosess nr. 402, 418, 423, 428, 433, 444, 445, 456, 456a, 459, 466, 467, 503, 504, 506, 508, 606, 674/675, og 632a/676.

⁴⁵⁸ Prosess nr. 418.

⁴⁵⁹ Ibid.

⁴⁶⁰ Alver 1971:175, Lid 1922: 110ff., Molvik 1992:128, note 4.

⁴⁶¹ Prosess nr. 433.

⁴⁶² Ibid.

Eller Nils Rødsetbakk frå Ulstein som i 1663 skulle

*haffuer misbrugt Alter dugen och hiemelig thagen den aff Kierken hiem udj Hans hus Effter som en Kou var Siug for hanom da udj den meening hun der aff schulle bliffue bedre Haffuer hand hengt Same Altardug Paa hinde.*⁴⁶³

Signefolka vart altså skulda for å ha nytta ulike gjenstandar til sine signekunstar. Dei mest vanlege gjenstandane var hår, jord og mold, gras og mose, kol og oske. Forskjellige næringsmidlar vart òg nytta, som salt,⁴⁶⁴ korn, brennevin, kaffi og krydder. Gjenstandane var med andre ord daglegdagse ting som med eitt fekk magisk verknad når dei vart nytta på ein spesiell måte og/eller saman med lesing. Meir spesielle ting som vart påstått nytta, var ein kuhale, jord frå kyrkjegarden, altarduken, døypefonten og trollkjerringsmør.⁴⁶⁵

Slike metodar vart nytta til gode formål som læking, men dei kunne òg nyttast til å gjere skade, altså maleficium. Ni vart tiltala eller skulda for å ha utøvd både signing og maleficium.⁴⁶⁶ Fleire av desse skulle ha nytta signing til å gjere vondt, som gjenstandsbruk til å forgjere folk eller dyr, åtferdsritual for å minke produksjon, eller kjærleiksmagi for å få ein mann til å bli dømd for leiermål.

Leiermålsaka gjaldt ein Oluf Trollebøen frå Davik. Han fortalde i retten i 1642 at i eit bryllaup hadde han og den trolldomstiltala byrja å samanlikna kven sin pengepung som var tyngst. Då skal den tiltala ha sagt

*kan schee din pung schall iche were saa tung inden aar, och dagh her effter, som dend nu er, (...) siden komb Oluff Trolleböen /: diswerre :/ udj leiermaal med en hans hostruess slect, och hans boedzlod derfaare bleff dömt ...*⁴⁶⁷

Signing kunne altså vere utgangspunkt for mistanke om maleficium. Forskarar hevdar at det var mistanken om maleficium som førte til tiltale.⁴⁶⁸ Trass i dette finn vi, som synt, så mange som 33 "reine" signeprossar i Bergenhus len. Dette fortel at mistanke om signing i seg sjølv var nok til å saksøkje signefolka. Difor er det av interesse å sjå *kven* som reiste sak i signeprossane.

Saksøkjjar

⁴⁶³ Prosess nr. 503.

⁴⁶⁴ Å lese i salt var alvorlege saker. I katolsk tid var salt med i dei sakrale handlingane i kyrkja. Molvik 1992: 130, note 14

⁴⁶⁵ Om jord frå kyrkjegarden, sjå Molvik 1992:133, note 34. Om trollkjerringsmør, sjå Molvik 1992: 132, note 26.

⁴⁶⁶ Prosess nr. 385, 418a, 447, 466, 504, 508, 674/675, 632a/676 og 679/680.

⁴⁶⁷ Prosess nr. 418a.

⁴⁶⁸ Næss 1982:129, Tørnsø 1986: 104.

Saksøkjær er ukjend i ni prosessar. Signing var eit brotsverk som hovudsakleg vart forfølgd av det offentlege, då futen var saksøkjær i 25 av dei 32 signeprosessane der vi veit kven initiativtakaren var. Det same finn Knutsen når det gjeld signeprosessane på Austlandet.⁴⁶⁹

I Bergenhus len saksøkte privatpersonar åleine i to signeprosessar, og saman med fut i fire prosessar.⁴⁷⁰ Ved privat og offentlig tiltale meldte privatpersonar frå om at ein person dreiv med signing, medan futen saksøkte. Desse prosessane med privat initiativ til rettsak skil seg ikkje frå dei andre signeprosessane korkje når det gjeld innhald eller på andre måtar. I éin signeprosess var initiativtakaren ein sokneprest.⁴⁷¹

Faktorar som utløyste skuldingane

Utløysande årsaker til prosessane er kva saksøkjær skulda den tiltala for når han starta saka. Det har vorte kartlagt ovanfor. I tillegg vert slike utløysande årsaker forstått som dei situasjonane og konfliktane som oppstod mellom den som skulda og den som fekk skuldingar retta mot seg.

Signeprosessane gjev eit inntrykk av at dei kom i stand som følgje av *faktisk utførte handlingar*, då menneske vitna om konkrete ting dei hadde sett at dei tiltala hadde gjort. Det kunne vere slik som lesing, at dei tiltala hadde nytta ulike, spesifiserte gjenstandar, eller at saksøkjær hadde nytta kloke folk sine tenester. Eit vesentleg spørsmål blir då om vitna talte sant. Det vert hevda at samvitet og trugsmål om evig fortaping var garantien for at eid og vitneutsegn var riktige.⁴⁷² Berre nokre få signeprosessar kom i gang etter initiativ frå misnøgde kundar av signefolk, og få saker inneheldt vitneutsegn frå slike kundar.

5.2.2.1. OPPSUMMERING

Dei fleste signeprosessane finn vi i tingbøkene. Ut i frå kjeldene var prosessane hovudsakleg eit fenomen som fann stad på landsbygda. Omlag 1/3 av dei tiltala mennene vart sikta for dette brotsverket.

Det ser ut til at allmugen vegra seg for å gå til sak mot signefolka, då desse var eit naudsynt og etterspurt gode i eit samfunn utan andre med slik dugleik og røynsle mellom anna om sjukdom.⁴⁷³ Vi kan hevda at det eksisterte ei folkeleg motvilje mot å ta initiativet til å rettsforfølge menneske som berre hadde gjort seg skuldige i signing. Det var då òg hovudsakleg futen som saksøkte folk for dette brotsverket. Trass i dette, kom dei direkte

⁴⁶⁹ Knutsen 1996: 118.

⁴⁷⁰ Privat saksøkjær i prosess nr. 402 og 449, privat og offentlig i prosess nr. 423, 456, 456a og 506.

⁴⁷¹ Prosess nr. 428.

⁴⁷² Sandvik 1987: 241.

⁴⁷³ Jamfør Knutsen 1996: 58, 119.

klagemåla og utsegnene om innhaldet i signemetodane helst frå allmugen. Signeprosessane gjev difor likevel eit bilete av kva allmugen trudde signefolka kunne utrette.

I prosessane der klagemåla var signing, inneheldt ein stor del av sakene skuldingar om berre signing utan at innhaldet vart spesifisert, eller den tiltala skulle ha vore medvetar eller kunde, eller vedkommande skulle ha omgått signefolk på annan måte. I resten av sakene gjekk klagen ut på at den saksøkte hadde nytta ulike signemetodar for å nå forskjellige mål, som læking, gjenvising eller skadegjering. Kjeldene vitnar ikkje om at allmugen meinte signing var eit brotsverk mot Gud, slik det vart påstått i 1584/1593-føresegnene og i 1617-føresegna.

Ut frå lovverket forstår vi at styremaktene såg på signefolka som eit vonde, og at dei ville fenomenet til livs. Likevel tyder ikkje innhaldet i skuldingane frå futen på at dei verdslege styremaktene heller meinte at signing var "*guds hellige navns ords misbrug*".⁴⁷⁴ Dermed kan ein lura på kvifor dei eigentleg gjekk til sak mot signefolka. Ei årsak kan vere den sterke oppmodinga i 1617-føresegna til verdslege og geistlege styremakter om å spore opp og rettsforfølge trollfolk. Knutsen ser styremaktene sin iver etter å saksøkje signefolk som

*et resultat av den protestantiske evangeliseringen og dens forsøk på å bedre allmuens syndsbevissthet ved å fjerne selvransakelsens største konkurrent.*⁴⁷⁵

Difor er det overraskande at prestane ikkje var meir aktive i signeprosessane. Vi har sett at presten var saksøkjar i berre éin slik prosess. Eit alternativ er at futane saksøkte signefolk etter påkrav frå geistlege embetsmenn. Ei anna årsak kan vere at futane fekk delar av inntekta si frå sakefallet, slik at deira iver etter å tiltala menneske for signing kunne vere økonomisk motivert. Dette kan vi ikkje vurdere ut i frå vårt materiale.

5.2.2. MALEFICIUM

Kjeldene fortel om 33 menneske som vart skulda for maleficium.⁴⁷⁶ Det er 28% av alle prosessane, og 47% av alle prosessane der innhaldet i skuldingane er kjende. I omlag halvparten av prosessane vart det reist fleire ulike maleficiumskuldingar mot ein og same person. Skuldingane var elles likt fordelte mellom by og land etter det samla talet på kjende trolldomsprosessar der.

⁴⁷⁴ 1584/1593-føresegna i NRR bd. 3, 1588-1602: 302.

⁴⁷⁵ Knutsen 1996: 119. Kyrkja frykta at konkurransen frå signefolka skulle venda folk bort frå Gud. Ibid.: 80.

⁴⁷⁶ Prosess nr. 376, 376a, 376b, 385, 418a, 418b, 422, 440, 440b, 447, 460, 461, 466, 472, 504, 505, 508, 511, 648, 648a, 648b, 651, 651a, 669, 669c, 673, 674/675, 632a/676, 679/680, 689, 816, 818 og 836.

I Bergenhus len var skuldingar om signing i fleirtal. I heile landet derimot var maleficiumprosessar i fleirtal,⁴⁷⁷ likeins i andre delar av Norden og i England.⁴⁷⁸ Slik var det andre stader i Europa òg, men då fyrst i prosessane.⁴⁷⁹

Dei aller fleste maleficiumprosessane finn vi i tingbøkene, men òg ein del i dagbøkene. Prosessane fordelte seg jamt utover heile prosessperioden.

Fire, eller 12% av dei 33 maleficiumprosessane vart førte mot menn.⁴⁸⁰ Sörlin hevdar at kvinner som vart saksøkte for maleficium vart tillagt fleire skader enn menn.⁴⁸¹ Det stemmer med materialet i Bergenhus len, då mennene vart skulda for berre enkeltskadar, medan kvinnene kunne bli skulda for svært mange skader både på folk og dyr.

Innhaldet i skuldingane

Fleire av dei tiltala var raske til å love vondt og truge sine medmenneske.⁴⁸² Saksøklarar og vitne som la fram skuldingar om maleficium, fortalde at skadane ofte skjedde etter at den tiltala hadde kome med slike trugsmål. Nedanfor ser vi nokre døme på kva dei tiltala skulle ha sagt, og som i ettertid vart teke som prov for at vedkommande var årsak til skader eller ulukker.

*... sagde hun (...) hand springer nu suar let, mens inden faa aar schall hand iche springe saa kaad, som nu giör hand,... Og ...det ieg iche fich det ieg bad om, det schalt de iche bliffue nogen mand aff, mens angere all deris dage,...*⁴⁸³

*...da sagde Dillisses mand, Gud giffue Dieffuellenn bryder halsenn sönder paa Steffen oc hans quinde,...*⁴⁸⁴

*...du schaltt foe en fandens ferd, och alld din ätt, och slect,...*⁴⁸⁵

⁴⁷⁷ Næss 1982: 102.

⁴⁷⁸ Ankarloo 1971: 22, Ibid. 1987: 250. I Sverige fyrst i perioden vart det lagt fram flest skuldingar om maleficium, seinare vart diabolismeprosessar mest vanleg. Birkelund 1983: 75, Hastrup 1987: 331, Heikkinen/Kervinen 1987: 279, Hester 1992, Jensen 1988: 117, Johansen 1982: 416, Ibid. 1987: 294, 304, Macfarlane 1970: 152ff., Thomas 1971: 642. Ved Göta hovrätt i Sverige vart derimot relativt få av trollfolka skulda for maleficium, og talet på signeprosessar auka i andre halvdel av 1600-talet. Sörlin 1993: 104, 150.

⁴⁷⁹ Cohn 1975, Kiechefer 1976, Madar 1987: 233, Muchembled 1978.

⁴⁸⁰ Prosess nr. 418a, 418b, 669 og 836.

⁴⁸¹ Sörlin 1993: 127.

⁴⁸² Birkelund òg hevdar at dei tiltala ofte var hissige og hadde ei skarp tunge. Birkelund 1983: 64f.

⁴⁸³ Prosess nr. 385.

⁴⁸⁴ Prosess nr. 673.

⁴⁸⁵ Prosess nr. 418a.

Forgjering av menneske med sjukdom eller død til fylgje dominerte i maleficiumskuldningane i Bergenhus len. Slik var det òg i enkeltprosessane i Finnmark og i heile landet.⁴⁸⁶ I vårt område vart 28 menneske skulda for forgjering. Forgjering av menneske med *død* til fylgje var den mest alvorlege forma for skadegjering. Likevel vart ikkje fleire enn 11 folk, fem i byen og seks på landet, skulda for dette brotsverket.⁴⁸⁷ To av desse 11 var menn. Kvinnene vart skulda for å ha teke livet av både kvinner og menn. Mennene vart skulda for å ha drepe berre menn. I prosessen mot Anne Overseter frå Sunnmøre vert det i 1614 sagt klart at

*...nu hafuer Anne ofuersetter iche Slagedt gurj hansdotter i hiell med sin haand men med sin troldoms Konst som bemelt.*⁴⁸⁸

Mange dødssjuka menneske mistenkte trollfolk for å ha valda sjukdommen dei leid av. Skuldningar frå folk som låg for døden skulle bli tillagt avgjerande vekt i drapssaker.⁴⁸⁹ Til dømes i 1650 i prosessen mot Ingeborg Olsdotter frå Fjon vart det fortald om ein mann som

*... fisch hand it sting i hans wenster side, huilcket for mellom hans laar och patte, op och nedr lige som en mus, (...) saa bleff hand altid liggendis wed sengen, indtil (...) hand döde, och berette at hand offte midler tid hand laa liuste hans död paa hende,...*⁴⁹⁰

Dersom den sjuke døydde, måtte slekt eller venner reise trolldomssak. Det vegra dei seg gjerne for, då det kvilte eit stort ansvar på den som kom med så alvorlege skuldningar. Tiltale som gjekk ut på forgjering av menneske med døden til fylgje vart difor som regel framsett fyrst etter at ein prosess var kome i gang. Dette ansvaret kan òg forklare kvifor ikkje fleire vart skulda for brotsverket.

Elles vart 24 trollfolk, sju i byen og 17 på landet, skulda for forgjering av menneske med *sjukdom* til fylgje.⁴⁹¹ Her gjeld det same mønsteret som ovanfor; menn forgjorde menn, kvinner forgjorde både kvinner og menn. Eit døme på slik forgjering finn vi i prosessen

⁴⁸⁶ Næss 1982: 102, Willumsen 1993: 15.

⁴⁸⁷ Prosess nr. 385, 418a, 447, 461, 508, 669, 673, 632a/676, 376b, 679/680 og 816.

⁴⁸⁸ Prosess nr. 486.

⁴⁸⁹ C4. 6.15.

⁴⁹⁰ Prosess nr. 385.

⁴⁹¹ Prosess nr. 376, 385, 418a, 418b, 422, 440, 447, 460, 461, 466, 472, 504, 505, 508, 511, 624, 673, 674/675, 632a/676, 679/680, 689, 818, 836 og 851.

mot Agate Myklebust frå Sunnmøre i 1682 der ein mann skulda ho for at kona hans var sjuk. Anne skulle ha sett seg heilt inntil kona og truga ho. Seinare fekk kona vondt

*och som hun kom til sengs Och laa, threj dage da falt der it stort støke blaat Kiød af hindis Side Paa den Siden som denne Aagaatte sad Paa,...*⁴⁹²

I ein annan prosess i 1680 fortalde eit vitne at ei jente vart sjuk etter at den tiltala, Anne Mogensdotter Løseter frå Vanylven, hadde lova ho vondt.

*...strax der Effter som tøsen gick Paa veyen och fïch En sting igienom Røgen effter som der første kom en Rød Sortoch plech paa steden da falt der siden it støke vd saa stor som dene Plech var ind Paa Hindis barre longr som de kunde see lungen,...*⁴⁹³

Sju av ofra skulle ha blitt forgjorte slik at dei hadde vorte galne, eller dei vart besette av ei vond ånd.⁴⁹⁴ Frans Skreddar og Adam Petterson fortalde i 1590 i prosessen mot Anna Absalons Pedersdotter i Bergen at etter ein krangel med ho vart

*forne Frannds Skredder møgit kranck. affsindigh och forbistrett, lige som hanndt haffde verit besatt medt thenndt onde, och kunde talle latin, som hanndt haffde verit ein lærdt personn endog hanndt aldrig haffde gaaet ij skolle, eller lærdt ein bogstaff,...*⁴⁹⁵

I gjennomsnitt blei trollfolk i vårt område skulda meir for at menneske vart sjuke, enn for at menneske døydde. Andre stader kunne det vere omvendt.⁴⁹⁶

På landet vart åtte skulda for *forgjering av dyr* med sjukdom eller døden til fylgje, det gjaldt sju kvinner og ein mann.⁴⁹⁷ Elles vart to kvinner tiltala for å mjølke andre sine kyr i horn, "*huilket jo er trolddom.*"⁴⁹⁸ Ingen vart skulda for forgjering av dyr i Bergen by. I Finnmark spelte slik forgjering ei lita rolle.⁴⁹⁹

Ingeborg Olsdotter frå Fjon vart i 1650 skulda for å ha forgjort mange dyr, og vitna fortalde mellom anna at

...der kom it slag nedr i en löughoug saa bade marchen græz och loug flöy op, med det samme kom koen der till hougén, huor den strax störtte och bleff saa thyck och

⁴⁹² Prosess nr. 511.

⁴⁹³ Prosess nr. 508.

⁴⁹⁴ Dei tiltala i prosess nr. 385, 422, 624, 632a/676, 679/680 og 818 vart skulda for det.

⁴⁹⁵ Prosess nr. 679/680.

⁴⁹⁶ Mellom anna i Danmark. Johansen 1987: 306, Tørnsø 1986: 41f.

⁴⁹⁷ Prosess nr. 385, 440, 440b, 447, 461, 504, 505 og 508.

⁴⁹⁸ Prosess nr. 440b og nr. 476.

⁴⁹⁹ Willumsen 1993: 15.

*stor att suiff folch neppe kunde bære den, wanseet den war bade frisch och feed altid tilforne.*⁵⁰⁰

Vidare fekk ei ku vondt i eit lår slik at ho vart avliva. Då bonden skulle flå kua

*paa det laar hun fick ont i, (...)da kom der it leffuendis ting med fire been udaff thyckeste kiödet, haffde ören som en mus, och hoffuet som en orm,...*⁵⁰¹

Det var forskjellige dyr som saksøkjær og vitne trudde var offer for skadegjeringa; kyr, sauar og geiter, grisar og hestar. Men hovudsakleg var kyrne mest utsette for trolldom. Kyr var dyre å kjøpe og dei var uunnverlege i produksjonen og i hushaldet.

Samla ser vi at det som regel var heilt spesielle sjukdommar trollfolka vart skulda for å valda menneske og dyr. Det var sjukdommar med merkelege symptom, dei kom heilt plutseleg og hadde ein uvanleg hendingsgang. Det siste kjem tydeleg fram i den konsise framstillinga frå eit vitne i prosessen ført mot Guri Johannesdotter frå Luster i 1663;

*Ungefer for en Snez Aar forledenn Gick Guri paa Marchen och schar Kornn hoez Britte Jonzdatter,(...) de kom i Trette med Huer andre, en Otte etter 14 dage dereffter fich hine Undt i sin Store thoe, gick thil Sengz och döde,...*⁵⁰²

Det var altså sjukdommar som vart sett på for å vere "unaturlege" trollfolka vart skulda for. Det uvanlege og det eksepsjonelle vart heldt fram som prov på trolldom.

Innhaldet i tiltalen og i skuldingane frå vitna fortel at menneske var mest utsette for trolldom, dernest store dyr. Til saman utgjer desse skuldingane størstedelen av alle maleficiumskuldingane. Det same gjeld i heile landet.⁵⁰³

Folk trudde at trollfolka kunne påverke naturkreftene, dei kunne mellom anna laga uver, såkalla *værmagi*. Åtte trollfolk vart skulda for værmagi og/eller forgjering av *skip* eller *båtar*, det vil seie forlis.⁵⁰⁴ Forlis kunne føre til tap av liv, eigedom og næringsgrunnlag. Eit vitne hevda i 1658 at Gjertrud Hunskaar frå Davik var årsak til at han heldt på å omkome på sjøen. Han fortalde at når han

⁵⁰⁰ Prosess nr. 385.

⁵⁰¹ Ibid.

⁵⁰² Prosess nr. 447.

⁵⁰³ Næss 1982: 102. Likeins på Jylland. Johansen 1987: 304.

⁵⁰⁴ Prosess nr. 376, 376a, 440 648, 648a, 648b, 669c og 816. I tillegg vart kvinna i prosess nr. 679/680 skulda for å ha planlagt skipsforlis.

*... rodde bete Anderz thill Gullen och paa hanz hiem reize udj stille veer kom en baare och kaste baaden om medt hannem,...*⁵⁰⁵

I Finnmark var værmagi svært vanlege skuldingar i prosessane. Trollfolka skulle ved kollektive aksjonar ha valda skipsforlis og død, eller dei skulle ha skremd fisken frå kysten.⁵⁰⁶ Tiltale som gjekk ut på skipsforlis var naturleg nok eit kystfenomen, slik Næss finn for heile landet og Larner finn i Skottland.⁵⁰⁷ Vårt materiale inneheld såleis overraskande lite skuldingar av denne typen med tanke på at Bergen og Vestlandet var eit kystdistrikt.

To vart skulda for å ha laga *brann*, ei for planlegging av brann.⁵⁰⁸ Dei som kom med desse skuldingane var personar som var komen i uvenskap med den tiltala, og meinte vedkommande av den grunn hadde trolla fram brannen. Eit vitne fortalde i prosessen mot den same Gjertrud som er nemnd ovanfor at

*Jacob Gillehammer haffde huset hender udj thuende dager och der hand icke hender lenger vilde huzere, sagde hon thill dennem som giette, inden faa dage skall Jacob icke haffue mange hize at laane bort, (...) strax der effter brendte bete Jacobiz huze.*⁵⁰⁹

Ein trolldomstiltala mann, Oluf Svensen frå Davik, skulle i 1642 ha krangla og truga ein annan mann, Josef. Og følgjande skjedde

*Och thridie natt effter dette scheede affbrende forbtt Josephs huuss, och gaard, med mistedeelen ald hans eiedeler,...*⁵¹⁰

Ulukker som brann og skipsforlis var altså stort sett personretta. Vi finn ikkje døme på at heile lokalsamfunn vart utsette for skader som fylgje av dette.

Ni trollfolk vart skulda for *tap av lykke* og/eller *produksjonstap*.⁵¹¹ Saksøkjarar og vitne fortel at etter at dei hadde vorte usamde med den tiltala, har dei hatt berre motgang og alt har gått gale for dei. Andre fortel at dei hadde mista jakt- eller fiskelukka. Eller det kunne

⁵⁰⁵ Prosess nr. 440.

⁵⁰⁶ Hagan 1995b: 227, Næss 1982: 102, 114, Willumsen 1994: 168, tabell 8.

⁵⁰⁷ Larner 1981: 10, 82, 155, Næss 1982: 113.

⁵⁰⁸ Prosess nr. 418a, 440, planlagt i prosess nr. 679/680.

⁵⁰⁹ Prosess nr. 440.

⁵¹⁰ Prosess nr. 418a.

⁵¹¹ Prosess nr. 385, 418a, 461, 651, 651a, 673, 674/ 675, 679/680 og 816.

vere at trollfolka skulle ha valda skade på ei jernmølle, ei tjæremile, eit pæretre eller på ølbrygginga.

Ei kvinne vitna om Dillis Rønke frå Bergen i 1594;

*...forne Dillis haffde eingang kommit till hennde oc begierett ein stamp Mask hos hennder, Mennd hunn fick denn ick, gick hunn wred wdaff dörrenn, Och siden daa löckedes aldrig forne Giönetes Mungatz. brögning.*⁵¹²

Eller Ragnhild Labe frå Lærdal som i 1669 kom inn i

*Ildhuzet, der Hans folch brjgedede, Spente Hun paa wand Kagen, och Spoted igienem Spunzet, och H: Knud fick ey den Ringeste draabe Øl effter - 1 ½ thynde Malt,...*⁵¹³

Den same Ragnhild vart skulda av Ole Ivarson for at ho

*har forgiort Hannem at Hand iche kand skjde dyr, som tilforne waar en god dÿre skiötter, menn nar hand nu schal skjde dÿr, sammen kromper Hanz Hender, ...*⁵¹⁴

Jørgen skinder frå Fjon var i 1650 skulda for at han hadde ønska og lova vondt. Han

*ynschet der motte Ich woxe Korn fra Rjefylche indtill Nordland*⁵¹⁵

Ei kvinne og ein mann vart skulda for å ha utøvd *kjærleiksmagi* for å nå sine mål.⁵¹⁶

Ektemannen til Ingeborg Olsdotter frå Fjon fortalde i 1650 i retten at han

*thuende gange effter hand war kommen i leyermaall med hende, förend hand ægtit hende war paa weyen, och wilde werit bort, mens kom huer gang suag hiem igienn, och kunde ingensted komme, och strax hand kom hiem igien fich hand bedre, effter huilcken elyghed hand war fuldkommen i mehning hun haffde giort hannem det paa, och siden effter den sidste gang sende hun Olle Bielckeröen thil hannem, och thruede hannem saa maatte hand ægte hende,...*⁵¹⁷

Ingen av trollfolka i materialet vart skulda for å valde impotens, slik som i Danmark, Belgia og Frankrike.⁵¹⁸

Saksøkjar

⁵¹² Prosess nr. 673.

⁵¹³ Prosess nr. 461.

⁵¹⁴ Prosess nr. 461.

⁵¹⁵ Prosess nr. 386.

⁵¹⁶ Prosess nr. 385 og 418a.

⁵¹⁷ Prosess nr. 385.

⁵¹⁸ Birkelund 1983: 78, Johansen 1987: 305.

I ni prosessar var saksøkjaren ein privatperson, i tre prosessar reiste privatpersonar sak saman med futen.⁵¹⁹ Offentleg tiltale finn vi i ti prosessar.⁵²⁰ I resten av prosessane med maleficiumskuldingar, det vil seie 11 stykke, er saksøkjaren ukjend.

Omlag halvparten av maleficiumprosessane der vi kjenner saksøkjaren kom altså i gang etter privat initiativ, den andre halvparten kom i gang etter tilsynelatande offentlig initiativ. Ved nærare gransking av tiltaleinnhaldet i desse sakene der futen stod som saksøkkjar, ser vi at sju vart tiltala på grunn av trolldomsrykte, "*effter Meenige Almuez fore gifuende och beklagelze*".⁵²¹ Dei fire siste prosessane kom i gang på grunn av opplysningar som kom fram i andre trolldomsprosessar.

Faktorar som utløyste skuldingane

Maleficium var nesten umogeleg å prove, då ulukka ikkje skjedde samtidig med hendinga ein meinte hadde utløyst skaden, og av di det ikkje var vitne til trolldommen. Her vil vi sjå kva situasjonar og konflikhtar mellom saksøkkjar og/eller vitne og den tiltala som førte til at den neste ulukka som ramma den som såg seg som offer for trolldom, vart tillagt den tiltala. Svært ofte var det snakk om personlege stridar med påfølgjande trugsmål. Slike stridar kunne vere krangel om betaling for ulike tenester, krangel om jord, om arv eller at partane på ulike måtar forsvara sin eigen familie. I nokre høve kunne trolldomsskuldingar såleis vere vikarierende motiv for å ramme personar ein var i konflikt med.

Andre situasjonar var ofte at den tiltala ikkje var nøgd med maten, senga, eller husværet ho eller han bad om, dersom vedkommande fekk noko i det heile. Dette tyder at dei som la fram skuldingar i retten ville bryte med personar som hadde vorte ei byrde. Nokre av dei det vart retta tiltale mot, hadde fyrst vorte slått til blods. Samla førte desse konfliktane til tretter og til at det vart lova vondt. Dei som hadde krangla eller hadde vorte truga som følgje av slike situasjonar, ville forvente ein hemnaksjon, slik at kvar ulukke som ramma dei ville bli oppfatta i ljøs av desse forventningane. Vi ser at hendingane ein trudde hadde utløyst trollfolka sin vreide ofte var relativt små, personlege feidar og bagatellar. Likevel vart desse utløysande årsakene oppfatta som trolldom og reell røyndom. Difor kan vi ikkje å sjå skuldingane om trolldom *berre* som vikarierende motiv, men òg som eit resultat av menneska si førestellingsverd.

5.2.2.1. OPPSUMMERING

⁵¹⁹ Berre privat saksøkkjar i prosess nr. 376b, 422, 460, 466, 508, 511, 624, 673 og 818. Både privat og offentlig saksøkkjar i prosess nr. 674/675, 679/680 og 816.

⁵²⁰ Prosess nr. 385, 418a, 418b, 440, 447, 461, 504, 505, 669 og 632a/676.

⁵²¹ I kapittel 4.3.6. har vi synt at 19% av dei tiltala hadde trolldomsrykte.

I underkant av halvparten av dei kjende skuldingane i trolldomsprosessane dreia seg om skadetrolldom. Maleficium var eit brotsverk folk vart skulda for både i byen og på landsbygda. Det var elles færre menn som vart skulda for skadegjering enn som vart skulda for signing. Mennene skulle elles ha gjort seg skuldige i enkeltskadar, i motsetnad til kvinnene; dei vart det ofte retta mange ulike klagemål med maleficiuminnhald mot.

Vi såg at Gjertrud Hundskår til dømes vart skulda for fleire trolldomsbrottsverk. Mellom anna skulle ho ha forgjort fire menneske slik at dei vart sjuke. I tillegg vart det påstått at ho hadde drepe fire kyr og to geiter. Vidare vart det lagt fram påstandar om at ho ved hjelp av vêrmagi hadde fått ein båt til å velte, og ho skulle ha valda brann.

Vi har klårgjort kva skader samtida trudde trollfolka kunne utføre. Ei slik analyse

... av förgörelsens objekt, i det dessa mycket precist upplyser om den föreställningsvärld som människorna levde i. (...) Ett påvisande av sådana skillnader blir därför viktigt vid försöken att bestämma en gemensam europeisk trolldomstro med ett ensartat fundament: förgörelsen i dess olika uppenbarelseformer.⁵²²

Eller med andre ord, vi har sett kva førestellingsverd samtida, helst allmugen, hadde. Innhaldet i trolldomsskuldingane avspeglar også kva verdiar som var viktige i 1600-tallssamfunnet.

Privatpersonar og futen saksøkte menneske for maleficium i omlag like stor grad. Det viser seg at i dei prosessane som kom i gang etter offentleg initiativ, vart dei fleste tiltala saksøkte på grunnlag av at dei hadde trolldomsrykte. Det er elles rimeleg at privatpersonar stod bak desse prosessane, då det var dei som hadde lidd tap, eller hadde vorte utsette for skader. Ein kan difor hevde at maleficiumprosessane var ei folkeleg trolldomsforfølging, og at dei såleis fortel om folkelege trolldomsoppfatningar.

Dei tiltala vart skulda for nesten berre individuelle og spesielt målretta ulukker. Maleficiumprosessar vart reist av di nokon, ofte etter å ha blitt truga, meinte å ha blitt skada på liv, helse, og/eller livsgrunnlag av andre ved hjelp av trolldom. Trolldom var såleis knytt til øydelegging av sentrale verdiar.

Når menneske og økonomisk viktige dyr vart ramma av ulukker, sjukdom eller død, vart det følt urettferdig, sjølv om slike skader var ein del av kvardagen til menneska i prosessperioden. Skuldingane kunne òg innehalda skader som var meir spesielle. Tapa hadde som regel stor innverknad på livet til den som vart ramma. Dei saksøkte vart stort sett skulda for å ha gjort skade på *levande* ting, sjeldnare på "daude" ting, som

⁵²² Johansen 1987: 304.

arbeidsreiskap eller bygningar. Det kan henge saman med at sistnemnde uhell enklare kunne forklarast rasjonelt, og at dei ikkje ramma så direkte. Difor vart ikkje slike skader sett som trulege konsekvensar av trolldom.⁵²³

Klagemåla som vart retta mot folk i byane i høve til klagemåla retta mot folk på landet svara til ein viss grad til skilnader i næringsgrunnlaget. I byen vart dei såleis skulda for mellom anna forgjering av skip, men ikkje av dyr, medan dei på landet vart skulda for nettopp forgjering av dyr.⁵²⁴

Samla sett hadde fleire av dei som vart tiltala for maleficium låg sosial status i høve til kor mange som vart tiltala generelt.⁵²⁵ Folk trudde trolldom kunne ramme føde, inntekt og næring. Faktorar som utløyste situasjonar der det vart lova vondt, noko som vart sett på å vere årsak til seinare ulukker som skuldast trolldom, var ofte tigaravslag. Dette, i tillegg til at mange av saksøklarane truleg hadde høgare sosial stilling enn dei tiltala, gjer at vi kan sjå trolldomsprosessane som eit resultat av sosiale spenningar på grunn av kampen om knappe ressursar.⁵²⁶ Eit døme på kor knapt menneske kunne ha det, og på kor stor skade ein meinte trollfolk kunne valde, finn vi i Oluf Nils Laugøen sitt vitneutsegn. Han fortalde i prosessen mot Gjertrud Hundskår at etter at ho ikkje fekk det ho ville ha når ho var hjå han og tagg, så førte det til at han "*miste sinn eniste koe*".

Kjeldene vitnar om at samtida trudde at maleficium kunne bli utøvd utan hjelp frå djevelen. Ein meinte såleis at maleficium var brotsverk retta mot menneske, ikkje mot Gud. Eg finn berre nokre få døme på klagemål der det vart påstått at den tiltala fekk hjelp av såkalla hjelparar til å utføra skadegjering.

Samla sett kan vi oppsummere kva føresetnader som gjerne var til stade og som kunne føre til skuldingar om maleficium. For det fyrste måtte det hende eit uventa uhell eller ei ulukke. Dernest måtte det vere nokon i nabolaget som ein meinte var trollkvinne/-mann. Til slutt måtte eit menneske føle seg spesielt hardt ramma. Offeret vendte så sin vrede mot ein enkelt person, aggresjonen vart projisert på denne ein meinte var skuld i tapet, på trolldommen.

⁵²³ Jamfør Alver 1991: 17, Alver/Seberg 1992,.

⁵²⁴ Jfr. Cohn 1997: 260.

⁵²⁵ Heile 47% av dei som vart tiltala for maleficium hadde låg sosial status, mot 30% av alle tiltala. Dette *kan* kome av at fleirtalet av maleficiumprosessane er kjende frå tingbøker. Denne kjelda gjev meir informasjon om den tiltala, og difor vert gruppa "*uviss sosial plassering*" blant dei tiltala lågare. Dersom vi ser på dei som hadde høg sosial status, vart fleire av dei tiltala for ulike typar trolldom, enn kor mange som vart saksøkte for maleficium. Såleis må vi tru at det var slik at menneske som var plasserte lågt på den sosial rangstigen blei skulda for maleficium, og ikkje at dette er eit resultat av kva kjeldene fortel oss. Sjå elles teorien om "*det begrensede gode*" i Alver 1992: 163f

⁵²⁶ Jfr. Cohn 1997: 260.

5.2.3. DIABOLISME

Fem vart skulda for diabolisme av vitne i løpet av rettssaka, tre i byen og to på landsbygda.⁵²⁷ Ingen vart i utgangspunktet saksøkt for eit slikt brotsverk, skuldingane kom altså fyrst til etter kvart i prosessen.⁵²⁸ Slik var det på Austlandet òg.⁵²⁹ I Finnmark vart ingen skulda for diabolisme i enkeltprosessane, berre i kjedeprosessane.⁵³⁰ Næss hevdar at diabolisme ikkje spelte noko sentral rolle i dei norske trolldomssakene.⁵³¹

Desse fem trolldomsprosessane var rettssaker førte mot berre kvinner. I Bergenhus len vart diabolisme trekt inn i skuldingane fyrst og sist i prosessperioden; tre på slutten av 1500-talet, desse vart førte i Bergen by.⁵³² Dei to siste prosessane finn vi på landsbygda i 1681.⁵³³

I Finland var skuldingar om diabolisme meir vanleg i byane enn på landet.⁵³⁴ I Bergenhus len var det ingen skilnad mellom by og land når det gjeld frekvensen av diabolismesaker. Når det derimot gjeld tid, var der ein skilnad mellom desse områda, då diabolismeprosessane altså vart førte så tidleg i Bergen by.

Innhaldet i skuldingane

Tre trolldomstiltala vart skulda for å ha såkalla *hjelparar*.⁵³⁵ I prosessen ført i 1681 mot ei Synnøve frå Nøsdal, fortalde eit mannleg vitne at ei natt

*Kom der Nogit til Hans quinde at Hun derofuer Raabte Höit offuer sig och fabled om Kring sig och i det samme Kom der til Hinde som en Hund och beed Hinde udj Kneet Huor af Hun Haffde megen Smerte...*⁵³⁶

Det var visstnok Synnøve som skulle ha fått denne hunden til å bite kvinna. Ei anna kvinne frå same stad vart òg i 1681 skulda for at ho "*Hafde nedgrafuit en trolld Kat i ödebustlien*".⁵³⁷

I vitnemålet frå ei kvinne i prosessen mot Anna Absalons i Bergen i 1590 vart det hevda at Anna ein gong skulle ha fylgje med

⁵²⁷ Prosess nr. 466, 624, 674/675, 679/680 og 892.

⁵²⁸ I og med at ingen vart saksøkt for diabolisme, gjev det liten meining i å sjå kven saksøkjaren var.

⁵²⁹ Knutsen 1996: 74, 119.

⁵³⁰ Willumsen 1994: 167, tabell 6.

⁵³¹ Næss 1982: 134.

⁵³² Prosess nr. 624, 674/675 og 679/680.

⁵³³ Prosess nr. 466 og 892.

⁵³⁴ Heikkinen/Kervinen 1987: 277.

⁵³⁵ Prosess nr. 466, 679/680 og 892.

⁵³⁶ Prosess nr. 466.

⁵³⁷ Prosess nr. 892.

*it lijdet suortkledt hoffuittløs drengh løbbindes auffuitt omkring paa gulffuitt, (...) stodt bag henne som ein andenn suortt kledt drenng...*⁵³⁸

Anna vart i tillegg skulda for å ha delteke på *sabbat* der dei planla *maleficium*. Det var hennar tenestejente, Ellina, som vitna. Ellina sa at Anna har

*brugett hende thrende jullenatter for ein hest och reidett henne paa itt fieldt kalles Laigderhorn (...) thedt wor ein stuor hob forsamlede medt forne Anna Absollonns, paa samme fieldt, huilcke alle sammenn, endrectelige besluttit, huos thennom att the wille gjøre dett saa, att alle skibff ssom thedte aar, achtet att besøge Bergenn, skulle siuncke och omkomme. (...) adt the strax wille lade Bergenn by forbrennde (...) adt the tha strax wille lade flodenn gaa offuer Bergenn bye, saa att byenn skulle for siuncke...*⁵³⁹

I tillegg vart to kvinner skulda for at dei hadde hatt *samkvem med djevelen*.⁵⁴⁰ Ei kvinne fortalde i 1594 at når ho og den tiltala, Johanne Jensdotter Flamske frå Bergen, låg i senga,

*haffuer Jahanne thidt oc Offte begönt at reise oc wilde haffue staadt op aff sengen, oc saugde thill Barrabra der staar hannd kann du icke see hannom, iég will gaa med hannom...*⁵⁴¹

Borgarmeisteren i Skien nekta å gjeve denne Johanne godt skussmål

*for henndis Onde rögte schyld Och saugde att denn som for hennder offuer all store fielde hannd wiste best at giffue hennder Prouff oc schudtzmaall.*⁵⁴²

Marit, kona til ein Jens Jyde i Bergen, vart i 1578 skulda for at ho hadde forgjort ei jente, då jenta fekk "*thend onde annd*" i seg;

*thend onde annd tid och offte hagde talidt egenom same pigis mund,(...) tha skall thend vnde and haffue andvordit och kallit szeg Soldann och att were ditt skickett aff Maritte...*⁵⁴³

Eit anna vitne fortalde vidare at Marit la att ein sekk hjå jenta, og at

*strax skulle hand haffue sziedt thend vnde springe aff seckenn vdj ett meniskis lignelsze och feck fatt paa pigenn, (...) da skabtte hand seg som en sortt silcke klud och foer j hinde.*⁵⁴⁴

⁵³⁸ Prosess nr. 679/680.

⁵³⁹ Ibid.

⁵⁴⁰ Prosess nr. 624 og 674/675.

⁵⁴¹ Prosess nr. 674/675.

⁵⁴² Ibid.

⁵⁴³ Prosess nr. 624.

⁵⁴⁴ Ibid.

Vidare kunne ein prest og ein lagrettemann fortelje at denne ånda hadde sagt at Marit hadde

*hanom løst aff heluide och ther som hand ickj kunde fange flere, tha ville hand haffue hinde och huorledis hun vdsende hanom och hans stalbroder Gram att molcke och att the sidenn schulle spie mielckenn ind att lyuredt j husidt vdj en kni ambor,...*⁵⁴⁵

5.2.3.1. OPPSUMMERING

Ingen vart saksøkt for diabolisme i Bergenhus len. Det vart lagt fram skuldingar om diabolisme frå vitne etter at prosessane var kome i gang. Dei to prosessane som fann stad så seint som i 1681 hørde saman. Desse kvinnene vart skulda for det same brotsverket i den same rettssaka. Dei tre prosessane i Bergen by vart førte tidleg i prosessperioden.

Det var den geistlege og verdslege eliten som drog inn djevelen i trolldomslovgjevinga. Slik sett blir diabolisme rekna for å vere ein del av deira trolldomstru. Det vert hevda at det føregjekk ei kulturoverføring, akkulturasjonsprosessen, frå desse gruppene til allmugen. Vi har sett at i fylgje sentrum-periferi modellen tok det tid før nye idear og tankar spreidde seg. Det som gjer desse diabolismeprosessane interessante, er difor at skuldingane om diabolisme vart framførte med omlag 100 års mellomrom; i byen på slutten av 1500-talet, og på landet i 1681. I Bergen by vart det tidleg i prosessperioden førte mange trolldomsprosessar med anna trolldomsinnhald òg.⁵⁴⁶ Såleis må vi tru at akkulturasjonsprosessen når det gjeld overføring av trolldomstru, føregjekk tidlegare her enn andre stader både på landsbygda i lenet og i landet elles. Byen hadde ein spesiell posisjon, då den var sentrum for verdslege og geistlege oppgåver, og på grunn av den omfattande handelen og dei mange utanlandske kontaktane. Dette sannsynleggjer at nye tankar og idear kom tidleg i byen i høve til andre stader.

Elles kan vi finne ei forklaring på diabolismeinnslaga i dei tidlege prosessane i Bergen ved å sjå på kven desse tre tiltala kvinnene var, og på kven som deltok i prosessane. Marit Andersdotter⁵⁴⁷ var kona til Jens Jyde. Han hadde tidlegare vore fut. Det var ein prest som tok initiativ til prosessen mot Marit. I tillegg var geistlege sterkt involverte, mellom anna med å få fram vitneprov mot den tiltala. Johanne Jensdotter Flamske⁵⁴⁸ hadde tidlegare vore saksøkt for trolldom i Skien, og dermed hadde ho trolldomsrykte. Johanne arbeida med flamskvevnad, og ho hadde jenter i opplæring.⁵⁴⁹ Ei av desse jentene var truleg Anna Absalons sin dotter, Susanna. Anna⁵⁵⁰ var enkje etter magisteren og den tidlegare

⁵⁴⁵ Ibid.

⁵⁴⁶ Sjå kapittel 3.2.1.

⁵⁴⁷ Prosess nr. 674.

⁵⁴⁸ Prosess nr. 674/675.

⁵⁴⁹ Stigum 1955-56: 76f., 79.

⁵⁵⁰ Prosess nr. 679/680.

slottspresten Absalon Pedersen Beyer. Ho òg hadde tidlegare vore tiltala for trolldom, og ut frå det må vi tru at ho hadde rykte for å vere trollkunnig. Det var altså ein eller annan form for kontakt mellom desse to sistnemnde kvinnene. På ein eller annan måte var den verdslege og geistlege eliten involverte i alle tre prosessane. Dette styrkar teorien om at årsaka til diabolismeinnslaget i desse tidlege prosessane kom av at eliten var innblanda.

Når det gjeld dei to prosessane på landsbygda med diabolismeskuldingar, vil vi sjå nærare på innhaldet. Dei vart skulda for å ha kontakt med såkalla hjelparar, ein hund og ein trollkatt. Hunden skulle ha vorte nytta til å utføra skade, maleficium. Kan vi tolka dette som at no hadde allmugen si trolldomstru vorte påverka av eliten og at allmugen dermed kunne retta slike diabolismeskuldingar mot dei tiltala? Eller kan det vere at vi med våre notidige "briller" tolkar vitneutsegna som diabolisme? Ein hund og ein trollkatt treng ikkje tyde på at den tiltala hadde samkvem med djevelen,⁵⁵¹ og kjeldene gjev heller ikkje det inntrykket. Skuldingane kan ha kome inn i prosessen tilfeldig, då det vart retta få skuldingar med slikt innhald mot dei andre tiltala i lenet. Dette er spørsmål materialet ikkje gjev eksakte svar på. Likevel kan vi truleg hevda at diabolisme ikkje inngjekk i den folkelege trolldomstru i prosessperioden, kanskje med unntak av i Bergen.

5.3. VURDERING

Allmugen si trolldomstru, eller kollektive fantasiar

Vi har tidlegare vore inne på at mentalitet er kjensle- og tenkemåte, og grunnleggjande innstilling, haldningar, verdiar og førestellingsverd, som folk orienterer seg ovanfor omverda etter.⁵⁵² Både signe- og maleficiumprosessane fortel om den folkelege mentalitet generelt, og om deira trolldomstru spesielt. Tørnsø definerer den folkelege trolldomsoppfatning som "*de forestillinger, der havde gyldighed for befolkningen og ikke var en del af den nedskrevne og etablerede kulturs forestillinger.*"⁵⁵³ Når desse menneska i fellesskap trudde at noko var sant, deira kollektive fantasiar, så var det sant i sine konsekvensar. Såleis kan vi sjå kva mentalitet som gjorde at folk faktisk saksøkte og vitna mot påståtte trollfolk.

Kva var det så allmugen i samtida med sin kollektive fantasi trudde trollfolka kunne utføre? Allmugen meinte at signing hovudsakleg vart nytta til å oppnå positive mål, medan maleficium var skadetrolldom retta mot liv, helse og livsgrunnlag. Signing og skadegjering kunne bli utøvd utan hjelp frå djevelen. Trass i lovgjevinga som rekna begge desse

⁵⁵¹ Om trollkatt, sjå Alver 1971.

⁵⁵² Kjeldstadli 1992: 81, Sandnes 1990: 109, Simensen 1986: 24. Jamfør kapittel 1.2.

⁵⁵³ Tørnsø 1986: 97.

formene for trolldom for å vere eit religiøst brotsverk, ser vi at korkje allmugen eller verdslege styremakter la vekt på det i skuldingane. Det var dei konkrete handlingane og skadane folk var opptekne av, og ikkje av sjølve magien. Klagemåla vart retta mot enkeltpersonar som saksøklarane meinte hadde handla ut frå motiver som gjaldt offeret. Difor vart det lagt så stor vekt på maleficium i skuldingane. I Bergenhus len spelte signe- og maleficiumprosessar ei tilnærma like stor rolle, og tilhøvet mellom desse klagene var stort sett det same.

Ingen vart saksøkt for diabolisme. I nokre få prosessar vart påstandar om dette brotsverket dregne inn meir eller mindre tilfeldig, eller dei dukka opp i prosessar der verdslege og/eller geistlege embetsmenn var involverte.

Frykt

Det var risikofylt å saksøkje nokon i ei straffesak. At så mange privatpersonar likevel gjorde det, tyder på at dei verkeleg meinte at nokre av deira medmenneske ved hjelp av trolldom var skuld i si ulukke eller sin sjukdom. Vidare fortel det kor alvorleg samtida såg på trolldom og at folk følte seg truga av, og var redde for, dei eventuelle trollfolka. Prosessane vitnar difor om enkeltmenneske og heile samfunn si frykt for å bli utsette for slike brotsverk. Som Sandnes uttrykkjer det; "...kan frykten være noe av et nøkkelbegrep til å forstå datidas mentalitet,..."⁵⁵⁴ Døma nedanfor gjev eit innblikk i samtida sin redsel.

I prosessen i 1650 mot Ingeborg Olsdotter frå Fjon sa tingallmugen at

*de altid thillforne haffde hört hendis onde rögte i bögden, saaledis at ingen thorde weyere hende huis hun bad om, thj ellers war de redde at hun schulle giöre ont paa dennem,...*⁵⁵⁵

Eller det vert fortalt i prosessen i 1663 mot Marit Rasmusdotter Bjordal frå Synulven at

*...Granderne Endnu mögit var befrögtendis for hinde Saa Jngen thorde for thørne hinde heller giöre Hinde imod.*⁵⁵⁶

Mathiesen har peika på at *moralske panikkar* kan forklare kvifor styremaktene sette i verk ulike tiltak i straffepolitikken for å nå sine mål.⁵⁵⁷ Dette skjedde til ein viss grad i prosessperioden, då allmugen hadde ei felles offentleg forståing av trolldom. På førehand

⁵⁵⁴ Sandnes 1990: 112.

⁵⁵⁵ Prosess nr. 385.

⁵⁵⁶ Prosess nr. 504.

⁵⁵⁷ Mathiesen 1994: 11. Sjå elles kapittel 1.2. Lerner òg nyttar omgrepet moralsk panikk når ho freistar å analysere årsakene til at prosessane oppstod. Ho hevdar vidare at styremaktene gjekk til åtak mot det avvikande for å legitimere si eiga makt. Lerner 1981.

hadde det gjerne eksistert ein offentleg beredskap for panikken, slik at når ei særskilt hending fann stad, utløysande årsak, vart denne panikken utløyst gjennom tiltale- og vitneutsegn. Likevel var det ikkje nok at folk trudde på trolldom og ville straffa den dei trudde var trollkunnig. Før ein kan tale om ein moralsk panikk, måtte lovgjevarane og dei dømmende instansane gje lover og dømme trollfolka. Likeins måtte formidlarane av ideologi og religion, dei geistlege styremaktene, vere pådrivarar til forfølginga. Dei verdslege styremaktene la tilhøva til rette for prosessane ved eit utbygd rettssystem og ei ny trolldomslovgjeving, og vidare som påtalarar og dommarar. Meir spesifikt kva haldning styremaktene hadde til trolldom og til trollfolka, ser vi i innhaldet i tilståingane og i domsgrunngevingane.⁵⁵⁸

Dei mange vitneutsegna endra elles innhaldet i prosessane. Saka starta gjerne med òi skulding om òi trolldomsbrottsverk. Etterkvart føregjekk det ein akkumulering av skuldingane, då folkefantasiaen kring trolldom og trollfolka, og fordommar og sladder fekk fritt spelerom. Det vart trekt fram hendingar frå lang tid attende, gjerne frå heile det vaksne livet åt den tiltala. Difor blei det lagt vekt på den tiltala sitt rykte, både ved at futen kunne reise sak på det grunnlaget, og ved skussmål. Vitna kom elles gjerne med lause påstandar som dei anten ikkje torde eller ville skulda den tiltala direkte for. Som Knutsen har peika på, forsterka, underbygde og utvida vitnemåla tiltalegrunnlaget. Dei sannsynleggjorde kvarandre, men dei kunne òg ta merksemda bort frå det utløysande påståtte brottsverket, frå sjølve grunnlaget for tiltalen.⁵⁵⁹

Konfliktar

I kapittel 4 såg vi at den offentlege beredskapen for den eventuelle panikken truleg var eit resultat av mellom anna *kjønnskonfliktar*. Her har vi sett at mennene vart skulda for færre og mindre alvorlege trolldomsbrottsverk enn kvinnene. Kvinner skulle vidare ha forgjort både kvinner og menn, menn skulle ha forgjort berre andre menn.

Det vart altså retta flest klagemål mot kvinner. Folk trudde at kvinner hadde fleire trolldomsevner, og at dei såleis var ein større fare for sine medmenneske og mot samfunnet enn menn. Alt i alt tyder dette på at kjønnskonfliktar var ein sosial og mental årsak som kunne utløyse dei mange trolldomsprosessane som vart førte mot kvinner, og som gjev svar på kvinnedominansen blant dei saksøkte.

⁵⁵⁸ Sjå kapittel 6.3. og kapittel 7.3.

⁵⁵⁹ Knutsen 1996: 154.

Innhaldet i skuldingane mot trollfolka har ikkje avdekt *generasjonskonfliktar*. Konfliktar mellom ulike sosiale lag, *klassekonfliktar*, kan derimot ha vore med på å setja forfølginga i gang. Skuldingane i maleficiumprosessane avdekkjer ein kamp om livsgrunnlag og om ressursane, og mange av dei tiltala hadde vorte avviste i deira forsøk på å skaffa seg naturalia ved hjelp av tigging eller læking. Slik sett var nok prosessane utløyste òg som resultat av konfliktar mellom dei som eigde og dei som ingenting hadde, eller mellom dei som bar ovund mot folk frå høgare sosiale lag. Elles kunne andre motiv spele ei rolle òg, slik som personlege eller politiske konfliktar.⁵⁶⁰

⁵⁶⁰ Sjø note 41 i kapittel 2 om Biletstriden i Bergen, prosess nr. 669a og 680. Personlege konfliktar, sjå utløysande årsaker i kapittel 5.2.2.

6. INNHALDET I TILSTÅINGANE

"...for gud hafr opuagt hindis hierte till sandhedtz bechiendelze..."

6.1. INNLEIING

Det var hovudsakleg allmugen som la fram trolldomsskuldingane i retten. Skuldingane inneheldt for det meste påstandar om maleficium og signing, og nesten aldri diabolisme. Forskarar hevdar at ein såleis kan skilje mellom to ulike nivå i trolldomsforfølgingane. Den innleiande fasa i prosessane gav uttrykk for ei folkeleg trolldomsoppfatning. Seinare i prosessane derimot, kom dei lærde si trolldomstru fram i tilståingane, då verdslege og geistlege embetsmenn forhøyrdte dei mistenkte. Dermed vart det demonologiske aspekt drege inn i tilståingane.⁵⁶¹ Ut i frå denne teorien vil vi her sjå kva trolldomsbrottsverk dei mistenkte tilstod i Bergenhus len, og på kva som kan ha påverka tilståingane deira.

6.1.1. LOVENE

Tilståing

Vurdering av prov bygde på *"den legale bevisteorien"*, det vil seie at prova vart graderte. I dansk/norsk rettsvesen var tilståing det fremste prov og det sentrale punkt i rettargongen, tilståing vart såleis kalla *"bevismidlenes dronning"*.⁵⁶² I Christian 4.'s norske lovbok frå 1604 heiter det at *"Efter egen mands bekiendelse, oc lowlig vidnisbyrd skulle alle sager dømmis"*.⁵⁶³ Tilståing framført utanfor rettssalen kunne ikkje leggjast fram som prov etter 1687.⁵⁶⁴

Det var altså om å gjere å få den saksøkte til å tilstå. I trolldomsprosessane var det gjerne vanskeleg å oppnå frivillige tilståingar. Difor kunne det bli nytta tortur i desse sakene.

Tortur

Tortur er bruk av fysisk og psykisk makt der målet er å framtvinge ei tilståing.⁵⁶⁵ Denne metoden var ikkje nemnd i landskaps- og landslovgjevinga i Norden.⁵⁶⁶ Fyrst i Christian II

⁵⁶¹ Mellom anna Alver 1971: 67, Cohn 1972, Kiechefer 1976, Muchembled 1985.

⁵⁶² Anners 1990: 203.

⁵⁶³ Kapittel 4 i Tingfarebolken. Sjå elles C 4. kapittel 4.

⁵⁶⁴ NL 1.15.2.

⁵⁶⁵ Erichsen 1993: 52.

⁵⁶⁶ Ibid., Hagerup 1892: 53, Næss 1982: 206.

si Geistlege Lov frå 1521-22 finn vi ei lov om tortur.⁵⁶⁷ Då vart såkalla pinleg forhøyr tillate i trolldomsprosessar, og haldninga til trolldom som eit unnataksbrotsverk, eit "*crimen exceptum*", vart stadfesta.

Det viste seg at fylgjene av denne praksisen var at uskuldige menneske vart avretta. Difor ville styremaktene etter kvart redusere bruken av tortur.⁵⁶⁸ I Den Københavnske Recess av 1547 og i Den Koldingske Recess av 1558 vart bruken av pinleg forhøyr innskrenka.⁵⁶⁹ Nå kunne ikkje tortur nyttast mot den tiltala under prosessen, men berre mot dødsdømde forbrytarar og ved dei grovaste majestetsbrotsverk. Desse recessane var eineståande i Nord- og Mellom-Europa, då prosessane andre stader ikkje hadde ei liknande bremse.⁵⁷⁰ Innhaldet i recessane vart seinare teke inn i Danske Lov av 1683 og i Norske Lov av 1687. Tortur var altså tillate i prosessperioden, men vilkåra var relativt strenge.

Utlekking

Føresegner om utlegging finn vi i Den Koldingske Recess av 1558. Det vart slått fast at

*..udædiske Mennesker ikke skal staa til Troende enten udi Vidnesbyrd eller udi andre Maader i hvad de ville sige eller vidne paa nogen.*⁵⁷¹

"*Udædiske Mennesker*" var mellom anna trollfolk. Innhaldet vart seinare teke inn i Norske Lov av 1687. Dersom ei trollkvinne utla ein person, og det ikkje var reist andre tiltalepunkt mot denne personen, så var ikkje utlegginga nok til at det kunne reisast sak. Det skulle altså ikkje leggjast vekt på tilståingar og vitneutsegn frå trollfolk. Vi skal seinare sjå om dette vart teke til følgje.

6.2. FORHØYRSSITUASJONEN

6.2.1. KVEN DELTOK I FORHØYRA

6.2.1.1. FUTEN

I mange prosessar får vi ikkje vite kven som deltok i forhøyra av dei som var mistenkte, tiltala eller dømde for trolldom. Når kjeldene gjev opplysningar om det, ser vi at futen som regel deltok, slik som i prosessane mot Gjertrud Hundskår og Oluf Gausdal. Av og til kunne andre personar frå styremaktene delta, som lensherren, slottsherren eller geistlege

⁵⁶⁷ "*..maa foghen ladhee pynæ...*". Dette gjaldt den som var i rykte for tjuveri, men lovteksta vert tolka slik at den òg gjaldt folk med trolldomsrykte. Jacobsen 1966: 141.

⁵⁶⁸ Hagerup 1892: 53.

⁵⁶⁹ "*Ingen skal pinlig forhøres, uden at han tilforn er lovlig forvunden til Døde for nogen Ugerning*". Jacobsen 1966: 169.

⁵⁷⁰ Ibid., Tørnsø 1986: 63.

⁵⁷¹ Jacobsen 1966: 168.

embetsmenn. Elles står det gjerne at "*andre godtfolck*" òg var tilstade. Dei sistnemnde si tilknytning til prosessen kunne vere uklar.⁵⁷² Forhøyrå føregjekk som regel i fengselet, på fute garden, på prestegarden eller i rettssalen.

6.2.1.2. PRESTEN

Presten var den embetsmannen som allmugen hadde mest kontakt med, då han hadde det daglege oppsyn med tru og moral i lokalsamfunnet.⁵⁷³ Såleis er det rimeleg at det hovudsakleg var han av dei geistlege embetsmennene som deltok i prosessane. Presten hadde hand om sjelesorg og sakramentet, han skulle vidare vitja forbrytarar i fengselet og overtala dei til å tilstå. Elles skulle presten vere til stade ved avrettingar.⁵⁷⁴ Såleis hadde han ulike roller i prosessane og forskjellige funksjonar i høve til dei trolldoms mistenkte. Nedanfor vil desse embetsmennene si rolle i forhøyrssituasjonen bli drøfta. Dernest finn eg det naturleg å kartleggje deira funksjon elles i høve til trollfolka.

I Bergenhus len fortel kjeldene at geistlege, det vil hovudsakleg seie prestar, var aktive i 28 prosessar på ein eller annan måte.⁵⁷⁵ Dette er 24% av alle trolldomsprosessane. Truleg deltok prestane i enda fleire, av di dei hadde mange oppgåver i tilknytning til straffesaker. Desse prosessane var jamt fordelte i heile prosessperioden. På Austlandet fann Knutsen geistleg deltaking i omlag 10% av trolldomsprosessane.⁵⁷⁶ I Finnmark gjaldt dette 8% av prosessane.⁵⁷⁷ Trass i at trolldomsprosessane var eit brotsverk som ikkje hørde inn under geistleg jurisdiksjon, så var altså dei geistlege embetsmennene involverte.

Geistlege si rolle i forhøyr av dei tiltala

Prestar eller andre geistlege personar deltok altså under forhøyr, særleg i kjedeprosessane. Kjeldene fortel om slik medverknad i 12 prosessar.⁵⁷⁸ Det gjaldt både før, under og etter retts sak og dom. Den tiltala tilstod i 10 av desse 12 prosessane.

Prestar hadde funksjon som åndeleg rettleiar for dei som sat i fengsel, og dei forhøyrde gjerne den mistenkte aleine òg, anten i fengselet eller på prestegarden. Prestane var nok vurderte som truverdige vitne dersom den mistenkte, tiltala og/eller dømde tilstod til dei. I

⁵⁷² Tørnsø hevdar at desse var medvetarar, saksøklarar eller personar som den eventuelle tilståinga kunne gjelde. Dette gjaldt i Danmark. Tørnsø 1986: 22.

⁵⁷³ Døssland 1990: 78, Myking 1990: 211, Næss 1982: 295.

⁵⁷⁴ Ankarloo 1971: 314-323, Næss 1982: 295.

⁵⁷⁵ Prosess nr. 376, 376a, 376b, 418, 418a, 428, 440, 450, 450a, 461, 468, 472, 504, 508, 509, 510, 624, 669, 669a, 673, 632a/676, 679/680, 818, 850, 851, 852, 853 og 854.

⁵⁷⁶ Knutsen 1996: 130.

⁵⁷⁷ Willumsen 1994: 62.

⁵⁷⁸ Prosess nr. 376, 376a, 450, 468, 472, 508, 509, 624, 669, 850, 851 og 852.

fylgje Næss var det prestane sin funksjon som sjelesyrgjar som gav dei det formelle høvet til å spele ei slik aktiv rolle. Og vidare, "*Ved å forhøre trollfolk utenfor rettslokalene og ofte før dom var avsagt, tøyet prestene denne funksjonen langt utover det lovlige*".⁵⁷⁹

I fleire saker ser vi elles at presten i retten rår den tiltala til å tilstå. Anne Mogensdotter Løset frå Vanylven vart i 1680 oppmoda av presten til å tilstå.

*hindes Sielle Sørgr hederlig och vellerdt mand her Axell olufsen guds ord til Vandæbbelen och Søfder Sogner for manit och til raad at hun schulle for hindis Siell Salighed och Jasu død schyld bekiende hindis Sandhed her udj saa sant hun vilde Nyde naade af gud.*⁵⁸⁰

I prosessen mot Ragnhild Myklebust som vart ført i 1664 i Gjemmestad,⁵⁸¹ er vi vidare vitne til ein kamp mellom det gode representert ved presten, og det vonde representert ved ein hjelpar. Ragnhild klaga over at ho ikkje vart kvitt hjelparen, som var ein liten svart hund. Hjelparen kraup innunder kleda hennar og var hjå henne heile tida, også etter at ho vart sett i varetektsfengsel. Ho bad til Gud om å bli kvitt denne innpåslitne hjelparen slik at ho kunne tilstå til presten. Presten hjelpte då Ragnhild til å bli fri. Hjelparen

*siden holt sig till hender, oc krøb wnder hendis kleder, saa well som siden hon bleff fengslett, kunde icke for hannom quitt, saa at hon kunde komme till sanhedz bekiendelse, huilcket oc bleff effetrkommet wdj hendis sogne prest biudelse, oc saa nu wiste hand fraa mig,...*⁵⁸²

Geistlege si rolle ved tortur av dei tiltala

Prestane var òg til stade under tortur. Kjeldene fortel om dette i fem prosessar.⁵⁸³ Truleg gjaldt dette i fleire prosessar, då presten deltok i forhøyr der den tiltala hadde vorte torturert, men vi veit ikkje når torturen gjekk føre seg. I fire av desse fem prosessane tilstod den mistenkte. Som vi har sett var Geistleg Lov frå 1521-22 den fyrste lova som handla om tortur i trolldomssaker. Lova slo fast at pinleg forhøyr var lovleg i slike saker. Dette, og prestane si deltaking, syner at tortur var godteke som forhøyrsmetode både av verdslege og geistlege styremakter.

I prosessen mot Birgitte Hansdotter i 1632 i Bergen ser vi at geistlege styremakter meinte tortur var ei metode som skulle takast i bruk.⁵⁸⁴ Ho var gift med byfut Lauritz Markvardsen. Birgitte var utlagt av to torturerte kvinner. Markvardsen vil prove at

⁵⁷⁹ Næss 1982: 295.

⁵⁸⁰ Prosess nr. 508.

⁵⁸¹ Prosess nr. 450a.

⁵⁸² Prosess nr. 450a.

⁵⁸³ Prosess nr. 376, 376a, 450, 624 og 850.

⁵⁸⁴ Prosess nr. 376b.

forhøyra "U-Tilbörlig och i U-Sædvanlig Maner, at Være skiedt." Tre prestar, ein skulemeister og ein kyrkjetenar, vitna om at torturen hadde gått riktig for seg:

*...naar hand paa Sitt Embedtz Vegne Vaar didt Fordret, der at Vere Offuer Værende Och Att Raade dennem thill Sandheds Bekiendelsze iche er Anderledis skeet, end Lige Veedt Den Maade, Som Mand pleyer miszDedere gemeenligen At forhöre.*⁵⁸⁵

Presten samarbeida altså med futen i forhøyret av dei trolldomstiltala. Tilståingar vart gjerne til som eit resultat av dette samarbeidet. Dei verdslege og dei geistlege styremakter, som tilhørde den meir velutdanna og ressurssterke delen av folket, øvde såleis eit felles press på den tiltala for å oppnå ei tilståing. Den saksøkte tilhørde derimot ofte, som før vist, dei lågaste sosiale gruppene i folkesetnaden.

Geistlege si rolle elles i prosessane

I tre prosessar gav presten den tiltala dårleg *skussmål*.⁵⁸⁶ Vi har sett at dette gjaldt mellom anna i prosessen mot Gjertrud Hundskår. I tre andre høve finn eg at prest eller klukkar nekta, eller truga med å nekte, den trolldomsmistenkte *sakramentet*.⁵⁸⁷ Prestane kunne også vere *til stades på rettarstaden*, det er dokumentert i fire prosessar.⁵⁸⁸ Kjeldene fortel ikkje kva dei gjorde der. Tørnsø hevdar at i Danmark var det vanleg at dei dødsdømde ein siste gong vart spurt om dei stod ved si tilståing og eventuelle utlegging.⁵⁸⁹ Det vart lagt stor vekt på den som skulle dø sitt siste ord, då vedkommande stod for sin evige dommar og dermed ville seie sanninga. Presten var til stade for å gjere den dødsdømde merksam på dette, og som Gud sin representant på jorda, ta i mot den eventuelle tilståinga.

Geistlege kunne i sjeldne høve vere *saksøklarar*.⁵⁹⁰ I sju prosessar *vitna* geistlege mot den trolldomstiltala.⁵⁹¹ Innhaldet i skuldingane frå desse geistlege var det same som skuldingane frå allmugen. Dei vitna og saksøkte altså på same vis som deira soknebarn, og dei tok dermed del i forfylgjingane når dei meinte forgjeringa hadde ramma seg eller sin familie. Såleis var deira haldning reelt i strid med den teologiske trolldomstru, som la hovudvekta på forbindinga med djevelen, og med 1617-føresegna som rekna trolldom for eit religiøst brotsverk. Ei årsak til dette kan vere at i slike saker opererte dei geistlege ikkje

⁵⁸⁵ Prosess nr. 376b.

⁵⁸⁶ Prosess nr. 440, 468 og 505.

⁵⁸⁷ Prosess nr. 818, 853 og 854.

⁵⁸⁸ Prosess nr. 508, 509, 510 og 679/680.

⁵⁸⁹ Tørnsø 1986: 53.

⁵⁹⁰ Prosess nr. 428 og 853. I den siste prosessen saksøkte presten saman med futen.

⁵⁹¹ Prosess nr. 418, 440, 461, 504, 508, 669 og 673.

på vegner av embetet, men som privatpersonar. Dei ikledde seg altså forskjellige roller frå sak til sak.

I nokre få høve *forsvarar* geistlege den tiltala.⁵⁹² Ved avrettinga av Anna Pedersdotter i Bergen i 1590 påstod to prestar at ho var uskuldig, og "*med mange og adskillige utilbörlig og ubekvent Ord og Tale, de ved samme hendes Rettersted brugt og havt haver,...*".⁵⁹³ Stort sett var likevel dei geistlege styremaktene på trolldomsforføljarane si side.

6.2.2. FENGSEL

haffuer her till dags weritt gamell seduanne, att naar nogenn bliffuer sichtett for trolldomsgierninger, da haffuer dj strax fenngzelligenn bleffuit ahnholdenn, jndtill sagenn bleff randsagett,...

Til saman fortel kjeldene at 57 trolldomsmistenkete sat i varetektsfengsel. Dette er nær halvparten, eller 49%, av alle trolldomstiltala. Med tanke på at på Austlandet sat berre 16% i varetekt,⁵⁹⁴ er dette ein stor del av dei mistenkete. I Bergenhus len vart varetekt nytta jamt over i heile prosessperioden. Dei mistenkete sat fengsla i omlag like stor grad i byen og på landet. Elles vart varetekt nytta like mykje både i enkeltprosessar og i kjedeprosessar.

I høve til kjønnsfordelinga på dei tiltala, ser vi at kvinner og menn sat nesten like ofte i varetekt. Halvparten av dei fengsla kan ikkje plasserast etter sosial stilling. Fleirtalet av dei eg kjenner den sosiale stillinga til, hadde låg sosial status. Ei årsak til dette, kan vere at desse gruppene ikkje kunne stille borgen.⁵⁹⁵

Heile 58% av dei som sat i varetekt tilstod trolldom. Til samanlikning tilstod 38% av alle som vart tiltala. Dette fortel at det å sitje i varetekt auka sjansen for at den tiltala tilstod. Åtte tilstod ikkje, dei 16 resterande veit eg ikkje om tilstod eller ikkje.

Tilhøva i fengsla

Som regel går det ikkje fram av kjelda kvar den mistenkete/saksøkte sat i varetekt. Der det er opplyst, ser vi at slottet, "*rådstuen*", og Bergenhus festning vart nytta som fengsel i

⁵⁹² Prosess nr. 669a og 679/680. I den fyrste prosessen var den geistlege embetsmannen gift med den tiltala.

⁵⁹³ Prosess nr. 679/680.

⁵⁹⁴ Knutsen 1996: 42, 109.

⁵⁹⁵ Kausjon i straffesaker. NHL 1974: 46.

byen. På landet sat dei mistenkte i varetekt i futegarden eller hjå lensmannen.⁵⁹⁶ Gjertrud Hundskår sat i varetekt i futegarden i 23 veker. I Danmark kunne den tiltala òg sitje i varetektsfengsel hjå saksøkjaren, han hadde då ansvaret for den tiltala.⁵⁹⁷ Eg finn ikkje noko tilfelle av denne praksisen i mine kjelder.

Lengda på opphaldet i fengselet før frikjenning eller eksekvering kunne variere frå sju dagar til over to år. Oluf Gausdal sat varetektsfengsla på Bergenhus festning i omlag to år. Andre kunne sitje i varetekt i over eit år. Slike saker dreg opp gjennomsnittstida for fengselsopphaldet, som var på 22 veker. Til samanlikning sat dei trolldomsmistenkte på Austlandet i varetekt gjennomsnittleg i 11 veker.⁵⁹⁸

Kjeldene fortel lite om korleis dei saksøkte vart handsama i fengselet. Det vart kan hende nytta fysisk tortur, men òg psykisk tortur som isolasjon, uformelle forhøyr med trugsmål, og konstante og leiande spørsmål. Eit døme på korleis tilhøva var, finn vi i prosessen mot Marit Rasmusdotter Bjørdal. Ho sat i varetekt hjå bygdelenmannen i 1663. Ho fortalde om

*haand Kloffueren hun haffde Paa henderne, tij hun offte maatte snou och vende
denom Aff och thill efftersom de gnaffuit hinde huden aff henderne., ...*⁵⁹⁹

Dette vitnar om at dei varetektsfengsla vart handsama hardt, sjølv om det truleg ikkje vart sett slik etter samtida sin standard for korleis forbrytarar skulle handterast. Å bli sett i varetekt på grunn av mistanke om trolldom, førte gjerne til at vedkommande vart stigmatisert. Dei dårlege tilhøva i fengsla og plagene dei mistenkte vart utsette for, kunne føre til dødsfall før eller etter rettargang eller dom. Dette er dokumentert i to prosessar.⁶⁰⁰ Nokre tok eller freista å ta sjølv-mord medan dei sat i varetekt.⁶⁰¹ Til dømes ei frille i Bergen i 1566;

*Drab sig en trolkone vnder raadhusit i fengselit, oc kyrkede hun sig sielff,...*⁶⁰²

6.2.3. FYSISK TORTUR

⁵⁹⁶ Lensmennene i landet fekk elles brev frå Kongen i 1633 angående varetekt:

"Vi bede eder og ville, at, naar nogen Misdæder udi eders Len paagribes paa de Steder, som ikke saa nær eders egen Residents ere, at han did føres kan, I da tilholder fogden, udj hvis Fogderi det skeer, at han Misdæderen hos sig paa sin Gaard lader fængsle og anholde." NRR bd. 6, 1628-34: 516.

⁵⁹⁷ Johansen 1987: 295.

⁵⁹⁸ Knutsen 1996: 109.

⁵⁹⁹ Prosess nr 504.

⁶⁰⁰ Prosess nr. 507 og 680a.

⁶⁰¹ Kvinnene i prosess nr. 606 og 689 tok sjølv-mord, og kvinna i prosess nr. 505 freista å ta livet sitt.

⁶⁰² Prosess nr. 606.

I Bergenhus len vitnar kjeldene om 10 prosessar der tortur vart nytta.⁶⁰³ I tillegg finn vi prosessar der den tiltala tilstår, trekkjer attende tilståinga og tilstår igjen. Dei tiltala i desse prosessane hadde *truleg* vorte torturerte. Det same gjeld saker der det står at den dømde tilstod meir og utla medskuldige etter dødsdom, og saker der den tiltala døyde i fengselet. I den vidare analysen vil eg likevel konsentrere meg om dei 10 prosessane der eg sikkert veit at dei tiltala hadde vorte torturerte.

Desse 10 torturerte utgjer 8% av alle trolldomsprosessane og 23% av dei som tilstod. Dette samsvarar med funn frå andre område òg. I heile landet vart tortur nytta i nesten 5% av alle sakene,⁶⁰⁴ medan dette gjaldt 8% av dei tiltala på Austlandet.⁶⁰⁵

Tortur vart teke meir og meir i bruk i trolldomssaker og andre kriminalsaker frå 1550 og framover.⁶⁰⁶ Det er for få prosessar i Bergenhus len der tortur vart nytta til at eg kan sjå noko tyngdepunkt i tid. Det ser ut til at bruken av tortur var spreitt jamt over heile prosessperioden. Til samanlikning fann Sörlin at flest vart torturerte etter midten av 1600-talet i Göta hovrätt.⁶⁰⁷

Folk vart torturerte både i byen og på landet. Tortur vart nytta i like stor grad i enkeltprosessane som i kjedeprosessane. I Finnmark vart tortur nytta mest i kjedeprosessane.⁶⁰⁸

Alle som vart torturerte i Bergenhus len var kvinner. Fleirtalet av desse kvinnene hadde låg sosial status, og/eller dei hadde trolldomsrykte. Vi har sett at prestar var aktive i fem av desse 10 prosessane. Det er mogeleg at dette avspeglar den geistlege mentalitet kring kven som var trollfolk.

Åtte av dei 10 kvinnene som vart torturerte tilstod, men vi kjenner innhaldet i tilståingane som kom fram etter tortur i berre tre av prosessane.⁶⁰⁹ I to tilfelle ser vi at dei greidde å stå i mot og nekta å tilstå. Den eine var Ingeborg Olsdotter frå Fjon.⁶¹⁰ I rekneskapa ser vi at ho vart "*reffzitt*", og at "*mester manden aff Bergen (...) pinte hender threj gange*" utan at ho tilstod. Men tortur førte altså som regel til tilståing.

⁶⁰³ Prosess nr. 376, 376a, 385, 450, 624, 653a, 661, 674/675, 632a/676 og 850.

⁶⁰⁴ Næss 1982: 208, 211, tabell 17.

⁶⁰⁵ Knutsen 1996: 94.

⁶⁰⁶ Ankarloo 1971: 25, 72, Jacobsen 1966: 169.

⁶⁰⁷ Sörlin 1993: 53f.

⁶⁰⁸ Willumsen 1994: 48.

⁶⁰⁹ Prosess nr. 376a, 450 og 850. Desse kvinnene tilstod maleficium eller diabolisme. Sjå elles tabell 16.

⁶¹⁰ Prosess nr. 385.

Næss hevdar at futen ikkje alltid følgde lova, då han gjorde bruk av tortur *før* dom. I heile Noreg let futen 10 trolldomsmistenkte bli torturerte *før* dom.⁶¹¹ På Austlandet skjedde dette i berre éin prosess.⁶¹² I Bergenhus len veit vi ikkje når tortur vart nytta i fem av dei 10 prosessane. Fire vart torturerte etter dom og ei *før* dom.⁶¹³ Det siste gjaldt Jens Jyde si kone, Marit. Ho vart saksøkt i Bergen i 1578. Hennar mann vitna i saka og fortalde at Marit vart

*wtilbørligenn fengslidt, bunden och hidt fördr till Bergennhusz vdj foractelige fengsell och ther till med slagidt blaa och blodid...*⁶¹⁴

Likevel var bruken av tortur *før* dom eit lite utbreidd fenomen både i Noreg og i Danmark.⁶¹⁵ Såleis kan ein ikkje sjå desse få prosessane som anna enn unnatak.

Ein måte futen og dommarane kunne unngå å bryte lova som sa at tortur var lovleg fyrst etter at den tiltala var dødsdømd, var å dømme vedkommande frå livet, for deretter å framprovosere tilståing ved hjelp av tortur.⁶¹⁶ I Bergenhus len finn eg ikkje døme på tilståing etter dom utan at den dømde hadde tilstått *før* dom òg. Dette tyder på at denne metoden truleg ikkje vart nytta i særleg grad i våre saker.

Torturmetodar

Kjeldene fortel lite eller ingenting om kva torturmetodar som vart nytta. Elles kunne det bli teke i bruk standardiserte handlingar, det vil seie ulike prøver for å kunne avgjere om den mistenkte og/eller tiltala var trollkvinne/-mann. Desse prøvene var ikkje sett på som tortur, men som indisium. Knutsen hevdar at dersom ein vurderer verknaden prøvene hadde på den tiltala, så var dei eit torturmiddel.⁶¹⁷ Motivet var å styrke skuldingane mot den trolldomsmistenkte. Prøvene vart nytta både i Norden og på Kontinentet. I Noreg var *vassprøva* den mest nytta metoden, og det trass i at det ikkje fanst lovheimel for den.⁶¹⁸ Prøva gjekk ut på at den mistenkte vart kasta ut i eit vatn. Dersom ho flaut, var ho skuldig. Sökk ho, var ho uskuldig.⁶¹⁹

⁶¹¹ Næss 1982: 208, 211, tabell 18.

⁶¹² Knutsen 1996: 94.

⁶¹³ Tortur uvisst når; prosess nr. 385, 450, 653a, 661 og 850. Etter dom; prosess nr. 376, 376a, 674/675 og 632a/676. *Før* dom; prosess nr. 624.

⁶¹⁴ Prosess nr. 624.

⁶¹⁵ Johansen 1991: 164f., note 45.

⁶¹⁶ Erichsen 1993: 52.

⁶¹⁷ Knutsen 1996: 42.

⁶¹⁸ Ibid.

⁶¹⁹ Alver 1971: 52f.

Vassprøva vart nytta berre i trolldomsprosessar. I tida 1606-1663 kjenner vi 23 tilfelle i heile landet der prøva vart teke i bruk, 15 av desse var i Finnmark.⁶²⁰ Vassprøva vart særleg brukt i prosessar der den tiltala fyrst nekta. Etter prøva tilstod alle.⁶²¹ På Austlandet vart tre kvinner utsette for denne metoden i 1624.⁶²² I Bergenhus len finn vi eit døme på prøva. Det var i prosessen mot ei kvinne i Bergen i 1606, då

*..en Troldkvinde ud kastet udi et Vand og ganske ilde og utilbørligen medfaret...*⁶²³

Trollkvinna tilstod, og ho fekk dødsdom.

Ei anna prøve som vart nytta, var *tåreprøva*. Ein trudde at trollfolk ikkje kunne gråte.⁶²⁴ I kjedeprosessen som føregjekk mot ni menneske i Gjemmestad i åra 1663-64 noterte skrivaren i tingboka at dei tiltala ikkje kunne gråte. Til dømes Aksel Nilsen Skreppe, som

*ox strax før end hannom noget bleff tilspurt begynte at hyle oc loed som hand gred, holdt en liden hud for øgene, kunde icke grede men tog met den ene hand, som hand stoed for retten, op till munden oc derwdj spøttet, oc wnder huer strøg i Øgen fram oc tilbage, lod som hand wilde tørre graad aff øgen oc der met mente at wilde were befriet, naar wij haffde seet at hans øgen war wuade, ligesom hand haffde gret...*⁶²⁵

Det har elles hendt at allmugen tok saka i eigne hender og utøvde *vald* mot den trolldomsmistenkte. Ankarloo og Henningsen syner at det var eit vanleg fenomen i Sverige og i Baskerlandet.⁶²⁶ Kjeldene fortel lite om slikt i Bergenhus len. Ei anna prøve som vart nytta på Kontinentet, var *nåleprøva*. Den vart ikkje teke i bruk i vårt område.⁶²⁷

Tortur elles i Norden.

Det har vore vanleg å sjå på bruken av tortur som eit verkemiddel i, og eit resultat av, den inkvisitoriske domstol. Vi har likevel synt at tortur vart nytta i Noreg òg der prosessforma var akkusatorisk. Likeins i andre land som hadde den same prosessforma, som Danmark og Finland.⁶²⁸

I Sverige derimot var tortur forbode. Ankarloo hevdar at tortur likevel vart nytta, både i trolldomsprosessar og i andre saker. Dette skjedde i ein del skjulte høve, men òg ope og

⁶²⁰ Næss 1982: 199.

⁶²¹ Willumsen 1994: 39.

⁶²² Knutsen 1996: 93.

⁶²³ Prosess nr. 661.

⁶²⁴ Alver 1971: 56.

⁶²⁵ Prosess nr. 852.

⁶²⁶ Ankarloo 1971: 312f., Henningsen 1984: 38, 88f.

⁶²⁷ Sjå elles note 94 i kapittel 1.

⁶²⁸ Ankarloo 1971: 258, Birkelund 1983: 86f. Heikkinen/Kervinen 1987: 284f.

regelmessig, ofte direkte på kongeleg ordre.⁶²⁹ Dette var i dei såkalla "*Blåkulla-processarna*". Samtidig føregjekk der ei endring i straffeprosessforma, frå akkusatorisk til inkvisitorisk. Vidare vart vassprøva nytta ein del.⁶³⁰ I Bohuslän hende det elles at slektingar av dei mistenkte sjølve utførte vassprøva. I Noreg finn vi ikkje døme på det, men den som saksøkte måtte i nokre få høve ta prøva sjølv.⁶³¹

6.2.4. PSYKISK TORTUR OG FRIVILLIGE TILSTÅINGAR

I Bergenhus len vart elles ulike teknikkar nytta i staden for tortur for å få den saksøkte til å tilstå såkalla "*frivilligt*" og "*upint*". Eg finn ni prosessar der kjeldene påstår at tilståinga var frivillig.⁶³² Dette er 23% av alle som tilstod. Sju av desse ni tilstod berre signing, medan dei to andre tiltala tilstod maleficium og diabolisme.⁶³³ Desse to sat i varetekt, og i den eine prosessen deltok Biskopen i Bergen i forhøyra. Nedanfor skal vi sjå at det kan diskuteras kor frivillige desse tilståingane eigentleg var.

Ein del av dei som tilstod sat i *varetektsfengsel*. Vi har sett at nokre kunne sitje i varetekt svært lenge under dårlege tilhøve. Dei fengsla kunne ha vore isolerte, redde og utsette for ulike former for press. Dette kunne så i sin tur føre til at ein del valte å tilstå utan at tortur eller annan tvang vart nytta.

Også tiltala folk som stilte borgen og var på frifot, opplevde nok *psykisk press*, då dei framleis levde blant saksøkjjarane og mistenksame naboar. Det kunne gå langt tid mellom skuldingar og rettssak. Ein slik situasjon kunne ende med at dei tiltala tilstod uoffisielt "*i godtfolchs påhør*" før dei fekk saka si opp på tinget. I Bergenhus len gjaldt dette i seks prosessar.⁶³⁴ Etter 1687 vart det etter lova naudsynt med ei offentleg tilståing før domfelling.

Trugsmål om tortur før dom kunne føre til slike frivillige tilståingar, særleg dersom trollfolka ikkje viste at pining var lovleg fyrst etter dom.⁶³⁵ Elles må vi rekna med at nokre av dei som tilstod såkalla frivillig på tinget, kunne ha vore truga med tortur dersom dei ikkje stadfesta ei tidlegare tilståing avlagt under tortur før rettssak. Som vi veit var ikkje pining lovleg før etter i-dømt dødsdom, men vi har sett at det kunne skje likevel. Fem

⁶²⁹ Ankarloo 1971: 67-72, Ibid. 1987: 252, 257.

⁶³⁰ Ankarloo 1971: 65ff., 73.

⁶³¹ Næss 1982: 200.

⁶³² Prosess nr. 423, 433, 444, 459, 476, 503, 504, 669 og 680b.

⁶³³ Personane i prosess nr. 669 og 680b tilstod maleficium og diabolisme.

⁶³⁴ Prosess nr. 445, 450, 468, 508, 509 og 669.

⁶³⁵ I Göta hovrätt vart slike trugsmål nytta, for frykt vart sett på som eit teikn på dårleg samvit og skuld. Sörlin 1993: 54.

trollfolk gjekk frå tilståingane sine seinare i prosessen. Dette får oss til å lure på kva som låg bak dei fyrste tilståingane. Liknande tilfelle finn Willumsen i Finnmark. Ho hevdar at dette styrkar oppfatninga av at fysisk og psykisk press var sterkt medverkande når tilståingane vart avlagte.⁶³⁶

Folk kunne tilsynelatande tilstå utan trugsmål om, eller bruk av tortur òg. Det står at den saksøkte tilstod "*godwilligen og wtuungenn*". Ein slik ordbruk framkallar likevel skepsis i dag, og kan tyde på at skrivaren førte inn i protokollen eit referat han kanskje visste ikkje var korrekt ut frå den reelle situasjon. Vi kan trass i dette ikkje slutte at forhøyrsléiarane og skriparane laug medvitne. Det er naudsynt å halde fast på prosessperioden sine eigne omgrep for å gjere greie for når menneske i samtida meinte at ei tilståing var frivillig og når ein meinte at tortur hadde vore nytta. Samla sett bør vi likevel i dag bruke vår forståing av tortur og press når vi skal vurdere om tvang var årsak til tilståingane.⁶³⁷ Difor ser vi vidare på andre metodar som vart nytta for å få dei tiltala til å tilstå.

Den trolldomsdømde kunne bli utsett for *eit aller siste forhøyr, gjerne av presten, før eksekvering*. Eit slik forhøyr var nok eit stort psykisk press, då presten truleg fortalde den dømde at den einaste måten vedkommande kunne redde sjela si på, var ved å tilstå. Ein kunne òg *fortelje den tiltala at avretting skulle setjast i verk*. Dette vart nytta i Sverige.⁶³⁸ Tanken var at alvoret i situasjonen skulle få fram ei tilståing.

Ein del av dei som tilstod frivillig, kunne ha vore *sjuke* eller *senile*,⁶³⁹ andre hadde *håp om å unngå tortur*. Gjertrud Hundskår til dømes var truleg sjuk. Vitne fortalde at dei trudde ho var død, nokre hadde til og med lagt ho i ei kiste og skulle gravleggje henne. Andre faktorar kan òg ha spelt inn, nokre *følte seg kanskje skuldige*,⁶⁴⁰ då så og seie alle gruppene i samfunnet i prosessperioden trudde at trolldom var ein realitet.

6.3. TILSTÅINGANE

6.3.1. ULIKE TYPAR TILSTÅING

Kjeldene fortel om ulike typar tilståing, alt etter forhøyrssituasjon og innhald. Dei tiltala kunne tilstå *under* rettssaka. Slike tilståingar er i fleirtal i kjeldene, då tingbøkene hovudsakleg refererte det som skjedde på tinget. Av og til vert det referert til tilståingar

⁶³⁶ Willumsen 1994: 44.

⁶³⁷ Knutsen 1996: 43.

⁶³⁸ Ankarloo 1971, Sörlin 1993:55.

⁶³⁹ Om skuldspørsmål og sinnslidingar, sjå mellom anna Hagen 1994: 36, Haining 1979: 72f., Sogner 1992: 84, Wernø 1981: 29, Trevor-Roper 1968: 45.

⁶⁴⁰ Dette vil bli drøfta nærare nedanfor i kapittel 6.4.4.

framlagt *før rettssaka* eller *etter dom* òg. *Utlekking* er ei anna type tilståing, då det er eit omgrep for når den trolldomsmistenkte/-tiltala angjev medskuldige.⁶⁴¹

6.3.2. TALET PÅ TILSTÅINGANE

Det kan vere vanskeleg å avgjere om vi har registrert alle som har tilstått. Det kjem av at pinleg forhøyr var lovleg fyrst etter dom, og av at hovudkjelda, tingboka, som regel fylgde den trolldomstiltala berre fram til dommen. Ein må tru at fleire tilstod etter dom dersom dei hadde vorte torturerte. Eg finn altså flest tilståingar under eller før rettssaka, og berre tre tilståingar der kjeldene fortel direkte at den tiltala tilstod meir etter at vedkommande vart dømd.⁶⁴² Fleire kan såleis ha tilstått utan at vi veit det. Vedlegg for utgifter til bøddelen i lensrekneskap kan gje opplysningar om tilståingar som resultat av tortur. Dette gjev oss viten om nokre få tilståingar i tillegg til dei vi kjenner til frå tingbøkene.

Kjeldene fortel om 45 trolldomstilståingar i Bergenhus len.⁶⁴³ Det er 38%, eller i overkant av 1/3 av alle som vart tiltala. Som regel står innhaldet i tilståingane nedskrive i kjelda. Innhaldet kan elles kome fram i ei seinare sak som vart reist som fylgje av utlegging. Elles kan vi få vite kva trollfolk tilstod dersom ein utlagt ynskte å få kjend utlegginga makteslaus.

Tabell 12. *Kven som tilstod fordelt etter kjønn i Bergenhus len, i absolutte tall og i prosent*

Dei som tilstod	Absolutte tall	I prosent av alle tiltala etter kjønn	I prosent av alle som tilstod
Kvinner	34	37%	76%
Menn	11	42%	24%

34 av dei som tilstod var kvinner, det er 37% av alle tiltala kvinner. 11 av tilståingane vart avlagte av menn, det er 42% av alle tiltala menn. I høve til kven som vart tiltala, tilstod kvinner og menn altså i omlag same grad.

11 tilstod i Bergen by, det er 29% av alle tiltala i byen. 34 tilstod på landet, det er 42% av alle tiltala der. Når det gjeld fordeling by - land, ser det altså ut til at fleire av dei tiltala tilstod i landdistrikta. Denne skilnaden kan kome av kjeldetilfanget. Tilståingane var elles spreidde over heile prosessperioden.

⁶⁴¹ Sjå definisjon i kapittel 1.4. og om utlegging i kapittel 6.3.3.5.

⁶⁴² Prosess nr. 440, 674/675 og 632a/676.

⁶⁴³ Prosess nr. 376, 376a, 386, 388, 418, 423, 433, 433a, 433b, 433c, 433d, 433e, 433f, 440, 440b, 444, 445, 447, 450, 450a, 450b, 450c, 459, 461, 467, 468, 476, 503, 504, 508, 509, 510, 648, 653, 661, 669, 669c, 674/675, 632a/676, 680b, 680c, 836, 850, 851 og 852.

Omlag 1/3 av dei som tilstod kan eg ikkje plassere etter sosial stilling. Av dei eg veit kvar hørde heime på den sosiale rangstigen, hadde 62% låg sosial status. Til samanlikning hadde 53% av dei tiltala som kunne plasserast, låg sosial status. Det var altså prosentvis fleire som kom frå låge samfunnsgrupper som tilstod enn som vart tiltala. Vi har elles sett at blant dei tiltala i Bergen by, kom tre frå borgarstanden og ni frå embetsstanden. Berre to av desse tilstod trolldom. Det kan såleis sjå ut som om folk frå dei lågaste samfunnsgruppene tilstod hyppigare enn folk frå andre sosiale grupper. Seinare vert det undersøkt om dette kan ha samanhang med korleis dei ulike gruppene vart handsama i løpet av prosessen.

6.3.3. INNHALDET I TILSTÅINGANE

6.3.3.1. FORDELING MELLOM ULIKE BROTSVERK

I Bergenhus len fortel materialet om 23 personar som tilstod *signing*. Det er 51% av alle som tilstod. 19 av desse tilstod berre signing, såkalla "reine" signetilståingar. Dei resterande fire personane tilstod signing saman med *maleficium* og/eller *diabolisme*. Tilhøvet mellom dei som vart skulda for brotsverket og dei som tilstod dette, har ein faktor på 0,56.

12 personar tilstod *maleficium*, det er 27% av alle som tilstod. Åtte tilstod *maleficium* saman med signing og/eller *diabolisme*. Tilhøvet mellom dei som vart skulda for *maleficium* og dei som tilstod det, har ein faktor på 0,36.

17 personar tilstod *diabolisme*, det er 38% av alle som tilstod. Åtte tilstod berre *diabolisme*, i tillegg tilstod ni andre *diabolisme* saman med dei andre typene trolldomsbrottsverk. Få vart skulda for *diabolisme*, medan ein god del fleire tilstod denne forma for trolldom. Difor vert det slik at jamføringstalet mellom skuldingane og tilståingane har ein faktor på 3,4. Dette tyder at meir enn tre gonger så mange som vart skulda for *diabolisme* tilstod dette brotsverket.

Ein del personar, ni stykke i alt, tilstod altså fleire typar trolldom samtidig. I tillegg finn eg fem personar som eg veit tilstod, men innhaldet er ukjend.

Prosessane med "reine" signetilståingar finn eg helst i enkeltprosessar. Tilståingar som inneheld *maleficium* og *diabolisme*, finn eg derimot mest av i kjedeprosessane.

Tabell 13. *Tilståingane i Bergenhus len, i absolutte tall*

Trolldom	"Reine" tilståingar	Saman med anna tilståing	Samla

Signing	19	4	23
Maleficium	4	8	12
Diabolisme	8	9	17

Tabell 14. *Skuldingane, tilståingane, og tilhøvet dei imellom i Bergenhus len, i absolutte tall og jamføringstal*

Trolldom	Skuldingane	Alle tilståingane	Jamføringstal av kor mange som vart skulda for brotsverket
Signing	41	23	0,56
Maleficium	33	12	0,36
Diabolisme	5	17	3,4

Tabell 15. *Tilståing fordelt etter kjønn i Bergenhus len i prosent av kor mange som tilstod dei ulike lovbrota*

Trolldom	Kvinner	Menn
Signing	74%	26%
Maleficium	75%	25%
Diabolisme	76%	24%

Kvinner utgjorde som synt tidlegare 78% av alle tiltala og menn utgjorde 22%. Kvinner og menn tilstod altså i omlag like stor grad dei ulike trolldomsbrotsverk.

6.3.3.2. SIGNING

23 menneske, 17 kvinner og seks menn, tilstod signing.⁶⁴⁴ Det er 19% av alle tiltala og altså 56% av dei som vart skulda for signing. På Austlandet tilstod 38% av dei som vart skulda for dette brotsverket.⁶⁴⁵ Signefolka tilstod såleis relativt ofte. Kjeldene fortel hovudsakleg om signetilståingar avlagte på landsbygda.

Tilståingane var spreidde frå 1594 til 1685, men med klar hovudvekt på siste halvdel av 1600-talet. Med atterhald om kjeldetilfanget, finn eg ikkje noko tyngdepunkt i tilståingar om signing rett etter utgjevinga av 1584/1593-føresegnene og 1617-føresegna, som for fyrste gong definerte signing som eit brotsverk.

⁶⁴⁴ Prosess nr. 386, 388, 418, 423, 433, 433a, 433b, 433c, 433d, 433e, 433f, 444, 445, 447, 459, 467, 468, 476, 503, 504, 508, 674/675 og 632a/676.

⁶⁴⁵ Knutsen 1996: 127.

Læking

12 tilstod at dei hadde "*ladet sigh bruge*" til å lækje eller at dei hadde freista å lækje folk eller dyr ved hjelp av ulike signemetodar. Metodane kunne vere lesing av signeannonser, eller ved å nytta ulike gjenstandar og/eller åtferdsritual. Signefolka meinte at dei kunne rå bot for gikt, ryggglidingar og ulike sår. Vidare kunne dei stanse blod, døyve verk og lækje forstuvingar og augesjukdomar. Ei signekone kunne lækje "*Begh*".⁶⁴⁶ Eller Synnøve Thorsdotter Overseter frå Gjemmestad tilstod i 1645 at

*hun haffuer læst udj saltt for mageuerch. och leest udj wltraad for brod, som er naar ett ledemod kommer aff led*⁶⁴⁷

Lesing

Seks signefolk fortalde at dei brukte signeannonser for å nå sine mål. Fire av dei las til og med opp desse bønnene i retten. Den same Synnøve nemnd ovanfor

*oppleeste hun for retten hindes lesning, huorpaa wy ingen forstand haffde, dogh derudj Guds ord neffnes, och foractes*⁶⁴⁸

Ei Kari frå Naustdal las i 1681 opp signeregla ho nytta til læking,

*"Jeg döffuer wercken fra hold och been i stoch och Steen i trej nafn, fader, Sön och Hellig Aand"*⁶⁴⁹

Kari fortalde vidare at ho samtidig smurde på den sjuke tjøre og las "*bönen fader Vor*". Signeannonserne inneheldt ofte kristne formular som "*Gud fader Sönnz och Hellig Aandz Nafn*". Mange nemnde "*Jombfrue Mari*". Vi ser såleis at folk følte seg knytte til den katolske tru lenge etter reformasjonen. Valkner skriv i *Norges kirkehistorie* at "*Nå fikk magien tilløp av benediksjoner, ja, Mariaviser kunne bli til svartekunst.*"⁶⁵⁰

Gullef Eriksdotter Numedal frå Vik sa i 1661 fram ei signeregle der Jomfru Maria er nemnd.

*Jesus Rej sig effter Vejen fremb och for throid och fiendsched sampt Anden schade, schulle Jomfru Maria Hielle, sagde Jezus.*⁶⁵¹

Anne Knutsdotter frå Bergen las opp tre signeannonser i retten i 1592. Den eine var slik:

⁶⁴⁶ "*Begh*" var i fylgje Grambo ein sjukdom i beinhinna. Grambo 1979: 134, note 11.

⁶⁴⁷ Prosess nr. 423.

⁶⁴⁸ Prosess nr. 423.

⁶⁴⁹ Prosess nr. 467.

⁶⁵⁰ Valkner 1959: 23.

⁶⁵¹ Prosess nr. 433.

*Der war Nie Marier schulle bede binnde, den ene bad, den anden bandt 3 fingre nedenfor naufflenn, Der schaltt du bunn denn ligge indthill Domsdegi saalenge den Stein laugder war fra Doms effue,...*⁶⁵²

Gjenstandsbruk

Signefolka kunne gjere bruk av ulike gjenstandar for til dømes å kunne hjelpe sjuke. Anne Knutsdotter tilstod i Bergen i 1594 at ho hadde nytta "*eit stöcke inngefer*", "*Kierkeiord aff Kierkegaardenn*" og "*nogett Saltt*" til å lækje sine pasientar.⁶⁵³ Elles ser vi at det var meir eller mindre daglegdagse gjenstandar signefolka tilstod å ha teke i bruk i signinga, slik dei òg vart skulda for.⁶⁵⁴

Åtferdsritual

Såkalla kloke folk kunne elles utføre spesielle handlingar for å oppnå eit mål. I 1661 gjorde Gulleff Eriksdotter Numedal frå Vik frisk ein kar som hadde vondt i ryggen. Ho tok "*Spöttet aff hendes Mund och strög paa hans Rög, siden leste hun offer hannem*".⁶⁵⁵

Ei kvinne tilstod at ho kunne *vende vrede*. Elles tilstod seks menneske at dei var *kundar* av ei signekone, då dei hadde nytta ho til lækning. To signefolk påstod at dei kunne *spå*. Den eine var Guri Johannesdotter, kalla "*Pine Guri*". Ho fortalde i 1663 i Luster korleis ho kunne vite om den sjuke skulle døy eller leve.

*...hun tog 3 gloendez Kull och 3 Egh, der ofuer welffuer hun en Kledell, och Lader Staa omb Natten, finer hun da Kullene att were Suart om Morgenen, da War det till döde, Men war de Wide, da war det thill Liffuett,...*⁶⁵⁶

Ho nytta altså gjenstandane kol og egg. Egga gav ho til den sjuke etterpå for "*Helseboed*".

6.3.3.3. MALEFICIUM

12 tilstod maleficium, av desse var ni kvinner og tre menn.⁶⁵⁷ Det er 10% av alle tiltala og 36% av dei som vart skulda for maleficium.

Fire av desse 12 tilstod berre maleficium, resten tilstod signing og/eller diabolisme i tillegg. På Austlandet tilstod ingen berre maleficium.⁶⁵⁸ Knutsen hevdar at dette gjer det

⁶⁵² Prosess nr. 632a/676.

⁶⁵³ Prosess nr. 632a/676.

⁶⁵⁴ Sjå kapittel 5.2.1.

⁶⁵⁵ Prosess nr. 433.

⁶⁵⁶ Prosess nr. 447.

⁶⁵⁷ Prosess nr. 376a, 440, 461, 468, 508, 509, 510, 648, 669, 669c, 680b og 836.

⁶⁵⁸ Knutsen 1996: 66, 126.

vanskeleg å vurdere om desse tilståingane var eit resultat av verkelege forsøk på magisk skadegjering.

Fem av dei som tilstod maleficium, hørde til i byen, resten kom frå landet. Vi finn slike tilståingar sist på 1500-talet og på 1680-talet.

Forgjering

Fire tilstod å ha teke livet av folk, medan fem sa dei hadde forgjort folk så dei vart sjuke. Elles fortalte tre menneske at dei hadde forgjort dyr. Ingebrikt Størkersson, med "*till nafn Leefsebiørn*" eller "*tatter Jengebret*", tilstod for retten i Rovde skipreide i 1680 at han var skuld i at ein mann "*døde (...) i stor Smerte*".⁶⁵⁹

Ragnhild Labe frå Lærdal tilstod i 1669 at ho hadde gjort slik at fleire husstandar fekk diare.

*...hun skulle Sette Skide paa Knud Øye Huilchet Hand, Hans Hustru Item Hans Naboe, med sin Konne, folch och tienende, fæ och Qug,...*⁶⁶⁰

Eller Marit Johannesdotter Løset frå Vanylven, som fortalde i 1680 at ho

*for gjorde hun Jffuer udj vig hans baad saa den af en hastig flaug vind blef om Kast Paa Reysen som hand hafde Agtidt sig till Bergen med hans och Andre hans granders føring saa Alt dieris føring som var fisch Smør tællig och schind och de dog formedelst Andre deris grandr och guds hielp folche ved lifuit blef beholt (...) hun gjorde det ochsaa at Mestermenden Oluf schiegell for thou Aar siden brød hans handaf, (...) hun och haffuer mielket en Kou Christen løset till til kom, saa lenge fich blod.*⁶⁶¹

Anna

Tre kvinner tilstod skadegjering av skip, ei tilstod skadegjering av båt, dette vart som regel utført ved hjelp av vindmagi.⁶⁶² Åtferdsritual kunne nyttast til vêrmagi. Oluf Gausdal fortalde detaljert korleis han kunne lage vind.

...blest ein Pijbe fuld med weijer oc traadde saa paa denn med födder, saa bleff denn Vindt...", (...) de haffde ein Belge, den groff de wdi iordenn och sette saa ein tönne derhos oc bleste samme tönne fuld aff windt oc slapp saa denn löss.⁶⁶³

I tillegg tilstod ei kvinne at ho var skuld i ein brann,⁶⁶⁴ og ei tilstod at ho var årsak til at ein mann mista skytelukka si.⁶⁶⁵

⁶⁵⁹ Prosess nr. 509.

⁶⁶⁰ Prosess nr. 461.

⁶⁶¹ Prosess nr. 510.

⁶⁶² Prosess nr. 376, 376a, 510 og 648.

⁶⁶³ Prosess nr. 669.

6.3.3.4. DIABOLISME

17 trollfolk tilstod diabolisme, 13 av desse var kvinner og fire var menn.⁶⁶⁶ Berre fem vart skulda for brotsverket, alle av vitne. Trollfolka tilstod såleis diabolisme i større grad enn dei vart skulda for det. Desse 17 trollfolka utgjer 14% av alle tiltala. På Austlandet tilstod 5% av alle tiltala diabolisme.⁶⁶⁷

Vidare kom fire av dei som tilstod dette brotsverket i Bergenhus len frå byen og 13 kom frå landet. Det kan sjå ut som om denne fordelinga mellom by og land er i strid med sentrum-periferi modellen, men fordelinga har nok sin bakgrunn i at kjeldematerialet, særleg rettsprotokollane frå underinstansen, er best bevarte frå landsbygda.

Diabolismetilståingar var komprimerte når det gjeld tid. Dette kjem av at slike tilståingar som regel vart avlagte i kjedeprosessar. Elles kan dette sjåast som eit uttrykk for enkelte forhørsleiarar sine spesielle interesser. Det var ikkje nokon auke i tilståingar av diabolisme etter 1617-føresegna, sjølv om føresegna for fyrste gong sette trolldom i samanhang med djevelen og diabolisme. Ei forklaring kan vere at vi frå den tida har bevare relativt få rettsprotokollar.

Djevelpakt

12 trollfolk tilstod at dei hadde inngått pakt med djevelen. I Finnmark fann Willumsen heile 49 tilståingar som gjekk ut på pakt med djevelen, alle var avlagte av kvinner.⁶⁶⁸ Djevelpakt kunne vere ei skriftleg eller munnleg avtale mellom trollkvinna/-mannen og djevelen. Eg finn eit tilfelle der pakta var skriftleg, den vart skrive med trollkvinna sitt blod. Det var Brita Veiteberg frå Jølster som fortalde retten i 1663 at ho var på sabbat og møtte djevelen. Han spurte om ho ville vere hans og tene og lyde han, deretter tok han hennar *venstre* arm og stakk ho med ein syl slik at ho blødde. Med blodet "*hourmet hand schreff hindis Naffn udj sin Boeg, och neffnede hinde paa Naffnet*".⁶⁶⁹

Elles hende det at djevelen sette eit merke på den som inngjekk pakt med han, *djevelmerket*, eller *Stigma diabolicum*. Brita nemnd ovanfor fekk her eit djevelmerke.

⁶⁶⁴ Prosess nr. 440.

⁶⁶⁵ Prosess nr. 461.

⁶⁶⁶ Prosess nr. 386, 440, 450, 450a, 450b, 450c, 468, 508, 509, 510, 669, 632a/676, 680b, 680c, 850, 851 og 852.

⁶⁶⁷ Knutsen 1996: 75.

⁶⁶⁸ Willumsen 1994: 168, tabell 9, 169, tabell 14.

⁶⁶⁹ Prosess nr. 450.

Dette var eit prov på at ho nå hørde han til. Djevelmerket vart som regel plassert på venstre sida av kroppen, då det var den vonde sida i folketrua.⁶⁷⁰

Mange inngjekk pakt med djevelen etter oppmoding eller freisting frå mor si eller ei trollkvinne. Dei fleste gjorde dette heime hjå læremora eller hjå seg sjølve. Brita nemnd ovanfor inngjekk pakta på sabbat. Den mest alminnelege måten å inngå djevelpakt på, var ved å drikke ein spesiell drikk av mjølk eller øl. Denne trolldrikken finn eg nytta berre i samband med paktinngåing. Trolldomsevnene vart altså overført ved drikke. Det var såleis ikkje tale om medfødd kunnskap og dugleik. Willumsen ser dette som ein parallell til nattverdsmåltidet for å bli eit Guds barn. Ved å drikke den magiske drikken vart trollfolka djevelen sine barn.⁶⁷¹

Ein del trollfolk skildra at dei følte seg annleis etter at dei hadde drukke trolldrikken. Kirsten Lassesdotter Skreppe frå Gjemmestad fortalde i 1663 at etterpå vart "*hendis legem forandret...*".⁶⁷² Nokre forskarar har difor ymta om at drikken kan ha inneheldt urter som framkalla hallusinasjonar.⁶⁷³

Etterpå kom djevelen og ei avtale vart gjort. Djevelen var i ulike skapnader. Svært ofte var han i dyreham, helst ein svart katt eller hund. Brita Veiteberg frå Gjemmestad fortalde i 1664 at

*dend onde aand, wdj enn mandz pehrsonns gestalt, haffuende paa sig en lang sort preste kiortel med skoe paa föderne, huor aff hun saae, at klörene stach ud igienem schoene, och war samme schoe stuen for tærne, samme onde aand haffde it lanngt sort spez skegh och haffue lange klöer, huilchen tid wor och med hannem udj selschabff, anndre hanns med consorter onnde aander, (...) dend onde aand sad med en boegh udj hanns haand och (...) der effter læsede hand huer dieris naffne op-aff samme sin boegh,..*⁶⁷⁴

Lusi Hole frå same staden fortalde i 1664 at djevelen såg ut som eit barn, og han var "*nøgen oc haffde winger, sampt fieder paa sig som en fugell, oc sig kaldett den Sande Dieffuel,..*".⁶⁷⁵

Av og til er det uklart om det var djevelen sjølv dei møtte, eller om det var ein hjelpar. Vi ser elles at djevelen kunne ha namn, som "*den Flygendis Fugel*", "*den Rygende Fijll*", eller "*Sipiantz*".

⁶⁷⁰ Jfr. note 94 i kapittel 1.

⁶⁷¹ Willumsen 1994: 31.

⁶⁷² Prosess nr. 851.

⁶⁷³ Alver 1971: 50.

⁶⁷⁴ Prosess nr. 450.

⁶⁷⁵ Prosess nr. 450c.

Trollfolka og djevelen avtala kva partane skulle yte. Trollfolka måtte sverje seg frå Jesus, dåp og kristentru, og gje kropp og sjel til djevelen og love å fylgje og tene han. Aksel Skreppe frå Gjemmestad til dømes tilstod i 1663 at "*hand motte forsuerge sig fra gud, dob oc kristendom*".⁶⁷⁶

Trollfolka gav av og til opp sin frie vilje òg. Det vert hevda at tilhøvet mellom trollkvinna/-mannen og djevelen, var eit slags lensherre/vasall forhold.⁶⁷⁷ Til vederlag fekk dei gjerne ein hjelpar, lovnad om hell og lykke, rikdom og ære, og evna til å gjere vondt på folk og fe. Til dømes Ingebret Størkersen frå Vanylven fortalde i 1680 at fanden lovde han "*guld och grøne schoufue...*".⁶⁷⁸ Eit motiv for å inngå pakt var altså å kunne bli i stand til å utøve maleficium. Desse trollfolka fekk tilgang til ei kraft dei ikkje hadde frå før, trolldom var såleis ei evne dei fekk av djevelen. I Finnmark vart denne trolldomskunsten gjerne prøvd på eit dyr etter at kunsten vart lært.⁶⁷⁹ Dette finn eg ikkje døme på i mitt materiale.

På Kontinentet var seksuell omgang med djevelen ein del av paktsinngåinga. I heile landet var det få tilfelle av slik omgang,⁶⁸⁰ og eg finn berre eit døme på dette i mitt materiale. Marit Johannesdotter frå Borgund tilstår i 1680 at etter at ho inngjekk pakt med djevelen, så hadde

*...den schitten hafuer udj mange Aar hafuer boelit med hinde och søgt seng med hinde och liget bag ved hinde ved veggen som hindis mand Paa den Anden side...*⁶⁸¹

Sörlin hevdar at i Göta hovrätt var det nesten berre menn, hovudsakleg unge soldatar, som inngjekk pakt med djevelen.⁶⁸² I mitt materiale finn eg tre menn av i alt 12 tiltala som tilstod dette.⁶⁸³ Vidare påstår Sörlin at paktsinngåing var eit by- og 1700-talsfenomen, då fenomenet gjekk hand i hand med ei viss danning. I Bergenhus len tilstod i fylgje kjeldene berre éin person frå byen dette, det var i 1590.⁶⁸⁴ Når det gjeld landet, tilstod dei tiltala pakt relativt seint i prosesstida, i 1660- og 1680-åra.

Berre ei trollkvinne vart tiltala for paktsinngåing, medan heile 11 trollfolk tilstod brotsverket. Dette kan tyde på at dette trolldomselementet ikkje vart drege inn i prosessen av dei som saksøkte eller la fram vitneutsegn, men av forhøyrsléiarane som fut og prest.

⁶⁷⁶ Prosess nr. 852.

⁶⁷⁷ Alver 1971: 35, Birkelund 1983: 109.

⁶⁷⁸ Prosess nr. 509.

⁶⁷⁹ Willumsen 1994: 32.

⁶⁸⁰ Alver 1971: 42, 140, note 2, Hagen 1995b: 228.

⁶⁸¹ Prosess nr. 510. Bole tyder å drive utukt. Guttu 1991: 69.

⁶⁸² Sörlin 1993: 30.

⁶⁸³ Prosess nr. 509, 669 og 852.

⁶⁸⁴ Prosess nr. 669.

Det same gjeld når ein ser på skuldingane og tilståingane om hjelparar og om deltaking på sabbat.

Hjelparar

Mange trollfolk fekk ein hjelpar av djevelen etter paktsinngåing. Medan tre menneske vart skulda for å ha hjelparar, tilstod 11 at dei hadde slike.⁶⁸⁵

Hjelparane var som regel smådjevlar i dyreham. Ofte vart dei skildra som ein svart, kald, lodden og liten hund. Hjelparen kunne òg vere ein dverg med "*smaa blöde oc laadene fingre*",⁶⁸⁶ eller ein ung og pen gut utan skjegg, men med klør.⁶⁸⁷ Elles kunne det berre stå at trollfolka fekk ein dreng, knekt, eller ein "*patron og oppvarter*". Fleire av hjelparane hadde namn. Døme på slike namn er "*Mammet*", "*Tollak*", "*Rappe*" og "*Mörch*". I Finnmark var namna på hjelparane anten bibelske eller lokale.⁶⁸⁸

Trollfolka fekk i fleire høve bistand av hjelparen til forgjering. Av og til klagar vedkommande over at hjelparen befalte ho/han å utøve vonde gjerningar, eller at trollfolka sjølve tykte hjelparen gjorde for mykje gale, dei rådde ikkje med han. Tilhøvet mellom trollfolka og hjelparen var altså ikkje alltid like hjarteleg. I fleire høve fortel trollfolka at hjelparen forfylgde dei og ikkje let dei få fred. Ei kvinne fortel til og med at hjelparen åt opp maten slik at ho og mannen hennar svolt.⁶⁸⁹ Ein annan hjelpar ville opp i senga til trollkvinna si.⁶⁹⁰

Andre hjelparar kunne skaffe trollfolka det dei måtte ynskje. Eg har ikkje funne døme på at nokon fortel at dei hadde nytta seg av dette eller at ynsket vart oppfylt. Hjelparen kunne i nokre høve vere ein nyttig kamerat likevel. Aksel Nilsen Skreppe frå Gjemmestad fortalde i 1663 at hjelparen fekk kona hans til å sove så tungt at ho ikkje merka når han var borte om natta på sabbat.⁶⁹¹

Sabbat

Kristina Skreppe frå Gjemmestad tilstod i 1663 å ha vore på sabbat. Slik er denne skildra i rettsdokumenta:

⁶⁸⁵ Prosess nr. 440, 450, 450a, 450b, 450c, 509, 510, 669, 676, 851 og 852.

⁶⁸⁶ Prosess nr. 632a/676.

⁶⁸⁷ Prosess nr. 450.

⁶⁸⁸ Willumsen 1994: 40.

⁶⁸⁹ Prosess nr. 450b.

⁶⁹⁰ Prosess nr. 632a/676.

⁶⁹¹ Prosess nr. 852.

... at were derfor til gestebud paa Hornel skaffede hendis flygende fugel hender en kalff at ride

paa fram oc tillager (...) der war well mange oc en stor forsamling baade mandfolck oc quindfolck, en part klet paa borgerlig maner oc en par som dij i wamels kleder, mendz dij icke ander kjende, en de som waare i deris følge (...) weedstod at dij war lystige finge baade win, øll oc miødt sampt dansede effter en kobertrumme som en sten de sloug paa met 2de kalfue rump...⁶⁹²

Trua på sabbaten innebar ei oppfatning om at trollfolk var medlemmar av eit samfunn som av og til heldt møter eller festar der den kristne religion kunne bli parodiert og djevelen tilbede. Dette innebar at deltakarane ikkje respekterte den offentlege religion, og dermed heller ikkje staten og kongen. Det var 12 trollfolk som tilstod å ha delteke på sabbat,⁶⁹³ medan berre ei kvinne vart skulda for dette av eit vitne.

Ut frå innhaldet i tilståingane, ser vi at ein trudde sabbaten føregjekk om natta, helst på kristne høgtidsdagar og tidlegare heidenske eller folkelege festdagar. Høgtidsnetter i jula, påska og pinsa går att, i tillegg til Jonsok og Syftesok. Elles fann sabbaten som regel stad på ein fjelltopp. Fjelltoppar var i folketrua ein tilhaldsstad for demonar.⁶⁹⁴ Trollfolk frå Bergenhus len skulle ha vore på sabbat på Fløyen, Lyderhorn, Horngjelen, Vorren og Dovrefjell. Trollkvinnene kunne altså reise langt; heilt til Dovre, for å koma på sabbat. Likeins gjorde trollkvinnene i Finnmark, dei reiste heilt til Bergen òg, til Lyderhorn.⁶⁹⁵ Ein trudde dette var mogeleg, av di trollfolk visstnok kunne flyge. I mine prosessar reid trollfolka på ein kalv, ein hest, ei hesterumpe eller på ein kjepp med hesteman. Andre reid på ein stav eller på ei sopelime, nokre reid på hjelparane sine.

På sjølve festen var det gjerne lystig og mange folk. Av og til var det dans og det vart spelt på tromme. I 1680 fortalde Ingebrikt Størkersson frå Vanylven at han

tiente Satan siden for en trom Slager paa fieldet daare, field och Slog Paa same tromen medt thuende Kalfue romper...⁶⁹⁶

I andre diabolismetilståingar òg vart det fortalt at kalverumper vart nytta til trommestikker på sabbat. Det var i Gjemmestad 17 år tidlegare!⁶⁹⁷

Deltakarane fekk ofte mat og drikke, som smør, ost, vin og øl. I eit høve skal dei ha fått ein drikk som såg ut som blod og smaka vondt. Det var Brita Veiteberg frå Jølster som fortalde i 1663 at djevelen

⁶⁹² Prosess nr. 851.

⁶⁹³ Prosess nr. 450, 450a, 450c, 508, 509, 510, 669, 680b, 680c, 850, 851 og 852.

⁶⁹⁴ Alver 1971: 34.

⁶⁹⁵ Willumsen 1994: 35.

⁶⁹⁶ Prosess nr. 509.

⁶⁹⁷ Prosess nr. 450, 450a, 450b, 450c, 850, 851 og 852.

*schienchet hand dennem aff it blancht kruz med nogit rödt udj, synttis at were ligesom blod, och smagde det jede...*⁶⁹⁸

I det store og heile ser vi at trollfolka slapp å ete fæle og bisarre ting slik dei måtte på kontinentet.⁶⁹⁹

Anna

Elles finn eg i eit par høve der trollfolka tilstod *blasfemi*. Lucie Pedersdotter Hole frå Gjemmestad fortalde i 1664 at når ho gjekk til nattverd, så trakka og spytta ho på oblaten.⁷⁰⁰ Ingebrikt Størkersson, som vart tiltala i 1680 i Vanylven, tilstod at han tok med seg oblaten og nytta den til trolldom. Når han

*hafde Anamit det udj hans mund SPøtt hand det ud igien och brugte det siden att giffue Anmarch och Smaler och Sprengte och dreffte Creature...*⁷⁰¹

6.3.3.5 UTLEGGING

Det er vanleg å definere utlegging som tilståingar avlagte etter dom der den dømde angjev medskuldige.⁷⁰² Utleggingar kunne såleis ha opphav i tortur, då tortur var tillate etter dom. I mitt materiale finn eg berre fire utleggingar etter dom.⁷⁰³ Tidlegare har eg valt å definere utlegging som når den trolldomstiltala angjev medskuldige, uansett om det skjedde før, under, eller etter rettssak og dom. Dei aller fleste som utla medskuldige i Bergenhus len gjorde det *før* dom. I nokre prosessar er det ikkje råd å vite om utlegginga kom før eller etter dom. Dette gjeld særleg dei prosessane som er kjende frå dagbøkene.

Det er elles vanleg å sjå på utlegging som ei forlenging av ein diabolismeprosess, det vil seie at deltakarar på sabbat utla andre deltakarar. Som vi skal sjå, var innhaldet i utleggingane skuldingar om maleficium òg. Her vert såleis utlegging forstått som det vitneprovet, uansett trolldomsinnhald, mistenkte, tiltala og dømde trollfolk gav om andre menneske.

Dei utlagde

⁶⁹⁸ Prosess nr. 450.

⁶⁹⁹ Alver 1971: 39, Grambo 1990: 74, Hagen 1995b: 228.

⁷⁰⁰ Prosess nr. 450c.

⁷⁰¹ Prosess nr. 509. Alver hevdar at tradisjonen fortel at trollfolka gjømte brødet og vinen når dei gjekk til nattverd, og nytta desse gjenstandane seinare til å gjere skade. Alver 1971: 198.

⁷⁰² Til dømes Johansen 1991: 161, note 2, Tørnsø 1986: 134.

⁷⁰³ Prosess nr. 440, 675, 676 og 850.

Tidlegare har vi synt kven som vart utlagt.⁷⁰⁴ Her vil vi kartleggje *kven som utla* andre for trolldom. I Bergenhus len finn eg 26 trollfolk som la ut andre.⁷⁰⁵ Desse 26 utgjer 22% av alle tiltala i området, og 58% av alle som tilstod. Over halvparten av dei som tilstod utla altså andre. I heile Noreg kjenner vi 90 prosessar der den tiltala angav medskuldige for trolldom.⁷⁰⁶ Det er 10% av alle trolldomssakene i landet. Her må vi hugse at Næss har teke med alle typar trolldomssaker.

Utlekkingane i Bergenhus len fordelte seg elles utover heile prosessperioden. Det er ikkje noko som tyder på at mønsteret endra seg når vi ser på kven som utla når det gjeld kjønn, eller plassering sosialt og geografisk, i høve til kven som vart tiltala.

Vi har tidlegare sett at saksøkjaren og den tiltala gjerne kom frå same bygd, og at dei difor kjende kvarandre på førehand. Tilhøvet varierte likevel mellom den som la ut og den som vart utlagt. I nokre høve hadde den som utla berre visst om vedkommande sin eksistens. Den som vart utlagt var då gjerne ein kjend person i byen eller bygda, til dømes gjennom sin sosiale posisjon, eller av di vedkommande gjekk rundt og tagg. Eit døme er Anna Pedersdotter,⁷⁰⁷ ho vart i 1590-åra i Bergen utlagt for mellom anna å ha delteke på sabbat av to kvinner med låg sosial status.⁷⁰⁸ Anna var enkje etter Magister Absalon Pederson Beyer, og såleis var ho ein kjend person i bybiletet. Trollfolk kunne òg utlegga personar som hemn for ein urett eller anna. Ein del av utleggingane derimot søkte ikkje å ramme bestemte personar. Desse utleggingane bar preg av at den som utla skulle peike ut nokon for at tilståinga skulle vere fullgod.

I andre høve utla trollkvinna folk frå sin eigen familie. Kari Lassesdotter Hole la ut si eiga dotter, Lucie Pedersdotter Hole og systera si, Kirsten Lassesdotter Skreppe. Kirsten la så ut sin eigen son, Aksel Nilsen Skreppe.⁷⁰⁹

Den som vart utlagt kunne elles i førvegen ha eit trolldomsrykte, og/eller ho eller han hadde vore utlagt tidlegare av andre trollfolk. Folk med trolldomsrykte vart såleis gjerne utlagde fleire gonger av forskjellige menneske. Både Ragnhild Myklebust og Anders Larsen Teite⁷¹⁰ vart utlagde tre gonger av tre forskjellige folk. Dette syner at trolldomsryktet kunne virke sjølvforsterkande. Gjennom utleggingane kan vi såleis sjå kven som vart vurdert for å vere eit trugsmål og ei belastning i eit lokalsamfunn. Desse

⁷⁰⁴ Sjå kapittel 4.3.8.

⁷⁰⁵ Prosess nr. 376, 376a, 418, 440, 445, 450, 450a, 450b, 450c, 461, 468, 508, 509, 510, 648, 653, 661, 669, 669c, 674/675, 632a/676, 680b, 680c, 836, 850 og 851.

⁷⁰⁶ Næss 1982: 224.

⁷⁰⁷ Prosess nr. 679/680.

⁷⁰⁸ Prosess nr. 680b og 680c.

⁷⁰⁹ Prosessane 850, 450c, 851 og 852.

⁷¹⁰ Prosess nr. 450a og 450b.

sakene kan dermed hjelpe oss å sjå nokre av dei mekanismane som låg bak trolldomsprosessane.

Nokre av dei tiltala i Bergenhus len la ut berre éin medskuldig, medan andre la ut mange. Brita Mårsdotter Urteberg frå Jølster tilstod i 1664 at ho hadde vore på sabbat, og fortalde vidare kven andre ho hadde sett der. Ho namngav 22 kvinner og ein mann. Presten spurte Brita om ho

*...wilde wel gaa till sin död der paa, att hun haffuer seett alle forbemelte personer paa fieldet santj Hans natt.Thj der som hun löy nogit mennische paa, da maatte hun were forsichritt, at Gud vilde straffe hinde, och at det wor farligt for hindis siel sallighed... Brita svara at ho ...wiste wel det, Gud forbyde att hun schulle liuge paa nogit mennische...*⁷¹¹

Forhørsleiarane var skeptiske. Dei spurte korleis ho kunne kjenne namnet på alle desse. Det kom seg av di at ho hadde spurt Ragnhild Myklebust,⁷¹² som var med på sabbaten, og av di at ho hadde høyrte namnet når djevelen las dei opp frå boka si. Så vart Brita konfrontert med to av kvinnene ho hadde påstått var på sabbat.⁷¹³ Brita stod ved si utlegging, og sa at "*hun wilde anname Christj legom och blod der paa,...*"⁷¹⁴ Kjeldene fortel at det var berre desse to av alle dei ho utla, som måtte møte på tinget og svara for seg.

Innhald

Det som slår ein når ein ser på kva mistenkte, tiltala eller dømde trollfolk skulda andre menneske for å ha gjort, er overvekta av diabolismeskuldingar. I fylgje den lærde trolldomsforståing vart trolldom utøvd i hemmelege selskap. Difor måtte det vere medskuldige som kunne angje. Utleggingane høyrde såleis ofte saman med tilståingar om kollektiv trolldom. Heile 15 personar vart såleis utlagde for å ha delteke på sabbat. Tre vart utlagde for at dei skulle ha inngått pakt med djevelen, medan ei kvinne vart skulda for at ho kunne mane fram djevelen. Slik var det på Austlandet òg; utlegging- og kjedeprosessar var vanlegvis diabolismeprosessar.⁷¹⁵

I tillegg vart fem folk utlagde for maleficium. To trollfolk skulle ha fått eit skip til å forgå, to andre skulle ha kasta sjukdom på menneske, medan ei kvinne vart utlagt for at ho

⁷¹¹ Prosess nr. 450.

⁷¹² Prosess nr. 450a.

⁷¹³ Prosess nr. 450d og 450e.

⁷¹⁴ Prosess nr. 450.

⁷¹⁵ Knutsen 1996: 102.

skulle ha forgjort ei ku. Tre utla andre folk for uspesifisert trolldom. Elles utla ni trollfolk medskuldige, men med ukjend innhald. Ingen vart utlagt for signing i Bergenhus len.

Eg finn vidare berre tre døme på at tiltala trollfolk freista å utlegga nokon utan sjølve å tilstå trolldom.⁷¹⁶ Få av trollfolka freista såleis på denne måten å føra skulda over på andre.

I Danmark inneheldt utleggingssakene hovudsakleg skuldingar om maleficium. Dette var truleg ein konsekvens av at dommarane kravde tilståing av maleficium for å kunne finne nokon skuldig.⁷¹⁷ Det kan sjå ut som om det var om å gjere for forhøyrsliearane og dommarane å få den som var utlagt dømd. I kapittel 7 vil vi sjå kva som skulle til for at domstolane i Bergenhus len kunne dømme nokon skuldig i trolldom.

Førte utleggingane til rettssak og dermed til kjedeprosess?

Å bli utlagt var ei belastning då ære og rykte spelte ei viktig rolle. Vi ser då òg at utleggingar ofte vart teke til fylgje, det vil seie at det vart reist sak mot den utlagde. Dei mistenkte visste difor at ei utlegging kunne få alvorlege konsekvensar. Likevel la dei ut sine medmenneske.

Dei som utla vart av og til konfrontert med den dei hadde lagt ut. Trollfolka vart då spurt om dei framleis stod ved at desse personane hadde utført trolldom. I ein del tilfelle trakk dei då skuldingane attende. Ved slike høve, og når styremaktene ikkje gjekk vidare med skuldingane, så var det kan hende ei indirekte innrømming frå nettopp styremaktene, av at slike tilståingar var verdilause. I tre prosessar⁷¹⁸ har eg då òg registrert ein uttrykt skepsis hjå forhøyrsliearane når det gjeld utleggingar, mellom anna vart det vist til dei før omtala 1547- og 1558-recessane som gjaldt vitnehabilitet.⁷¹⁹

Vi har sett at fleire vart utlagde enn det vart reist sak mot. Alle utleggingane førte altså ikkje til trolldomsprosessar. Johansen hevdar at når ein stor del av dei som vart utlagde i Danmark ikkje vart saksøkte, var det av di det ikkje fanst nokon privatperson som ville saksøkje dei.⁷²⁰ Vi har tidlegare synt at i vårt område var det futen som reiste sak i utleggingssakene. Dette underbygger teorien om at offentlege styremakter i nokre høve kunne vere skeptiske til utleggingane.

Likevel ser vi at recessane gjerne ikkje hadde nokon praktisk verknad, då utleggingar i fleire høve faktisk vart teke til fylgje og enda med rettssak mot og dom over den som var

⁷¹⁶ Prosess nr. 376a, 461 og 836.

⁷¹⁷ Johansen 1991: 77f.

⁷¹⁸ Prosess nr. 450, 450a og 509.

⁷¹⁹ Sjå kapittel 4:62.

⁷²⁰ Johansen 1982: 418.

utlagt. Såleis kan vi sjå på utleggingssakene som eit uttrykk for at styremaktene av og til oversåg reglar om vitnehabilitet i prosessperioden for å få bukt med trolldom.

6.3.4. OPPSUMMERING

Signing var det trolldomsbrottsverket flest av dei tiltala tilstod. Over halvparten av alle som vart skulda for brotsverket, tilstod det òg. Signefolka tilstod ofte signinga i detalj, og dei sa fram signe-bønnene sine i retten. Dette kan kome av at dei meinte at signing hadde eit positivt siktemål, og dei nytta ofte Guds namn i reglene sine. Signing vart i fylgje tilståingane ikkje nytta til skadeleg magi, men derimot ofte til læking. Vidare kan dette forklare kvifor det var så mange "reine" signetilståingar, då signefolka ikkje såg signing som noko brotsverk. Dei visste kan hende ikkje at signing var rekna for å vere synd. Eg finn berre eit døme på at den tiltala tilstod at han hadde nytta signing til noko negativt. Det var Jørgen Skinder frå Fjon som i 1650 tilstod at han ved hjelp av magi kunne få hundane til å være rolege når han drog rundt og stal.⁷²¹

Maleficium var det brotsverket dei mistenkte/tiltala sjølve tilstod minst. Omlag ein tredjedel av dei som fekk retta slike skuldingar mot seg, tilstod dette. Maleficiumtilståingane var ikkje så detaljerte som skuldingane, eller som tilståingane som handla om signing og diabolisme. Likevel var det ingen skilnad mellom sjølve innhaldet i maleficiumskuldingane og -tilståingane.

Eg har funne svært få skuldingar om diabolisme frå saksøkjjar og vitne i den innleiande fasa i prosessen. Slike innslag kom fram etter kvart som prosessen gjekk sin gang. Særleg kom diabolismeinnhaldet inn i prosessen når den tiltala vart avhøyr. Fleire enn tre gonger så mange tilstod diabolisme i høve til kor mange som vart skulda for det. Tilståingane inneheldt opplysningar om kven den tiltala hadde lært trolldom av, og om vedkommande hadde inngått pakt med djevelen. I tillegg fortalde dei om dei hadde delteke på sabbat, og utla andre for mellom anna sabbatdeltaking. Vidare ser vi at forhøyrslieiarane interesserte seg meir for kven som var på sabbat, enn for kva dei gjorde der. Dette gjer at diabolismetilståingane gjerne var knappe i høve til dei på Kontinentet.⁷²²

Elles tilstod menneske frå dei lågaste sosiale gruppene hyppigare enn folk frå andre sosiale grupper.

Det låg fleire ulike motiv bak det å leggja ut andre for trolldom, alt frå misunning, hemn, kjennskap til vedkommande, eller for å tilfredsstille forhøyrslieiarane. Dei fleste utleggingane gjekk ut på skuldingar om samkvem med djevelen av eit eller anna slag.

⁷²¹ Prosess nr. 386.

⁷²² Alver 1971: 214, Knutsen 1996: 100.

Styremaktene si rolle i utleggingane veksla frå uttrykt skepsis til iver, i nokre høve var dei så ivrige etter å få reinska samfunnet for trolldom og eventuelle trollfolk at dei gjekk ut over lovreglane om vitnehabilitet. Det førte til diskrepans mellom gjeldande prosessreglar og rettshandhevinga.

6.4. KVA VAR TILSTÅINGANE EIT RESULTAT AV?

Mentalitet, verdiar, normer og haldningar endrar seg over tid. Her vil vi sjå på enkeltindividet i fortida for å kunne vurdere kva mentalitet hjå dei ulike gruppene som låg bak tilståingane. Dette kallar Grambo ein slags "*historisk psykologi*", eller "*sjelelig arkeologi*".⁷²³ Metoden medfører at ein kan nytta nåtida sitt psykologiske parameter for å evaluere kjenslekombinasjonar det moderne menneske ikkje lengre har. Difor vil vi sjå kva motiv dei tiltala hadde for å tilstå, og kva motiv styremaktene hadde for å få fram tilståingar. Dernest ser vi med utgangspunkt i forhøyrssituasjonen kva tilståingane meir direkte var eit resultat av.

6.4.1. FORMÅLET MED TORTUR OG TILSTÅING

Tanken om frelse av sjela

I 1547 og 1558 vart det altså bestemt at pinleg forhøyr fyrst kunne setjast i verk etter dødsdom. Det kan såleis sjå ut som om formålet med tortur for lovgjevarane ikkje var tilståing som eit ledd i provføring før dom. Forhøyrret var heller eit høve for den tiltala til å "*bekjenne*" og angre innan eksekvering av dødsdommen, slik at vedkommande kunne bli frelst. Dette strir i så fall mot at tilståing skulle vere "*bevismidlenes dronning*".⁷²⁴ Vidare tyder dette at trolldomsprosessane vart handsama forskjellig frå andre typar rettssaker.

Tortur vart såleis sett på som eit legitimt og guddommeleg våpen mot djevelen. Ein trolldomsprosess vart eit middel til å frelsa sjela til trollfolka, då dei var "*legemliggjørelse av frafallenhet i troen*".⁷²⁵ Dersom ein skuldig vart frikjend, var vedkommande i djevelen si makt. Det ideologiske alvorret i brotsverket og vanskane med å prove skuld, motiverte såleis til bruk av tortur. Pinleg forhøyr hadde elles ein oppklarande funksjon, då ein trudde at den som heldt ut tortur i prinsippet hadde prova si uskuld.⁷²⁶

Vidare kan tortur sjåast i samanheng med tanken om at menneskeleg liding i dette livet var uvesentleg i høve til frelsing av sjela. Sandmo hevdar at for dei tiltala stod valet ikkje

⁷²³ Grambo 1983: 65.

⁷²⁴ Sjå kapittel 6.1.1. om lovene kring tilståing.

⁷²⁵ Cohn 1997: 281.

⁷²⁶ Ankarloo 1971: 66, Cohn 1997: 283, Sandmo 1998: 21, 34.

mellom straff og fridom, men mellom straff i dette livet og i livet etter døden.⁷²⁷ Tilståingane hadde såleis eit religiøst formål, og dette kan vere med på å forklare kvifor prestane deltok i såpass mange prosessar. Dette kjem klart fram i prosessen mot Anne Overseter frå Breim i 1681. Ho sa i retten at

*hun end nu staar fast mede hindes till forne bechiendelze, och der paa vill hun gierne gaa till hindis döed paa for hun ued adt hun hafuer for sköldt döden (...) och nu ued hun det adt hun blifuer edt gudtz barn, for gud hafr opuagt hindis hierte till sandhedtz bechiendelze...*⁷²⁸

Sitatet fortel kvifor nokre av dei tiltala og/eller dømde kan ha tilstått frivillig, utan press eller tortur. Dei trudde det same som styremaktene; at dersom dei tilstod, ville sjela bli frelst og dei vart eit Guds barn. Eit anna døme finn vi i prosessen mot Brita Mårsdotter Urteberg frå Jølster. Ho vart dømd til døden i 1664. Brita uttrykte takksemnd ovanfor motpartane;

*waar nu saa megit glad at hun waar kommet till hinndis synnders kundschauff, och med gredende taare tachede sognepresten hr: Daniel Bugge, jtem sagsögeren och domsmendene, at hun war nu bragt saauit, at hun kunde lide for hindis mizgierninger...*⁷²⁹

Utlekking

Kvar ny tilståing vart teke som prov for at trolldomsbrotsverket var verkeleg og utbreidd. Difor vart tortur tillate av styremaktene for å få tiltala og/eller dømde trollfolk til å angje medskuldige.⁷³⁰ Styremaktene såg på dette som så viktig at dei, som synt, av og til såg bort frå at "*udædiske Mennesker*" ikkje skulle "*staa til Troende*". I nokre få høve gjekk styremaktene til og med bort frå regelen om at tortur berre var tillate etter at den tiltala hadde vorte dømd til døden. Dette fortel at trolldomsprosessane vart handsama spesielt av rettsvesenet.⁷³¹

For dei tiltala var frelse av sjela eit motiv for å tilstå. Når det gjeld styremaktene sitt mål med å få dei tiltala til å tilstå, gjerne ved hjelp av tortur, så var det religiøs syndevedkjenning og utlegging. Då kunne styremaktene oppspora fleire trollfolk, og ein unngjekk at djevelen vann fleire sjeler.

6.4.2. SKULDIGE ELLER USKULDIGE

⁷²⁷ Sandmo 1998: 21, 34.

⁷²⁸ Prosess nr. 468.

⁷²⁹ Prosess nr. 450.

⁷³⁰ Næss 1982: 220.

⁷³¹ Knutsen 1996: 41.

Ut frå dei kjeldene som kan fortelje noko om den saksøkte si kjensle av eiga skuld eller uskuld, har Alver sett opp tre idealtypar av trollfolka.⁷³² Den eine typen tiltala nekta skuld gjennom heile prosessen, eventuelt så tilstod vedkommande etter tortur. Den andre typen nekta skuld under fyrste del av prosessen, men tilstod seinare *utan* å ha vorte torturert. Den siste typen kallar Alver for *den bevisste heksetype*. Desse menneska trudde at dei kunne utøve trolldom, og dei hadde freista å bruke si makt til å gjere vondt. Nedanfor vil vi prøve å analysere om det var slik at nokre kjende seg skuldige, eller om det var slik som Hagen formulerer det: "*Er heksenes bekjennelser utelukkende et resultat av tortur og suggesjon?*"⁷³³

6.4.2.1. FORHØYRSSITUASJONEN; TVANG OG PRESS

Som synt ovanfor, var folk frå dei lågaste sosiale gruppene mest utsette for å bli både varetektsfengsla og torturerte. Det var òg ei overvekt av folk med låg sosial status blant dei som tilstod. Dette indikerer ein samanheng mellom varetekt og tortur og frekvensen av tilståingar.⁷³⁴ Dersom vi ser på kor mange som hadde vorte utsette for slikt press i høve til kor mange av dei som tilstod, vert dette stadfesta. 58% av dei som sat i varetekt tilstod trolldom,⁷³⁵ 8 av dei 10 som vart torturerte tilstod, og det same gjeld i 10 av dei 12 prosessane der presten deltok i forhøyra. Men det var ein skilnad når det gjeld innhaldet i tilståingane.

Vi kjenner ikkje innhaldet i mange av tilståingane som kom fram som fylgje av tortur, mellom anna på grunn av kjeldeproblem. Dette forklarar kvifor vi har stadfesta at fleire vart torturerte enn det som kjem fram av tabellen. Det som er meint med frivillige tilståingar i tabellen, er når det står spesifisert i kjelda at den tiltala tilstod frivillig, eller når tilståingane vart avlagte i retten utan tilsynelatande press frå verdslege eller geistlege styremakter.

Tabell 16. *Kva tilhøve dei ulike tilståingane vart framlagt under i Bergenhus len, i absolutte tall*

Tilhøve	"Reine" signetilståingar	Maleficium- og diabolismetilståingar
---------	--------------------------	--------------------------------------

⁷³² Alver 1971:158f.

⁷³³ Hagen 1995a: 9.

⁷³⁴ Elles fortel dette at folk ikkje vart handsama likt av rettsvesenet. Sjå kapittel 7.5.1.

⁷³⁵ Til samanlikning; i kapittel 6.3.2. såg vi at 38% av alle tiltala tilstod trolldom.

Frivillige	17 av 19	2 av 19
Fengsel	7 av 19	19 av 19
Geistlege deltok i forhøyr	0	9 av 19
Tortur	0	3 av 19
Alle tilståingane	19	19

Dei tiltala i dei "reine" signeprosessane tilstod såkalla frivillig, då eg ikkje finn bruk av tortur i desse prosessane. Det same gjeld for heile landet òg.⁷³⁶ Ein god del av dei som tilstod berre signing i Bergenhus len, sat i varetektsfengsel. Kor frivillige desse tilståingane var, kan såleis diskuterast, jamfør ovanfor.

Når det gjeld maleficium- og diabolismetilståingar var nok situasjonen ein annan, sjølv om eg ikkje kan uttrykkje meg så kategorisk som Næss. Han hevdar at ingen av dei saksøkte i dei norske trolldomsprosessane tilstod frivillig maleficium eller diabolisme.⁷³⁷ Vi ser vidare av tabell 16 at to trollfolk tilstod maleficium og/eller diabolisme såkalla frivillig. Ein stor del av dei resterande som tilstod slike brotsverk, hadde vorte torturerte eller utsette for psykisk press frå mellom anna geistlege embetsmenn. Vi har sett at geistlege styremakter, som regel presten, deltok i ein del trolldomsprosessar. Berre tre av desse prosessane førte ikkje til tilståing av diabolisme.⁷³⁸ Knutsen syner korleis forhøyra som vart utførte av prestar førte til eit dilemma for dei tiltala som var uskuldige. Dersom dei tilstod noko som ikkje var sant, hamna dei i helvete. Viss dei derimot ikkje tilstod, fekk dei ikkje sakramentet ved avretting og kom til helvete likevel.⁷³⁹

Alle som tilstod maleficium og/eller diabolisme sat elles i varetekt. Slike tilståingar var altså ofte eit resultat av psykisk og fysisk press. Næss hevdar difor at den demonologiske lære berre var "sann" i relasjon til tilståingar som styremaktene greidde å tvinge dei tiltala til å gje.⁷⁴⁰ Likevel kan kanskje ein del av dei som tilstod ha kjend seg skuldige i trolldom?

6.4.2.2. DEI TILTALA SIN RELASJON TIL EIGA SKULD

⁷³⁶ Næss 1982: 215.

⁷³⁷ Næss 1982: 218, Ibid 1987: 322.

⁷³⁸ Prosess nr. 376, 376a og 472.

⁷³⁹ Knutsen 1996: 131.

⁷⁴⁰ Næss 1982: 206. Vi kan såleis vidare hevde som Hagen at rettsprotokollane er referat frå rettssaker der ulike formar for fysisk og psykisk tortur vart teke i bruk for å tvinge fram ei tilståing. Tilståingane var eit resultat av "*ufrihetens dialog*" mellom den tiltala og forhøyrsløiarane. Hagen 1995a: 9.

Det er uråd å vite kor mange, eller om det var nokon i det heile, av dei tiltala som verkeleg kjende seg skuldige i det dei vart saksøkte for, eller i det dei tilstod. Vi har synt at mykje talar for at vi ikkje kan tru blindt på innhaldet i tilståingane.

Like tilståingar

Innhaldet i tilståingane var prega av likskap. Dette vart teke som prov på at dei var sanne. Forskarar har teke til motmæle mot dette. Ankarloo hevdar at det fann stad ei viss formalisering av forhøyra.⁷⁴¹ Forhøyrslister og leiande spørsmål var eit uttrykk for kva forventningar forhøyrsliearane hadde til innhaldet i tilståingane. Difor kunne spørsmåla som vart stilt til dei mistenkte føre til ein viss likskap i tilståingane. Eg finn ikkje noko som tyder på at standardiserte forhøyrslister vart nytta i avhøyr i mitt materiale. Likevel var tilståingane, særleg dei som gjeld diabolisme, prega av stor likskap.

Johansen òg påstår at det tilsynelatande samsvar i tilståingane bygger på leiande spørsmål, direkte spørsmål eller gjentakning av eksisterande "viten" om trolldom. Ei anna årsak til samsvaret, kunne vere at fengsla trollfolk fekk vite kven andre trolldoms mistenkte hadde utlagt og innhaldet i desse utleggingane.⁷⁴² Når dei tiltala forsvarte seg var det difor sjeldan at dei drog sjølve trolldommen i tvil. Berre nokre få foreslo rasjonelle forklaringar i staden for trolldom.⁷⁴³ Såleis ser vi at dei tiltala trudde at trolldom var verkeleg.

I prosessperioden eksisterte det altså ei psykisk norm for opplevinga av det vonde, og trolldomsførestellingar vart utveksla og spreidde mellom dei ulike samfunnsgruppene.⁷⁴⁴ Dette skjedde ved akkulturasjonsprosessen, det vil seie ved kulturoverføring ovanfrå og ned, frå eliten til allmugen. Eller meir direkte ved at folkelege førestellingar vart omdanna av forhøyrsliearane gjennom eksaminasjon av den saksøkte. Førestellingar om trolldom vart òg overført nedanfrå og opp i samfunnet, og innan i dei ulike samfunnsgruppene. Trolldomstru vart såleis formidla frå preikestolen, under rettargongen, og frå munn til munn. Til slutt trudde alle gruppene i samfunnet på trolldom, og alle visste kva trolldom gjekk ut på. Dei mistenkte nytta dermed element frå samtida sin kultur, mentalitet og daglegliv i tilståingane. Sjølv om tilståingane kunne virke overbevisande, var det difor truleg ikkje tale om realitetar, men om trusførestellingar.⁷⁴⁵

Kjennskap til magi

⁷⁴¹ Ankarloo 1971: 253f.

⁷⁴² Johansen 1991: 69ff., 76f.

⁷⁴³ Sjå kapittel 7.2.1. om forsvar.

⁷⁴⁴ Alver 1971: 33.

⁷⁴⁵ Johansen 1991: 69.

Knutsen påstår at trolldomstru var basert på ein viss magisk praksis, slik at trua hadde ein basis i røyndomen.⁷⁴⁶ Dette gjaldt særleg førestellingane kring signing. Det kom mellom anna av at deira praksis var minst kontroversiell. Birkelund hevdar at dei fleste følte seg uskuldige i pakt og kollektiv trolldom, medan nokre kunne ha følt seg skuldige i forgjering og signing. Signing vart praktisert medvite og signefolka trudde sjølve på sine evner.⁷⁴⁷ Dei som tilstod signing såg nok ikkje på det som noko brotsverk, då målet var positivt. Elles var signetilståingane svært detaljerte, og den tiltala viste stor kjennskap til trolldomspraksis. Difor meiner mellom anna Jensen òg at det kunne liggje verkelege magiske operasjonar og erfaringar bak, og at det fanst kvinner som ville utføra trolldom.⁷⁴⁸

At så mange tilstod signing i Bergenhus len utan at dei hadde vorte torturerte, kan underbyggje desse teoriane; at dei signetiltala sjølve meinte at dei var skuldige. I tillegg hadde ein del av dei nytta reelle fysiske gjenstandar, og mange las opp signebønner i retten. Såleis må vi tru at signing vart praktisert i prosessperioden.

Mange av dei som tilstod maleficium i vårt materiale, vedgjekk at dei hadde lova vondt. Spørsmålet er om det bak trugsmålet, verkeleg låg vilje til å gjere vondt. Det får vi nok aldri vite, men vi kan truleg gå ut i frå at nokre av desse også verkeleg hadde eit slikt ynskje. Signefolka trudde kan hende at dersom dei kunne gjere godt, som læking, så kunne dei valda skade også. Nokre av dei saksøkte hadde kanskje faktisk freista å gjere vondt òg. Kjeldene fortel at forgjering var eit velkjend fenomen, og den mest alminnelege måte å gjere vondt på var ved å love så. Dei fleste hadde nok ein eller anna gong truga sine medmenneske. I mange tilfelle gjaldt dette menneske som hadde vorte avviste i deira forsøk på å brødfø seg ved hjelp av læking eller andre tenester, eller menneske som hadde vorte avviste når dei bad om mat eller husvære. Eller det kunne skje at folk som uforvarande lova vondt, og alt som seinare skjedde den truga parten av uhell, vart tillagt denne hendinga.⁷⁴⁹ Dersom desse menneska i ettertid såg at den dei ville ramma fekk ei ulukke, så ville dei byrja å tru på eiga skuld. Dette kunne føre til at dei levde seg inn i trua på seg sjølve som trollfolk.⁷⁵⁰

Heksekult

Tilståingane var så einsarta at enkelte forskarar har hevda at det eksisterte ein "heksekult". Vi har sett at Murray meinte at prosessane hadde ein reell bakgrunn i ein heksekult som

⁷⁴⁶ Knutsen 1996: 77, 126.

⁷⁴⁷ Birkelund 1983: 91.

⁷⁴⁸ Jensen 1988: 123f., 130.

⁷⁴⁹ Ibid: 130.

⁷⁵⁰ Johansen 1991: 78.

vart utøvd i organiserte grupper i Vest-Europa.⁷⁵¹ Summers hevda òg der var tale om ein slik kult.⁷⁵² Willumsen påstår at det truleg har eksistert ein lokal trolldomskultur i Finnmark i prosessperioden. Medlemmane skulle ha kome saman og utført ritual som dei trudde hadde magisk verknad.⁷⁵³ Andre forskarar har tilbakevist slike tankar.⁷⁵⁴

Eg tykkjer det er nesten umogeleg å dra noko slutning om dei tiltala i mitt materiale på ein eller annan måte var skuldige i det dei var saksøkte for, eller i det dei sjølve tilstod, særleg når det gjeld diabolisme. Desse tilståingane kunne vere eit resultat av kva forhøyrsliearane hadde lagt den tiltala i munnen, då styremaktene hadde fått kjennskap til slike operasjonar frå tidlegare tilståingar og difor meinte at den tiltala også kunne ha utført slike.

Når det gjeld signing og kanskje maleficium, kan materialet tyde på at både dei tiltala og andre i samtida dreiv med ein viss magisk praksis. Desse brotsverka var heller ikkje alltid umogelege å utføra; mange hadde ynskt og/eller lova vondt, eller dei hadde nytta gjenstandar og signeformulara. Samla vil eg påstå at materialet slik sett ikkje gjev grunnlag for å hevda at det eksisterte nokon heksekult i prosessperioden.

6.4.3. OPPSUMMERING

Den mistenkte og/eller tiltala vart forhøyrst av representantar frå verdslege og geistlege styremakter, som regel futen og presten. Prestane deltok elles i tortur, og dei rådde i fleire høve den saksøkte til å tilstå. Såleis utøvde desse gruppene eit felles press mot dei eventuelle trollfolka. Både kvinner og menn vart varetektsfengsla, medan berre kvinner vart torturerte. Elles skal ein del av dei tiltala ha tilstått frivillig. Vi har synt at desse tilståingane likevel kunne ha kome fram som resultat av press. Det kan dermed ofte vere ein illusjon å tale om frivillige tilståingar i ein trolldomsprosess. Det ujamne maktforholdet mellom den mistenkte og/eller tiltala og forhøyrsliearane underbyggjer dette synspunktet. Difor har vi diskutert kva som fekk dei tiltala til å tilstå fenomen som vi i dag har vanskeleg for å forstå.

For å forstå tilståingane, må vi såleis freista å avdekkje menneska i prosessperioden sine tankar om framtida, det vil seie deira forventningshorisont. På 15- og 1600-talet var menneska sitt verdsbilete religiøst. Folk i fortida tenkte på framtida på fleire plan, og det var viktig å kunne leve i håpet om eit evig liv etter døden. Difor var frelse viktig for

⁷⁵¹ Murray 1921.

⁷⁵² Summers 1926.

⁷⁵³ Willumsen 1994: 31, 69.

⁷⁵⁴ Birkelund 1983: 81ff., Jensen 1988: 10, Johansen 1991: 79f. Jamfør Johansen sin teori om folkeleg heksetru nedanfor.

enkeltindividet. Tilgjeving frå Gud ville den mistenkte og/eller tiltala få berre dersom vedkommande tilsto, og når ho/han kjende seg skuldig.⁷⁵⁵ For desse personane var såleis frelse av sjela truleg eit hovudmotiv for å tilstå. Styremaktene sitt formål var, via utleggingar, å få bukt med trolldomsproblemet slik at dei kunne få stilt trollfolk for retten og dømd dei. På denne måten redda dei sjelene til trollfolka.

Dersom vi tek utgangspunkt i Alver sine tre typar av trollfolka, ser vi at vårt materiale stadfestar at dei to fyrste typane fanst, då dei ulike formene for press dei mistenkte og/eller tiltala vart utsette for, stort sett førte til tilståing. Menneske som tilstod frivillig, altså Alver sin bevisste heksetype, fortalde i vårt materiale hovudsakleg at dei hadde utført signing. Desse hadde ikkje vorte utsette for fengsel eller tortur. Eg vel å la skuldspørsmålet stå opent, sjølv om eg kan konkludere med at ein del av trollfolka truleg trudde at dei var i stand til å utføra trolldom med både positivt og negativt siktemål, ein del av dei trudde kanskje til og med at dei til dømes hadde delteke på sabbat. Her kan det vere fristane å syne til Sverige; der var mange prosessar eit resultat av ein såkalla drømmeepidemi.⁷⁵⁶

Det var stor likskap i vedkjenningane, særleg dei som gjaldt diabolisme. Det kan kome av at det truleg vart retta ein del leiande spørsmål mot dei mistenkte, sjølv om vi ut frå materialet ikkje kan vere sikre på dette. I tillegg eksisterte det trolldomsførestillingar hjå alle samfunnslag i prosessperioden. Dette kan forklare kvifor såpass mange av dei som tilstod viste stor kjennskap til den magiske praksis og til kva dei kunne forvente skjedde når dei hadde samkvem med djevelen.

6.5. PÅVERKNAD FRÅ LÆRD TROLLDOMSOPPFATNING?

6.5.1. TO TROLLDOMSPROSESSAR MED 241 ÅRS MELLOMROM

I 1325 vart Ragnhild Tregagås stilt for kapitelretten i Bergen.⁷⁵⁷ Biskop Audfinn Sigurdsson skulda henne for at ho skulle ha freista å hindre at eit ekteskap vart fullbyrda. I tillegg hadde ho dårleg rykte. Ragnhild tilstod kjærleiksmagi og djevelpakt. Ho vart funne skuldig og dømd til å faste to gonger i veka livet ut, og til å dra på ei pilegrimsreise som skulle vare i sju år.⁷⁵⁸

⁷⁵⁵ Sandmo 1998: 22, 25ff., 31, 43.

⁷⁵⁶ Ankarloo 1971, Sörlin 1993: 88.

⁷⁵⁷ Før reformasjonen høyrde trolldomssaker til under geistleg jurisdiksjon.

⁷⁵⁸ Alver 1991: 11f, Aubert 1864: 80f., *Diplomatarium Norvegicum* bd. XIII, 1889: 112, 115, Fenger 1977: 97, 102, Næss 1982: 417, Tryti 1990: 12f.

I 1566 skreiv teologen Absalon Pederson Beyer i dagboka si om ei trollkvinne som tok sjølv mord medan ho sat i fengselet. I hovudklede sitt hadde kvinna "*haar, iord, och annen troldom*".⁷⁵⁹

Ragnhild Tregagås tilstod altså diabolisme, likevel fekk ho ei relativt mild straff i høve til dei som tilstod pakt med djevelen i prosessperioden. Dette fortel at Biskopen ikkje var overbevist om at trollfolk skulle bøte med livet. Over 200 år seinare ser vi at Beyer, som også var ein geistleg embetsmann, ikkje tvilte på at trollfolk eksisterte, og han hadde ikkje noko å innvende mot at kvinna var fengsla. Det kan sjå ut som om det hadde føregått ei endring i dei geistlege styremaktene sitt trolldomssyn i løpet av desse åra. Nedanfor vil det ut frå innhaldet i tilståingane bli gjort eit forsøk på å kartleggje partane sitt syn på trolldom i prosessperioden.

6.5.2. LÆRD SAMTIDSLITTERATUR SOM OMHANDLA TROLLDOM

Eit trekk ved demonologane sine handbøker, er at forfattarane gjentok hovudsynspunkta til kvarandre.⁷⁶⁰ Difor vel eg å presentere berre to slike handbøker, den eine var skreve av to dominikanarmunkar som representerte den geistlege styremakta, den andre var forfatta av ein dommar og jurist som representerte den verdslege styremakta.

I 1486 skreiv dei tyske dominikanarmunkane Heinrich Krämer og Jakob Spränger ei av dei fyrste handbøker om trolldomsforfølging, *Malleus Maleficarum* eller Heksehammaren.⁷⁶¹ Heksehammaren representerte det nye teologiske trolldomsomgrep, og den kan såleis fortelje om dei geistlege sitt trolldomssyn i samtida.

Heksehammaren slo fast at det fanst trollfolk. Trollfolka inngjekk frivillig pakt med djevelen, og dei hadde seksuell omgang med han. Vidare var trollfolka djevelen sitt reiskap, og dei kunne utøve trolldom berre ved hjelp av han. Trollfolka kunne fluge, skape seg om til ulike skapnader, og dei drog på sabbat.⁷⁶² Det var spesielt kvinner som vart trollfolk. Johansen hevdar difor at boka var "*præget af et glødende kvindehad*".⁷⁶³

⁷⁵⁹ Prosess nr. 606. Nicolaysen 1860: 131.

⁷⁶⁰ Willumsen 1994: 20.

⁷⁶¹ Kramer/Sprenger 1971. Vi bør vere merksame på at nokre forskarar hevdar at dette skriftet ikkje hadde så stor innverknad på trolldomstru og -forfølging som ein tidlegare hadde trudd. Cohn 1975: 224, Henningsen 1981: 326.

⁷⁶² Sjå mellom anna Alver 1971: 27ff., Deschner 1972: 169, Henningsen 1979: 30-37, Jacobsen 1966: 112ff., Wernø 1981: 14-23. Luther og Calvin hadde heller ikkje nokon medynk med trollfolk. Dei meinte at det hovudsakleg var kvinner som var trollfolk, og dei ville brenne alle. Liversage 1972: 61.

⁷⁶³ Johansen 1991: 61.

I 1580 gav den franske juristen *Jean Bodin* ut ei handbok om trolldom og heksejakt.⁷⁶⁴ Bodin var ekspert på juridiske og dogmatiske teoriar.⁷⁶⁵ Boka var meint til bruk for statlege rettsinstansar. Det vert hevda at Bodin sitt verk hadde større innverknad på dei europeiske trolldomsforfølgingane enn Heksehammaren.⁷⁶⁶ Handboka vart då òg utgjeve i 20 utgåver på 20 år på fire språk.⁷⁶⁷

Bodin hevda at det fantast trollfolk over alt. Det var hovudsakleg kvinner som var trollfolk, det var "*50 trollkvinner for hver trollmann*".⁷⁶⁸ Trollfolka deltok på sabbat, og dei var medlemmar i ein reell heksekult. Dette kunne samtida vite, då innhaldet i tilståingane var like.⁷⁶⁹

Vi ser at forfattarane sitt syn på trolldom var relativt eins. I den påfølgjande delen her vert det likevel lagt hovudvekt på dei geistlege styremaktene sitt trolldomssyn. Sjølv om representantar frå dei verdslege styremaktene deltok i forhøyr av, og var aktor mot dei mistenkte/tiltala, så hadde desse styremaktene ei viktig oppgåve til; å dømme. Domsgrunngevingane kan fortelje om domstolen og dermed verdslege styremakter sitt syn på trolldom, då dommane synte kva rettspraksis som vart nytta, og ikkje minst kva prov det vart lagt vekt på. Difor vil vi avvente å dra konklusjonar når det gjeld desse styremaktene sitt trolldomssyn til kapittel 7 som analyserer domfellingane.

6.5.3. KYRKJA SITT TROLLDOMSSYN

Trolldomsforskarar frå Danmark har kartlagt den geistlege trolldomstru i Danmark i prosessperioden.⁷⁷⁰ Noreg var i denne tida i union med Danmark, og dei to landa hadde i stor grad felles lovgjeving. I tillegg vart det norske presteskapet etter reformasjonen bytta ut med danskar.⁷⁷¹ Såleis er det truleg at dei geistlege hadde eit relativt eins syn på trolldom i begge landa.

Trolldom var eit brotsverk mot det fyrste bod og såleis kjetteri. Trollfolka festa sin lit til djevelen, og det var han som stod bak trolldommen.⁷⁷² For kyrkja var trolldom såleis ikkje berre eit middel til å nå ulike mål, og det var ikkje dei skadane trolldommen kunne føre til som var det sentrale, men kjetteriet som låg bak. Pakta med djevelen var såleis viktig, då trollfolka måtte sverja frå seg dåp og kristentru. Det essensielle var altså den synd ein

⁷⁶⁴ *Traité de la démonomanie des sorciers*, 1580.

⁷⁶⁵ Ankarloo 1971: 61.

⁷⁶⁶ Hagen 1994: 7, 12.

⁷⁶⁷ Sogner 1982: 176.

⁷⁶⁸ Ibid.

⁷⁶⁹ Hagen 1994: 4-25.

⁷⁷⁰ Birkelund 1983, Jacobsen 1966, Jensen 1988, Johansen 1991, Tørnsø 1986.

⁷⁷¹ Næss 1982: 289.

⁷⁷² Jensen 1988: 8f.

gjorde seg skuldig i ved å inngå ei slik pakt for å skaffe seg evner til å utføre trolldom, og dette sjølv om ein ikkje nytta evnene.

Trollfolka var, på grunn av rein vondskap, skuld i kollektive ulukker. Magien vart utøvd i hemmelege selskap, det vil seie sabbaten. På sabbaten skal trollfolka ha dansa, ete og drukke. Elles var djevelen til stade. Dei geistlege trudde altså på ein personifisert djevel. Djevelen gjennomgjekk ei endring i løpet av 1500-talet, frå å vere trollfolka sin tenar til å bli deira herre. Trollfolka nytta elles ei heksesalve. Vidare kunne dei skapa seg om til andre vesen.⁷⁷³

Desse trolldomselementa finn vi i ei eller anna form i dei geistlege trolldomsskriftene i Danmark. Teologane meinte at all magisk bruk var djevelen sitt verk, og den vart sett på som teikn på forbinding med djevelen. Dei lærde kunne ikkje forstå trolldom utan at djevelen spelte ei rolle. Trolldom var såleis eit brotsverk mot Gud. Difor meinte truleg kyrkja at trollfolk representerte eit større trugsmål enn kva allmugen meinte.

6.5.4. INNHALDET I TILSTÅINGANE I BERGENHUS LEN VERSUS DEN LÆRDE TROLLDOMSFORSTÅING

Samsvar eller skilnad

Både kvinner og menn vart utlagde for trolldom. Dette samsvarar ikkje med dei lærde si forståing, då demonologane si trolldomstru var ein kjønnsbestemt ideologi; det var kvinner som var trollfolk. Derimot med tanke på kven som vart saksøkt, så har vi sett at omlag åtte av 10 tiltala var kvinner. Det var allmugen som ofte tok initiativ, anten direkte eller indirekte gjennom futen, til prosessane. Dette kan tyde på at kyrkja si forståing av kven som var trollfolk, byrja å prege trolldomsprosessane allereie i starten, det vil seie i utveljinga av kven det vart reist søksmål mot. Eller det kunne vere slik at allmugen òg meinte at det helst var kvinner som var trollfolk.

Innhaldet i signetilståingane gjekk for det meste ut på at signefolka hadde drive med læking, og at dei hadde nytta ulike signereglar, ritual og gjenstandar for å nå sine mål. Dette vart av demonologane sett på som eit trugsmål mot kyrkja. Dersom vi godtek at prestane verkeleg hadde mynde til å påverke dei fleste mistenkte til å tilstå, så kan hende er dette årsaka til at så mange tilstod signing, og ikkje som før hevda at det kom av at signefolka sjølve ikkje trudde dei hadde gjort seg skuldige i noko alvorleg brotsverk.

Det var få som tilstod maleficium i høve til kor mange som vart skulda for det. Dette samsvarar med demonologien, som ikkje var spesielt interessert i utføringa og skadane av

⁷⁷³ Birkelund 1983: 107ff., Jensen 1988: 8f., Jacobsen 1966: 142-160, Tørnsø 1986: 72f.

trolldommen. Kollektive ulukker på grunn av skadegjering inngjekk lite i tilståingane i Bergenhus len. I nokre få høve fortalde dei mistenkte at dei hadde planlagt slike ulukker. Det at det var så få slike tilståingar om kollektiv forgjering, bryt med dei lærde si forståing, då trollfolk skulle ha valda slik kollektiv skade berre på grunn av rein vondskap. I vårt materiale var utløysande årsaker til maleficiumskuldingar ofte personlege konflikhtar.

Færre vart skulda for diabolisme enn kor mange som tilstod brotsverket. Både kvinner og menn sa seg skuldige i dette, noko som ikkje samsvara med dei lærde si innstilling. Dei fleste fortalde at dei hadde inngått pakt med djevelen. Dette skjedde ikkje slik kyrkja tenkte seg, med eit unnatak, på sabbat, men heime etter oppmoding frå andre kvinner. Motivet med å inngå pakt var å kunne bli i stand til å utøve maleficium, og å få lukke og rikdom og ein hjelpar. Til gjengjeld måtte dei sverje frå seg kristendommen og lyde og tene djevelen. Her ser vi at det vart meint at dei fekk trolldomsevnene frå djevelen. Hjelparen hjalp trollfolka å utøve trolldom. Dei fleste tilstod vidare at dei hadde delteke på sabbat, og at dei flaug dit. Ein del fortalde at dei såg mange andre deltakarar òg. Der møtte dei den personifiserte djevelen, og det var både måltid og dans. Alle trollfolka i materialet som fortalde at dei hadde hatt samkvem med djevelen, hadde lova å tene han, og dei vart dominerte av han.

Desse tilståingane i Bergenhus len både samsvarar og bryt med kyrkja si demonologiske lære. Det som samsvarar er at trollfolka tilstod at dei hadde inngått pakt med djevelen. Dei måtte sverje frå seg dåp og kristentru, det var altså kjetteri. Dermed fekk trollfolka evnene til å utføra trolldom frå djevelen. I tillegg fekk dei ein hjelpar. Vidare fortalde dei tiltala at dei flaug til sabbat, der dei fekk mat og drikke. Djevelen var personifisert, og han var deira herre.

Dei mange signetilståingane kan sjåast som eit uttrykk for at dei lærde rekna det for å vere eit alvorleg brotsverk. Materialet gjev likevel ikkje døme på at geistlege deltok i forhøyr der den tiltala tilstod berre signing. Det som bryt elles er at få tilstod at dei hadde freista å utføra kollektive ulukker. Det at også menn vart utlagde for trolldom samsvarar heller ikkje med kyrkja si trolldomstru. Dernest skulle trollfolka ha inngått pakt heime og ikkje på sabbat som dei lærde tenkte seg.

Samla sett er det likevel mykje som tyder på at tilståingane i hovudsak kan vere eit vitnesbyrd om kva forhøyrslaiarane spurte dei tiltala om, og dermed om den lærde og teologiske trolldomsforståing. Likevel har vi påvist ein del unnatak frå denne trolldomstrua. Kan det kome av at allmugen si trolldomstru trass alt skein gjennom i tilståingane?

Gjensidig påverknad

Konklusjonen i kapittel 5. om innhaldet i skuldingane var at trolldomsprosessane generelt i utgangspunktet var eit resultat av ei folkeleg trolldomsforfølging, då skuldingane frå vitne og saksøklar hovudsakleg kom frå allmugen. Såleis gjev denne delen av prosessane oss eit bilete av den folkelege trolldomstru, som for det meste gjekk ut på at trollfolka skulle ha drive med skadegjering. Ut frå skuldingane såg vi vidare at diabolisme så og seie nesten ikkje inngjekk i allmugen si forståing av trolldom. Knutsen hevdar at dette er tvilsamt, då djevelen ofte vart nemnd i injuriersakene, og det meir enn i skuldingane i trolldomsprosessane.⁷⁷⁴ Difor konkluderer han med at den demonologiske trolldomsoppfatning har hatt eit visst gjennomslag hjå allmugen i prosessperioden. I injuriersakene i Bergenhus len inneheldt ingen av injuriane påstandar om samkvem med djevelen. 6% av dei injurierte vart derimot skulda for å vere ein "troldeffuel", trolldjevel.⁷⁷⁵ Desse sakene vart førte relativt seint i prosessperioden. Difor kan eg stadfesta at diabolismeinnslaget i alle trolldomssakene i Bergenhus len kom inn i sakene anten seint i prosessperioden, kanskje med unnatak av Bergen by,⁷⁷⁶ og/eller etter tilståing. Dermed kan eg hevda at diabolismen i tilståingane var eit resultat av press frå forhøyrsløiarane, det vil seie frå dei verdslege og den geistlege styremaktene, og/eller av akkulturasjonsprosessen.

Når det gjeld konkrete element, som kva gjenstandar, åtferdsritual og anna trollfolka tilstod å ha nytta, kan dei vere vanskeleg å klassifisere som anten kyrkjelege eller folkelege. Detaljane kan ha vore uttrykk for den saksøkte si eiga oppfatning, Såleis vitnar tilståingane truleg noko om kva dei saksøkte frå allmugen sjølve trudde trollfolk kunne utføre. Innhaldet hadde difor rot også i den folkelege førestellingsverda.

Elles har vi avdekt ei samanblanding av folkelege og lærde førestellingar. I prosessane ser vi døme på at kyrkja og allmugen har overteke element frå kvarandre, og gruppene hadde såleis prega kvarandre si trolldomsforståing. Signebønnene til dømes hørde til både i den folkelege magien og i den geistlege trolldomsmytologien. Elles har vi sett at sabbaten visstnok vart halde på dagar der kyrkja og dei folkelege tradisjonar støtte saman. Dei lærde si trolldomsoppfatning bygde altså på den folkelege og visa versa. Både Heksehammaren og verket til Bodin hadde då òg som grunnlag mellom anna trollfolk sine tilståingar.

⁷⁷⁴ Knutsen 1996: 73f.

⁷⁷⁵ Sak nr. 394, 395 og 411. Sjå elles kapittel 3.3.4. om innhaldet i injurien.

⁷⁷⁶ Sjå kapittel 5.2.3.

Hovudelementa, rammene, særleg i diabolismetilståingane var såleis ofte lærde trolldomsførestellingar som pakt og kollektiv trolldom, medan detaljane fortel om dei saksøkte si eiga oppfatning og om allmugen si trolldomstru.

Folkeleg heksetru

Johansen hevdar at det i Danmark eksisterte ei folkeleg heksetru, som var ein mellomting mellom den folkelege og den lærde trolldomstru.⁷⁷⁷ Han meiner denne trua kom fram i det han kallar "*spontana*" tilståingar før dom og utan bruk av tortur.⁷⁷⁸ Innhaldet var i stor grad lik den lærde; trollfolka samla seg i ein organisasjon, og dei møttest på bestemte dagar. Organisasjonane hadde innviingsritual, og trollfolka fekk hjelparar. To trolldomselement i denne folkelege heksetru skilde seg frå den lærde; trollfolka møtte kvarandre i eller ved kyrkjer, og trollfolka dominerte over djevelen.

I Bergenhus len finn eg ikkje noko som tyder på at ei slik trolldomstru eksisterte. Vi har sett at slike såkalla spontane tilståingar truleg ikkje var eit resultat av berre den tiltala si førestellingsverd. Elles hadde ingen i vårt materiale tilstått at dei hadde vore på sabbat i eller ved kyrkjer. Og endeleg finn eg at alle trollfolka i materialet som fortalde at dei hadde hatt samkvem med djevelen, vart dominerte av han. Det same gjaldt i Finnmark; trollkvinna var heile tida den tenande part.⁷⁷⁹

Kan hende var det ei eiga folkeleg heksetru i Noreg? Vi kan ikkje dra nokon konklusjon om dette ut frå materialet i Bergenhus len, men berre syne til dei trolldomselementa i tilståingane som bryt med den lærde trolldomstru.

6.5.5. OPPSUMMERING

Det var skilnad mellom tiltale- og vitneinnhaldet og innhaldet i tilståingane. I tiltalepunkta og vitneutsegna finn vi hovudsakleg skuldingar om individuell trolldom og konkret skade, det vil seie signing og maleficium. Den folkelege trolldomstru gjekk ut på at trollfolk kunne skade ved hjelp av den vonde hug. Dei geistlege meinte djevelen stod bak alle former for trolldom, og dei hevda at trolldom kunne utførast berre ved hjelp av djevelen. Innhaldet i tilståingane gjekk difor for det meste ut på samkvem med djevelen og på kollektiv trolldom som sabbat. Vidare vart det lagt vekt på djevelpakt og på relasjonane til andre trollfolk. Vi har òg sett at dette skuldast to ulike tradisjonar; ein folkeleg i tiltalepunkta og vitneutsegna, og ein teologisk/lærd i tilståingane.

⁷⁷⁷ Johansen 1987: 307f.

⁷⁷⁸ Jfr. Alver sine tre typer trollfolk, sjå kapittel 6.4.2.

⁷⁷⁹ Willumsen 1994: 35.

Likevel var tilståingane òg til ein viss grad prega av den tiltala sin viten om dei tilhøve vedkommande vart forhøyr om. Eit oversyn over innhaldet i tilståingane syner at dei inneheldt både allmugen og kyrkja si trolldomstru, og ei samanblanding av desse. Trass i dette var tilståingane fyrst og fremst prega av den geistlege trolldomsoppfatning, som ved forhøyr vart lagt til den eksisterande trolldomstiltalen. Dette kjem av at tilståingane ofte vart produserte under press av lærde folk. Elles samsvarar innhaldet i tilståingane med ein del samtidig teologisk og juridisk litteratur som handla om trolldom.

6.6. VURDERING

Det kunne skje ein overgang frå ein signe- eller maleficiumprosess til ein diabolismeprosess i ein og same prosess, med skuldingar om signing eller skadetrolldom frå allmugen til tilståingar om pakt og sabbat etter forhøyr leia av fut og/eller prest. Merksemda vart då trekt bort frå signinga eller den konkrete skaden eller hendinga som den tiltala vart saksøkt for. Interesse vart heller etter kvart vendt mot kva som låg bak dette; altså til samkvem og pakt med djevelen. Det påståtte brotsverk fekk såleis ein meir abstrakt karakter. Interesse gjekk dermed frå brotsverk som signing eller skadegjering til personane som trollkvinne/trollmann. Det skjedde ei forskyving frå sak til person.

Nokre forskarar hevdar at rettsleg er denne overgangen frå signe- og maleficiumprosessar til diabolismeprosessar parallell med overgangen frå ei akkusatorisk til ei inkvisitorisk prosessform.⁷⁸⁰ I Noreg var prosessforma akkusatorisk, likevel utvikla ein del av prosessane seg altså til å bli diabolismeprosessar.

Samla var dette truleg eit resultat av akkulturasjonsprosessen. Maleficiumskuldingane frå allmugen kan sjåast som ei rørsle nedanfrå. Diabolisme, som vart grunngeve ideologisk av teologane, vart etter kvart drege inn i prosessane. Difor vert det riktig å hevde slik Sogner gjer; at ei rørsle ovanfrå aktiviserer eksisterande element på grunnplanet.⁷⁸¹ Folketrua vart altså demonisert via akkulturasjonsprosessen.

⁷⁸⁰ Dette er synt i kapittel 1.5. om tidlegare trolldomsforskning

⁷⁸¹ Sogner 1982: 173.

7. DOM I TROLLDOMSPROSESSANE

*"Viigett begge parterne for Dörrenn, och epheratt wij haffde rannsagett alle disse
forschne widnisbyrd,..."*

7.1. INNLEIING

På 1600-talet var dei offentlege og, sett med våre augo, brutale, straffane prega av hemn. Målet med å straffa var elles å skremme potensielle lovbrytarar. Slike negative sanksjonar hadde såleis ein avskrekkande, preventiv verknad, og dei var eit verkemiddel for å disiplinere folk og å oppretthalde ro og orden. Kyrkja gjekk òg inn for strenge straffar, då dei var eit ledd i rettferdig gjengjelding som måtte til for at lovbrytaren, eller syndaren, kunne bli forsona med Gud. Mange av sanksjonane førte òg til at personar som vart dømde, leid tap av ære.⁷⁸²

Her vil vi sjå korleis trolldomsprosessane enda, altså kva som skjedde med dei 119 menneska som vart trolldomstiltala i Bergenhus len. Vi har følgd dei tiltala frå mistanke til søksmål og prosess, og no, ved å analysere dommene, følgjer vi dei vidare til endeleg utfall og eksekvering. Dommen er såleis det siste leddet i ein langvarig konfliktfylt prosess mellom fleire partar med ulike interesser. Innhaldet i tiltalen frå privatpersonar og fut kan sjåast som ein defineringsprosess av trolldom. Domsgrunngevinga fortel kva kriterium, både eksplisitte og implisitte, som måtte vere til stades for at ei sak kunne definerast som trolldom av domsmakta òg.⁷⁸³ Eksplisitte kriterium, eller *bevismidlar*, er dei som vart framstilt som det faktiske grunnlag for vedtaket, *domsgrunngeving*.⁷⁸⁴ Implisitte kriterium er tilhøve som kan ha påverka avgjerda, men som ikkje eksplisitt vart framstilt som grunnlag for domsgrunngeving. Det kunne vere slik som kjønn, sosial stilling, rykte og anna.⁷⁸⁵ Grunngevinga fortel kva type trolldom dei verdslege styremaktene, domstolane, meinte skulle straffast. Ved å samanlikne straffene med lovene som gjaldt i den perioden dommen vart felt, kan vi elles vurdere om det var samsvar mellom lov og liv.⁷⁸⁶ Fyrst vil vi sjå kva forsvarsmetodar dei tiltala tok i bruk, og om metodane var effektive reiskap mot å bli kjend skuldig.

⁷⁸² Erichsen 1993: 74f., Næss 1994a: 93.

⁷⁸³ Ellefsen 1998b: 30, 34.

⁷⁸⁴ Sjå kapittel 7.3. om eksplisitte kriterium.

⁷⁸⁵ Sjå kapittel 7.5.I. om implisitte kriterium.

⁷⁸⁶ Sjå kapittel 7.5.4. om lov og liv.

I kapittel 3.2. har vi sett at seks menneske vart tiltala for trolldom to gonger. Det er den siste og endelege dommen over desse seks som vert teke med i analysen her, med mindre noko anna vert nemnt.

7.2. FORSVAR

Anke kan sjåast som eit forsvarsmiddel. Her vil anke bli analysert i kapittel 7.4. som omhandlar dom og eksekvering, då dette var eit verkemiddel dei tiltala tok i bruk *etter* at dom var felt.

I kapittel 3 om injurienesakene, såg vi at det å reise ei injurienesak var ein måte den trolldomsmistenkte kunne forsvare seg på. For å verne sitt rykte, var det viktig å ta til motmæle mot injurianten. Dersom ein ikkje gjorde så, vart det teke som teikn på at injurien var sann. Elles førte injurienesakene i ein del tilfelle til forlik mellom partane. Slik sett kunne eit injuriesøksmål vere ein måte å unngå rettsleg tiltale på.

7.2.1. NEKTING, FORKLARING OG MISTENKJELEGGJERING

Dei trolldomstiltala kunne forsvare seg ved å *nekte* all skuld og/eller kjennskap til trolldom. Kjeldene fortel om 17 tiltala som nekta slik i retten.⁷⁸⁷ Til dømes Anne Mogensdotter Løset frå Borgund som var tiltala i 1680. Ho sa at "*hun indtet viste at sige, men sagede Jesus vidste det vell och best, at hun var vschuldig och bad hand vilde hielpe hinde*".⁷⁸⁸ Anne vart trass i dette dømd til døden. Eller Marit Rasmusdotter Bjørdal frå Sunylven som uttala i retten i 1663 at

*Alt dette forskreffne Benegtidt, och Sagde sig iche att vere goed fore att suare saa mange och gud skulle vide hun var frj, formeentte och saa at Nogen burde hinde Nogidt ondt offuer beuize och offentlig lege hinde Nogen Sag thill, Ellers burde hun icke att lide eller vndgielde Effter Nogen bøgde Snach som kund fare i bøygden och var aff hindis Affuindsmend ophagen, Och der hoes opløffte hindis hender och bad gud udj himlen skulle gjøre thegen Paa hinde saa Alle kunde see dett Paa hinde om hun var schuldig...*⁷⁸⁹

Marit fekk dødsdom. Brita Mårsdotter Urteberg frå Jølster vart tiltala for trolldom i 1664. Fyrst tilstod ho, deretter nekta ho alt

da negtedt hun nu at hun huercken haffde bekiendt nogitt for laugmanden, ey heller viste eller kunde hun nogitt, men for hindis leyrmaal wilde hun gjerne döe. fougden tillspurde hinde end ydermere, at endog hun - negter aldt andet, om hun kunde negte

⁷⁸⁷ Prosess nr. 385, 418, 418b, 418c, 422, 447, 450, 504, 506, 508, 673, 674/676, 632a/676, 679/680, 816, 818 og 820.

⁷⁸⁸ Prosess nr. 508.

⁷⁸⁹ Prosess nr. 504.

*de ord - spörzmaal och giensuar hand och hun udj mange gaadtfolchis paahör, har hafft til sammen, da suarde hun lige for herdelig, at det wor lögen altsammen, hun haffde ingen ord hafft...*⁷⁹⁰

Likevel vart Brita dømd til døden, og etter domfellinga tilstod ho igjen. Sju av dei 17 som nekta skuld vart dømde til døden og to til forvising. Det var altså ikkje alltid nok å nekte.

Elles hende det at dei tiltala kom med *rasjonelle forklaringar* på skuldingane, eller at dei freista å *mistenkjeleggjere* saksøklarane og/eller vitna.⁷⁹¹ Dette gjaldt seks stykkje. To av desse vart likevel kjende skuldige. Eit døme finn vi i prosessen mot Anna Pedersdotter i Bergen i 1590. Anna vart skulda for at ho ved hjelp av eit brød skulle ha drepe eit barn. Ho svara at ho hadde gjeve barnet brødet, men at

*"dett icke wdj nogenn onndt mening haffde giortt, eller widste dett barnit, skulle faa nogett onnt ther aff, (: der dør mange börnn i byenn.) sagde honn icke maa ieg drebe thennom alle".*⁷⁹²

Når den same Anna vart skulda for å ha skada ein mann, svara ho at "*slog ein hest icke hannom?*".⁷⁹³ Eit anna døme finn vi i prosessen mot Dillis Rønke frå Bergen i 1594. Ho vart mellom anna skulda for at ho hadde lova ei kvinne, Berit, vondt og at kvinna seinare vart sjuk. Dillis forsvara seg med at Berit ikkje kunne prova at ho hadde lova vondt. Vidare sa Dillis at Berit "*well kunde faed dett Onde epther henndis eigenn Ônschenn oc bönn,*".⁷⁹⁴

Stundom nekta ikkje dei tiltala for at skadane var valda ved hjelp av trolldom. I staden *skulda dei på andre*, ved til dømes å hevda at dei hadde vorte lurte til å utføra trolldom eller til å inngå pakt med djevelen. Dette finn vi i 19 prosessar, alle enda med dødsdom.⁷⁹⁵ Eit døme finn vi i prosessen mot Kristoffer Jonsen frå Sunnhordland. I 1641 påstod han at eit ektepar hadde

*"tilkiøbt hannom till att hand schulle mage dett att en ved naffn Lauritz Jensen schulle faae en w.færd, hurpaa hand och magde dett saa att den anden bleff syg;".*⁷⁹⁶

⁷⁹⁰ Prosess nr. 450.

⁷⁹¹ Prosess nr. 456, 504, 506, 673, 816 og 820.

⁷⁹² Prosess nr. 679/680.

⁷⁹³ Ibid.

⁷⁹⁴ Prosess nr. 673.

⁷⁹⁵ Prosess nr. 376a, 440, 450, 450a, 450b, 450c, 468, 508, 509, 510, 648, 661, 669, 669c, 680b, 680c, 836, 850 og 851.

⁷⁹⁶ Prosess nr. 836. Ekteparet har prosess nr. 836a og 836b.

7.2.2. SKUTSMÅL

Nekting av skuld, rasjonelle forklaringar, eller å skulda på andre var altså sjeldan effektivt som forsvar, med mindre dette vart følgt opp med eit godt skutsmål. Fem personar fekk slikt skutsmål av allmugen i Bergenhus len.⁷⁹⁷ Fire av desse vart frikjende, den siste trolldomsprosessen veit vi ikkje korleis enda. Hilde Olufsdotter Blindheim frå Grytten vart i 1667 tiltala for trolldom. I retten bad ho tingallmugen om skutsmål, då ho

*"sig for Retten Indstillit och med høye liudendis Røst var begierendis att dersom Nogen Entten aff hindis grande Naboer eller dett helle schibredis Almue, (...), der hinde udj Nogen maader haffde Nogit v Erligtt att beschylde eller om nogen for sligtt vilde giffue hinde Sag de da vilde, fremkomme och giffue hinde Entten vndt Eller gaatt Vindisbyrd (...) Huor till den gandsche helle thing Almue samtlige gaff Ansvuar med høy Røst och sagde att Jngen aff dennom vidst hinde Nogit vndt att tillsige udj Nogen Maader med gaff hinde Jt gaadt Windisbyrd."*⁷⁹⁸

Skutsmålet var avhengig av kva rykte, omdømme og ære den saksøkte hadde i lokalsamfunnet. Det same var òg høvet til å få nokon til å sverja med seg.

7.2.3. NEKTINGSEID

Nektingseid, eller døyl, var i utgangspunktet den saksøkte sitt høve til å forsvara seg mot skuldingane. Medsverjarane skulle ikkje ta stilling til skuldspørsmålet, men berre sverje på at den saksøkte tala sant og var truverdig. Det var den mistenkte sjølv som skulle oppnemne medsverjarar. Futen måtte peike ut dei som den tiltala sjølv ikkje kunne finne. Medsverjarane skulle vere av same kjønn som den tiltala, og dei burde ha god kjennskap til vedkommande. Dette førte til eit folkeleg innslag i rettsvesenet. Talet på medeidsfolka var avhengig av kva brotsverk den tiltala var mistenkt for, og av storleiken på den eventuelle straffa dersom vedkommande vart kjend skuldig.⁷⁹⁹ Nektingseid var særleg i bruk på 1600-talet av underrettane. Høvet til å finne medsverjarar vart avskaffa i 1687.⁸⁰⁰

Etter kvart vart nektingseiden sett på som eit prov slik som tilståing og vitneutsegn. I praksis vart det å dømme nokon til å fri seg ved hjelp av eidsmenn eller -kvinner ein dom frå retten si side. Såleis vart eiden eit tilleggsverkemiddel som blei pålagt den tiltala av dommarane etter skjønn, og ikkje eit forsvarsmiddel den tiltala hadde krav på å få teke i bruk. Resultatet vart at nektingseiden blei nytta i saker der det ikkje kunne skaffast fullt

⁷⁹⁷ Prosess nr. 506, 816, 820, 821 og 822.

⁷⁹⁸ Prosess nr. 816.

⁷⁹⁹ Erichsen 1993: 50, Fladby 1963: 124, Knutsen 1996: 98, NHL 1974: 76, Næss 1991a: 176, Ibid. 1991b: 180f., 187, 193ff.

⁸⁰⁰ Næss 1991b: 195f., Ibid. 1994c: 66.

prov mot den saksøkte, men det var sterk mistanke mot vedkommande.⁸⁰¹ Difor har det vorte påstått at dommarane på denne måten skauv frå seg ansvaret for dommen, til dømes fritok dei seg sjølve frå ansvaret med å felle dødsdommar på svake indisium.⁸⁰² Dette gjer det naturleg å vurdere nektningseiden under domsgrunningjeving òg.⁸⁰³

I Bergenhus len fortel kjeldene at fire tiltala vart dømde til å finne medsverjarar,⁸⁰⁴ to av desse fann nokon som ville sverje med dei og vart frikjende. Ei kvinne fann ingen medsverjarar og vart forvist. Utfallet er ukjend i ein prosess.

Kona til Jens Jyde, Marit, vart i Bergen i 1578 dømnd til å finne medsverjarar, noko ho greidde og vart såleis frikjend.

*da schall hun vere till dømpt saa well for langsomlig throidoms røct som for thend sag thenom emellom var att giøre sinn eedt sielfftolffte epher Norgis loug (...) quit dømpt for same sag, sidenn hun haffue giordt hindis døll*⁸⁰⁵

Dillis Rønke vart i Bergen i 1594 dømnd til å sverja seg fri, ho

schall giøre henndis Eed sielff 12 met Erlige Dannequinnder, som hun wdi denne bye haffuer boedt wdj granndschaft oc Naboschaft med oc hennder best kiennder...

innan ein måned. Kvinnene ville ikkje sverja med ho. Difor måtte ho rømme byen og "Stichtt oc aldrig igienn komme".⁸⁰⁶

I heile landet vart 26 tiltala dømde til å sverje seg fri i trolldomsprosessane. Næss hevdar at dette talet er lågt i høve til talet på prosessar. Nektningseiden kunne difor ikkje ha nokon framstående plass som prov i trolldomsprosessane.⁸⁰⁷ 17 av desse 26 lukkast ikkje med å skaffe seg medsverjarar, medan dei resterande ni lukkast. Såleis ser vi at nektningseid både var ein måte den tiltala kunne forsvare seg på, men òg ein dom som kunne føre til stigmatisering og mistenkjeleggjering av den tiltala, og i verste fall til forvising eller dødsdom.

7.2.4. STØTTE AV FAMILIEMEDLEM

Åtte av dei saksøkte i Bergenhus len vart forsvare og/eller hadde støtte av ektemann eller son.⁸⁰⁸ Sju av desse åtte vart frikjende. Vi har sett at Oluf Gausdal la ut Maren

⁸⁰¹ Erichsen 1993: 50f., Fladby 1963: 124., Knutsen 1996: 98, Næss 1991b: 182.

⁸⁰² Erichsen 1993: 51, Næss 1991b: 194.

⁸⁰³ Sjå kapittel 7.3. om eksplisitte kriterium.

⁸⁰⁴ Prosess nr. 418a, 624, 673, og 679.

⁸⁰⁵ Prosess nr. 624.

⁸⁰⁶ Prosess nr. 673.

⁸⁰⁷ Næss 1982: 229.

⁸⁰⁸ Støtte av ektemann i prosess nr. 376b, 661b, 661c og 669a. Støtte av son i prosess nr. 661a, 679/680, 836a og 836b. I kapittel 3.3.3. om ærekrenking og injuriersaker med trolldomsinnhald har vi sett at halvparten av

Robertsdotter.⁸⁰⁹ Hennar ektemann, Biskop Anders Foss, møtte for ho i retten og svara på hennar vegner, og han hadde vore i København og fått eit "*Beskjærmelsesbrev*" frå Regjeringsrådet og Kongen. I tillegg prova Foss at Maren hadde alibi for det tidspunktet det vart påstått at ho hadde vore på sabbat, og at tilståingane og skuldingane til Oluf var inkonsekvente og sjølvmotseiande. Maren vart truleg frikjend.

Eit anna døme finn vi i prosessen mot Salomon Jørgensen si kone i Bergen i 1606.⁸¹⁰ Ektemannen hadde "*suppliceret og klageligen*" til Kongen. Ho òg vart frikjend.

7.2.5. ANNA FORSVAR

I tillegg inneheld materialet fire prosessar der dei tiltala *bad om nåde*, eller dei påkalla Jesus for at han måtte hjelpe dei.⁸¹¹ Guri Johannesdotter, som vart saksøkt i Luster i 1663, "*faldt paa Knees for Retten och begierdte omg Naade at hun iche skulle Miste sit lif.*"⁸¹² Vi veit ikkje korleis det gjekk vidare med Guri. Eller Gulleff Eriksdotter Numedal frå Vik som i 1658 bad for seg då futen la ned påstand om straff. Han meinte at ho burde bli forvist og tape bulotten. Gulleff bad om at ho måtte "*Iche effterstrebes, men motte forbliffue her i Wigbygden*".⁸¹³ Gulleff vart likevel forvist.

Elles fortel kjeldene at to trollfolk *lata som dei gråt* i retten. Ein trudde at trollfolk ikkje kunne gråte.⁸¹⁴ Dette kan ha vore deira måte å forsvare seg på. Sjølv sagt kan dei ha gråte av frykt òg. Tre saksøkte valte å forsvare seg ved å *ikkje møte* i retten.⁸¹⁵ Det ser ikkje ut til at nokon av desse strategiane verka.

7.2.6. OPPSUMMERING

Ein del av dei tiltala nekta skuld, kom med rasjonelle forklaringar, bad for seg eller svara for seg på annan måte i retten. Slikt forsvar førte sjeldan til frikjenning. Såleis må vi tru at dei tiltala sitt ord hadde liten innverknad på dommarane. Berre nokre få av dei saksøkte fekk godt skutsmål av allmugen, alle desse vart frikjende. Nektingseid kan sjåast både som den tiltala sitt høve til forsvar og som stigmatisering av vedkommande. Retten signaliserte at den framleis fann grunn til å mistenkje den tiltala når den meinte vedkommande burde finne nokon til å sverje med seg. Den forsvarsmetoden som i størst grad førte fram til

dei injurierte fekk støtte av eit mannleg familiemedlem. Dette tyder på at det var relativt vanleg at familien støtta dei som fekk trolldomsskuldingar retta mot seg, i alle høve gjaldt dette i dei mindre alvorlege sakene.

⁸⁰⁹ Prosess nr. 669a.

⁸¹⁰ Prosess nr. 661c.

⁸¹¹ Prosess nr. 433, 447, 504 og 508.

⁸¹² Prosess nr. 447.

⁸¹³ Prosess nr. 433.

⁸¹⁴ Prosess nr. 851 og 852. Sjå kapittel 6.2.3.

⁸¹⁵ Prosess nr. 449, 669a og 679/680.

frikjening, var å få godt skutsmål og når den tiltala hadde støtte av eit familiemedlem. Personane som tok i bruk slike forsvarsmetodar, tilhørde det jamne lag i bygdesamfunnet, eller dei hadde høg sosial status.

7.3. EKSPLISITTE KRITERIUM, ELLER BEVISKRAVREGLAR OG DOMS-GRUNNGJEVING

I trolldomsprosessane vart ulike prov eller *bevismidlar* nytta av domstolane ved vurdering av skuldspørsmål og ved straffeutmåling. Det kunne vere slik som vitneutsegn, om den tiltala hadde tilstått eller hadde vorte utlagt, om vedkommande hadde lova vondt, om ho eller han hadde fått medsverjarar, eller kva rykte personen hadde og dermed hans eller hennar skutsmål. Presentasjon av prov kallast *bevisføring*. Vi har materiell og formell bevisføring. Fyrst ser vi på den materielle, det er prov som handlar om saka sin eigentlege samanheng og dei påståtte utførte handlingar. I kapittel 7.5.4. om lov og liv ser vi på den formelle bevisføringa, som er til dømes reglane om kven som kunne vitne i prosessane, lovene om tortur og trolldom. Under her finn vi *beviskravreglane*. Det er dei reglane som fortel kva bevismidlar som måtte vere til stades for å felle ein dom.

Domsgrunngevinga kunne variere med nokre få prov til mange prov. Særleg i saker der folk vart dødsdømde, var det snakk om fleire bevismidlar som peika i same negative retning for den tiltala. Difor er det naudsynt å systematisere prova og domsgrunngevingane for å sjå kva domstolane la vekt på når dei dømde eller frikjende dei saksøkte.

Dommane og deira grunngeving kan sjåast som eit bilete på den verdslege trolldomsoppfatning. Grunngevingane viser kva praksis som vart nytta og kva bevismidlar det vart lagt vekt på av domstolane. Vi veit at domstolane etter kvart i prosessperioden blei meir og meir dominerte av verdslege tenestemenn. Kan vi såleis hevda som Willumsen at: "*Formularen i domsavsigelsen er ren dokumenstasjon på den lærde forståelse av og frykt for trolldom*"?⁸¹⁶

7.3.1. INNHALD

Av dei 96 trolldomsprosessane som anten enda med dom eller frikjening, er dommen bevara i 49 prosessar.⁸¹⁷ Hovudtyngda av desse 49 prosessane finn vi i siste halvdel av prosessperioden. Det skuldast at det hovudsakleg er i tingbøkene vi finn dommen.⁸¹⁸

⁸¹⁶ Willumsen 1994: 34.

⁸¹⁷ Prosess nr. 385, 386, 388, 418, 423, 428, 428a, 431, 433, 433a, 433b, 433c, 433d, 433e, 433f, 440, 444, 445, 445a, 448, 450, 450a, 450b, 450c, 456, 456a, 459, 461, 466, 467, 468, 476, 503, 504, 509, 510, 669, 673, 674/675, 632a/676, 679/680, 816, 820, 821, 822, 836a, 836b, 851 og 852.

Domstolane hadde truleg problem med å fastslå om ei hending var eit resultat av trolldom. Årsak og verknad var utstrekke i tid og rom. Høvet til å ta trollfolk på fersk gjerning var elles liten, og maleficium var nesten umogeleg å prova.⁸¹⁹ Kva prov kunne domsmennene leggja vekt på når dei skulle vurdere skuld og eventuell straffeutmåling då?

I 1681 vart Anne Overseter frå Breim dømd til døden ved bygdetinget. Domsgrunngevinga var

"Da Effter till talle gien suar och denne sage grundeligt ofuer Veielze saa effter dj Anne ofuersetter hafuer Lenge Veredt berögted for at Haffue omgaaes med trolldom, som och aff till Stede Verende ting Almue effterfougdens till Spörgelse er beschreffedt, det och lige Maader hindis Sielle Sörgere (...) Testificerer hun der forre udj Langsommelige tider hafur haffte Rygte, och med Signerj som en bedtler omfaren, hun det och self frjVieligen icke Allene udj sin Sidende Arest (...) Paa samme hindis bechiendelse adt hafue ued trolldombs Konst forgiordt Guri hansdotter ouersetter (...) Da som gudtz Lou siger udj 2.Moze bogs 22 Capitel,, (...) och den Norsche Lou findis udj M.H.B. 2 Capitell at det er Nidings Verch at göre trolldom (...) Skall Strafis paa Lifuedt till boll och brand, och hindes boesloed at Verre forfalden..."⁸²⁰

Her la retten vekt på at Anne hadde trolldomsrykte, at allmugen og presten stadfesta dette ryktet, og at ho sjølv frivillig hadde tilstått maleficium. Domsmennene viste både til Guds lov og til verdsleg lovgjeving for å grunnge dødsdommen.

Tabell 17. *Bevismidlar i dei 49 prosessane i Bergenhus len som enda med dom og som vi har bevarte domsgrunngevingar til, i absolutte tall*

Bevismiddel i domsgrunngeving	I kor mange prosessar som enda med dom
Tilståing	26
Vitneutsegn	11
Medvetar eller har omgått trollfolk	9
Trolldomsrykte	8
Trugsmål med påfølgjande skade	7
Den tiltala var utlagt	4
Andre brotsverk òg	3
Allmugen frykta den tiltala	2
Tillagt " <i>fuldkommen sagh</i> "	2

⁸¹⁸ Vi har tidlegare sett at tingbøkene frå Bergenhus len er bevart fyrst frå 1640-åra.

⁸¹⁹ Cohn 1997: 265.

⁸²⁰ Prosess nr. 468.

Har ikkje vore til nattverd	2
Negativt skutsmål	1
Fekk ikkje medsverjar	1

Tilståing

Over halvparten av dei dødsdømde og av dei som fekk forvisningsdom tilstod trolldom. Til samanlikning har vi sett at 38% av alle som var tiltala tilstod.⁸²¹ Tilståing var det fremste provet i rettargongen, då det vart lagt mest vekt på dette bevismidlet av domsmennene i domsgrunngevinga. I prosessar der det vart avlagt tilståingar kunne dommarane oversjå at det mangla andre prov. I kapittel 6.4.1. har vi synt at målet med tortur og dermed tilståing hovudsakleg var å frelse dei tiltala, og ikkje å skaffe prov til rettssaka. Her ser vi likevel at domstolane såg på tilståing som det viktigaste provet, slik som lovgjevarane gjorde òg. Såleis kan vi hevda at tilståing var viktig både for å redde sjela til dei villfarne og i provføringa.

Dei som fekk dødsdom tilstod som regel diabolisme, medan dei som vart dømde til forvising tilstod signing. Domstolane såg altså på diabolisme som eit meir alvorleg brotsverk enn signing, slik vi har sett at både lovgjevarane og dei geistlege styremaktene også gjorde.

Vitneutsegn

Eit anna bevismiddel som ofte vart trekt fram i grunngevinga for dommen, var vitneutsegn. Vitne både stadfesta saksøkjara sine skuldingar og la fram tilleggsskuldingar. Dei mange likelydande vitneutsegna tyder på at den saksøkte ofte kunne vere dømd av folk i nærmiljøet før vedkommande vart stilt for retten. I Bergenhus len vart ingen dømd berre på grunnlag av vitnemål. Anten tilstod dei i tillegg, eller dei hadde trolldomsrykte eller fekk dårleg skutsmål.

Klagene og vitneutsegna dreia seg i stor grad om skader trollfolk skulle ha valda.⁸²² Det at vitneutsegn vart sett på som viktige, fortel at domsmennene la stor vekt på at den tiltala hadde utført skade. Domstolane tok altså skuldingar om maleficium alvorleg.

Rykte, skutsmål, medvetar og nektningseid

I mange domsformuleringar vart det trekt fram som eit viktig prov at den tiltala hadde trolldomsrykte. I nokre saker viste domstolen til allmugen si frykt for vedkommande. Elles

⁸²¹ Sjå kapittel 6.3.2. om tilståingane.

⁸²² Sjå kapittel 5.2. om innhaldet i skuldingane.

vart annan negativ informasjon trekt fram, som at den saksøkte ikkje hadde vore til nattverd, at vedkommande hadde hatt omgang med trollfolk eller at ho eller han var ein omstreifar. I nokre prosessar nemnde domsmennene at den tiltala hadde gjort seg skuldig i andre brotsverk. Til dømes i prosessen mot Ragnhild Labe frå Lærdal i 1669. Ho hadde "*Effter Hendes Barne födzel gaaet med Aabet Haar, Hor forne Hun siden haffuer lidt straf til Kagen,...*"⁸²³

Dersom medsverjarane svor på at dei var overtydde om at den tiltala tala sant, fall tiltalen bort. Gjorde dei ikkje det, vart den saksøkte dømd skuldig. Dei som vart saksøkte kunne ha vanskar med å finne medsverjarar, då dei truleg allereie var sett på som skuldige. Eventuelt kunne medsverjarane vere redde for å bli mistenkte for å vere medvitarar. I domsgrunngevingane finn vi berre eitt døme på at det vart vist til at den tiltala ikkje greidde å finne medsverjarar. Det kjem truleg av, som vi veit, at få vart pålagt dette i Bergenhus len.

Trugsmål med påfølgjande skade

Det vart lagt stor vekt på om den saksøkte hadde *lova vondt* og om vondt var "*wederfahrit*". Dersom vitne fortalde at dei hadde høyrte at den tiltala hadde lova vondt, og at ei skade skjedde, sjølv etter lang tid, så vart det sett på som prov. Ein trudde at trugsmål hadde øydeleggjande makt. Difor vart trugsmål sett på som eit bevismiddel for trolldom. Saksøklar, vitne og verdslege styremakter tvilte såleis truleg ikkje på at når den tiltala hadde lova nokon vondt, og dette ynsket var gått i oppfylling, så var det eit prov på at den tiltala var skuldig.

Den tiltala var utlagt

I kapittel 4.3.8. såg vi at 27 av trollfolka var utlagde. Omlag halvparten av desse vart dømde til døden. Resten vart frikjende. Utlegging vart nytta som bevismiddel i berre fire prosessar som enda med dom. Dette var altså eit prov som domsmennene sjeldan viste til. Dersom vi ser på dei utlagde som fekk dødsdom, ser vi at andre beviskravreglar var til stade.

Når det gjeld frikjenning, vart utlegging nytta som argument og grunngeving som gjekk i den tiltala sin favør. Då synte domstolen til at skuldingane kom frå personar ein ikkje valte å tru på, skuldingane var "*funderit paa en mizdeders bekiendelse*". Det spesielle her, er altså at mange av dei som vart utlagde blei frikjende. Som vi tidlegare har sett, førte ei

⁸²³ Prosess nr. 461.

utlegging åleine sjeldan til prosess, og dermed heller ikkje til at den tiltala vart funne skuldig. Ei anna årsak til at mange av dei utlagde vart frikjende, kan vere at dei ikkje tilstod trolldom, eller at dei korkje hadde trolldomsrykte eller dårleg rykte generelt. Grunnen kan også vere at ein del av desse som vart utlagde og seinare frikjende hadde høg sosial status.⁸²⁴ Dermed kan vi hevda at ei utlegging åleine sjeldan vart sett på som nok prov til å dømme ein person for trolldom i vårt materiale.

7.3.2. OPPSUMMERING

Bevisgrunnlaget kunne vere forskjellig. Det kom av at prosessane vart førte til ulike tider, på forskjellige stader i lenet og ved ulike rettsinstansar. Dermed var det forskjellige domsmenn som skulle dømme frå sak til sak. Resultatet kunne bli ulik sakshandsaming og domsgrunngeving. Likevel ser vi eit mønster; tilståing, trugsmål, vitneutsegn og rykte var dei bevismidlane domstolane la mest vekt på når dei dømde menneske. Innhaldet i tilståingane hjå dei som fekk den strengaste dommen, var hovudsakleg diabolisme. Dei som fekk forvisingsdom, hadde tilstått signing. Vitneutsegna handla mest om maleficium. Dette fortel at dei verdslege styremaktene meinte at alle formene for trolldom var viktig, sjølv om omgang med djevelen også av domstolane vart vurdert som det alvorlegaste brotsverket.

7.4. DOM OG EKSEKVERING

73 av dei 119 trolldomstiltala vart dømde for trolldom, medan 23 vart frikjende.⁸²⁵ I 23 trolldomsprosessar veit eg ikkje korleis det gjekk med den tiltala.⁸²⁶

Tabell 18. *Korleis trolldomsprosessane enda i Bergenhus len, i absolutte tall og i prosent*

⁸²⁴ Sjø kapittel 7.5.1. om dei som vart dømde. Dette for å jamføre frikjenningsprosenten blant dei tiltala som kom frå høgare sosiale lag.

⁸²⁵ Dei tiltala vart frikjende i prosess nr. 376b, 402, 431, 448, 456, 456a, 450d, 450e, 511, 607, 607a, 624, 661a, 661b, 661c, 669a, 680a, 816, 820, 821, 822, 836a og 836b. Fire vart fyrst frikjende men fekk seinare dødsdom. Det gjaldt dei tiltala i prosess nr. 440, 674/675, 632a/676 og 679/680.

⁸²⁶ Prosess nr. 393, 408, 418a, 418b, 418c, 422, 425, 440b, 447, 449, 460, 472, 481, 505, 506, 678, 818, 853, 854 og 890. Dei tiltala i prosess nr. 606 og 648b tok livet sitt før dom, den tiltala i prosess nr 507 døydde før dom.

Resultat	I absolutte tall	I prosent
Dømd	73	62%
Frikjend	23	19%
Ukjend	23	19%
Samla	119	100%

Tabell 19. *Type dom i trolldomsprosessane i Bergenhus len, i absolutte tall, i prosent av alle dømde, og i prosent av alle tiltala*

Type dom	Absolutte tall	I prosent av alle dømde	I prosent av alle tiltala
Dødsdom	43	59%	36%
Forvising	15	21%	13%
Pengestraff	14	19%	12%
Ærestraff	1	1%	0,8%

Over halvparten av dei som vart dømde for trolldom fekk *dødsdom*.⁸²⁷ 15 skulle bli *forviste* frå landet eller frå lenet.⁸²⁸ 14 vart dømde til å bøte eller sone, dei fekk såkalla *pengestraff*.⁸²⁹ Ein person vart dømd til rein *ærestraff*,⁸³⁰ medan fire personar fekk ærestraff i tillegg til annan straff.⁸³¹ Eg har kategorisert desse prosessane etter den strengaste dommen.

7.4.1. DØDSDOM

I Bergenhus len enda altså 43, eller 36% av alle prosessane med dødsdom. I heile Noreg gjaldt dette 38% av prosessane.⁸³²

⁸²⁷ Prosess nr. 376, 376a, 385, 440, 440a, 450, 450a, 450b, 450c, 461, 468, 483, 484, 485, 486, 490, 504, 508, 509, 510, 648, 648a, 651, 651a, 653, 653a, 655, 656, 657, 661, 669, 669b, 669c, 674/675, 632a/676, 679/680, 680b, 680c, 689, 836, 850, 851 og 852. To av desse tok sjølv mord etter at dei vart dømde til døden; prosess nr. 376 og 689.

⁸²⁸ Prosess nr. 379, 388, 418, 423, 428, 428a, 433, 444, 445, 458, 459, 467, 476, 503 og 673. To vart forviste før annan dom, prosess nr. 632a/676 og 677/678.

⁸²⁹ Prosess nr. 373, 413, 414, 433a, 433b, 433c, 433d, 433e, 433f, 445a, 466, 473, 888 og 892.

⁸³⁰ Mannen i prosess nr. 386 vart dømd til å stå i gapestokk.

⁸³¹ Dei tiltala i prosess nr. 388 og 476 vart dømde til *gapestokk* og/eller *pisking*, og dei tiltala i prosess nr. 445a og 459 vart dømde til å *skrifte offentleg*. I tillegg vart desse fire dømde til forvising eller bot.

⁸³² Næss 1982: 277, tabell 26, Ibid. 1987: 317.

Når ein person fekk dødsdom, kunne ulike *avlivingsmetodar* bli nytta. For trolldom var metodane å bli brent levande eller å bli halshogd før brenning. Det var berre trollfolk som vart brent *levande*.⁸³³ Brenning kunne bli nytta som straffemetode for andre brotsverk òg, mellom anna grov blodskam, kjetteri, og "*omgjengelse mod naturen*", som homoseksualitet og sodomi. Då vart den dømde fyrst halshogd.⁸³⁴

Brenning vart altså nytta som straff for brotsverk som før reformasjonen låg under geistleg jurisdiksjon, og som såleis hadde rot i den kyrkjelege tradisjon. Ein kan hevda at bålstraffa understreka trolldomsbrottsverket som eit religiøst brotsverk også,⁸³⁵ ikkje berre eit brotsverk mot menneske. Både Bodin og Heksehammaren slo då òg fast at trollfolka fortente den strengaste straffa, det vil seie brenning, då deira brotsverk var det største av alle brotsverk, både mot Gud, kyrkja, og mot deira medmenneske. Døden på bålet skulle verke reinsande, elden utsletta det vonde slik at den dømde si sjel vart frelst.⁸³⁶

I prosessen mot Marit Rasmusdotter Bjørndal frå Sunylven i 1663 ser vi at allmugen òg var innforstått med at straffa for trolldom var brenning. Eit vitne fortalde at han hadde sagt til den tiltala si tenestejente at ho skulle si til

*din madtmoder Att hun haffuer loffuit min Quinde Ondt, och ondt ehr hinde vederfarit men der som hun icke Retter, och flyr der boed Paa, da schall ieg sielff thage hinde och lade hinde brende,...*⁸³⁷

I *Det norske folks liv og historie* hevdar Sverre Steen at "*Åpenbare hekser blev forresten sjelden brent, men benådet til mildere dødsstraff.*"⁸³⁸ Ut frå kjeldene i Bergenhus len ser vi at 36 av dei 43 dødsdommane vart eksekverte.⁸³⁹ Det kan vi vite anten fordi vi finn utgiftene til avrettinga i rekneskap, eller fordi det står om eksekveringa i dagbøker. Av desse eksekverte dødsdommane veit vi vidare at dei fleste vart brende levande, to tok sjølv mord og vart seinare brende, seks vart halshogge, og fire av dei vart deretter brende. Dersom ein dødsdømd døydde før brenning, eller dersom personen vart gjeve nåde til å bli halshogge, så vart altså kroppen likevel brend. I dei resterande sju prosessane som enda med dødsdom finn eg ikkje belegg for korleis dei enda. Materialet inneheld altså ikkje døme på at dødsdommar *ikkje* vart eksekverte. Det står ingen ting i lovene om at trollfolka

⁸³³ Erichsen 1993: 96.

⁸³⁴ NL 6.13.14.

⁸³⁵ Knutsen 1996: 107.

⁸³⁶ Alver 1971: 27ff., Henningsen 1979: 30-37, Jacobsen 1966: 112ff.

⁸³⁷ Prosess nr. 504.

⁸³⁸ Steen 1930: 245.

⁸³⁹ Næss hevdar at i Rogaland òg vart dødsdommane som regel eksekverte, både i trolldomsprosessane og i andre straffesaker. Næss 1990: 33.

skulle brennast. Like fullt vart altså dei fleste av dei dødsdømde brende. Dette talar mot påstanden til Steen.

I Noreg vart *stigemethoden* nytta ved brenning. Den dømde vart bunden til ein stige som deretter vart kasta på bålet. I rekneskapet som vart ført i samband med avrettinga av Ingeborg Olsdotter frå Fjon i 1650 ser vi at futen rekna seg godtgjersle til "*lienner som fangen bleff bunden til stienn med, och baadtzhager hand til bolitt for brugte*".⁸⁴⁰ Eller i prosessen i 1632 mot kona til Herluff Lauritsen i Bergen vart det ført opp utgifter til "*threi baader wæd iegh haffde thill Herluffs Annes baaell*" (...) "*2 stiiger och enn mannd som hialp mester Anders wædenn op*".⁸⁴¹

Elles ser vi i rekneskapa at den dømde av og til før brenninga fekk rusa seg på øl og vin på rettarstaden. I tre prosessar som vart førte i Vanylven i 1680 vart det ført utgifter "*For mestermandens löhn jtem gifuit hannem og dennem wiin och øll paa rætterstæden*".⁸⁴²

Utgiftene til avretting skulle dekkjast av den dømde sitt bu eller av den private saksøkjaren. Såleis får vi ein oversikt over kva eigedom dei dømde hadde. I prosessen mot Anna Bottolfsdotter i 1609 frå Vanylven finn vi i rekneskapet ei oversikt over kva ho åtte.

*... fiire kiör huer - for 2 ½ daler, tho ghuier huer for 1 ½ daler, en lidenn oxer for 1 daler, sex gieder huer for - ½ daler, otte faar huer for 1 ½ gd. fiire lamb thill sammenn for 2 mrd: en gammell kober kædell for - 3 daler, en dyne for - 2 daler, en rye och en ghuitell for - 1 daler, en gammell fering med sidt segell for - 1 ½ daler, en mezings lysesstage for ½ daler, och en thömmer biile for - ½ daler,...*⁸⁴³

Når den dømde eller den eventuelle private saksøkjaren ikkje kunne betale sjølv, dekte staten utgiftene. I dommen som er bevara i rekneskapet over Mikkel Monsen frå Eikanger i 1656 ser vi at han "*gaandsche jntedt eyedede,...*".⁸⁴⁴ Difor vart utgiftene til eksekveringa av dommen dekt av det offentlege. Ved dødsdom og forvising vart den dømde samtidig frådømt bulotten, sjå nedanfor. Elles har vi tidlegare vore inne på at ein del prosessar som vart eksekverte likevel ikkje er å finne i rekneskapa, då utgiftene og inntektene i forbindelse med saka gjekk opp i opp.

Avrettinga var offentleg, då straffa skulle vere ein demonstrasjon for folk til skrekk og åtvaring. Dei avretta vart gravlagt på rettarstaden, og ikkje i vigsla jord, det var ein del av straffa.⁸⁴⁵

⁸⁴⁰ Prosess nr. 385.

⁸⁴¹ Prosess nr. 376.

⁸⁴² Prosess nr. 508, 509 og 510.

⁸⁴³ Prosess nr. 484.

⁸⁴⁴ Prosess nr. 388.

⁸⁴⁵ Erichsen 1993: 96.

7.4.2. ANNAN DOM

Forvising

Forvising vil seie at den tiltala vart dømd til å forlate byen, lenet eller landet. Ekteparet Guri Johannesdotter og Ingebret Jetmundsen frå Stryn vart i 1656 dømd for signing. Retten meinte at dei "*bör at römme landet*" og "*deriz boedzlott hor det findiz thil maytz at vere forbrutt*".⁸⁴⁶ Eller Brita Johannesdotter frå Luster som i 1663 måtte rømme landet og miste bulotten, fordi ho tilstod at ho hadde sankt gras og mold. Det gav ho til kyrne for at dei skulle mjølka betre. Dette var ho nøydt til å gjere av di ho var så fattig.⁸⁴⁷ Fire av dei 15 forviste veit vi faktisk drog frå området.⁸⁴⁸ Dette kan vi vite anten av di dei vart saksøkte enno ein gong ein anna stad, eller av di bulotten er registrert i rekneskapet etter at dei dømde hadde drege frå området.

Pengestraff

Konfiskering av formuen kunne vere ei sjølvstendig straff, som *bot* eller *soning*. 10 av dei 15 som vart dømde til pengestraff betalte bota eller sona. Nokre var så fattige at dei ikkje hadde noko å betale med.

Pengestraff kunne òg, som vi har sett, vere ei fylgje av avretting eller forvising. Då vart den dømde frådømt *bulotten*, det vil seie at alt vedkommande åtte, bortsett frå jordegods, gjekk til statskassa. Dersom den straffa var gift, sat ektefellen attende med halvparten av buet.⁸⁴⁹

Straff på ære

Nokre *bøter* var ærekrenkjande. Storleiken på bota viste om den skuldige vart dømd ærelaus.⁸⁵⁰ Berre ein person vart dømd til å betale ei så stor bot at han samtidig vart gjort ærelaus. Det var Arne Melmisdal frå Ytre Sogn i 1612.⁸⁵¹

Folk som måtte bøte eller sone vart gjerne dømde til ei subsidær straff òg. Det kunne vere slik som *offentleg skriftemål* eller *fysisk refsing*. Offentleg skriftemål var ei straff dømd av verdslege domstolar, medan den vart organisert og iverksett av kyrkja. Gjennom skriftemålet skulle den dømde bli forsona med Gud og med kyrkjelyden. Å bli dømd til å

⁸⁴⁶ Prosess nr. 428 og 428a.

⁸⁴⁷ Prosess nr. 444.

⁸⁴⁸ Prosess nr. 433, 458, 632a/676 og 677/678.

⁸⁴⁹ Erichsen 1993: 89, NHL 1974: 48.

⁸⁵⁰ Sjå kapittel 3.3.6. om dom i injuriesakene.

⁸⁵¹ Prosess nr. 413. Han måtte betale ei bot på 12 daler, som tilsvara tre mark. NHL 1974: 68, 233.

skrifte offentlig førte til ei stigmatisering av lovbyrtaren som syndar, såleis var dette ei skamstraff òg.⁸⁵²

Vi veit at ei av dei fem ærestraffene vart effektuert. I rekneskapet ser vi at futen rekna seg godtgjersle for at han let Mikkel Monsen frå Eikanger "kagstryge" i 1656.⁸⁵³ Fengsel vart ikkje nytta som straff, berre som varetekt.

I alt veit vi altså at dei fleste av dei dømde straffene vart eksekverte. I dei resterande prosessane veit vi ikkje om dommen vart fullbyrda eller ei, det er med andre ord ikkje slik at vi veit at dei *ikkje* vart eksekverte. Kjeldene gjev såleis ingen grunn til å tvile på at mange av dommane vart sette ut i livet. Dermed kan vi truleg hevda at dei fleste straffene i trolldomsprosessane vart fullbyrda.

7.4.3. SAMANLIKNING AV DOM IMELLOM DEI ULIKE LANDSDELANE, OG MED HEILE NOREG OG MED DANMARK⁸⁵⁴

Tabellen nedanfor viser at domfellingane i trolldomsprosessane i Bergenhus len stort sett følgde det same mønsteret som elles i landet og i Danmark. Ein skilnad kan vere at ein større prosentdel vart dømde i vårt område og i Finnmark enn elles i dei andre områda. Finnmark var elles det området der flest vart dømde til døden i høve til talet på tiltala.⁸⁵⁵

Tabell 20. *Kor mange vart dømde for trolldom, kor mange fekk dødsdom, og kor mange vart*

frikjende. I prosent av det totale talet på kjende prosessar i ulike områder. Spørsmålsteikn angjev at tal ikkje er gjeve i litteraturen

Område	Trolldoms- prosessar	Dømde i prosent	Dødsdømde i prosent	Frikjende i prosent
Bergenhus	119	61%	36%	19%
Agder ⁸⁵⁶	76	40%	?	30%
Austlandet ⁸⁵⁷	192	?	37%	?
Finnmark ⁸⁵⁸	132	64%	54%	22%

⁸⁵² Erichsen 1993: 95, 191f., Næss 1994a: 91.

⁸⁵³ Prosess nr. 388.

⁸⁵⁴ Danmark vert teke med då unionen Danmark-Noreg hadde same lovgjeving, med eit unnatak, sjå 1584/1594-føresegnene i kapittel 2.2.2.

⁸⁵⁵ Sjø Hagen 1995b: 226, Willumsen 1994.

⁸⁵⁶ Løyland 1992: 130.

⁸⁵⁷ Knutsen 1996: 17.

⁸⁵⁸ Willumsen 1994: 16, figur 1, 169, tabell 13.

Heile Noreg ⁸⁵⁹	730	47%	38%	20%
Danmark ⁸⁶⁰	430	55%	?	36%

7.4.4. TID

Kjeldene inneheld flest trolldomsprosessar i åra 1580 til 1620, 1640 til 1670 og i 1680-åra. Her vil vi sjå korleis utviklinga er når det gjeld domfelling over tid. Dei fyrste dødsdommane i materialet finn vi i prosessane som vart førte mot tre kvinner i Bergen by i 1588.⁸⁶¹ Den siste trolldomstiltala som vart dømd til døden i lenet, var Anne Overseter frå Breim i 1681.⁸⁶²

Tabell 21. *Prosessar, dødsdommar, frikjenningar, andre dommar elles, og prosessar med uviss ende i Bergenhus len fordelte p.r. tiår, i absolutte tall*

Tid i tiår	Prosessar	Dødsdom	Annan dom	Frikjenning	Uviss ende
1560-69	3	0	0	2	1
1570-79	1	0	0	1	0
1580-89	6	4	0	1	1
1590-99	6	4	1	1	0
1600-09	7	3	1	3	0
1610-19	9	6	2	0	1
1620-29	3	2	1	0	0
1630-39	8	6	1	1	0
1640-49	9	1	2	2	4
1650-59	12	3	5	1	3
1660-69	38	10	12	7	9
1670-79	1	1	0	0	0
1680-89	15	3	5	4	3
1690-99	1		0	0	1
Sum	119	43	30	23	23

Tabell 22. *Førte trolldomsprosessar i Bergenhus len, by - land før og etter 1650, i absolutte tall*

⁸⁵⁹ Næss 1982: 248, tabell 25, Ibid. 1987: 317.

⁸⁶⁰ Birkelund 1983: 50.

⁸⁶¹ Prosess nr. 669b, 680b og 680c.

⁸⁶² Prosess nr. 468.

Område	Prosessar før 1650	Prosessar etter 1650	Samla
Bergen by	36	2	38
Land	17	64	81
Sum	53	66	119

Tabell 23. *Dødsdommar i Bergenhus len, by - land før og etter 1650, i absolutte tall*

Område	Dødsdommar før 1650	Dødsdommar frå og med 1650	Samla
Bergen by	20*	1	21
Land	6	16	22
Sum	26	17	43

* Den siste av dei 20 dødsdommane i byen var i 1634!

Det vart ført relativt få trolldomsprosessar på landsbygda i Bergenhus len før 1590. Dette kan kome av det mangelfulle kjeldetilfanget der. Vi kan difor ikkje i særleg grad sjå om endringane i rettsvesenet i 1590 fekk nokon innverknad på trolldomsprosessane, korkje når det gjeld talet på prosessar eller på dødsdommar. Dermed kan vi heller ikkje vurdere Næss sin påstand om at det vart meir vanleg å dømme folk til døden etter 1590 enn å frikjenne dei.⁸⁶³ Når det gjeld Bergen, er biletet noko annleis. Der finn vi prosessar tidleg i prosessperioden. Det vart felt til saman åtte dødsdommar i 1580- og 1590-åra, kring 1615 og i åra 1627 til 1634. På landsbygda finn vi desse toppane i 1650- og 1660- åra. Likevel vart straffene samla sett mildare etter 1650, då færre fekk dødsdom, medan fleire vart forviste eller dømde til pengestraff. Fleire og fleire vart frikjende òg.

Frå midten av 1600-talet gjekk altså talet på dødsdommar ned i høve til talet på førte trolldomsprosessar. Næss fann at domspraksis endra seg kring 1670. Trass i at det framleis vart sett i gang prosessar, opphøyrde bruken av dødsstraff i løpet av få år og dei fleste vart no frikjende.⁸⁶⁴ Vidare hevdar han at det i heile landet var ein topp i talet på dødsdommar i 1650- og 1660-åra.⁸⁶⁵ Knutsen syner at Austlandet avvik frå dette mønsteret, då det i 1650- og 1660-åra vart ført få alvorlege trolldomsprosessar. Talet på prosessar og dødsdommar

⁸⁶³ Næss 1982: 265.

⁸⁶⁴ Næss 1982: 257.

⁸⁶⁵ Ibid. 1982: 16, diagram 1, 247, tabell 26.

der var på topp kring 1620, og straffeutmåling og domspraksis var hardest i åra 1619 til 1625.⁸⁶⁶ Han stiller såleis spørsmålet om eit anna område av landet kan ha hatt det motsette mønster av det han fann for Austlandet, altså få dødsdommar før 1650, og svært mange i 1660-åra.⁸⁶⁷

I Bergenhus len ser vi at domstolane domfelte 26 menneske til døden før 1650 og 17 etter 1650. Vidare har vi 14 registrerte dødsdommar etter 1660, den siste altså i 1681. Desse 14 prosessane utgjer omlag ¼ av alle førte prosessar i lenet i perioden. Såleis må det vere ein annan del av landet enn Bergenhus len og Austlandet som dreg opp talet på dødsdommar i 1660-åra. Willumsen syner at i Finnmark vart det felt omlag like mange dødsdommar før og etter 1650.⁸⁶⁸ Ho hevdar elles at frikjenningar og utsetjingar hovudsakleg skjedde i enkeltprosessar etter 1670. Dette tyder på at det der òg trass alt fann stad ei viss milding i rettsvesenet sin måte å handsame trolldomsprosessane på etter siste halvdel av 1600-talet. Såleis har vi ikkje avdekt kva område som dreg opp talet på felte dødsdommar i åra etter 1650 i høve til åra før.

Skilnadene i domfelling over tid vitnar om endringar eller svingingar i domspraksis. Det kjem av at prosessane gjekk føre seg i løpet av eit tidsrom på omlag 150 år. Difor er det rimeleg at mellom anna lovverket, reglane for prosessførsel og domstolane sine oppfatningar gjennomgjekk endringar. Dei regionale skilnadene er derimot vanskelegare å forklara. Dei kan kome av det ulike kjeldetilfanget mellom by og land, og mellom dei ulike delane av landet. Ei anna årsak kan vere den tidlegare omtala sentrum-periferi modellen som tilseier at trolldomsprosessane vart førte tidlegare i sentrale område enn i meir perifere strok.

7.4.5. ANKE

Fem tiltala anka saka inn for høgare rett.⁸⁶⁹ Fire av desse vart frikjende. Ei fekk dommen ved den lågaste rettsinstansen underkjend slik at saka kom opp på bygdetinget på nytt. Då vart den gamle dommen stadfesta, som var dødsdom. Dette var dommen over Gjertrud Hundskår.

Underrettane *søkte lagmannen sitt råd* i 12 prosessar.⁸⁷⁰ Sju av desse prosessane enda med dødsdom. Denne blandinga av instansane førte truleg til at færre anka saka si for

⁸⁶⁶ Knutsen 1996: 20ff., 160. I Danmark ser vi det same mønsteret, med ein topp i talet på dødsdommar i tida 1609 til 1626. Ibid.

⁸⁶⁷ Ibid.

⁸⁶⁸ Willumsen 1994: 16, figur 1.

⁸⁶⁹ Prosess nr. 376b, 440, 624, 836a og 836b.

⁸⁷⁰ Prosess nr. 386, 418, 418a, 444, 450, 450a, 450b, 508, 509, 510, 624 og 661.

høgare rett, då sjansen for å få medhald vart redusert. Vi ser då òg at berre 10% av dei norske trolldomsprosessane vart appellerte til lagtinget.⁸⁷¹ I Bergenhus len er dette umogeleg å vurdere, då vi som kjend manglar lagtingsprotokollar i store delar av prosessperioden. Frå 1687 var det automatisk appell til høgare rettsinstansar i trolldoms- og livssaker.⁸⁷² Vårt område inneheld i følgje kjeldene berre ein prosess etter 1687,⁸⁷³ og den veit vi ikkje korleis enda.

Fire personar vart dømde til døden ved høgare rett, det vil seie ved lagtinget eller overlagtinget i Bergen.⁸⁷⁴ Det er ikkje noko i kjeldene som tyder på at dette var ankesaker. Anke-domstolane frikjende fem menneske,⁸⁷⁵ men det var i hovudsak underrettane som frikjende dei saksøkte. Det var altså ikkje alltid naudsynt å anke for å bli frifunne.

Å *be høgare rettsinstansar eller embetsmenn om hjelp* vart elles nytta av sju tiltala.⁸⁷⁶ Fem av desse vart frikjende. Hovudtyngda av dei som søkte forsvar hjå høgare rettsinstansar eller anka, hadde høg sosial status. Dei og deira familie hadde såleis ressursar til forsvar. Mora til Lesemeister Tomas Hansen, og konene til Strange Jørgensen og Salomon Jonsen *supplikkerte* direkte til kongen då dei vart utlagde for trolldom av ei kvinne i Bergen i 1606.⁸⁷⁷ Alle vart frikjende. Johanne Jensdotter Flamske stod tiltala for trolldom i Bergen i 1594.⁸⁷⁸ Ho tok kontakt med rådmannen i Bergen og bad han om å forsvare henne. Johanne vart avvist og seinare dømd til døden.

7.4.6. OPPSUMMERING

Domstolane i Bergenhus len dømde 61% av dei tiltala for trolldom, medan 19% vart frikjende. Over halvparten av dei dømde fekk dødsdom. Straffene vart stort sett eksekverte. Dei som vart dømde til døden vart brente. Denne straffa kan fortelje at domsmennene òg såg på trolldom som eit brotsverk mot Gud og kyrkja, slik som lovgjevarane og dei geistlege styremaktene gjorde. Utover i prosessperioden vart dommane mildare.

7.5. IMPLISITTE KRITERIUM, PARTANE I DOMFELLINGA

7.5.1. DEI SOM VART DØMDE

⁸⁷¹ Næss 1984: 144.

⁸⁷² Ibid. 1994a: 32.

⁸⁷³ Prosess nr. 481.

⁸⁷⁴ Prosess nr. 669, 674/675, 632a/676 og 679/680.

⁸⁷⁵ Herredagen frikjende personane i prosess nr. 376b, 624, 836a og 836b. Overlagtinget frikjende den tiltala i prosess nr. 669a. I tillegg underkjende lagtinget dødsdommen over kvinna i prosess nr. 440, slik at saka kom opp på nytt ved bygdetinget. Der vart ho dømd til døden igjen.

⁸⁷⁶ Prosess nr. 376b, 433, 661a, 661b, 661c og 669a.

⁸⁷⁷ Prosess nr. 661, 661a, 661b og 661c.

⁸⁷⁸ Prosess nr. 674/675.

Kjønn

Av dei som vart dømde for trolldom i Bergenhus len var tre fjerdedelar kvinner og ein fjerdedel menn. Både kvinner og menn vart dømde jamt over i heile prosessperioden. 81% av dei dødsdømde var kvinner og 19% var menn.⁸⁷⁹

Næss hevdar at kjønna vart handsama likt ved avseiing av dødsdom.⁸⁸⁰ Biletet blir derimot eit anna dersom vi ser på dødsdommane i høve til talet på dei som stod tiltala, slik Sogner har gjort.⁸⁸¹ Ho syner at kvar femte mann vart avretta medan kvar tredje kvinnene fekk same dom. Det var altså 1,7 gonger så vanleg for ei kvinne å bli avretta for trolldom når ho fyrst vart saksøkt som det var for ein mann. Og dette på toppen av den høgare tiltalefrekvensen for kvinner, som var fire gonger høgare enn for menn. Sogner hevdar difor at det var sju gonger så sannsynleg for ei kvinne å bli saksøkt og avretta for trolldom enn det var for ein mann. Det var altså ein klår samanheng mellom kjønn og avretting.⁸⁸²

Her vil vi vurdere om kvinner og menn vart handsama likt av domstolane i prosessane i vårt område. Vi veit frå før at det var fire gonger så sannsynleg at ei kvinne vart saksøkt for trolldom som at ein mann vart det. I tillegg til at menn sjeldnare vart tiltala, var det altså berre 7% sjanse for at ein mann vart dødsdømd i ein trolldomsprosess. Ei kvinne hadde derimot 29% sjanse for å verte dømd til døden.⁸⁸³ Med andre ord var det i Bergenhus len fire gonger større sjanse for ei kvinne å bli saksøkt og dømd til døden enn for ein mann.⁸⁸⁴ Menn fekk i staden forvisingsdom og pengestraff.

⁸⁷⁹ Dødsdømde menn i prosess nr. 450b, 483, 490, 509, 657, 669, 836 og 852.

⁸⁸⁰ Næss 1982: 302.

⁸⁸¹ Sogner 1982: 175.

⁸⁸² Ibid: 181, note 20.

⁸⁸³ Tabell 24. *Utfall i prosessane fordelte på kjønn i Bergenhus len, i absolutte tall*

	Menn	Kvinner	Samla
Dødsdom	8	35	43
Anna utfall	17	59	76
Alle tiltala	25	94	119

Åtte av dei 25 tiltala mennene vart dømde til døden. 35 av 94 tiltala kvinner fekk dødsdom. Sjansen for at ein mann vart dødsdømd vert: $\frac{8}{25} \times \frac{25}{119} = 0,32 \times 0,21 = 0,07$, dvs. 7%

Sjansen for at ei kvinne vart dødsdømd vert: $\frac{35}{94} \times \frac{94}{119} = 0,37 \times 0,79 = 0,29$, dvs. 29%

119

⁸⁸⁴ I alle typar rettssaker i Nordhordland midt på 1600-talet derimot var kjønn ein underordna faktor for utfallet i saka. Det avgjerande var kva posisjon vedkommande hadde i lokalsamfunnet. Antun 1999: 108ff.

Sosial stilling

Løyland hevdar at alle dei ressursvake trolldomstiltala i Agder vart dømde.⁸⁸⁵ Var det slik i Bergenhus len at dei *marginale gruppene* vart dømde hardare enn andre samfunnsgrupper? I kapittel 4 om partane i trolldomsprosessane, såg vi at dei tiltala som hadde låg sosial status utgjorde 32% av alle som vart saksøkte. Nesten halvparten av dei dødsdømde kom derimot frå dei lågare sosiale lag. Av dei frikjende hadde berre 5% låg sosial status, medan 32% hadde høg sosial status. Til samanlikning hadde 11% av dei tiltala høg sosial status. Dette fortel at menneske med låg sosial status vart dømde strengare enn andre grupper, og dei hadde mindre sjanse for å bli frikjende enn folk frå høgare sosiale lag. Det var altså ikkje likskap for lova.

Tabell 25. Samanheng sosial status og utfall i prosessane i Bergenhus len, i absolutte tall

Sosial status	Dødsdom	Forvising	Pengestraff	Ærestraff	Frikjenning
Låg	21	7	2	1	1
Bondestanden	8	3	2	0	0
Borgarstanden	1	1	0	0	1
Embetsstanden	2	0	0	0	7
Ukjend sosial status	11	4	10	0	14

Elles var ein del av dei saksøkte i *familie* med ein annan trolldomstiltala eller tidlegare trolldomsdømd. Halvparten av desse vart dømde. 61% av alle tiltala vart dømde for trolldom. Dette tyder på at sjølv om familieband med mistenkte trollfolk var ein risikofaktor for å bli saksøkt for trolldom, så var det ikkje slik når dom skulle seiast.

Når det gjeld dei som hadde *trolldomsrykte*, vart dei fleste dømde, og over halvparten fekk dødsdom. Dette tyder på at rykte hadde stor innverknad, ikkje berre på kven som vart tiltala, men òg på kven som vart dømd. Vi har då òg synt at rykte var eit bevismiddel domstolane nytta.

7.5.2. INNHALDET I TILSTÅINGANE AVLAGTE AV DEI DØMDE

Det har vorte synt at der var ein samanhang mellom kva trollfolka tilstod og utfallet i prosessen.⁸⁸⁶ Når vi tek utgangspunkt i dødsdommar der innhaldet i tilståingane er kjende, viser det seg at 70% av dei tiltala tilstod diabolisme. Utlegging av andre deltakarar på

⁸⁸⁵ Løyland 1992: 118.

⁸⁸⁶ Næss 1982: 248, tabell 25, Willumsen 1994: 48, 169, tabell 13.

sabbat var ofte ein del av slike tilståingar, noko som førte til kjedeprossar. Difor vart mange av dødsdommane felte nettopp i kjedeprossane. Alle som tilstod diabolisme vart dømde til døden.

I Danmark var domstolane tilbakehaldne med å dømme menneske til døden som ikkje var tiltala for maleficium.⁸⁸⁷ Korkje i Bergenhus eller på Austlandet⁸⁸⁸ vert det teke slike omsyn. Fleirtalet av desse som vart utlagde for diabolisme og som vart dømde til døden, var ikkje skulda for maleficium i tillegg.

Vi ser elles at to personar som la fram "reine" signetilståingar vart dømde til døden. Det var Marit Rasmusdotter Bjørndal som stod tiltala ved bygdetinget i Sunylven i 1663,⁸⁸⁹ og Johanne Jensdotter Flamske som vart dømd ved lagtinget i Bergen i 1594.⁸⁹⁰

Tabell 26. *Innhald kjend i tilståingar i prosessar som enda med dødsdom i Bergenhus len, i absolutte tall*

Innhald i tilståinga	Talet på dødsdommar
"Reine" signetilståingar	2
"Reine" maleficiumtilståingar	5
Diabolismetilståingar	16

Innhaldet i tilståingane hjå dei som fekk den strengaste dommen, var altså hovudsakleg diabolisme. Dei som fekk forvisingsdom, hadde tilstått signing. Skuldingane og vitneutsegna handla mest om maleficium. Dette fortel at dei verdslege styremaktene meinte at alle formene for trolldom var viktig, sjølv om omgang med djevelen også av domstolane vart vurdert som det alvorlegaste brotsverket.

7.5.3. DEI SOM DØMDE

I Bergenhus len ser det ut til at dødsdommane hovudsakleg vart felte ved underrettane. Rett nok gjeld dette berre i underkant av halvparten av alle dødsdommane, men i mange av prosessane som enda med dødsdom er det uråd å avgjere kva domstol som dømde. Desse prosessane er kjende frå rekneskapskjelder eller dagbøker, eller frå andre prosessar. Vi har elles sett at berre fire personar vart dømde til døden ved høgare rett, og at det i hovudsak var underrettane som frikjende dei saksøkte òg. Likevel viser det seg at underrettane både i heile Noreg og i største delen av Europa dømde hardare enn ankedomstolane, særleg i siste

⁸⁸⁷ Johansen 1991: 23f.

⁸⁸⁸ Knutsen 1996: 97.

⁸⁸⁹ Prosess nr. 504.

⁸⁹⁰ Prosess nr. 674/675.

halvdel av prosessperioden. Dess høgare ein kom opp i rettshierarkiet, dess større var sjansen til å bli frikjend.⁸⁹¹ Det ser såleis ut til at det var den folkelege delen av rettssystemet som var mest huga på å dømme trollfolk, og at anke-domstolane var meir moderate. Dette kunne ha ulike årsaker.

Både i byen og på landet var det medlemmar av lokalsamfunnet som dømde i fyrsteinstans på slutten av 1500-talet og på byrjinga av 1600-talet. Lagrettemennene og byrådsmedlemmane hadde truleg godt kjennskap til partane i prosessen; den tiltala, den eventuelle private saksøkjaren og vitna. Desse lokale representantane og dommarane hadde truleg den same otta for den tiltala som dei andre i lokalsamfunnet hadde. Knutsen peikar på at lagrettemennene kunne rangere medlemmane si relative ære, og dermed deira "vitneførhet". Såleis kunne desse domsmennene i større grad enn skrivaren vurdere vitneprova ut frå kven som framførte dei. Difor trur han at marginale menneske vart dømde hardare i perioden då lagrettemennene var einedommarar enn seinare.⁸⁹²

Elles hadde nektingseiden, skutsmål og vitna sine utsegn stor innverknad for underrettane. Allmugen fekk såleis høve til å påverke dommane òg. Difor kan vi hevda at dei tiltala også vart dømde av sine medborgarar. Vidare har vi synt at dei private saksøklarane jamt over hadde høgare sosial status enn den dei retta sine trolldomsskuldingar mot.⁸⁹³ Vi må såleis lura på kor uhilda domsmennene kunne vere. Dette kan vere ei årsak til underrettane sine strenge dommar i høve til anke-domstolane sine. Vidare kan det forklare funna vi har gjort ovanfor; at menneske med låg sosial status vart dømde strengare enn andre grupper i samfunnet. Materialet gjev lite høve til å vurdere om desse sosialt marginale vart dømde strengare fyrst i perioden enn seinare.

Ei anna årsak til at underrettane dømde strengast kan vere at underrettsdommarane var, før skrivaren vart meddommar, utan juridisk skulering. Dette gjorde at dei kan hende lettare oversåg lovbestemte reglar om den formelle bevisføringa, noko som kunne føre til domfelling i ein del saker som anke-domstolane ikkje ville ha felt. Elles førte gjerne ein spissfindig redigert lov og denne avgrensa juridiske kompetansen til at underrettsdommarane vart tvinga til å dømme etter lova utan rom for å kunne drege inn mildande omstende.⁸⁹⁴

Vi finn elles døme på at vitne med låg sosial status og lite truverde ikkje vart tillagt vekt slik at domsmennene oversåg futen sin påstand om straff og reduserte straffa eller frikjende

⁸⁹¹ Birkelund 1983: 49ff., Johansen 1987: 301, Ibid. 1991: 44, Knutsen 1996: 108, Næss 1982: 267.

⁸⁹² Knutsen 1996: 128.

⁸⁹³ Sjå kapittel 4.3.4. om partane sin sosiale status.

⁸⁹⁴ Hansen 1993: 246.

den tiltala.⁸⁹⁵ Ekteparet Kari Andersdotter og Sigfrid Njøs⁸⁹⁶ frå Sjøstrand vart i 1663 saksøkte av tenestejenta si og av futen for at dei skulle ha bede tenestejenta om å sankta "*Alenischers hoffuet haar, Asche, Kuoll, Jord och Mozze*". Det vart ført vitne som stadfesta tenestejenta sitt utsegn. Dei tiltala nekta skuld. Futen la ned påstand om straff; dei burde rømme landet og miste bulotten. Domsmennene kom fram til at det ikkje fanst andre vitnesbyrd enn tenestejenta sitt ord, og ho stod ikkje "*till troende Imod lougen*" då ho tidlegare hadde vore teke for tjuveri. I tillegg vart det vist til at dei tiltala hevda at tenestejenta var uærleg, og til at vitna berre fortalde det som jenta hadde sagt til dei. Difor frikjende dommarane ekteparet, trass i futen sitt forslag om forvising.

7.5.4. LOV OG LIV

Her vil vi vurdere om trolldomslovgjevinga og andre lover som gjaldt prosessreglar vart følgde i praksis av domstolane, det vil seie ved vurdering av skuldspørsmål og i domsutmåling.

Ut frå kjeldene ser vi at 19% vart frikjende i Bergenhus len. I heile Noreg vart 27% frikjende.⁸⁹⁷ På Jylland var frikjenningsprosenten på heile 50%.⁸⁹⁸ Johansen hevdar at grunnen til at så mange vart frikjende på Jylland i høve til i Noreg og nokre andre stader i Europa, er at dei jyske domstolane stilte strenge krav om at prosessreglane skulle bli følgt. Mellom anna måtte tiltalen bli styrkt av minst to sjølvstendige vitne, og vitnemål om rykte blei ikkje tillagt vekt.

I Christian 4.'s norske lov frå 1604 vart det slått fast at ingen kunne bli dømd utan at den tiltala tilstod eller at det vart lagt fram to likelydande vitnemål.⁸⁹⁹ Materialet inneheld ikkje døme på at nokon vart dømd for trolldom utan at domsmennene anten kunne grunngjeve dommen med tilståing eller med minst to likelydande vitnemål.

I domsgrunngjevingane vart det synt til både Guds lov og til lover som dei verdslege lovgjevarane hadde ferda ut. Ved gjennomgang av dommane i høve til den verdslege trolldomslovgjevinga i den aktuelle tida, ser vi at ingen av dei dømde fekk strengare straff enn det lova føreskreiv.

Dermed kan vi konkludere med at det var samsvar mellom trolldomslovgjeving og reglane om prosessførsel på den eine sida og dommane i trolldomsprosessane på den andre sida. Det var altså i sjølve rettargongen fram mot dom at domstolane oversåg ulike reglar,

⁸⁹⁵ Prosess nr. 418, 418a, 456 og 456a.

⁸⁹⁶ Prosess nr. 456 og 456a.

⁸⁹⁷ Næss 1982: 248, tabell 25.

⁸⁹⁸ Birkelund 1983: 50, Johansen 1987: 295.

⁸⁹⁹ C 4. 1.4.

slik som *kven* som kunne få vitne. Det ser vi av di heile 25 prosessar kom i gang eine og aleine på grunn av at mistenkte eller tiltala trollfolk hadde skulda andre for trolldom, trass i at slike etter lova ikkje skulle "*staa til Troende*".⁹⁰⁰ Det same fann Knutsen for Austlandet.⁹⁰¹ Ovanfor har vi elles sett at den saksøkte sitt rykte hadde ein del å seia for domstolane. Til saman kan dette vere ei forklaring på at så få vart frikjende i prosessane i Bergenhus len og i heile landet i høve til på Jylland.

Den formelle lovbestemte bevisføringa handla òg om tortur. Tortur kunne ikkje nyttast under prosessen, berre etter avseiing av dødsdom. Vi har sett at 10 av dei tiltala i Bergenhus len vart torturerte, alle var kvinner. Ei av desse vart torturert før dom.⁹⁰² Dette tyder på at prosessreglane kring tortur som regel vart følgt. Vi har argumentert for at dei tiltala vart utsette for psykisk tortur før dom, slik som lang varetektsfengsling under dårlege tilhøve, eller at dei vart utsette for trugsmål om tortur og for press frå geistlege. Slikt press vart ikkje sett på som tortur i lovverket, og vi må tru at det var vanleg å handsama saksøkte menneske på denne måten i prosessperioden. Difor er det umogeleg å hevda at domsmennene oversåg reglane om tortur under prosessførselen, sjølv om vi i dag med vår forståing av tortur gjerne vil meine det motsette.

I tillegg har vi synt at når underrettane søkte lagmannen sitt råd i prosessane, virka det mot dei tiltala sine interesser. Stort sett kan vi likevel hevda at det var samsvar mellom lov og liv. Unnataket var hovudsakleg reglane som gjaldt vitnehabilitet og det at rykte hadde så stor innverknad på domfellinga. Rykte var ofte utslagsgjevande for om eit menneske vart saksøkt, og det kunne virke negativt for den tiltala ved domfelling. I tillegg vart rykte nytta til å grunngjeve dommen. Dette understrekar konklusjonen i kapittel 3.4. om injuriesakene; at den personlege ære var særskild viktig og avgjerande for den enkelte i 1600-talssamfunnet.

7.5.5. OPPSUMMERING

Kvinner hadde størst sjanse for å bli dødsdømde. Likeins var menneske frå dei lågaste sosiale lag svært utsette. Dersom dei tiltala hadde trolldomsrykte, vart dei stort sett dømde. Rykte hadde såleis stor innverknad på domsavseiinga. Diabolismetilståingar førte til dødsdom. Domstolane såg på diabolisme som det mest alvorlege trolldomsbrotsverket, slik som både lovgjevarane og dei geistlege styremaktene etterkvart òg gjorde.

⁹⁰⁰ Sjø kapittel 6.3.3.5. om utlegging.

⁹⁰¹ Knutsen 1996: 106.

⁹⁰² Prosess nr. 624. Sjø kapittel 6.2.3. om fysisk tortur.

Den forsvarsmetoden som i størst grad førte til frikjenning, var å få godt skutsmål, anke, og når den tiltala hadde støtte av familiemedlem. Slikt forsvar vart helst nytta av ressurssterke menneske. Tiltala menneske frå dei høgaste sosiale gruppene vart i større grad enn menneske frå andre grupper frikjende. Færre av dei ressurssterke fekk dødsstraff i høve til talet på saksøkte enn kva tilfellet var for dei ressursvake. Det er ikkje råd i vite om dette kom av at dei hadde størst høve til å leggja fram eit godt forsvar, eller om det kom av di at retten, uavhengig av forsvar, dømde desse gruppene mildare då vi har synt at retten til å bli trudd kunne vere avhengig av kven ein var. Vi kan sitere Hagen sin karakteristikk av rettsapparatet i prosessperioden; det var prega av "*ulikhetens justis både sosialt og kjønnsmessig.*"⁹⁰³

Dei fleste prosessane vart avgjorde ved underrettane, og desse domstolane dømde hardare enn ankedomstolane.

7.6. VURDERING

7.6.1. DOMSTOLANE SI ROLLE I TROLLDOMSPROSESSANE

Det var ofte personlege eller sosiale konflikhtar som var utslagsgjevande for at ein del av prosessane vart sette i gang. Saker som handla om uvennskap, trugsmål og liknande vart likevel ikkje avgjort som det, men som spørsmål om den tiltala beviseleg var trollkvinne/-mann. Såleis kunne sjølve *bevistemaet* i retten, det vil seie det tilhøvet som var gjenstand for bevisføring, vere eit anna enn det konflikten eigentleg handla om. Reine interessetvistar vart dermed omdanna til usemje om den tiltala var trollkvinne/-mann, og om vedkommande si verksemd vart ramma av dei gjeldande trolldomslovene. For at slike personlege og sosiale konflikhtar skulle utvikle seg til trolldomsprosessar og kunne løysast av ein tredjepart, det vil seie domstolane, måtte trolldomstru hengjast på konfliktane.⁹⁰⁴

Måten prosessane vart førte på var delvis i strid med gjeldande prosessreglar. Lovene kring rettargang og prosessførsel vart ikkje alltid handheva, og dei sentrale styremakter såg gjennom fingrane med lovbrotet. Ei anna årsak til at underrettane tillet seg å oversjå reglane var at lekdommarane sjølve kunne vere fordomsfulle mot dei tiltala, og dommarane opponerte sjeldan mot futane sine forslag om domsutmåling. I perioden rådførte elles underrettane seg med lagmannen. Rådføringa hadde som følgje at lagmannen kunne gjeve råd utan sjølv å bli ansvarleg for resultatet, og difor trengte han ikkje å ta lovene sine krav til bevisvurdering så nøye.

⁹⁰³ Hagen 1995a: 9.

⁹⁰⁴ Graver 1984: 52.

Trua på trolldom hadde eksistert før prosessperioden. Kvifor var det nettopp i dette tidsrommet at domstolane oversåg reglane som kunne ha hindra ein del av prosessane? Juristen Hans Petter Graver hevdar at det bygde seg opp eit sterkt sosialt trykk mot rettsreglane som gjorde det umogeleg å føra prov for trolldom, dei eksisterande rettslege skrankane i prosesslovgjevinga vart såleis ineffektive. For dette trykket måtte "*lovens bokstav vike*".⁹⁰⁵ Panikken sine krav strøymde mot forvaltninga, og krava vart ikkje bremsa eller stoppa, dei førte heller til konkrete tiltak. Slike tiltak var at vi fekk ei meir spesifisert trolldomslovgjeving som gjorde det mogeleg å definere brotsverket. Denne lovgjevinga og trolldomsdommane ved domstolane kan såleis sjåast som "*angstbarometre*", det vil seia dei indikerte kva allmugen og verdslege styremakter frykta. Lov og dom gjev altså eit bilete på deira kollektive fantasiar eller "*moralske panikker*" i 1600-tallssamfunnet.

7.6.2. ETTERSPEL

Sjølv om dei tiltala vart frikjende, førte truleg det at dei faktisk hadde vore mistenkte og saksøkte for trolldom, til eit skår i deira omdømme. Nærmiljøet heldt auga med vedkommande, og det skulle sikkert ikkje mykje til for at dei vart tiltala på nytt. Det skjedde som vi har sett i seks prosessar i vårt område. Elles gjaldt det same for familiemedlemmar av mistenkte, tiltala eller dømde trollfolk. Eit døme på dette finn vi i forbinding med prosessane mot Anna Pedersdotter.⁹⁰⁶ Ho vart fyrst tiltala i 1575. Då vart ho frikjend fordi ho fekk andre til å sverje med seg. I 1590 vart ho saksøkt på nytt. Denne gongen vart ho dømd til døden. I 1596 skreiv Anna sin svigerson, Werner Schellenberger, til Christian den Fjerde. Werner freista å få omgjort dommen over Anna, sjølv om ho var død. Årsaka var at det var ei byrde å vere etterkommarar av ei trollkvinne. Han skreiv

*Huorudoffuer wj oc woris eptherkommendis børn, oc blods forwanthe paa woris existimation, æhre och fami, atrocissime iniuriert, oc paa thedt høgiste kandt forhaanis oc forachtis.*⁹⁰⁷

Kongen svara i 1598 at dommen over Anna skulle stå ved lag. Verdslege styremakter frå botn til toppen meinte altså at trolldom var ein realitet, og at trollfolka måtte bøte med livet.

⁹⁰⁵ Ibid.: 54.

⁹⁰⁶ Prosess nr. 679/680.

⁹⁰⁷ *Norske Samlinger* bd. 1, 1852: 331f.

8. AVSLUTNING

8.1. TROLLDOMSPROSESSANE I BERGENHUS LEN I NORSK OG SKANDINAVISK SAMANHANG

I 1584 kom føresegna som fastsette dødsstraff for signing. Påbodet skulle gjelde berre for Stavanger og Bergenhus len.⁹⁰⁸ Før 1593 skulle altså domstolane i vårt område og i Stavanger len dømme hardare i signesaker enn kva domstolane skulle andre stader. Dette kan truleg vere ei forklaring på kvifor så mange vart avretta i Bergen by fyrst i prosessperioden. Slik var det ikkje elles i landet. I tillegg vart det ført mange tidlege prosessar i byen, noko som er spesielt i høve til andre delar av lenet og i høve til landet elles. Dette har vi forklart ut frå ein sentrum-periferi modell.

Dei kjente trolldomsprosessane i Bergenhus len har den same kronologien som prosessane i resten av landet, med mellom anna ein topp etter 1650. Slik var det i Sverige, Finland og Island òg. I Noreg representerer Austlandet unnataket, det området har den same kronologien på førte prosessar som Danmark. I desse områda finn vi mange prosessar etter 1617, som vert forklart ut frå at 1617-føresegna blei utstett. Austlandet og Danmark manglar den siste toppen etter midten av 1600-talet.

Dei fleste stader utgjorde kvinner det store fleirtal av dei tiltala. Kvinnene var helst gifte eller enkjer, og dei var middelaldrande eller eldre. Det same finn vi elles i landet og i Danmark. Eit unnatak ser vi på Island, og i delar av Finland. Der var hovuddelen av dei tiltala menn. Fleirtalet av dei saksøkte i Bergenhus len hadde låg sosial status, noko som samsvarar med andre områder. Bergen by skil seg ut, her kom ein del av dei tiltala også frå embetsfamiliar.

Saksøkjarane var for det meste menn. Futen var saksøkjar i omlag halvparten av sakene. Slik var det elles i landet òg. Futen si aktive deltaking bryt med mønstret i dei andre nordiske landa, der var påtalen hovudsakleg privat.

Dei fleste tiltala i Bergenhus len vart skulda for signing og maleficium. Dette kan mellom anna kome av dei strenge lovene som handla om signing, jamfør ovanfor. I tillegg heng dette saman med prosessforma, som var akkusatorisk, og at prosessane hovudsakleg vart førte ved underrettane. Såleis var det likevel ofte privatpersonar frå allmugen som reiste sak. Dei var oppteke av konkrete skader, og ikkje av diabolisme. Difor vart ingen saksøkt

⁹⁰⁸ I kapittel 2.2.2. har vi sett at lova vart gjeldande rett for heile Noreg i 1593. I nordisk og europeisk samanhang var dette ei streng lov. Etter 1617 vart det innført pengestraft for signing.

for samkvem med djevelen i lenet. Slik sett liknar prosessane i vårt materiale på prosessane i resten av landet, og på prosessane i Danmark, Island og til ein viss grad med dei i Finland òg. Sverige bryt med dette mønsteret, der vart det oppretta særdomstolar som tok seg av dei mange diabolismeskuldingane som vart førte i siste halvdel av 1600-talet.

Det særmerkte med prosessane i vårt område og i heile landet i høve til dei fleste andre nordiske landa, er at dei mange maleficiumprosessane i løpet av rettssaka utvikla seg til å bli diabolismeprosessar. Dette vert sett i samanheng med prestane si deltaking. I Bergenhus len synest prestane å ha vore særleg aktive. I desse prosessane tilstod flesteparten. Då inneheldt tilståingane ofte element av diabolisme.

Hypotesen om at dei tiltala hadde vorte utsette for press i løpet av prosessen frå personar med eit anna trolldomssyn enn det dei sjølve hadde, vert underbygd med at mange tilstod diabolisme, medan ingen vart skulda for dette brotsverket. Tilhøva i Sverige står opp under ei slik tolking. Der var den geistlege påverkinga stor, og diabolismeprosessane florerte. I Danmark og Finland, der prestane deltok lite, vart det ført få slike prosessar.

Dødsdomsfellingane i Bergenhus len følgde stort sett det same mønsteret som elles i landet og i Danmark. I overkant av ein tredjedel av dei tiltala fekk dødsdom. Finnmark skil seg ut, der vart over halvparten av dei saksøkte dømde til døden.

På Jylland vart halvparten frikjent,⁹⁰⁹ medan dette gjaldt berre 19% av dei tiltala i Bergenhus len. I heile landet vart 27% frikjent. Dette er spesielt, då Danmark-Noreg var eit monarki med lik lovgjeving. Skilnaden vert forklart med at domstolane i vårt område og i heile landet oversåg ulike prosessreglar. Det var slik som avgjersle om kven som kunne få vitne, at domstolane la vekt på den saksøkte sitt rykte, og at underrettane praktiserte rådføring med lagmannen før domfelling.

Trolldomsprosessane i Bergenhus len både samsvarar med og skil seg såleis ut frå prosessar som vart førte andre stader. Det som er særmerkt med prosessane i lenet er hovudsakleg at mange av dei fann stad tidleg i prosessperioden, og at ein del av desse var diabolismeprosessar. Elles kom mange av dei tiltala frå embetsstanden. I tillegg var den geistlege deltakinga i prosessane stor. Få vart frikjende i lenet i høve til heile landet, men mest i høve til i Danmark, og særskilt på Jylland.

8.2. ÅRSAKSDRØFTING

⁹⁰⁹ I heile Danmark gjaldt dette 36% av prosessane. Birkelund 1983: 50, Johansen 1987: 295.

Det har vorte hevda at 1500- og 1600-talet var prega av store sosiale spenningar som eit resultat av ulike samfunnsendingar som reformasjonen,⁹¹⁰ omlegging av jordbruket og folketilvekst. Dette førte til at fleire vart fattige og rotlause, til auka sosiale skilnader, og til at kriminaliteten auka.⁹¹¹ Forklaringa på at trolldomsprosessane oppstod vert sett i denne samanheng, det vil seie at dei var eit resultat av klassekonfliktar og av kampen om ressursane på grunn av desse samfunnsendingane. På den andre sida var den demografiske veksten ei gjenvekst etter svartedauden, og prosessperioden var samla sett prega av økonomisk framgang. Nokre stader var det heller ikkje nokon samanheng mellom kriseår og talet på førte prosessar. Difor vert denne teorien avvist av andre forskarar.⁹¹²

8.2.1. STRUKTURELLE KRISER OG SOSIALE SPENNINGAR

Vi har freista å vurdere om slike sosiale og økonomiske konfliktar kan ha vore med på å utløyse prosessane i Bergenhus len. Dette har vorte gjort ved å analysere kven som var i konflikt med kven, og kva konfliktar som låg bak skuldingane.

Personar frå rotlause, og/eller marginale samfunnsgrupper og menneske frå høgare sosiale lag var overrepresenterte blant dei tiltala i høve til folkesetnaden elles i vårt område. Dei private saksøkjara og vitna stod stort sett høgare på den sosiale rangstige enn den dei tiltala. Unnataket var dei som retta skuldingar mot nokon frå dei høgaste samfunnsgruppene, desse saksøkjara hadde lågare sosial status enn den dei tiltala. Folk retta såleis skuldingar både mot dei som stod høgare og lågare enn dei sjølve.

Skuldingane som vart retta mot dei tiltala var hovudsakleg signing og maleficium. Det er helst maleficumsakene som er interessante når vi skal vurdere om prosessane var eit resultat av kamp om ressursane. Dei som vart tiltala for dette brotsverket hadde lågare sosial stilling enn kva gjennomsnittet var for alle trolldomstiltala. Skuldingane inneheldt påstandar om at dei tiltala skulle ha valda skade på dyr som var viktige i produksjonen, og meir direkte produksjonstap, i tillegg til skade på andre menneske. Som regel var det relativt eins situasjonar som utløyste krangler og til at den eine parten byrja å mistenkte den andre for å ha valda skade ved hjelp av trolldom. Slike situasjonar var gnissingar på grunn av at den eine parten ikkje kunne eller ville betale for seg, strid om arv, om jord eller om andre ressursar, og

⁹¹⁰ Reformasjonen medførte at gode gjerningar ikkje lengre telte, og folk sine motiv for å hjelpe fattige fall bort. Dette gjorde at dei fattige vart noko irriterande som ikkje lengre kunne gje ein frelse dersom ein gav dei hjelp. Såleis fekk fattigfolka det verre. Jensen 1988: 83.

⁹¹¹ Dette kallast "*Social strain-teorien*". Jfr. mellom anna Jensen 1988, Macfarlane 1970, Næss 1982, Thomas 1971.

⁹¹² Birkelund 1983: 49, 100, Johansen 1991: 42.

på grunn av tigaravslag. Dei som åtte noko frykta for skadegjering, og dei som var fattige kunne bera ovund. Samla sett kan det såleis sjå ut til at slike prosessar vart utløyste av konflikhtar mellom dei ulike samfunnsgruppene på grunn av mellom anna knappe ressursar.

Folk frå låge sosiale lag var særst utsette for trolldomstiltale. Likeins vart dei dømde strengare, og dei hadde mindre sjanse til å verte frikjende, enn dei andre gruppene i samfunnet. Det var helst menneske frå det jamne lag i bondesamfunnet og dei som hadde høg sosial status i byen som fekk medhald når dei forsvara seg mot trolldomsskuldingane. Såleis kan vi hevda at dei sosiale konfliktane også var strukturelle, det vil seie at det rettslege systemet fungerte *mot* dei svake gruppene.

8.2.2. STRENGARE JUSTIS

Ein gjennomgåande diskusjon innan kriminalitetsforskinga er om det føregjekk ei auke i kriminaliteten på 1500- og 1600-talet som førte til strengare og nye lover, til hardare straffar, og til eit meir effektivt og organisert rettssystem. Dette førte så i sin tur til større offentleg kontroll med rettsstellet og med lokalsamfunnet.⁹¹³ Eller det motsette; at talet på straffesaker var eit resultat av strengare justis.⁹¹⁴ Det var i alle høve slik at straffene vart skjerpa og nye tilhøve blei kriminaliserte i perioden. Vidare vart det utferda nye og strengare lover om trolldom som òg definerte brotsverket meir detaljert. Underrettane dømde dei tiltala i trolldomsprosessane hardare enn kva ankedomstolane gjorde, mellom anna på grunn av ankeblokaden til lagmannen, og av at dei dømmande underinstansane oversåg gjeldande prosessreglar. I tillegg blei allmugen sitt høve til å påverke rettshandhevinga etter kvart redusert ved at lagrettemennene måtte dele domsmynde med skrivarane og ved at nektingseiden fall bort.

Lovgjevinga og oppbygginga av rettssystemet var likevel ikkje noko sjølvstendig kraft for å få prosessane i gang. Dei tiltala vart dømde etter dei gamle trolldomslovene også etter at dei nye og skjerpa lovene vart utgjeve. Dette tyder på at prosessane var eit fenomen som ikkje eine og åleine oppstod på grunn av lovgjeving og klårsignal frå dei verdslege styremaktene. Dermed kan vi hevda at lovgjevarane, i tillegg til at dei ønskte kontroll med undersåttane, også imøtekom krav frå allmugen om å handsame rettsleg handlingar som hadde bakgrunn i mellom anna materielle konflikhtar og klassekonflikhtar i lokalsamfunnet. Dei verdslege styremaktene freista altså ikkje å bremse prosessane, tvert om medverka dei

⁹¹³ Næss 1982.

⁹¹⁴ Sandnes 1990, Sandvik 1987: 240, Ibid. 1994: 50. Sjå elles Sogner 1982: 171ff.

til at personlege konflikhtar og kamp om ressursar vart offentleggjorde til trolldomsprosessar.

8.2.3. IDEOLOGISKE FAKTORAR

Til no har vi trekt fram kva sosiale og rettslege faktorar som var medverkande til at prosessperioden var prega av ei auke i straffesaker generelt, og i trolldomsprosessar spesielt. Lokale konflikhtar og måten dei tiltala vart handsaminga på i rettsapparatet er likevel ikkje den einaste forklaringa på kvifor og korleis prosessane oppstod, men analysen av dette kan hjelpe oss å forstå kvifor konfliktane utvikla seg slik dei gjorde. Derneft vil vi freista å sjå kvifor slike sosiale konflikhtar og rettslege endringar vart kanaliserte til skuldingar og tiltale om trolldom. For å finne svaret på det, må vi analysere dei ideologiske faktorane.

Dei lærde si trolldomstru

På 1400-og 1500-talet utvikla teologane demonologien som vart kyrkja si offisielle haldning til trolldom. Dermed kunne kyrkja gje startsignal til å forfølgje trollfolk. Dette skjedd mellom anna ved at demonologien påverka trolldomslovgjevinga og ved at geistlege embetsmenn deltok i forhøyr og tortur av dei mistenkte.

Kyrkja meinte at det vesentlege var at djevelen stod bak alle former for trolldom, og ikkje den skaden trollfolka hadde utført. Trolldomsevnene til trollfolka var eit resultat av samkvem med djevelen gjennom pakt og sabbat. Dermed gjorde trollfolka seg skuldige i kjetteri, og trolldom vart rekna for å vere eit særst farleg brotsverk.

Domstolane også såg på diabolisme som det alvorlegaste trolldomsbrotverket, då dei dømde menneske som hadde tilstått samkvem med djevelen hardast. Elles kunne rettargongen i trolldomsprosessane bli ført i strid med gjeldande prosessreglar. Dette tyder at også dei verdslege styremaktene vurderte trolldom som eit "*crimen exceptum*".

Det var representantar frå både verdslege og geistlege styremakter som forhøyrde dei mistenkte. Dei lærde styremaktene retta såleis eit felles press mot trollfolka. Kjeldene fortel at nokre tilstod frivillig. Desse tilståingane kan ha vore eit resultat av psykisk press, og av at menneska i prosessperioden hadde eit anna lagnadsunivers enn vi har i dag. For dei var frelse av sjela og tilgjeving frå Gud eit motiv for å tilstå. Elles har vi vore inne på at nokre av dei tiltala kunne tru at dei var skuldige. Denne teorien byggjer på at alle i samtida trudde at trolldom var ein realitet. For styremaktene var det viktig å få dei mistenkte til å tilstå og å få dei til å leggja ut fleire trollfolk, slik at sjela kunne reddast til dei som var i

djevelen si makt. Dermed førte tilståingane til fleire trolldomsprosessar. Prosessane hadde såleis sin eigen utviklingslogikk.

Fleirtalet av dei som tilstod vedkjende at dei hadde utført signing. Maleficium var det brotsverket dei mistenkte/tiltala sjølve tilstod minst. Når det gjeld diabolisme, tilstod fleire enn tre gonger så mange i høve til dei som vart skulda for det. Vedkjenningane, særleg dei som gjaldt diabolisme, hadde svært likt innhald. Dette kunne kome av at dei som vart forhøyrd blei utsette for leiande spørsmål. Tilståingane var òg til ein viss grad prega av den mistenkte/tiltala sine førestillingar om dei tilhøve vedkommande vart forhøyrd om. Vedkjenningane inneheldt dermed ein kombinasjon av både folkelege og lærde trolldomsførestillingar og førestillingar der desse to er blanda saman. Lærd og folkeleg trolldomsoppfatning overtok såleis element frå kvarandre og forsterka kvarandre.

Allmugen si trolldomstru

I injuriersakene med trolldomsinnhald var det hovudsakleg privat påtale. Slike saker vart førte inn for retten til seint på 1800-talet. Vi har hevda at den folkeleg trolldomstru heldt seg intakt lenge etter prosessperioden. Dermed er det rimeleg å tru at desse sakene gjev eit bilete av denne trolldomstrua. Det vi ser av injuriersakene, er at den personlege ære var eit naudsynt gode. Å krenkje denne æra var farleg, både for enkeltindividet og for samfunnet. Difor var det viktig å få avsanna injurien. I vårt materiale var hovuddelen av dei injurierte kvinner. Også allmugen meinte såleis at det helst var kvinner som var trollfolk. Det same vert stadfesta i trolldomsprosessane, då dei private saksøklarane tiltala flest kvinner.

Etter reformasjonen vart folk bevisste si eiga synd. Difor auka behovet for syndebookar som ein kunne projisere sin angst og aggresjon på. Såleis stod trollfolka lagleg til for hogg. I trolldomsprosessane var allmugen oppteken av dei konkrete handlingane og skadane trollfolka skulle ha valda, og den sette ikkje dette i samband med djevelen. Allmugen såg altså ikkje trolldom som eit brotsverk mot Gud og kyrkja. Difor inneheldt skuldingane påstandar om at enkeltpersonar hadde handla ut frå motiver om å skada offeret, og at dei såleis hadde gjort seg skuldige i signing og maleficium, og ikkje i diabolisme.

Vurdering

Oppsummert så føregjekk det ofte ein overgang frå ein signe- eller maleficiumprosess til ein diabolismeprosess i éin og same prosess. Interesse vart etter kvart vendt mot kva som låg bak trolldommen; altså til samkvem og pakt med djevelen.

Tilståingane som handla om diabolisme var mest prega av den lærde trolldomsoppfatning, då vedkjenningane som regel var eit resultat av varetektsfengsel, tortur og forhøyr der prest og verdslege styremakter deltok. Elles var innhaldet i tilståingane forskjellige frå den folkelege trolldomstru som kom fram i tiltale- og vitneinnhald, noko som styrkar teorien om at vedkjenningane var bilete på eit anna trolldomssyn. Allmugen si trolldomstru vart altså legitimert, forsterka og til ein viss grad demonisert. Bakgrunnen for dette finn vi i kulturoverføringa som føregjekk frå dei lærde til allmugen.

Tilståingane og utleggingane verifiserte at det fanst trollfolk som ein måtte forfølgje. Vi kan hevde at trolldomsprosessane var eit resultat av at dei ulike gruppene i samfunnet var samde om dette. Allmugen la fram skuldingar i retten, både ved søksmål og vitneutsegn. Vidare nekta den å vere medsverjarar og gav dei tiltala dårleg skutsmål. Elles var delar av allmugen dommarar. Dei verdslege styremaktene utferda lovene som gjorde det mogeleg å reise tiltale mot trollfolk. I tillegg reiste dei tiltale, dømde og eksekverte dommane. Dernest oversåg styremaktene prosessreglar som kunne ha hindra ein del av prosessane. Dei geistlege styremaktene påverka lovgjevinga, dei påverka trolldomstrua i samfunnet, og vidare så deltok dei i forhøyr og tortur.

Klassekonfliktar, rettssystemet sin innverknad, og det at alle samfunnsgruppene var samde om å rettsførfølgje trollfolk, var dei viktigaste drivkreftene bak prosessane.

8.2.4. KVINNER

Trolldom var eit kvinnedominert brotsverk. Mønsteret var dermed at menn, som privatpersonar og som representantar for påtalemakta, både saksøkte og vitna mot kvinner. Truleg var utveljinga av kven som vart saksøkt ein kombinasjon av kjønns- og aldersdiskriminering, då fleirtalet av dei tiltala var gamle kvinner. Kvinner frå både høgt og lågt i samfunnet synest å ha vore særleg utsette for trolldomsskuldingar. Andre karakteristika som personlege trekk spelte også inn.

Av dei tiltala var det ein større prosentdel av menn enn av kvinner som hadde negative karakteristika. Dette kan tyde på at det skulle meir til før ein mann vart saksøkt enn ei kvinne.

Kvinnene vart skulda for å ha valda fleire skader enn mennene. Dei blei altså rekna for å vere farlegare trollfolk. Vidare hadde kvinnene større sjanse for å bli dødsdømde. Materialet

som er nytta fortel at både kvinner og menn vart varetektsfengsla, medan berre kvinnene vart torturerte. Samla gjev dette eit inntrykk av at kvinnekriminering og konflikter mellom kjønna var ein medverkande årsak til ein del av prosessane.

Menneske leitte etter trollfolka blant kvinnene i samsvar med demonologien. Var det elles andre årsaker til kvinnekrimineringen blant dei tiltala enn denne påverknaden?

For å kunne gripe fatt i situasjonen og den opphavlege hendinga som førte til at kvinner var meir utsette for trolldomsrykte, mistanke og tiltale, må vi ta utgangspunkt i kvinnerollene og i kvinnene sine arbeidsoppgåver i prosessperioden. Arbeidsdelinga mellom kjønna tilsa at det var kvinnene som måtte låne eller tigge hjå naboar og andre når det var naudsynt. Slike situasjonar førte gjerne med seg krangling og trugsmål. Ved konfrontasjonar valte kvinner å love vondt, dei gjekk altså til åtak verbalt. Dette var ofte ein utløyssande faktor for mistanke og ryktedanning.

Omsorgsarbeid var ein del av kvinnerolla. Nokre kvinner hadde spesialisert seg på å lækje sjuke folk og fe, det var dei kloke konene. Desse kvinnene vart gjerne tiltala for trolldom, uavhengig om dei hadde greidd å lækje den sjuke eller ikkje. Dette kan sjåast som ei diskriminering av kvinnene, då folk truleg forventa at det skulle eksistere slike kloke folk i kvart lokalsamfunn, og då dette tradisjonelt var ein del av kvinnerolla.

I prosessperioden var det kvinneoverskot, og kvinnene hadde dårlegast høve til å livberga seg. Difor var det helst kvinner som vart fattige og tiggjarar. Desse kvinnene blei truleg eit uromoment og ei bær for sine medborgjarar. Dette kan vere med på å fylla ut biletet på kvifor allmugen gjekk til trolldomstiltale mot kvinner på 1500- og 1600-talet.

8.2.5. MORALSK PANIKK?

Trolldomsprosessane fortel at dei ulike grupperingane i samfunnet frykta og kjende seg truga av trollfolka, og vidare at dei aldri tvilte på trolldommen sin eksistens og realitet. Frykta vart særleg retta mot menneske med trolldomsrykte. Eit slikt rykte oppstod som eit resultat av spesielle hendingar, gjerne frå lang tid attende. Ei slik langvarig oppbygging av eit trolldomsrykte før det vart reist sak, talar mot at det eksisterte paniske tilhøve. Dette stemmer truleg for ein del av dei enkeltståande prosessane. Dersom vi derimot ser på nokre av kjedeprosessane, er det truleg at lokalsamfunnet dei vart førte i var ramma av panikk. Eit døme finn vi i Gjemmestad, der vart ni menneske saksøkte for trolldom i åra 1663-64.⁹¹⁵ Sju av desse vart dømde til døden. Difor tør vi hevda at dei mest omfattande

⁹¹⁵ Prosess nr. 450, 450a, 450b, 450c, 450d, 450e, 850, 851 og 852.

kjedeprosessane truleg var eit resultat av at det eksisterte ein moralsk panikk i samtida, medan panikken sannsynlegvis ikkje var utløysande årsak til enkeltprosessane.

8.2.6. OPPSUMMERING

Dei mest nærliggjande årsakene til at trolldomsprosessane oppstod, var truleg påverknad frå demonologien. Vidare gjorde dei rettslege endringane at det vart mogeleg å rettsførfølgje fleire menneske, mellom anna for trolldom. Retten godtok vidare den geistlege innverknaden i prosessane. Sosiale spenningar og frykt var med og utløyste prosessane. Det same kan hevdast om konfliktane mellom kjønna.

8.3. OPPHØYR AV TROLLDOMSPROSESSANE

I 1729 vart det sett i gang ein trolldomsprosess i Indredale skipreide i Sunnfjord.⁹¹⁶ Prosessen illustrerer ulike teoriar om årsakene til at trolldomsprosessane opphøyrd på slutten av 1600-talet og på byrjinga av 1700-talet. Inngåande drøfting av desse teoriane inngår ikkje i problemstillinga i oppgåva, difor vert dei berre vist kort til.

Den 19. februar 1729 vart Brita Alvern frå Indredale stilt for retten ved bygdetinget. Det var futen, Hugo Friderich Mortensen, som stod som saksøklar etter oppmoding frå bygdefolket og presten. Skuldingane gjekk ut på at ho skulle ha "*øvet Signerie med Manen, Korsen eller dislige Diævelens Abespill*". Brita vart forhøyr av sorenskrivaren, futen og presten, både i tingstova og utanom. Presten rådde ho til å vedkjenne seg skuldingane, "*for at erlange Forladelse Hos Gud*". Likevel nekta ho å tilstå "*verken med det onde eller Gode*". Dernest ville futen sette henne i varetekt. Brita, som oppheldt seg på Svanø gods, hørde inn under birket sin jurisdiksjon. Trass i dette ville ikkje forvaltaren der, Søren Michelsen, fengsla henne, eller ha noko med saka å gjera i det heile. Dermed fekk futen bondelensmannen, Hans Grønhaugen, til å setja henne i arrest.

Futen ville føre saka vidare, men til det trengte han pengar. Difor sendte han ei orientering til Stiftamtmanden i Bergen, W.A. v. der Osten, og til Rentekammeret. Rentekammeret svarte at futen måtte spørja Stiftamtmanden til råds. Stiftamtmanden sendte førespurnaden vidare til Stiftamtmandsskrivaren, Wilhelm Hansen, som òg var styraren av godset. Hansen retta krass kritikk mot futen fordi han hadde fengsla Brita "*meget hazardelig og formastelig allene effter et løst Spargement og Bøgde-Røgte*". Vidare

⁹¹⁶ Prosess nr. 897. Bing/Samdal 1934: 85-100. I Sunnfjord finn vi på denne tida Svanø gods, som òg var eit rettsdistrikt.

meinte skrivaren at fullmektigen ved birket hadde handla riktig når han hadde vegra seg mot å følgja "*Fogdens Fantasie*". Skrivaren påstod elles at futen sjølv burde bera kostnadene i saka. Til slutt karakteriserte skrivaren heile saka som "*gamle Fabler, Sladder og Vaes*".

Stiftamtmanden svarte ikkje futen, difor sendte futen endå ein førespurnad. Endeleg svarte Stiftamtmanden der han skreiv at han "*holder deslige Beskyldninger saa liden Reflexion værdige, at jeg havde satt mig fore at lade Hr Fogdens derom giordte forespørsel aldeles være u-besvaret*". Difor overlét han heile saka til futen, som sjølv måtte føre den på eige ansvar. Vidare åtvare han futen; futen måtte vere "*betencksom*" dersom han ville ta vare på sitt gode namn og rykte. Stiftamtmanden hevda elles at trolldomsskuldingar tidlegare hadde vist seg å vere "*u-bevislig og Ilde grundede*". Likevel avslutta Stiftamtmanden med at dersom saka skulle vise seg å vere alvorleg, burde futen føre Brita til byen slik at ho kunne syne fram sine trolldomskunstar og bli forhøyr av han.

Futen bad Stiftamtmanden om at Brita kunne bli forhøyr enno ein gong på bygdetinget i nærvær av fleire prestar. Vidare påstod han at han hadde vorte pressa av allmugen og prestane til å føre saka. Futen håpte elles at Brita "*effter Kongns Lov skall blive Straffet og anseet, andre Vantroens Børn till Ezempel for deris u-Christelig lif og Lefnet*". Stiftamtmanden svarte at prestane ikkje skulle blande seg inn i saka. Dei kunne ikkje delta, då dette var ei verdsleg rettssak som skulle førast på tinget, og tinget var ikkje prestane sitt forum.

Trass dette kom saka opp på nytt den 9. august 1729. I tillegg vart det reist sak mot bror hennar òg, Ole.⁹¹⁷ Denne gongen tilstod Brita. Ho fortalde at ho hadde møtt djevelen, som såg ut som eit menneske med raude kler. Vidare hadde ho sverja seg frå Gud og inngått pakt med djevelen. Difor kunne ho no skade både menneske og dyr. Ole tilstod at han kunne lækje gikt og stanse blod ved lesing. No ville futen igjen ha Stiftamtmanden sitt råd for den vidare gangen i saka. Stiftamtmanden svarte nok ein gong at futen måtte handla på eige ansvar, og han gav påbod om at saka skulle førast så fort som mogeleg slik at dei tiltala slapp å sitja lenge i varetekt. Etter dette veit vi ikkje meir om saka, då tingboka er gått tapt.

8.3.1. ÅRSÅKENE TIL OPPHØYRET

⁹¹⁷ Prosess nr. 897a

Denne trolldomsprosessen vart ført etter prosessperioden, i 1729. Såleis kan det vere interessant å sjå om saka inneheld opplysningar som kan fortelje noko om årsakene til at trolldomsprosessane opphøyrde.

Vi har konkludert med at ei av årsakene til at prosessane oppstod, var at dei ulike gruppene i samfunnet på èit tidspunkt var samde om at trolldom var ein realitet og at trollfolk måtte forfølgjast og utryddast. Rettskjensla var i takt mellom elite og folk. Forskarar har hevda at årsaka til at prosessane stoppa opp, kom av at mentaliteten har endra seg, det vil seie av ei haldningsendring hjå den mest opplyste del av folket.⁹¹⁸ Her ser vi at dei verdslege embetsmennene som var høgt oppe i hierarkiet, Stiftamtmannen og Stiftamtmannskrivaren, var i mot søksmålet og fengslinga av Brita. Den lokale og lågaste representanten for statsmakta, futen, var den som gjekk til sak og var ihuga elles på å få henne dømd. Bak han stod allmugen og dei lokale geistlege representantane, prestane. No var ikkje dei ulike gruppene i samfunnet lengre samde om å forfølgje eventuelle trollfolk, no var altså rettskjensla kome i utakt mellom dei ulike gruppene. Såleis kan prosessen mot Brita sjåast som ein konflikt mellom verdslege og geistlege styremakter, og mellom gamal og ny tid.

Prestane stod også bak søksmålet. Vidare forhøyrde dei Brita og rådde henne til å tilstå. Såleis ser vi at deira rolle var uendra. Dette strir mot teorien om haldningsendringa hjå dei lærde. Deira iver i denne prosessen kan truleg kome av at dei tilhøyrde den lågaste del i det geistlege hierarkiet, og at dei såleis, på lik linje med futen, var det siste leddet i si gruppe som fornya sitt tankesett. I tillegg kan dette vere eit resultat av sentrum-periferi modellen, då nye tankar fyrst kom til sentrale strok, som Bergen, og seinare til perifere strok, som Sunnfjord. Ei anna forklaring kan vere reine personlege haldningar hjå dei prestane det gjaldt.

Andre teoriar om opphøyet går ut på at domstolane auka sin juridiske kompetanse. Likeins føregjekk det ein større kontroll med rettspleia. Dette førte til at domstolane byrja å avvise tradisjonelle prov som utlegging, rykte, tortur og tilståingar som var eit resultat av tvang.⁹¹⁹ Det skjedde ikkje i denne saka.

Den akkusatoriske prosessforma medførte private søksmål i straffesaker. Difor var kan hende opphøyet òg eit resultat av at desse private partane, det vil helst seie allmugen, slutta å reise trolldomssaker inn for retten. Vi har sett at straffene vart mildna utover 1600-talet. Ein slik rettspraksis ville truleg føre til at allmugen ikkje fann det gagnleg å saksøkje

⁹¹⁸ Sjå mellom anna Birkelund 1983: 111-115, Johansen 1982: 421, Knutsen 1996: 156, Sogner 1982: 178f..

⁹¹⁹ Henningsen 1984: 36f., Ibid. 1991: 172, Næss 1982: 267, 273, 276f., 282f. I tillegg har det vorte framsett mange andre teoriar om kvifor det vart slutt på trolldomsprosessane. Sjå til dømes Johansen 1982: 421f., Ibid. 1991: 139ff., Sogner 1982: 178f.

trollfolk. Dermed ville det bli til færre søksmål, då det vart auka risiko for at saksøkjaren sjølv kunne bli straffa for falske skuldingar. Såleis treng ikkje færre private søksmål tyde at allmugen eigentleg endra si trolldomstru. Det vart då òg framleis ført injuriesaker med trolldomsinnhald både i det 18. og det 19. hundreåret, noko som indikerer at folk framleis trudde på trolldom og på at trollfolk eksisterte. I tillegg har fleire forskarar vist at allmugen på ulike måtar etter prosessperioden freista å ta potensielle trollfolk, mellom anna ved lynsjingar.⁹²⁰ I prosessen mot Brita ser vi då òg at allmugen stod bak futen og kravde at han skulle saksøkje henne. Dei hadde framleis trolldomstrua intakt.

8.4. ETTERORD

I eit samfunn prega av store omveltingar, indre konflikhtar og sosialt press, skaper det gjensidig samhøyrslø å finne ein sydebukk. Når sosial uro vert tolka innan ramma av ei teologisk førestellingsverd, slik det vart i prosessperioden, blei sydebukkane definerte som trollfolk. Frustrasjon og aggresjon vart kanalisert og projisert på trollfolka. Vidare vart det framstilt som om desse fiendane tilhørde ei samansverjing. Denne konspirasjonen var nesten umogeleg å oppdage og gjere uskadeleg. Difor var det viktig å få dei saksøkte til å vedkjenne. Styremaktene pressa dermed dei tiltala inn i rolla som trollfolk ved å provosere fram tilståingar

Cohn avslutta si bok om hekseforfølgingane i Europa med å trekkje linjer til forfølginga av jødane i den andre verdskrigen. I begge høve var det "*massemord på uskyldige mennesker*".⁹²¹ Årsaka var at styremaktene trudde på det dei såg som sjølvinnlysande sanningar, og at *ingen stilte spørsmål* til desse sanningane.

⁹²⁰ Dette var i Danmark. Mellom anna Haining 1979: 87, Henningsen 1975.

⁹²¹ Cohn 1997: 283.

LITTERATURLISTE

- Alver, Bente Gullveig. 1972. *Heksetro og trolldom*, Oslo
- Alver, Bente Gullveig & Selberg, Torunn. 1990. *Det er mer mellom himmel og jord*, Bergen
- Alver, Bente Gullveig, 1990. "Heksene og huldrene som straffemakter og grensevoktere", i Alver, Bente Gullveig & Selberg, Torunn: *Det er mer mellom himmel og jord*, Bergen
- Alver, Bente Gullveig, 1991. "For dragen er mitt hjerte", i Alver, Bente Gullveig & Lisbeth Mikaelsson (red.): *KvinneMinneBok til Ida Blom*, Universitetet i Bergen
- Alver, Bente Gullveig & Lisbeth Mikaelsson (red.), 1991. *KvinneMinneBok til Ida Blom*, Universitetet i Bergen
- Ankarloo, Bengt, 1971. *Trolldomsprocesserna i Sverige*, Lund
- Ankarloo, Bengt, 1987. "Sverige: det stora oväsendet 1668-1676", i Ankarloo & Henningsen (red.): *Häxornas Europa 1400-1700*, Lund
- Ankarloo, Bengt & Henningsen, Gustav (red.), 1987. *Häxornas Europa 1400-1700*, Lund
- Anners, Erik, 1983. *Den europeiske rettens historie*, Oslo
- Antun, Monika, 1999. *Kvinnene på bygdetinget i Nordhordland midt på 1600-tallet: ei granskning av kvinners stilling og posisjon i tinginstitusjonen; Rettshandheving og praksis i Nordhordland sorenskriveri 1642-1668*, Hovudoppgåve i historie, Universitet i Bergen
- Arisholm, Torstein & Laugerud, Henning (red.), 1995. *Myten om det Moderne*, Oslo
- Aubert, L.M.B., 1864. *Bevissystemets Udvikling i den norske Criminalprocess indtill Christian den femtes Lov*, Chra.
- Barstow, Anne Llewellyn, 1994. *Witchcraze. A New History of the European Witch Hunts*, San Francisco
- Bang, Wilhelm, 1896. *Hexevæsen og hexefølgelse, især i Danmark*, Kbhvn
- Barstow, Anne, 1994. *Witchcraze*, London
- Bastiansen, Gro, 1995. *En analyse av utenomkteskapelige forhold i Bergen 1597-1669*, Hovudoppgåve i historie, Universitetet i Bergen
- Bentivega, Francesco, 1995. "Hekser, trollmenn og sjamaner. Inkvisitorer og fogder mot

- mørkets tjenerer", i Arisholm, Torstein & Laugerud, Henning (red.): *Myten om det moderne*, Oslo
- Bing, Just & Samdal, Rangvald, 1934, "Epilog til hekseprosessene på Vestlandet", i *Bergens Historiske Forenings skrifter*, nr. 40
- Birkelund, Merete, 1983. *Troldkvinden og hendes anklagere. Danske hekseprocesser i det 16. og 17. århundrede*, Århus
- Blom, Ida (red.), 1992. *Cappelens Kvinnehistorie. Renessanse, reformasjon, revolusjon. Fra ca. 1500 til i dag*, bd. 2, J. W. Cappelens Forlag
- Blom, Kari & Helle, Knut, 1990. *Historie - hva, hvordan, hvorfor?*, Bergen
- Burke, Peter, 1987. "Det komparativa studiet av Europas häxväsende", i Ankarloo & Henningsen (red.): *Häxornas Europa 1400-1700*, Lund
- Clark, Stuart, 1987. "De protestantiska demonologerna", i Ankarloo & Henningsen (red.): *Häxornas Europa 1400-1700*, Lund
- Cohn, Norman, 1997. *Europas indre demoner. Demoniseringen av kristne i middelalderen*, Oslo
- Deschner, Karlheinz, 1972. *Og hanen galte annen gang... En kritisk gjennomgåelse av kirkehistorien fra Konstantin til Pius XII*, Oslo
- Dobbe, Jorunn, 1994. "Tingbøker og sakefallslister - hva sier de forskjellige kildene?", i *Rettspraksis* bd.2
- Dobbe, Jorunn, 1995. *Blant granner og myndigheter på bygdetinget i Nordhordland 1642-55*, Hovudoppgåve i historie, Universitet i Bergen
- Dyrendal, Asbjørn, 1996. "Satanister og Syndebukker. Intervju med Jeffery Victor om ryktepanikker", i *Humanist. Tidsskrift for livssynsdebatt* bd. 6
- Dyrvik, Ståle o.a., 1979. *Norsk økonomisk historie 1500-1970*, bd. 1, Univ.forl.
- Døssland, Atle, 1990. *Fylkeshistorie for Møre og Romsdal. Med lengt mot havet, 1671-1835*, bd.1, Oslo
- Døssland, Atle, 1998. *Strilesaoga. Nord- og Midhordland gjennom tidende. Fra 1650 til 1800*, Bergen
- Ehrenreich, Barbra & English, Deirdre, 1976. *Hekse, jordmødre og sygeplejersker. En beretning om kloge koner*, Kbhvn.

- Ellesfesen, Birgitte, 1998a. *Selvmordshistorier. En kulturhistorisk analyse av selvmord i det tidlig moderne Norge 1536-1800*, Hovedoppgåve i historie, Universitetet i Bergen
- Ellesfesen, Birgitte, 1998b. Utrykt manuskript til 16- og 1700-tallsseminar, 17. september 1998.
- Ellesfesen, Birgitte, 1999. Utrykt manuskript. *Bergen byretts historie*, Bergen
- Erichsen, Bodil Chr., 1993. *Kriminalitet og rettsvesen i Kristiania på slutten av 1600-tallet*, Oslo
- Fenger, Ole, 1977. *Romerrett i Norden*, Kbhvn.
- Fladby, Rolf, 1963. *Fra lensmannstjener til Kongelig Majestets Foged*, Oslo
- Fladby, Rolf, Imsen, Steinar & Winge, Harald (red.), 1974. *Norsk historisk leksikon*, Oslo
- Fladby, Rolf, 1986. *Samfunn i vekst under fremmed styre 1530-1660*, Oslo
- Fladby, Rolf, 1987. "Gjenreisning 1536-1648", i Mykland, Knut (red.): *Norges Historie*, bd. 6, J. W. Cappelens Forlag
- Fossen, Anders Bjarne, 1979. *Bergen bys historie*, bd. 2, Bergen
- Fossen, Anders Bjarne & Ertresvaag, Egil, 1992. *Til Indvohnernes større Sikkerhed: Bergen Politikammer 1692-1992*, Bergen
- Fure, Eli, 1986. "Kjærlighet på landet", i Reiersen, Elsa & Slettan, Dagfinn (red.): *Mentalitetshistorie: muligheter og problemer*, Trondheim
- Fæhn, Helge, 1975. "Kvinnen i Den norske kirke etter reformasjonen", i *Kirke og kultur nr. 30*, Oslo
- Gaskill, Malcolm, 1994. "Witchcraft and power in early modern England: the case of Margaret Moore", i Kermode & Walker (ed.) *Women, crime and the courts in early modern England*, London
- Grambo, Ronald, 1979. *Norske trollformler og magiske ritualer*, Oslo
- Grambo, Ronald, 1983. "På leting etter den svunne mentalitet. Normer, verdier og ideer i historisk perspektiv", i *Nord - Nytt nr. 19*
- Grambo, Ronald, 1990. *Djevelens livshistorie*, Oslo
- Graver, Hans Petter, 1984. "Rett under sosialt trykk - rettssosiologiske aspekter ved trolldomsprosessene i Norge", i *Lov og Rett nr. 1*

- Gulbrandsen, Egil, 1987. *Juridisk leksikon*, Oslo
- Guttu, Tor (red.), 1991. *Aschehoug og Gyldendals Store Norske Ordbok*, Oslo
- Hagen, Rune, 1994. Utrykt artikkel: *Demonologer, hekser og historikere*
- Hagen, Rune, 1995a. "Blant trollkvinner, heksejegere og arkivbrennere", i *Arkivråd* nr. 5
- Hagen, Rune, 1995b. "Trolldomsprosessene i Finnmark på 1600-tallet", i *Heimen* nr. 32
- Hagen, Rune & Sparboe, Per Einar (red.), 1998. *Trolldom og ugudelighet i 1600-tallets Finnmark*, Tromsø
- Hagerup, Francis, 1892. *Den norske straffeproses*, Kra.
- Haining, Peter, 1979. *Hekse: heksetro og heksejakt*, Kbhvn.
- Hansen, Torleif, 1992. *Bergen Lagting som straffedomstol i appellsaker 1702-1737*, Bergen.
- Hastrup, Kirsten, 1987. "Island: trollkarlar och hedendom", i Ankarloo & Henningsen (red.): *Häxornas Europa 1400-1700*, Lund
- Hauan, Marit Anne, 1985. "En trollkvinne må du ikke la leve", i *Ottar* nr. 153, 2
- Heikkinen, Antero & Kervinen, Timo, 1987. "Finland: den manliga dominansen", i Ankarloo & Henningsen (red.): *Häxornas Europa 1400-1700*, Lund
- Heinsohn, Gunnar & Steiger, Otto, 1980. *Häxor: Om häxförföljelse, sexualitet och människoproduktion*, Göteborg
- Henningsen, Gustav, 1975. "Heksefølgelse efter hekseprocessernes tid", i *Folk og kultur*, Kbhvn.
- Henningsen, Gustav, 1981. *Heksenes Advokat. Historiens største hekseprosess*, Kbhvn.
- Henningsen, Gustav, 1984. *Fra heksejakt til heksekult 1484-1984*, Kbhvn.
- Henningsen, Gustav, 1991. *Heksejægeren på Rugård. De siste trolldomsprocesser i Jylland 1685-87*, Randers
- Hester, Marianne, 1992. *Lewd Woman & Wicked Witches*, London
- Hjelmtveit, Nils, 1956. "Futane i Nordhordland", i *Frå Fjon til Fusa*, Årbok Hordamuseet og Nord- og Midthordland Sogelag

- Holmes, Clive, 1993. "Women: Witnesses and Witches", i *Past & Present* nr.140
- Imsen, Steinar, 1982. *Superintendenten: en studie i kirkepolitikk, kirkeadministrasjon og statsutvikling mellom reformasjonen og eneveldet*, Oslo
- Imsen, Steinar, 1994. *Norsk bondekommunalisme fra Magnus Lagabøte til Kristian Kvart*, Trondheim
- Jacobsen, J.C., 1966. *Danske Domme i Trolddomssager i øverste Instans*, Kbhvn.
- Jansen, Jonas & Anker, Øystein & Bøe, Gunnvald (red.), 1969. *Norsk Biografisk Leksikon* bd. XVI, Oslo
- Jensen, Karsten Sejr, 1988. *Trolddom i Danmark 1500-1588*, Kbhvn.
- Johansen, Hanne Marie, 1984. *Dømt til ekteskap? En retts- og sosialhistorisk under søkelse av ekteskaps sakene ved kapitelretten i Bergen 1604-1708*, Hovudoppgåve i historie, Universitetet i Bergen
- Johansen, Jens Chr. V., 1982. "Tavshed er guld...", i *Dansk Historisk Tidsskrift* 81:2
- Johansen, Jens Chr. V., 1987. "Danmark: anklagelserna sociologi", i Ankarloo & Henningsen (red.): *Häxornas Europa 1400-1700*, Lund
- Johansen, Jens Chr. V., 1991. *Da Djævelen var ude..., Trolddom i det 17. århundredes Danmark*, Kbhvn.
- Johansen, Jens Chr. V., 1994. "Trolddom", i Tønnesson (red.) *Normer og sosial kontroll i Norden ca. 1550-1850*, Oslo
- Karker, Allan (red.), 1958. *Kulturhistorisk Leksikon for Nordisk Middelalder*, bd. 3, Kbhvn.
- Kermode, Jenny & Walker, Garthine (ed.), 1994. *Women, crime and the courts in early modern England*, London
- Kieckhefer, Richard, 1976. *European Witch Trials*, London
- Kiil, Alf, 1969. *Arkivkunnskap*, Universitetsforlaget
- Kjeldstadli, Knut, 1992. *Fortida er ikke hva den en gang var*, Oslo
- Klaniczay, Gabor, 1987. "Ungern: häxtron och det schamanistiska substratet", i Ankarloo & Henningsen (red.): *Häxornas Europa 1400-1700*, Lund

- Knutsen, Gunnar, 1996. *Trolldomsprosessene på Østlandet. En kulturhistorisk undersøkelse*,
hovudoppgåve i historie, Universitetet i Oslo
- Krogh, Tyge, 1987. *Staten og de besiddelsesløse på landet 1500-1800*, Odense
- Langholm, Sivert, 1967. *Historisk rekonstruksjon og begrunnelse*, Oslo
- Larner, Christina, 1981. *Enemies of God: the Witch-Hunt in Scotland*, London
- Laugerud, Henning, 1995. "Heksetroen og hekseprosessene i Europa", i Arisholm, Torstein &
Laugerud, Henning (red.) *Myten om det Moderne*, Oslo
- Lid, Nils, 1922. *Trolldom. Nordiske studiar. Jordsmøying*. Cammermeyers Boghandel
- Liversage, Toni, 1972. "Dualisme, kristendom og kvindesyn", i *Kvinden og historien: kønsroller og familiemønstre i økonomisk belysning*, Kbhvn.
- Lønning, Inge, 1979. *Om verden full av djevler var...*, Oslo
- Løyland, Margit, 1992. *Slagsmål, leiermål og bøtelagte egder 1600-1700*, Hovudoppgåve i historie, Universitetet i Oslo
- Macfarlane, Alan D.J., 1970. *Witchcraft in Tudor and Stuart England*, London
- Madar, Maia, 1987. "Estland I: varulvar och giftblandare", i Ankarloo & Henningsen (red.):
Häxornas Europa 1400-1700, Lund
- Mathiesen, Thomas, 1994. "Straffepolitikken mellom avsindighet og sindighet", i Tønnesson
(red.): *Normer og sosial kontroll i Norden ca.1550-1850*, Oslo
- Marthinsen, Liv (red.), 1990. *Tingboka som kilde. En seminarrapport*, Oslo
- Mauland, Torkell, 1911. *Trolldom*, Kristiania
- Midelfort, Erik H.C., 1972. *Witch-Hunting in Southwestern Germany, 1562-1684*, Stanford
- Molvik, Harald, 1992. *Tru og trolldom på Vestlandet*, Vista
- Monter, William, 1976. *Witchcraft in France and Switzerland*, Ithaca
- Muchembled, Robert, 1985. *Popular Culture and Elite Culture in Early Modern France*, Baton Rouge
- Murray, Margaret, 1921. *The Witch Cult in Europe*, London
- Myking, John Ragnar, 1990. *Fana bygdebok. Bønder nær byen 1665-1870*, bd. 2, Bergen

- Myking, John Ragnar, 1996. "Lagrettemenn og bygdeelite ca. 1650-1750. Eit eksempel frå Nordhordland", i *Heimen* bd. 33
- Mykland, Knut (red.), 1987. *Norges Historie*, bd. 6, J. W. Cappelens Forlag
- Nedrebø, Yngve, 1990/1991. "Bergen - frå Skandinavias største by til strilane sin hovudstad.
Om folketalutvikling og flytting 1600-1900", i *Frå Fjon til Fusa*, Årbok Hordamuseet og Nord- og Midthordland Sogelag,
- Nyerup, Rasmus, 1823. "Udsigt over Hexeprocesserne her i Norden", i *Danmarks Litteraturselskabs Skrifter I-II*, Kbhvn.
- Næss, Hans Eyvind, 1970. *Lov og dom i norske trolldomsprosesser 1536-1617*, Hovudoppgåve i historie, Universitetet i Oslo
- Næss, Hans Eyvind, 1981. "Sorenskriverens tingbøker fra 1600-1700-tallet som historisk kildemateriale", i *Heimen* nr. 4
- Næss, Hans Eivind, 1982. *Trolldomsprosessene i Norge på 15-1600-tallet*, Oslo
- Næss, Hans Eyvind, 1983. "Trolldomsprosessene i Norge og Christian V's Norske Lov", i Tamm, Ditlev (red.): *Danske og Norske Lov i 300 år*, Kbhvn.
- Næss, Hans Eyvind, 1985. "Kriminalitet og bruk av dødsstraff i Rogaland på 1600-tallet", i *Heimen* nr. 2
- Næss, Hans Eyvind, 1987. "Norge: den kriminologiska kontexten", i Ankarloo & Henningsen (red.): *Häxornas Europa 1400-1700*, Lund
- Næss, Hans Eyvind, 1990. "Forbrytelse og straff", i Martinsen, Liv (red.): *Tingboka som kilde*, Oslo
- Næss, Hans Eyvind, 1991a. *For rett og rettfærdighet i 400 år. Sorenskriverne i Norge 1591-1991*, Oslo
- Næss, Hans Eyvind, 1991b. "Mededsinstituttet. En undersøkelse av nektelsesedens betydning i norsk rettsliv på 1600-tallet", i *Historisk tidsskrift* nr. 1
- Næss, Hans Eyvind, 1991c. Vurdering av Hilde Sandvik & Liv Martinsen: "Tingbøker og edb; avskrivning og registrering, Oslo 1990", i *Historisk Tidsskrift* nr. 1
- Næss, Hans Eyvind, 1994a. "Det rettslig-administrative systemet i Norge: Relasjonen mellom ulike nivåer, styring og kontroll ca. 1500-1800", i *Rettspraksis* nr. 1
- Næss, Hans Eyvind, 1994b. "Kriminalitet og kategorier", i *Rettspraksis* nr. 2

- Næss, Hans Eyvind, 1994c. "Vold", i Kåre Tønnesson (red.): *Normer og sosial kontroll i Norden ca.1550-1850*, Oslo
- Reiersen, Elsa & Slettan, Dagfinn (red.), 1986. *Mentalitetshistorie: muligheter og problemer*, Trondheim
- Roper, Lyndal, 1994. *Oedipus & the Devil*, London
- Rosenbeck, Bente, 1986. "Den moderne kvindelighet tilblivelse set i et mentalitetshistorisk perspektiv", i Reiersen, Elsa & Slettan, Dagfinn (red.), 1986. *Mentalitetshistorie: muligheter og problemer*, Trondheim
- Sandmo, Erling, 1991. "Tingets tenkemåter: Kriminalitet og rettssaker i Rendalen, 1763-97", i *Historisk tidsskrift* nr. 2
- Sandmo, Erling, 1992. *Tingets tenkemåter. Kriminalitet og rettssaker i Rendalen, 1763-97*, Oslo
- Sandmo, Erling, 1994. "Æren og ærekrenkelsen", i Tønnesson (red.), Kåre: *Normer og sosial kontroll i Norden ca. 1550-1850*, Oslo
- Sandmo, Erling, 1997. *Slagsbrødre. En studie av vold i to norske regioner i tiden fram mot eneveldet*. Upublisert doktorgradsavhandling i historie, Universitetet i Oslo
- Sandmo, Erling, 1998. *Mordernes forventninger. Kriminalitetshistoriske essay*, Oslo
- Sandnes, Jørn, 1990. *Kniven, ølet og æren. Kriminalitet og samfunn i Norge på 1500- og 1600-tallet*, Universitetsforlaget
- Sandvik, Gudmund, 1990. "Lov og liv", i Martinsen, Liv (red.): *Tingboka som kilde*, Oslo
- Sandvik, Hilde, 1987. "Tinget i Finnmark", i *Heimen* nr. 4
- Sandvik, Hilde, 1991. "Kvinnens rettslige handleevne. Tingbøker som kilde til forholdet mellom kjønnene", i *Historisk Tidsskrift* nr. 2
- Sandvik, Hilde, 1992. "Rettsvesenets utbygging i Norge. Lokale konsekvenser og reaksjoner 1550-1750", i Harald Winge (red.): *Lokal samfunn og øvrighet i Norden ca. 1550-1750*, Oslo
- Sandvik, Hilde, 1994. "Kvinnens næringskriminalitet i Christiania på 1700-tallet", i *Rettspraksis* nr. 1

- Sandvik, Hilde, 1995. Utrykt artikkel. Innlegg til tema "Kvinner og domstolene", Schæffergården 10.2.95
- Schön, Ebbe, 1991. *Häxor och trolldom*, Rabén & Sjögren
- Seip, Jens Arup, 1934. *Lagmann og lagting i senmiddelalderen og det 16de århundre*, Oslo
- Seip, Jens Arup, 1953. "Ting og stevne i Rogaland", i *Tingbøker frå Jæren og Dalane*, bd. 1, Stavanger
- Sharpe, Jim, 1994. "Women, witchcraft and the legal process", i Kermode & Walker (ed.): *Women, crime and the courts in early modern England*, London
- Simensen, Jarle, 1986. "Mentalitetshistorie - er det mulig?", i Reiersen, Elsa & Slettan, Dagfinn (red.), 1986. *Mentalitetshistorie: muligheter og problemer*, Trondheim
- Skeie, Jon, 1910. *Om ærekrenkelser efter norsk ret*, Kra.
- Skeie, Jon, 1937. *Den norske strafferett alminelig del*, bd. 1, Oslo
- Sogner, Sølvi, 1982. "Trolldomsprosessene i Norge på 1500-1600-tallet", i *Norveg* nr. 25
- Sogner, Sølvi, 1990a. "Far sjøl i stua og familien hans". *Trekk fra norsk familiehistorie før og nå*, Oslo
- Sogner, Sølvi, 1990b. "Rettsprotokollene som kilde til mentalitet og kultur i europeisk historieforskning", i Martinsen, Liv (red.): *Tingboka som kilde*, Oslo
- Sogner, Sølvi, 1992. "Hekser og forfølgelse", i Blom, Ida (red.): *Cappelens Kvinnehistorie*, bd. 2, J. W. Cappelens Forlag
- Sogner, Sølvi, 1994. "Sluttord", i Tønnesson (red.): *Normer og sosial kontroll i Norden ca. 1550-1850*, Oslo
- Solheim, Svale, 1952. *Norsk sætertradisjon*, Oslo
- Steen, Sverre, 1930. *Det norske folks liv og historie gjennom tidene*, bd. 5, Oslo
- Steen, Sverre, 1935. *Det norske folks liv og historie gjennom tidene*, bd. 4, Oslo
- Steen, Sverre, 1969. *Bergen - byen mellom fjellene. Et historisk utsyn*, Bergen
- Stoa, Nils Johan, 1980. "Prosessene mot Elline Klokkers. Rettergangen i en trolldomssak på 1620-tallet.", i *Telemark Historielag* nr. 1
- Stigum, Hilmar, 1955-1956. "To flamsk-veversker og to heksebål", i *By og bygd*, nr. 10
- Summers, Montague, 1926. *The History of Witchcraft and Demonology*, London

- Sundin, Jan, 1992. *För Gud, Staten och Folket. Brott och rättskiping i Sverige 1600-1840*, Lund
- Sörlin, Per, 1993. *Trolldoms- och vidskepelseprocesserna i Göta hovrätt 1635-1754*, Umeå
- Tamm, Ditlev (red.), 1983. *Danske og Norske Lov i 300 år*, Kbhvn.
- Telste, Kari, 1991. *Mellom liv og lov. Kontroll av seksualiteten i Ringerike og Hallingdal*, Hovudoppgåve i etnologi, Universitetet i Oslo
- Thomas, Keith, 1971. *Religion and the Decline of Magic*, London
- Tranberg, Anna & Winge, Harald (red.) 1986. *Kvinnekår i det gamle samfunn ca. 1500-1850*, Oslo
- Trevor-Roper, H.R., 1967. *The European Witch-Craze of the 16th and 17th Centuries*, London
- Tryti, Anna Elisa, 1990. "Religiøs mentalitet i middelalderen", i Øye, Ingvild: *Middelalderens mentalitet*, Bergen
- Tønnesson, Kåre (red.), 1994. *Normer og sosial kontroll i Norden ca. 1550-1850, Domstolene i samspill med lokalsamfunnet*, Rapport II til Det 22. nordiske historikermøte, Oslo
- Tørnsø, Kim, 1986. *Djævletro og folkemagi. Trolddomsforfølgelse i 1500- og 1600-tallets Vestjylland*, Århus
- Valkner, Kristin, 1959. *Norges kirkehistorie ca. 1500-1800*, Oslo
- Wernø, K., 1981. *Heksene. Hvordan oppstod jakten på dem og hvem var de?*, Spesialavhandling i kirkehistorie ved Menighetsfakultetet, Oslo
- Wiesener, A. M., 1943. "Byfogder i Bergen frå 1500-årene og til våre dager", i *Bergens Historiske Forenings skrifter*, nr. 49
- Willumsen, Liv Helene, 1994. *Trollkvinne i Nord i historiske kilder og i skjønnlitteratur*, Hovudoppgåve i nordisk, Universitetet i Tromsø
- Winge, Harald (red.), 1992. *Lokalsamfunn og øvrighet i Norden ca. 1550-1750*, Oslo
- Österberg, Eva, 1991. "Brott och social kontroll i Sverige från medeltid til stormaktstid", i *Historisk Tidsskrift* (no.) nr. 2
- Österberg, Eva, 1994. "Normbrott och rättspraxis i Norden under förindustriell tid. Problem och positioner", i Tønnesson (red.): *Normer og sosial kontroll i Norden ca. 1550-*

1850, Oslo

Øvrebø, Egil, 1983. *Lensrekneskapar II*, Bergen

Øye, Ingvild, 1990: *Middelalderens mentalitet*, Bergen

KJELDER

"Bergens Kapitelsbog 1552-1572". 1860. I *Norske Magasin*, bd. 1, Kra.

Unger, C.R. & Huitfeldt-Kaas, H.J., 1891. *Diplomatarium Norvegicum*. bd. XIII, Kra.

Kong Christian den Fjerdens Norske Lovbog af 1604, i Hallager, Fr. & Brandt, Fr. 1855, 1981.

Oslo

Kong Christian den Femtes Norske lov, 15de april 1687, i Tamm, Ditlev (red.). 1983. *Danske*

og Norske Lov i 300 år, Kbhvn

Kramer, Heinrich & Sprenger, James. 1971. *Malleus Maleficarum*, New York

Nicolaysen, N.: "Absalon Pedersøn Beyers dagbog over begivenheder, især i Bergen, 1552-

1572". 1860. I *Norske Samlinger*, bd. 2, Kra.

Nicolaysen, N.: "Skrifter og optegnelser angående Norge og forfattede efter reformationen".

1868. I *Norske Samlinger*, bd 2, Kra.

Noregs Gamle Love, 1 R. bd. 1

Norske Herredags-Dombøger 1 R, 3 R, 4 R, 14 R

Norske Rigs-Registranter,

bd. 3, 1588-1602, bd. 4, 1603-18, bd. 6, 1628-34

Norske Samlinger

bd. 1, 1852, bd. 2, 1860, Kra.

Nyerup, Rasmus, 1823. "Udsigt over Hexeprocesserne her i Norden", i *Danmarks Litteraturselskabs Skrifter I-II*, Kbhvn.

1617-føresegna, i Rørdam, Fredrik. 1884. *Danske Kirkelove, samt udvalg af andre bestemmelser*, bd. III, Kbhvn

Winge, Harald, 1988. *Lover og forordninger 1537-1605*, Oslo

ANDRE KJELDER

Byrekneskapar, Sikt og sakefall

1606-16, 1649-80

Lensrekneskaper, Sikt og sakefall

1609-10, 1612-13, 1617-21, 1624-25, 1631-33, 1640-41, 1650-51, 1655-58, 1660-61

Bergen domkapitels protokoll

1624-55

Stavanger domkapitels protokoll

1571-1630

Bergens amtrekneskaper
1661-64, 1680-82

Bergen rådhusprotokoll
1592-94

Bispearkivet
Kopibok A 1 , 1667-73

Stiftamtmanden i Bergen
Kopibok nr. 2, 1705

Bergen nasjonale infanteri regiment
Auditørprotokoll 1713-31

Tingbøker:

Sunnhordland

nr. 1, 1648-49, 1.A.2, 1650-51, nr. 5, 1655-56, nr. 12, 1665, nr. 13, 1666,
nr. 16, 1675

Hardanger og Voss

A 1, 1663, A 4, 1667, B 6, 1669, B 6, 1671

Voss

B 15, 1683-85

Nordhordland

nr. 1, 1642-48, nr. 2, 1648-51, nr. 7, 1665, nr. 8, 1666, nr. 22, 1685-87, nr.
24,
1690, nr. 26, 1696-97

Indre Sogn

nr. 3, 1654-55, nr. 4, 1663, nr. 6, 1669, nr. 12, 1682, nr. 13, 1683, nr. 14,
1684, nr. 16, 1686-88, nr. 18, 1690, nr. 19, 1692

Ytre Sogn

nr. 2, 1652-53, nr. 5, 1657-61, nr. 6, 1662, nr. 8, 1664, nr. 9, 1667, nr. 14,
1672-73, nr. 21, 1680, nr. 22, 1681, nr. 24, 1685-86,

Sunnfjord

nr. 3, 1663, nr A 8, 1681,

Nordfjord

nr. 1, 1641-45, nr. 7, 1655-57, nr. 8, 1657-59, nr. 10, 1663, nr. 12, 1681, nr.
13,
1682-83, nr. 18, 1697-98

Sunnmøre

nr. 5, 1663-64, nr. 6, 1667, nr. 8, 1679, nr. 9, 1680, nr. 10, 1681, nr. 11,
1682,
nr. 13, 1689-91

Bergen bytingsprotokoll
nr. 1, 1663, nr. 7, 1697, nr. 8, 1698

Bergen lagting sin justisprotokoll
1702

Vedlegg 1. **Oversikt over trolldomsprosessane i Bergenhus len
1566-1700.**

Forkortingar

Lr. - Lenrekneskaper
 NHD - Norske Herredagsdombøker
 NRR - Norske Rigs-Registrarer
 RA - Riksarkivet
 RK - Rentekammeret
 SAB - Statsarkivet i Bergen
 SAT - Statsarkivet i Trondheim

Nr.	Den tiltala	År	Stad	Kjelder
373	Peder dragers kone	1608	Bergen	RK., Byrekneskaper, Sikt og sakefall, Bergen 1606-1616, RA.
376	Herluff Lauritsen si kone Anne	1632	Bergen	RK., Lr. Bergenhus len 1632-1633, 1640-1641, RA., NRR bd. 6, 1628-1634, s. 346, 435f., 527f., 539f., 553f., 561f., 570, 573, 605f., 627f., bd.7, s. 213, 288f., 357f. Mikel Hofnagels oppteignelser s. 196f., Bergen domkapitels protokoll nr. 2, 1624-1651, pag. 139-140.
376 a	Ragnhild Torleifsdotter	1632	Bergen	Ibid.
376 b	Laurits Markvardsen si kone, Birgitte Hansdotter	1632	Bergen	NHD 3.R., 4. bd., s. 37f., tilleggsband s. 449. NRR bd. 6, 1628-1634, s. 346, 435f., 528.
379	Mogen Lovestad	1620	Nordhordland	RK., Lr., Bergenhus len 1620-1621, RA.
385	Ingeborg Olsdotter	1650	Fjon	Sunnhordland tingbok 1.A.2., 1650-1651, fol. 3a-6a, 8b-9a, 19b-22a, 34a-35a, SAB, RK., Lr., Bergenhus len, 1650-1651, RA.
386	Jørgen Skinder	1650	Fjon	Nordhordland tingbok nr. 2, 1648-1651, fol. 22a-22b, 24a-24b, SAB.
388	Mikkel Monsen	1656	Eikanger	RK., Lr., Bergenhus len 1655-1656, RA.
393	Anne Knutsdotter	1663	Bergen	RK., Byrekneskaper, Sikt og sakefall, Bergen 1663-1680, RA.
402	Ingeborg Pedersdotter	1669 -	Voss	Hardanger og Voss tingbok B. nr. 6, 1669, fol. 14a, B. nr. 8, 1671, fol. 4b, SAB.
408	Erik Rasmussen	1686	Arna	Nordhordland tingbok nr. 22, 1685-1687, fol. 39b, SAB.
413	Arne Melmisdal	1612	Ytre Sogn	RK., Lr., Bergenhus len 1612-1613, RA.
414	Magdalena Husøy	1617	Ytre Sogn	Ibid., 1617-1618, RA.
418	Anne Høyenes	1642	Davik	Nordfjord tingbok nr. 1, 1641-1645, fol.

				68b-73b, 76b-79b, 79b-86a, 101a-105b, 122b-124a, SAB.
418 a	Oluf Svensen	1642	Davik	Ibid.
418 b	Kristoffer Pedersen	1642	Davik	Ibid., fol. 104a-105b.
418c	Kristi Rasmusdotter	1642	Davik	Ibid.
422	Eli Olsdotter Jydedal	1643	Hornindal	Ibid., fol. 119b-120b.
423	Synnøve Torsdotter	1645	Gjemmestad	Ibid., fol. 156a-157a.
425	Endre Skarstad si kone, Britt Andersdotter	1653	Tjugum	Ytre Sogn tingbok nr. 2, 1652-1653, fol. 23a-23b, SAB.
428	Guri Johannesdotter	1656	Stryn	Nordfjord tingbok nr. 7, 1655-1657, fol. 34b, 35b, SAB.
428 a	Ingebret Jetmundsen	1656	Stryn	Ibid.
431	Daniel Klubben	1646	Davik	Ibid., fol. 16b-17a, 24a.
		-		
		1655		
433	Gulleff Eriksdotter Numedal	1657	Vik	Ytre Sogn tingbok nr. 5, 1657-1661, fol. 30a, 45b, 47b-49a, 58a, 69b-70a, 75b-76a, 78a, 79b, 89b, SAB, RK., Lr., Bergenhus len 1660-1661, pk. 147, RA, RK., Bergens amtrekneskaper 1661-1662, futerekneskaper Sunnmøre, Ytre og Indre Sogn, Hardanger, RA.
		-		
433 a	Østen Åse	1657	Vik	Ibid.
		-		
		1661		
433 b	Anders smed si kone	1657	Vik	Ibid.
		-		
		1661		
433c	Halvor Husmann	1657	Vik	Ibid.
		-		
		1661		
433 d	Siri Sæbø	1657	Vik	Ibid.
		-		
		1661		
433e	Siri Rislev	1657	Vik	Ibid.
		-		
		1661		
433f	Herman Bøen	1657	Vik	Ibid.
		-		
		1661		
440	Gjertrud Anderdotter	1658	Davik	Nordfjord tingbok nr. 8, 1657-1659, fol. 29a-31a, 39b-43a, 46a, SAB.

	Hundskår			RK., Lr., Bergenhus len 1657-1658, RA.
440	Hennar mormor	1658	Davik	Nordfjord tingbok nr. 8, 1657-1659, fol. 30b, SAB.
a				
440	Lisabet	1658	Davik	Ibid., fol. 46a.
b	Andersdotter Skaar			
444	Brita Johannesdotter	1663	Utvær	Indre Sogn tingbok nr. 4, 1663, fol. 48b, 63a-b, SAB.
445	Guri Ellingsdotter	1663	Luster	Ibid., fol. 49a, 60a, 63b.
445	Claus Melvær	1663	Luster	Ibid.
a				
447	Guri Johannesdotter	1663	Luster	Ibid., fol. 60b-67a, 69b-70a. Bergens amtrekneskaper, Indre og Ytre Sogn, pk. 15, RA.
448	Brita Andersdotter	1663	Brandsøy	Sunnfjord tingbok nr. 3, 1663, fol. 30a-b, SAB.
449	Laurits Opheim	1663	Olden	Nordfjord tingbok nr. 10, 1663, fol. 7b, SAB.
450	Brita Mårsdotter Urteberg	1664	Jølster	Bergens amtrekneskaper 1664, futerekneskaper Sunnfjord, Nordfjord, Sunnmøre, Ytre og Indre Sogn, RA, Nordfjord tingbok nr 10, 1663, fol. 13b-19b, SAB.
450	Ragnhild	1664	Gjemmesta	Ibid.
a	Myklebust		d	
450	Anders Larsen	1664	Gjemmesta	Ibid.
b	Teite		d	
450c	Lucie Pedersdotter	1664	Gjemmesta	Ibid.
			d	
450	Anne Askevold	1664	Gjemmesta	Ibid.
d			d	
450e	Gjertrud Askevold	1664	Gjemmesta	Ibid.
			d	
456	Sigfrid Njøs	1664	Sjøstrand	Ytre Sogn tingbok nr. 8, 1664, fol. 10b-11b, SAB.
456	Kari	1664	Sjøstrand	Ibid.
a	Andersdotter			
458	Ragnhild Haugen	1664	Førde	Bergens amtrekneskaper 1664, futerekneskaper Sunnfjord, Nordfjord, Sunnmøre, Ytre Sogn, RA.
459	Anne Tørresdotter	1667	Kvamsø	Ytre Sogn tingbok nr. 9, 1667, fol. 13a-b, SAB.
460	Brita Andersdotter	1667	Sjøstrand	Ibid., fol. 23a-b, tingbok nr. 16, 1674, fol. 16a-b.
461	Ragnhild Labe	1669	Lærdal	Indre Sogn tingbok nr. 6, 1669, fol. 11b-12a, 15a-17a, SAB.
466	Anders Åse si kone, Synnøve	1681	Nøsdal	Sunnfjord tingbok A. nr. 8, 1681, fol. 6a-b, 30a-31a, SAB.
467	Kambe Knut si	1681	Nøsdal	Ibid., fol. 30a-31a.

	kone, Kari			
468	Anne Overseter	1681	Breim	Nordfjord tingbok nr. 12, 1681, fol. 1a-2b, SAB
472	Magnhild Egenes	1681	Gjemmestad	Ibid., fol. 5a-b, SAB.
473	Kristen Åse si kone	1681	Førde	Bergens amtregneskaper 1681, futerekneskaper Sunnfjord, Nordfjord, Sunnmøre, Indre og Ytre Sogn, Hardanger, RA.
476	Kari Sivertsdotter	1685	Lavik	Ytre Sogn tingbok nr. 24, 1685-1686, fol. 4a-b, SAB.
481	Jakob Bostelin si kone	1697	Davik	Nordfjord tingbok nr. 18, 1697-1698, fol. 17b, SAB.
483	Nils Torvik	1609	Vannylven	RK., Lr., Bergenhus len 1608-1610, RA.
484	Anna Bottolfsdotter	1609	Vannylven	Ibid.
485	Anna Andersdotter	1614	Sunnmøre	Ibid., 1614-1615.
486	Marit kipper	1614	Sunnmøre	Ibid.
490	Knut Hovden	1632	Jørundfjord	Ibid., 1632-1633.
503	Nils Rødsetbakk	1663	Ulstein	Sunnmøre tingbok nr. 5, 1663-1664, fol. 17b, SAT.
504	Marit Rasmusdotter	1647	Sunylven	Ibid., fol. 39a-44a, 48a-50a, 72a-73b.
	Bjørddal	-		Bergenhus amtregneskaper 1664, futerekneskaper pk. 15, RA.
505	Brita Klemetsdotter	1663	Jørundfjord	Ibid., fol. 57a-59b.
506	Gjertrud Einarsson	1663	Leikanger	Ibid., fol. 65b-67b.
507	Brita Urke	1664	Sunnmøre	Bergenhus amtregneskap 1664, futerekneskaper Sunnmøre, RA.
508	Anne Mogensdotter Løset	1680	Borgund/ Vannylven	Ibid. 1680, pk. 59. Sunnmøre tingbok nr. 8, 1679, fol. 22b-23b, 37b-39b, 41b-45b, 81a-84b, SAT
509	Ingebret Størkersen	1680	Borgund/ Vannylven	Ibid. Sunnmøre tingbok nr. 9, 1680, fol. 25a-34a, SAT.
510	Marit Johannesdotter	1680	Borgund/ Vannylven	Ibid.
511	Agate Olufsdotter	1682	Sunnmøre	Sunnmøre tingbok nr. 11, 1682, fol. 14b-15b, 51a, 56a-56b, 75b, SAT, Bergenhus amtregneskap 1682, Sakefall Sunnmøre, pk. 64, RA.
606	Byfogds frille	1566	Bergen	Absalons Pedersøns dagbok, 1963-utg.: 119.
607	Anna på Berget	1568	Bergen	Ibid.: 143, 167.
607	Dottera	1568	Bergen	Ibid.
a	Ingeborg			
624	Jens Jyde si kone	1578	Bergen	NHD I R.bd.: 93-102.

648	Mary Geith	1615	Bergen	Mikel Hofnagels opptegnelser 1868: 182.
648	Gule	1615	Bergen	Ibid.
a				
648	Ei kone	1615	Bergen	Ibid.
b				
651	Svarte ravn	1613	Bergen	Ibid.
651	Kristi jordmor	1613	Bergen	Ibid.
a				
653	Ei kone	1627	Bergen	Ibid.: 191.
653	Vendel på	1627	Bergen	Ibid.
a	Øvregaten			
655	Ein jungmann	1633	Bergen	Ibid.: 197.
656	Ei trollkone	1634	Bergen	Ibid.: 198.
657	Svarte-Hans	1634	Bergen	Ibid.: 198f.
661	Ei trollkone	1606	Bergen	NRR, bd. 4, 1603-1618: 148.
661	Lesemester	1606	Bergen	Ibid.
a	Tomas Hansen si mor			
661	Strange	1606	Bergen	Ibid.
b	Jørgensen si kone			
669	Oluf Gausdal	1590	Bergen	Bergen Rådstueprotokoll 1592-1594, i Norske Samlinger bd. 1, 1852: 224-233, NRR, bd. 3: 175, 256, 262.
		-		
		1592		
669	Maren	1592	Bergen	Ibid.
a	Robertsdotter			
669	Maren i	1580	Bergen	Ibid.: 230.
b	Haldorsgård -åra			
669c	Mumpe-Gudrun	1589	Bergen	Ibid.
673	Dilis Rønke	1594	Bergen	Ibid.: 233-244.
674/	Johanne	1580	Skien/Berge	Ibid.: 245-252.
675	Jensdotter Flamske	/ 1594	n	
632	Anne	1584	Rogaland/	Stavanger Domkapitels protokoll nr. 1, 1571-1630, 1901-utg.: 31,
a/67	Knutsdotter	/ 1594	Bergen	Bergen Rådstueprotokoll 1592-1594, i Norske Samlinger bd. 1, 1852: 253-256.
6				
677/	Gunnhild	1587	Hordaland/	NRR bd. 3, 1588-1602: 156.
678	Sigvardsdotter	/ 1590	Bergen	
679/	Anne	1575	Bergen	Danske Kanselli, Tillegg til skapsakene, RA,
680	Pedersdotter	/ 1590		NRR bd. 3, 1588-1602: 122f., 126f., Norske Samlinger bd. 1: 525-548, Herredagsdombok nr. 14, 1595-1599, fol. 365ff., RA., Kbhvn.
680	Anne	1590	Bergen	Ibid.
a	Gjertsdotter			
680	Maren	1588	Bergen	Ibid.: fol. 14b.
b	Jakobsdotter			

680c	Gjønetter Orkensysk	1588	Bergen	Ibid.: fol. 15a.
689	Synnøve	1662	Bergen	Nyerup 1823: 372f.
816	Hilde Olufsdotter Blindheim	1667	Grytten	Sunnmøre tingbok nr. 6, 1667, fol. 40b-42b, SAT.
818	Brita Olsdotter	1681	Vannylven	Ibid. nr. 10, 1681, fol. 26a-27b.
820	Marit Olsdotter Brekke	1682	Vannylven	Ibid. nr. 11, 1682: fol. 13a-13b, 72b-73a.
821	Marit Hansdotter Skjervem	1682	Vannylven	Ibid.
822	Marit Ingebretsdotter	1682	Vannylven	Ibid.
836	Kristoffer Jonsen	1641	Sunnhordla nd	NHD 3. R. IX, 1641: 24, NHD tillegg: 484f.
836	Fartein Linge	1641	Sunnhordla nd	Ibid.
836	Hans kone	1641	Sunnhordla nd	Ibid.
850	Kari Lassesdotter Hole	1663	Gjemmesta d	Nordfjord tingbok nr. 10, 1663, fol. 13b-17b, SAB.
851	Kristen Lassesdotter Skreppe	1663	Gjemmesta d	Ibid.
852	Aksel Nilsen Skreppe	1663	Gjemmesta d	Ibid., fol. 15b-17b.
853	Martin	1668	Gloppen	Kopibok A 1, for Biskopen i Bergen, 1667-1673, pag. 11.
854	Ei kone	1672	Sogn og Fjordane	Ibid., pag. 56f.
888	Susanne	1631	Bergen	RK., Lr., Bergenhus len 1631-1632, RA.
889	Eit kvinnfolk	1650	Bergen	RK., Lr., Bergenhus len 1650-1651, RA.
892	Christoffer Åse si kone, Magnhild	1681	Nøsdal	Sunnfjord tingbok nr. A 8, 1681, fol. 6a-b, 30a-31a, SAB.

Vedlegg 2. **Oversikt over injuriersakene i Bergenhus len
1566-1700**

Nr.	Den injurierte	År	Stad	Kjelder
374	Magdalene Storem	1619	Sunnhordla nd	RK., Lr., Bergenhus len, 1619-1620, RA.
380	Birgitte Lerøy	1642	Seter	Nordhordland tingbok nr. 1, 1642-1648, fol. 7b, 17b, SAB.
382	Marit Andersdotter	1648	Os	Sunnhordland tingbok nr. 1, 1648-1649, fol. 2a-3b, 42a, SAB.
383	Johannes	1649	Gulen	Nordhordland tingbok nr. 2, 1648-

	Rørtveit			1651, fol. 15a, SAB.
384	Rasmus Sele si mor	1651	Herlø	Ibid., fol. 45a, 74a-75b.
387	Tørres Gulliksen Toftingen	1652	Alenfet	Ibid., nr. 3, 1652-1653, fol. 3a-4a, 63b.
389	Berge Tordson	1656	Etne	Sunnhordland tingbok nr. 5, 1655-1656, fol. 39a, SAB.
391	Jakob Sortland si kone	1664	Føien	Ibid., nr. 11, 1664, fol. 63b.
392	Herman skomaker si kone, Karen	1663	Bergen	Bergen bytingsprotokoll nr. 1, 1663, fol. 5a, SAB.
394	Anne Henriksdotter Breivik	1665	Skjold	Nordhordland tingbok nr. 7, 1665, fol. 29a, SAB.
395	Karen Lauritsdotter	1663	Graven	Hardanger og Voss tingbok, A. nr. 1, 1663, fol. 4a, 13a, SAB.
396	Stokk Gåseland si mor	1666	Feøy	Ibid., A. nr. 3, 1666, fol. 5b.
397	Sigri Klemetsdotter Vike	1665	Skånevik	Sunnhordland tingbok nr. 12, 1665, fol. 65a-b, tingbok nr. 13, 1666, fol. 36a-b, SAB.
398	Marit Haverland	1666	Gulen	Nordhordland tingbok nr. 8, 1666, fol. 28b, SAB.
399	Johan Segelken si kone	1666	Austevoll	Ibid., fol. 34b-35a.
400	Rasmus Sæbø	1667	Ulvik	Hardanger og Voss tingbok A. nr. 4, 1667, fol. 2b, 19b, SAB.
401	Magnhild Brattespe	1667-1668	Ullensvang	Ibid., A 5, 1668, fol. 3b, 19a.
404	Isak Vindenes si kone	1675	Strandvik	Sunnhordland tingbok nr. 16 ^a , 1675, fol. 31b-32a, SAB.
406	Jon Danielsen	1683	Fjellberg	Ibid., nr. 20, 1683. fol. 25b, 48b-49a.
407	Åse Søvvsjord	1684	Voss	Voss tingbok, B. nr. 15, 1683-1685, fol. 36a-b, SAB.
409	Anne Mogensdotter	1690	Arna	Nordhordland tingbok nr. 24, 1690, fol. 45b-47a, SAB.
410	Rasmus Kås si kone	1697	Bergen	Bergen bytingsprotokoll nr. 7, 1697, fol. 79a-b, 81a, 83b, 86b-87a, 96a, SAB.
411	Ingeborg Knutsdotter	1696-1697	Mjelde	Nordhordland tingbok nr. 26, 1696-1697, fol. 86b, SAB.
412	Mattias Bjørnsen si mor, Britt	1698	Bergen	Bergen bytingsprotokoll nr. 8, 1698, fol. 61b, 69a, 71b-72b, 76b, 79a-b, 87b-88a, SAB.
415	Anna på Gruse	1624	Vannylven	RK., Lr., Bergenhus len 1624-1625, RA.
416	Kristen Andersen si kone	1636	Lavik	Ibid., 1636-1637.
417	Erik Overseter	1642	Gjemmesta	Nordfjord tingbok nr. 1, 1641-1645,

			d	fol. 55a-b, SAB.
424	Gunnhild Monsdotter	1650	Stryn	Ibid., nr. 4, 1649-1650, fol. 42a-b, SAB.
427	Arne Fretland si kone	1654	Sogndal	Indre Sogn tingbok nr. 3, 1654-1655, fol. 42a-43a, SAB.
430	Anne Steffensdotter Sneide	1656	Stad	Nordfjord tingbok nr. 7, 1655-1657, fol. 83a, 92b-93b, SAB.
432	Antonius Gredung si kone	1657	Stryn	Ibid., fol. 101b, SAB.
443	Ragnhild Pedersdotter	1662	Utvær	Ytre Sogn tingbok nr. 6, 1662, fol. 2a-b, SAB.
462	Ragnhild Ådnesdotter	1672	Tjugum	Ibid., nr. 14, 1672-1673, fol. 22b-24a.
464	Brita Bendiksdotter Engum	1680	Kvamsø	Ibid., nr. 21, 1680, fol. 24a, 31a-32b, tingbok nr. 22, 1681, fol. 5b-6b, 7a, 18b-19a.
474	Ingeborg Jensdotter	1682	Davik	Nordfjord tingbok nr. 13, 1682-1683, fol. 16a, SAB.
475	Sissel Henriksdotter	1682- 1684	Borgund	Indre Sogn tingbok nr. 12, 1682, fol. 28b-29a, tingbok nr. 13, 1683, fol. 42b-43a, tingbok nr. 14, 1684, fol. 8b, SAB.
477	Eli Hermundsdotter	1686	Årdal	Ibid., nr. 16, 1686-1688, fol. 8a-9b.
478	Marit Iversdotter	1690	Solvorn	Ibid., tingbok nr. 18, 1690, fol. 44a.
480	Kristoffer Lærdal si kone	1692	Marifjøra	Ibid., nr. 19, 1692, fol. 35b-36a.
482	Ellen Falkevik	1698	Davik	Nordfjord tingbok nr. 18, 1697-1698, fol. 77a, SAB.
487	Anna Povelsdotter	1618	Vannylven	RK., Lr., Bergenhus len 1618-1619, RA.
488	Ragnhild Knuttdotter	1619	Vannylven	Ibid., 1619-1620.
489	Synnøve Pedersdotter	1624	Dale	Ibid., 1624-1625.
691	Effi skottekvinne	1592	Bergen	Bergen Rådstueprotokoll 1, 1592- 1594, i Norske Samlinger bd. 1, 1852: 321f.
691a	Hennar mor	1592	Bergen	Ibid.
819	Eline Knuttdotter	1681	Dale	Sunnmøre tingbok nr. 10, 1681, fol. 26a-27b, SAT.
823	Sølve Ellingsdotter	1691	Vannylven	Ibid., nr. 13, 1689-1691, fol. 111a.
890	Lusi Niltdotter	1663	Gjemmesta d	Nordfjord tingbok nr. 10, 1663, fol. 24b, SAB.
891	Gjertrud Slaugstad	1663	Gjemmesta d	Ibid., 25a-b.

Vedlegg 3. **Oversikt over dei "nye" trolldomssakene i Bergenhus len
1566-1730**

Nr.	Den tiltala/ År	Stad	Kjelder
888	Susanne 1631	Bergen	RK., Lr., Bergenhus len 1631-1632, RA.
889	Eit kvinnfolk 1650	Bergen	Ibid.1650-1651.
890	Lusi Nilsson 1663	Gjemmesta d	Nordfjord tingbok nr. 10, 1663, fol. 24b, SAB.
891	Gjertrud Slaugstad 1663	Gjemmesta d	Ibid., 25a-b.
892	Christoffer Åse si kone, Magnhild 1681	Nøsdal	Sunnfjord tingbok A. nr. 8, 1681, fol. 6a-b, 30a-31a, SAB.
893	Ingeborg Odderås 1701-1702	Alenfit	Nordhordland tingbok I A. nr. 27, fol. 132, SAB. Bergen Lagting sin justisprotokoll 1702, fol. 2, sak nr. H4/1702.
894	Ei kone 1705	Seim	Stiftamtmanden i Bergen, kopibok a nr. 2, sak 67.
895	Johannes Geremiasson 1705	Voss	
896	Friderich Pedersen Stub 1729	Bergen	Bergen nasjonale infanteri regiment, auditørprotokoll 1713-1731.
897	Brita Olsson Alvern 1729	Indredale	Skrivelser mellom Stiftamtmandskriver W. Hansen, Stiftamtmand W. A. v. der Osten, og futen i Sunnfjord. .
897a	Ole Olsen Alvern 1729	Indredale	Ibid.

Vedlegg 4. **Oversikt over bevara tingbøker i skrivardømme i
Bergenus len i prosessperioden.**

Kjelde: Oversiktskatalog, Statsarkivet i Bergen.
Oversiktskatalog, Statsarkivet i Trondheim.

Skrivardømme i Bergenus len er Sunnhordland, Nordhordland, Hardanger, Voss, Indre Sogn, Ytre Sogn, Sunnfjord, Nordfjord og Sunnmøre.

Sunnhordland skrivardømme

1648-1648, 1650-1666, 1668, 1670. 1675-1681, 1683, 1686, 1690, 1692, 1700+

Nordhordland skrivardømme

1642-1655, 1664-1668, 1670-1671, 1673, 1675-1682, 1685-1687, 1689-1690, 1694-1697,
1699+

Hardanger skrivardømme

1663-1664, 1666-1668, 1671, 1674, 1677-1678, 1681, 1689-1692, 1699+

Lysekloster og Halsnøy kloster

Sjå under Hardanger skrivardømme.

Voss skrivardømme

1648-1653, 1654-1664, 1668-1672, 1674, 1677, 1679-81, 1683-1688, 1699+

Indre Sogn skrivardømme

1648-1655, 1663, 1666-1667, 1669, 1672-1675, 1677, 1681-1690, 1692-1694, 1696-1697, 1702+

Ytre Sogn skrivardømme

1652-1653, 1657-1661, 1662, 1664, 1667-1683, 1685-1686, 1690-1693, 1695+

Sunnfjord skrivardømme

1663, 1667, 1681, 1684, 1688-1694, 1706+

Nordfjord skrivardømme

1641-1645, 1649-1652, 1655-1661, 1663, 1679, 1681, 1682-1683, 1684, 1690, 1691, 1692, 1695+

Sunnmøre skrivardømme

1648-1651, 1652-1654, 1654-1656, 1657-1661, 1663-1664, 1667, 1668-1669, 1679, 1680, 1681, 1682, 1684, 1689-1691, 1691-1693, 1694-1696, 1696-1700+

Vedlegg 5. **Oversikt over tabellar**

Tabell 1. *Trolldomsprosessar og injuriersaker fordelte p.r. tiår i Bergenhus len. Trolldomsprosessar førte i Bergen by. Trolldomsprosessar i rekneskapkjelder. I absolutte tall. Side 45.*

Tabell 2. *Trolldomsprosessar og injuriersaker fordelte på Bergen, Hordaland elles, Sogn og Fjordane og Sunnmøre. I absolutte tall. Side 48.*

Tabell 3. *Dom i injuriersaker i Bergenhus len, i prosent. Side 53.*

Tabell 4. *Kven saksøkte kven i Bergenhus len, i absolutte tall og i prosent. Side 59.*

Tabell 5. *Kven vitna mot kven i Bergenhus len, i absolutte tall og i prosent. Side 63.*

Tabell 6. *Dei trolldomstiltala sin alder i Bergenhus len, i absolutte tall og i prosent. Side 65.*

Tabell 7. *Sosial status blant dei trolldomstiltala i Bergen by, i absolutte tall og i prosent. Side 68.*

Tabell 8. *Sosial status blant dei trolldomstiltala på landsbygda i Bergenhus len, i*

absolutte tall og i prosent. Side 70.

Tabell 9. *Kven vart utlagt i Bergenhus len, i absolutte tall og i prosent. Side 76.*

Tabell 10. *Innhaldet i skuldingane i trolldomsprosessane i Bergenhus len, i absolutte tall og prosent. Side 81.*

Tabell 11. *Dei eksakte trolldomsskuldingane frå saksøkjjar og vitne i Bergenhus len fordelte på by og land, i absolutte tall. Side 82.*

Tabell 12. *Kven som tilstod fordelt etter kjønn i Bergenhus len, i absolutte tall og i prosent. Side 113.*

Tabell 13. *Tilståingane i Bergenhus len i absolutte tall. Side 115.*

Tabell 14. *Skuldingane, tilståingane, og tilhøvet dei imellom i Bergenhus len, i absolutte tall og jamføringstal. Side 115.*

Tabell 15. *Tilståing fordelt etter kjønn i Bergenhus len i prosent av kor mange som tilstod dei ulike lovbrota. Side 115.*

Tabell 16. *Kva tilhøve dei ulike tilståingane vart framlagt under i Bergenhus len, i absolutte tall. Side 131.*

Tabell 17. *Bevismidlar i dei 49 prosessane i Bergenhus len som enda med dom og som vi har bevarte domsgrunngevingar til, i absolutte tall. Side 150.*

Tabell 18. *Korleis trolldomsprosessane enda i Bergenhus len i absolutte tall og i prosent. Side 153.*

Tabell 19. *Dom i trolldomsprosessane i Bergenhus len, i absolutte tall, i prosent av alle dømde, og i prosent av alle tiltala. Side 153.*

Tabell 20. *Kor mange vart dømde for trolldom, kor mange fekk dødsdom, og kor mange vart frikjende. I prosent av det totale talet på kjende prosessar i ulike områder. Side 157.*

Tabell 21. *Prosessar, dødsdommar, frikjenningar, andre dommar elles, og prosessar med uviss ende i Bergenhus len fordelte p.r. tiår, i absolutte tall. Side 158.*

Tabell 22. *Førte trolldomsprosessar i Bergenhus len, by - land før og etter 1650, i absolutte tall. Side 158.*

Tabell 23. *Dødsdommar i Bergenhus len, by - land før og etter 1650, i absolutte tall. Side 159.*

Tabell 24. *Utfall i prosessane fordelte på kjønn i Bergenhus len. Side 162, note 102.*

Tabell 25. *Samanheng sosial status og utfall i prosessane i Bergenhus len, i absolutte tall. Side 163.*

Tabell 26. *Innhald kjend i tilståingar i prosessar som enda med dødsdom i Bergenhus Len, i absolutte tall. Side 164.*